

# **Årsrapport 2013**

**Fylkesmannen i Rogaland**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embedet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 12
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 28
Kongehuset	Side 28
Miljøverndepartementet	Side 28
Landbruks- og matdepartementet	Side 37
Kunnskapsdepartementet	Side 70
Statens Helsetilsyn	Side 94
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 97
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 104
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 110
Arbeidsdepartementet	Side 117
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 121
Samferdselsdepartementet	Side 135
Utenriksdepartementet	Side 135
Kulturdepartementet	Side 135
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 136
Andre	Side 140
Endringer i årsrapporten	Side 142

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

### 1.1.1 Om Rogaland fylke

#### Vekstfylket

Rogaland er framleis eit fylke i forholdsvis stor vekst. I 2013 vaks folketalet med 1,7 prosent. Dette er på nivå med Oslo og Akreshus. Deretter følgjer Hordaland med 1,4 prosent. Dei siste 10 åra har Rogaland vaks med 18,2 prosent og er dermed nr. to etter Oslo med 21,6 prosent. Innbyggjartalet ved utgangen av 1013 er 459 695.

Berre ein kommune i fylket hadde nedgang i forlketalet i fjor - Hjelmeland med -0,4 prosent. Dei andre 25 kommunane hadde såleis ein større eller mindre folketalsauke. Veksten er aller størst i Sør-Rohaland/Stavangerområdet. Rennesøy vokser mest med 2,9 prosent, og Sandnes, med sine 71 900 innbyggjarar, vokser med 2,6 prosent. Sandnes passerte i 2013 Tromsø i folketal og blei dermed Noregs 7. største by. Veksten sprer seg sørover på Jæren, mest i Hå kommune med 2,7 prosent. Dei to desidert minste kommunane i fylket, øykommunane Utsira og Kvitsøy, hadde også ein liten vekst - Utsira, også landets minste, fra 209 til 211, noko som utgjer ein vekst på 1 prosent.

Den relativt store veksten er på langt nær likeleg fordelt. Minst er veksten i Ryfylke-kommunane (minus i Hjelmeland) og i Dalane-kommunane, lengst sør i fylket.

#### Næringsliv og arbeid

Rogaland har framleis eit blomstrande og ekspansivt næringsliv. Sysselsetjinga er høg og arbeidsløysa lågast i landet - 1,9 mot gjennomsnitt 2,6 prosent. Siste året (sept 2013) har likevel arbeidsløysa vaks meir enn gjennomsnittet for landet - 16 mot 10 prosent.

Rogaland er framleis så desidert oljefylke nr. 1. Av 233 000 sysselssettye i fylket viser rapport (IRIS 2013) at nær 90 000 er sysselsette i oljerelaterte verksemder og at over 40 000 i direkte innan olje- og gass. Det vil seie at over 30 prosent er knytte til olje- og gassrelatert verksemrd. For dei neste to fylka på lista, Hordaland og Møre og Romsdal er tilsvarende tal 16-17 prosent. Rogaland er med endre ord svært avhengig at oljeverksemda, og all nedgang i aktivitet og konjunktursvingingar vil sjå sterkest ut her. Til no har vi ikkje merka alvorlege utsalg, men leverandørverksemder har i det siste ved fleire høve vorte utkonkurrerte av tilsvarende utanlandske verksemder.

#### Landbruk

Rogaland er trass i oljenæringa også landets viktigaste landbruksfylke, i alle fall målt etter dei fleste av dei viktigaste landbruksprodukta i landet, husdyr, grønsaker, mjølk, egg, tomatar m.m. Rogaland er også eit betydeleg havbruksfylke. Direkte matvareproduksjon sysselset over 9000.

Landbruket i Rogaland er offensivt og stort, men er også sårbart. Augneblinkbilete av landbruket i Rogaland viser eit levande og stort primærlandbruk med ein offensiv foredlingsindustri. For observatøren som står utanfor og ser inn på landbruksfylket, er det vanskeleg å sjå dei openberre utfordringane. Til dels slit vi også med dette internt i fylket; *bonden har jo alltid vært der!* Fleire kunne engasjert seg meir – rogalandsbonden kan ikkje lenger takast for gitt.

Dei mest sentrale utviklingstrekka og drivkraftene i i jordbruket i Rogaland er;

- Sentralisering av mjølkeproduksjonen.
- Rekrutteringa til landbruket, spesielt til dei mest arbeids- og kapitalintensive produksjonane
- Miljøutfordringane med vassforskrifta og revisjon av forskrift om organisk gjødse

Matproduksjonen skal aukast i takt med aukande befolkningsvekst. Også bøndene i Rogaland vil være med på denne produksjonsauken. Rogaland er beitefylke nr 1. Aktiv og intensiv beitebruk er også ein føresetnad for å oppretthalde og auke dei grovförbaserte produksjonane – og for at ein større del av den dyrka jorda blir nytta til korn, poteter og grønsaker i åra som kjem. Rogaland bør ha ein ambisjon om å produsere meir av både grønsaker, frukt, bær og korn. For å få til dette må vi sikre eit aktivt landbruk i heile fylket.

Skogfylket Rogaland har gode føresetnader for auka produksjon. På primærleddet er utfordringa framleis hogst av for ung skog og sviktande oppfølging av foryngingsplikta. Det arbeidast aktivt for auka verdiskaping vidare i verdikjeda – ikkje minst gjennom Tredrivar-satsinga.

## **Arealknappheit og bustadmangel**

Vekst, velstand og oljesmurte lønningar skaper press på arealet. Dette gjev store utfordringar for kommunane, statlege sektorinteresser og ikkje minst innbyggjarane i regionen. Utfordringane er klart størst i Sør-Rogaland/Nordjæren, der veksten er størst, bustadprisane høgast, og der vi finn landets beste matjord og klima for matvareproduksjon. Her finn vi også viktige nasjonale verneverdiar - til dømes Jærstrendene. Regional og kommunal planleggingsverksemder set langsiktige grenser for utbygging og transportløysingar, men utbygginga har dei siste åra gått raskare enn langtidsplanane tek høgde for, og nye detaljplanar i strid med overordna planar og unntaksvedtak, skaper konfliktar mellom utbyggingsønskjer og nasjonalt og regionalt vern, særskilt jordvern. Alt vedtekne utbyggingsplanar og unntaksvedtak, fører også til at Rogaland er mellom dei fylka som årleg byggjer ned mest matjord.

Folketalsvekst, aukande bustadsbehov og ekspansivt næringsliv fører også til stort press på transportsystema i regionen. Innfartsårene til dei største byane opplever betydelege køproblem, som ikkje kan løysast med meir vegutbygging. Andelen kollektivreisande ligg på botn i landsmålestokk og viljen til å legge avgrensingar på privatbilbruken har ikkje vore så stor i Rogaland som i andre storbyområde.

Fylkesmannen peikar likevel på at det er i gang særsviktige regionale samarbeidsprosjekt om framtidig utbyggingsmønster på Nordjæren (mellan anna "Sandnes aust" og "Bybandet sør"), der offensiv kollektivsatsing er ein føresetnad for suksess. Men kommunane maktar neppe denne satsinga utan hjelp frå sentrale styresmakter.

## **Transport og samferdsle**

Trass i at vegutbygging ikkje maktar å løyse alle transportproblema i fylket, er det i gang og planlagt gigantiske veganlegg i fylket. Nytt fastlandssamband for Karmøy (42 000 innbyggjarar) vart opna i 2013, Arbeidet med ferjefritt samband mellom Stavanger og Ryfylke (Ryfast), med mellom anna verdas lengste undersjøiske tunnel, starta opp i fjor, og "Rogfast", ferjefri E39 over (eigentleg under) Boknafjorden er på planleggingsstadiet (undersjøisk tunnel på ca 25 km). Det er enno langt fram, men når desse står ferdige vil busettings- og arbeidsergionane bli monaleg utvida.

Jernbana over Jæren er eit svært mykje brukt framkomstmiddel, og nyleg gitte signal frå Samfredsladepartementet og planlegging av dobbeltspor vidare sørover frå Sandnes, vil også på sikt ha positiv verknad i så måte.

## **Kommuneøkonomi**

Den økonomiske situasjonen i kommunane i Rogaland er framleis samla sett noko betre enn for landet sett under eitt. Men inntektsveksten stagnerer og lånegjelda aukar meir enn for landet. Rogaland har ein kommune i ROBEK-registeret, Haugesund, som følge av etterdønningane etter Terra-saka. Aktivetsnivået i fylket påverkar også lønsnivået i kommunane, og stor tilflytting skaper press på kommunale tenester. Økonomistyringa i kommunane synest gjennomgåande å vere god. Stor folketalsvelest gir utfordringar, m.a. behov for inversteringar, noko som kan forklare gjeldsveksten, når inntektene ikkje veks tilsvarande.

Ein pressa arbeidsmarknad fører også til at kommunane har rekrutteringavanskar innafor fleire felt, t.d. plankompetanse og ikkje minst faglært arbeidskraft i helse-, omsorgs-, skole og barnehagesektoren.

## **Klima**

Fylkesmannen har i 2013 lagt vekt på klimatilpassingar i arbeidet med mellom anna kommunale planar. Når det gjeld klimaendringar så registerer vi førebels dette mest i form av auka nedbør og ekstremregn her i Rogaland. Dette er tema me i aukande grad fokuserer på i arbeidet med samfunnstryggleik i fylket. Klimatilpassing er ei av hovudutfordringane me har trekt fram i arbeidet med FylkesROS (risiko og sårbarheitsanalyse), som vart revidert i 2013.

## **Barnehage og utdanning**

Folketalsvekst og høgt aktivitetsnivå gir utfordringar også på barnehage- og utdanningsfeltet. Det er særleg kommunane på Nord-Jæren som har problem med kapasitet og dimensjonering av barnehagar og skolar på grunn av høg tilflytting. I denne situasjonen kjem nærskoleretten under press fordi kommunane ønskjer å utnytte ledig kapasitet i skolar utanfor pressområda. Samstundes opnar opplæringslova for at kommunen kan fastsetje lokal

forskrift om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til, og Fylkesmannen vil framleis hjelpe kommunane med å avklare det handlingsrommet som dette inneber.

Til no har alle kommunane i fylket greidd å oppfylle retten til barnehageplass, og mange skal ha ros for særdeles stor innsats ved reformstart. Med den sterke folkeveksten vil nokre kommunar også få utfordringar her. Arealbehovet let seg nok løyse, men det blir svært krevjande å sikre forsvarleg bemanning. Presset på arbeidsmarknaden og høge lønningar gjer det vanskeleg å rekruttere barnehagelærarar og lærarar, men situasjonen er særskilt kritisk for barnehagane. Her i fylket er om lag 22% av dei pedagogiske leiarane på dispensasjon, landssnittet er 14%. Rogaland manglar i dag mest 600 barnehagelærarar for å oppfylle pedagognorma. Mangel på stabil barnehagefagleg kompetanse i kommunane er også ei utfordring. Dette viser seg mellom anna når det gjeld behandling av saker om økonomisk likeverdig behandling av private og offentlege barnehagar.

Manglande forvaltingskompetanse er også ei utfordring i grunnopplæringa, noko som stadig blir synleggjort gjennom klagebehandling og tilsyn. Slike manglar i forvaltninga gjer at rettstryggleiken ikkje blir godt nok ivaretatt. Barn og unge med særlege behov er mest utsette, anten det gjeld retten til eit trygt psyko-sosialt skolemiljø, rett til spesialundervisning eller rett til særskild språkopplæring. Vi er særleg urolege for dei som treng samfunnet mest, barn og unge i institusjonar etter barnevernslova.

Når det gjeld læringsresultat, skil ikkje elevane her i fylket seg vesentleg frå landssnittet. På nasjonale prøvar er resultatet likt med gjennomsnitt for landet, og ein noko lågare del av elevane er fritekne frå prøvane. Ved skriftleg eksamen i grunnskolen gjer rogalandselevane det litt betre enn landssnittet i norsk og matematikk, likt med snittet i engelsk. Ved munnleg eksamen får rogalandselevane dårlegare resultat enn snittet for landet i alle fag unntatt matematikk. Skolane og kommunane bør vurdere om dette kan skuldast for streng vurdering.

Elevundersøkinga for 2013 er ikkje publisert på Skoleporten enno, sidan gjennomføringa av undersøkinga dette året vart flytta til haustsemesteret. Undersøkinga er obligatorisk for 7. og 10. steg i grunnskolen og for VG1 i vidaregående opplæring. For andre steg er det frivillig å delta. NTNU har analysert resultata i ein rapport, og det går fram at deltakinga samla sett er høgare dette året enn noko anna år tidlegare. Det går også m.a. fram at svara frå rogalandselevane ikkje skil seg vesentleg frå det nasjonale snittet når det t.d. gjeld trivnad, om elevane har nokon å vere med i friminuttet, eller om dei har opplevd å bli mobba på skolen dei siste månadene.

I vidaregåande opplæring har elevane i Rogaland sett under eitt, litt betre gjennomføring enn landssnittet. Den siste rapporten frå Utdanningsdirektoratet viser at 71,5% av elevane her i fylket har fullført og bestått på normert tid, mot 69,3 % i snitt for landet. Berre eitt fylke, Oslo, når det nasjonale målet på 75%, Rogaland er på fjerde plass etter Sogn og Fjordane og Akershus. Om vi ser på gjennomføringa på kommunenivå, er det svært store forskjellar kommunane i mellom. Elevar heimehøyrande i Sauda har best gjennomføring, med 14,6% av elevane som ikkje har fullført og bestått i løpet av fem år. I kommunane Hjelmeland, Bjerkreim, Suldal, Forsand, Eigersund, Tysvær og Rennesøy er det under 20% av elevane som ikkje har fullført og bestått i løpet av fem år. I andre enden er Klepp, Hå og Sandnes, der meir enn 25% av elevane ikkje fullfører og består i løpet av fem år. Også Stavanger ligg høgt med 22,9%. Fylkeskommunen kan ikkje åleine styrke opplæringa slik at gjennomføringa blir betre. Her må også kommunane ta ansvar og leggje til rettes for at grunnskolen skal gi solid fundament for vidare utdanning. Dette er tatt opp med kommunane ved fleire høve, m.a. i det årlege møtet mellom Fylkesmannen og ordførarane i desember.

Læringsresultatet for elevane her i fylket er rimeleg likt med landssnittet om vi ser alle utdanningsprogram under eitt. Resultata for engelsk yrkesfagleg eksamen og tysk 2 eksamen ligg så vidt under det nasjonale snittet. Elles gjer gutane her i Rogaland det betre enn gutane nasjonalt, både i norsk hovudmål og sidemål og i matematikk påbygg (2P-Y).

Så må vi nemne at Rogaland er best i landet når det gjeld lærekontraktar. I 2013 var det heile 2863 kontraktar, og i tillegg var Rogaland saman med Sogn og Fjordane best i vekst med ein auke på 13%. Berre fire fylke hadde ein auke på meir enn 10%, og åtte fylke hadde nedgang i høve til året før.

På vaksenopplæringsfeltet gir stor arbeidsinnvandring utfordringar knytte til norskopplæring, og etter det vi veit, organiserer nokre kommunar tilbod også til denne gruppa. Elles har tilsyn avdekt at arbeidet med vaksne sin rett til grunnskoleopplæring er mangelfullt i mange kommunar, og det er særleg realkompetansevurderinga som ikkje blir ivaretatt etter regelverket. For vaksne med rettar etter introduksjonslova har vi ikkje noko fullgoda oversyn over tilstanden enno. Tilsyn i tre kommunar til no tyder på at retten til opplæring blir ivaretatt, men at det er klare forbettingsområde. Talet på klagesaker har auka i 2013, men fleirtalet fekk ikkje medhald.

## 1.1.2. Tilstanden i embetet

Magnhild Meltevit Kleppa avløyste Tora Aasland som fylkesmann i Rogaland frå 1. november 2013. Skifte til ny

fylkesmann har gått saumlaust. Fylkesmannen, saman med leiarar/nøkkelpersonar frå alle avdelingar, er godt i gang med å vitje kommunane. Alle blir besøkte, og besøka vil vere gjennomførte før sommaren 2014. Embetet har blitt enno meir medvite på intern samordning og generell samordningsrolle i fylket. Me er godt i gang med ny giv i statsetatsleiarnettverket, pilotprosjekt for samordning av statlege motsegner, bærekraftig storbyprosjekt og i startgropa på "Sjumilsteget" - eit krafttak for god oppvekst i Rogaland.

Trange økonomiske rammer, høg konkurranse om kompetent arbeidskraft og aukande saksmengder gjer at me må prioritere enkeltsaker som kjem inn og område som vi får særlege stimuleringsmidlar til. Prioritering av enkeltsaker der rettstryggleiken til enkeltmenneske står sentralt, går ut over rettleings-, generelle pådrivar- og til dels tilsynsoppgåver. I 2013 har det vore gjort eit særskilt stort løft for å få ned saksbehandlingstida for klager etter plan- og bygningslova. Dette har resultert i at saksbehandlingstida ved utgangen av året på byggjesaker er på ca 3 mnd.

Embetet veks på nye område som blir finansiert opp med særmidlar, men kapasitet til faste varige oppdrag vert svekka gjennom jamn nedbemannning av desse. I 2013 var dette særskilt merkbart for Miljøvernavdelinga vår, som over eit par år har hatt ein merkbar reell negang i talet på tilsette, som ikkje står i forhold til den store saksmengda og dei sterke interessekonfliktane som er i vårt aktive fylke innan miljøvern, inkludert arealplanlegging. Særleg denne avdelinga har fleire fast tilsette som er løna via mellombels løvingar over særkapittel. Slike mellombels løvingar har vorte tilført embetet over fleire år, noko som har gjort det både mogleg og nødvendig, av personalpolitiske grunnar, å bruke midlane til fast løn. Vi får likevel ei betydeleg utfordring den dagen desse løvingane måtte ta slutt.

Trass i knappheit på ressursar, er vi rimeleg godt nøgde med måloppnåinga i 2013. Men også Fylkesmannen merkar vekstssmertene, særleg på NordJæren, som skaper mange og til dels vanskelege saker. Vi nemner her store utfordringar innan veg og kollektivtransport, høge bustadprisar, store transformasjonsområde der gamle industriområde skal vidareutviklast til tettbygd storby med høg bukvalitet - ofte samstundes som delar av industrien der må halde fram, og ikkje minst press på matjord og verdfull restnatur.

## Risikostyring

Fylkesmannen i Rogaland etablerte i 2012 eit eige system for mål, resultat og risikostyring. Systemet blei fullt ut implementert i 2013. Det gjeld også risikovurdering av embetet si samla måloppnåin. Embetet har 5 overordna mål, men tilhøyrande strategiar. For desse er det i 2013 gjort risikovurderingar og peikt på dei viktigaste tiltaka for å redusere risiki. Dette skal evaluerast og vidareutviklast i 2014, mellom anna med meir konkrete oppfølgingpunkt.

Av andre tiltak kan nemnast at Fylkesmannen i 2013 utarbeidde rutinar for informasjonstryggleik og gjennomførde ROS-analyse for Statens hus. Vi har vidare i 2013 iskaffa oss satelittelefonar, med tanke på krisehandtering.

## Utviklingsoppgåver

Statisikken viser eit fylke i vekst. Sjå ovanfor. Men, som nemnt, er veksten skeiwt fordelt. Delar av fylket opplever ein meir balansert og moderat vekst, slik som Haugalandet og nærområda til Eigersund og Jørpelandsbyen Strand kommune). Berre få kommunar har stagnasjonsutfordringar i Rogland. Hjelmland, Sauda, Suldal, Sokndal og Lund er blant desse. Situasjonen der er ikkje kritisk, men dei er svært sårbare for endringar i få, men store, industri- og mineralverksemder. Her er også utviklingspotensialet mindre. Fylkesmannen deltek aktivt i samarbeid (partanarskap) med fylkeskommuen og Innovasjon Noreg når det gjeld bygdeutvikling. Fylkesmannen har også framleis tre regionale bygdelutviklarar plasserte ute i dei tre regionana med mest behov for støtte. Desse er eit spleislag med kommunane og Innovasjon Noreg, men tilsette hos Fylkesmannen. Ein kommune i Dalaneregionen trakk seg frå dette samarbeidet i 2013, av økonomiske årsaker.

## Organisasjon

Grunnstrukturen i vår organosasjon ligg fast også i 2013. Den største endringa reperesenterer verjemålsrefoema. Vi har lagt denne nye oppgåva til i Forvaltningsavdelinga som dermed er tilført 12 nye stillingar. Administrasjonaavdelinga er også supplert med ei stilling som følgje av denne reforma. At ikkje alle nye var på plass ved oppstart 1. juli, omfattande opplæringsbehov og eit elektronisk saksbehandlarverktøy som ikkje fungerer, gjorde oppstarten krevjande og utfordrande. Vi har likevel klart å halde hovudet over vatnet, men saksbehandlarverktøyet, som enno ikkje fungerer per februar 2014, er gjenstand for betydeleg frustrasjon og missnøye.

Ei av dei største avdelingane våre, Helse- og sosialavdelinga, gjennomgjekk ei mindre organisatorisk endring i

2013 ved at leiagrupperna vert supplert med ein assisterande svdelingsdirektør, og har no m.a.o. ein leiar og to nestleiarar. Avdelingane, med unntak av Miljøvernavdelinga er framleis organiserte i lag (team), med anten faste eller ambulerande koordinatorar.

## Bemanning

Som følgje av verjemålsreforma vaks embetet betydeleg i 2013 og har per utgangen av 2013 ca 180 tilsette. Embetet vart også tilført nye stillingar finansiert over andre kapittel enn 1510 (0525 frå 2024). Lønsnivået i regionen og dermed gode utsikter for betre løna arbeid andre stader, mellom anna i kommunane og anna statleg verksemd (t.d. Jernbaneverket, Statens vegvesen), er ei viktig årsak til at vi hadde ein turnover på over 11 prosent i 2013. Vi merkar også betydeleg press på lønninga ved nyrekryttreng og krav om særskilde lønstillegg etter Hovudtariffavaklen 2.3.4 og 2.3.8. Dette kosta embetet ca kr 430 000 i fjor. Eit tisvarende budsjettmessig problem er det at nye tilsette kjem inn med høgare løn en den som slutta, og høgare enn dei som har vore lenge i embetet. Slik lønsvekst blir ikkje kompensert gjennom sentral lønspott, og må føre til redusjon i talet på tilaette. Når vi likevel har klart å oppretthalde og auke bemanninga, skuldast dette tilførsle av midlar frå andre kapittel. Noko som igjen fører til at vi har fleire faste tilsette løna med hjelp av særløyvingar, av kortare eller lenger varigheit. Dette gjer oss ekstra sårbarere for svingingar i løvingsnivå. Det er særskilt ønskelege at alle, eller det aller meste av tildelingane skjer over kap 1510 (0525), og at særløyvingane blir meir føreseielege.

Siste meddarbeidarundersøking viste at ei av dei største utfordringane våre er at ressursane ikkje samsvarar med oppgåvemengde. Dette tek vi tek på alvor. Vi kan likevel ikkje sjå at denne ubalansen gjev utslag i forhold til trivsel og arbeidsmiljørelaterte utfordringar. FMRO er IA-verksemd, og sjukefråværet låg i 2013 under vår eiga målsetjing i handlingsplanen for inkluderande arbeidsliv (3,4 prosent). Pensjonsalderen er også høg og stabil.

Embetet har to lærlingar frå hausten 2013.

## Budsjett/rekneskap

Trass i trange budsjetttrammer kom vi ut med eit mindrefrobruk på kap 1510 på 2,5 mill. sette skuldast i hovudsak vakansar i stillinmgar/spart løn og utsette investeringar (særleg IKT), som blir nødvendig å ta i 2014. Når embata får overført midlar frå andre kapittel, er det særskilt viktig at det blir løyvd nok til å dekke auka administrative kostander. Vi opplever at dei administrative tenestene, dokumenthandtering, arkiv mv. ikkje maktar å halde tritt med veksten i oppgåver og saker. Framover må dei administrative tenestene styrkast.

## Heilskapleg og strategisk leiing

Ei av Fylkesmannen sine utfordringar, samstundes som å vere ein styrke og ein viktig identitet for embetet, er ansvaret for samordning og heilskaplegtenking, -strategi og -leiing. Forventningane til statleg heilskapleg og samordna styring og påverknad overfor kommunane blir berre større, både frå kommunane og frå sentrale styresmakter. Samstundes opplever vi at sentralmakta blir berre meir og meir fragmentert ved mellom anna etablering av fleire direktorat. Veksten i direktorata har stor dei siste åra og representerer det vesentlege av veksten i statleg forvaltning. Bemanninga i departementa og hos fylkesmennene har vore stabil. Sjå difi-rapport 2013:11. For å styrke samordninga og forenkle statsapparatet burde det vere grunnlag for å vurder å overføre direktoratsoppgåver til f.eks. fylkesmannene.

Fylkesmannen i Rogaland arbeider heile tida med å styrke både intern og eksternt samordning, styrke og vedlikehalde overordna heilskapleg haldningar og leiing. Leiagrupperna var i 2013 samla kvar 14. dag, og kvar veke frå årsskiftet 2013/2014. Ein gong i månaden var også nestleiarane med på leiarmøtet. Dette for nettopp å styrke heilspstenkinga på alle leiarnivå. Leiarmøtet er i hovudsak eit organ for samordning, fellesenkning, informasjon og strategisk leiing. Fylkesmannen har dei siste åra utarbeidd eit overordna styringsdokument med virketid på 4 år, som blir revidert kvart år med tanke på nye styringssignal og endra oppgåver. Dette dokumentet ska lvere styrande for avdelingane sine verksemndsplanar. Alle avdelingane utformar mål som blir lagde fram for embetsleiinga kvart år før VP-arbeidet startar opp. Overordna styringsdokument og avdelinga sine målsetjingar er grunnlag for oppfølgingsmøte med avdelingane, som embetsleiinga gjennomført ein gong per kvartal.

Fylkesmannen har utarbeidd visjonar og verdiar som overbygning for all verksemd i embetet, og strategi for kommunikasjon, dialog og omdømmebygging.

Størst behov for samordning og heislkappstenking er det innafor tilsyn og kommunal planlegging. Her har embetet opprette avdelingaovergripande lag/grupper som jamleg møtast for å drøfte og planlegge arbeidet. I 2013 har embetet starta prosjekt "Sjumilssteget - god oppvekst i Rogaland", med utgangspunkt i tilsvarende prosjekt i Troms. Dette blir eit viktig satningsområde i 2014.

Fylkesmannen i Rogaland blei hausten 2013 eitt av seks embete som fekk tildelt prøveprosjekt med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar. Eit viktig og spanande prosjekt i eit fylke med så stor aktivitet, også mange kommunale planar. Styrken med prosjektet, samanlikna med Fylkesmannen sitt ordinære samordningsansvar, er at også dei andre statlege motsegnsstatane har forplikta seg til å gå inn i dette samordningsprosjektet.

Fylkesmannen er Miljøfyrtaarn. Dette vart fornye i 2013.

## **1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold**

Fylkesmannen fordeler budsjettmidlane innafor kap 1510/0525 etter den "gamle" ressursfordelingsmodellen utvikla av FAD. No er budsjett 2011 som eit basisår. Ut frå dette lagar vi langtidsbudsjett som skal gje føresielege avdelingsbudsjett farmover. Årleg blir det likevel gjort visse justeringar basert på rekneskapstal året før, og prioritering av særskilde oppgåver. Budsjettfodelinga er famleis prega av at miljøvern i Rogaland kom heller dårelg ut av den opphavlege modellen, at denne sektoren får vesntleg tilførsle av særmidlar, som ikkje i tilstrekkleg grad tek høge for administrative kostnader, og at grunnløyvinga på sikt blir svekka. I 2013 styrke Fylkesmannen budsjettet til miljøvernavdelinga med ca kr 600 000 frå kap 1510, utover kva fordelingsmodellen skulle tilseie.

Som nemnt tidlegare, står ikkje samla tildeling til Fylkesmannen i Rogaland relativt sett i forhold til saks- og klagemengde, konfliktnivå og høve til å bidra til handtering av dei vekst-utfordringane som Rogaland har. Det

svekkar vårt høve til å følgje opp kommunane i deira utfordringar, delta i lag med andre statsetatar innan felles utfordringar samt å halde den kvalitet på arbeidet som vi meiner vi burde ha. Vi må prioritere svært hardt. Saker som må få eit svar og ei avgjerd og område der det vert tilført særskile midlar, vert difor prioriterte. Øvrige generelle oppdrag vert nedprioriterte.

Embetet har ut over dette ikkje vesentlege avvik i forhold til departementsområda eller etablert rssursfordeling. Administrasjonskostnadene vaks som følgje av dyrare husleige i nytt statens hus, med heilårsverknad frå 2011.

**Kommentarer til ressursfordelinga mellom departementsområda.** På fagdepartementa si rapportering er alle lønnskostnader tatt med, også fagmidlar utanom kap .1510. Ressursbruk under kunnskapsdepartementet inkluderer her i tala godtgjersle til eksterne sensorar. Dette utgjør kr 14 745 797 i løn og reisegodtgjersle. For helse- og omsorgsdepartementet sitt ansvarsområde så utgjer godtgjersle til kontrollkommisjonane kr 3 137 246, det blir feil å registrere desse summane under Fylkesmannens ressursbruk.

På et overordne nivå har det ikke i 2013 vore store utfordringar knytt til embetet sin økonomiske situasjon. Fylkesmannen i Rogaland har avslutta rekneskapet for 2013 med eit mindreforbruk på 2 523 855.

Tall vist i 1000

	Tildeling	Regnskap	
		2013	2013
1 Kapittel 1510 post 01		94 267	99 118
Kapittel 4510 post 15,16,			-4 851
217, 18 og 02		7 375	7 375
<b>Netto</b>	<b>94 267</b>	<b>91 743</b>	<b>2 524</b>
3 Kapittel 1510 Post 21		13 354	13 354
4 Kapittel 4510 post 01		13 276	13 276
<b>Netto</b>		<b>78</b>	<b>78</b>

1: Tildeling embetet på post 1510-01 i 2013 var 94 267, utgiftsført i regnskapet er 99 118

2: Ingen tildelinger på kap 4510-15,16,17,18 og 02, men hadde i regnskapet en samlet inntekt på refusjoner på 7 375.

3: Ingen tildeling på 1510-21, utgiftsført i regnskapet 13 354

4: Ingen tildeling på kap 4510-01, inntektsført beløp 13 276.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Miljøverndepartementet	kr 10 791 482,22	kr 4 781 735,53
Landbruks- og matdepartementet	kr 13 129 881,63	kr 5 312,26
Kunnskapsdepartementet	kr 8 934 360,89	kr 14 633 696,43
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 4 546 079,23	kr 1 299 901,79
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 4 809 304,60	kr 5 320 526,42
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 5 923 602,83	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 901 364,65	kr 2 471 768,27
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 13 328 397,10	kr 3 901 153,95
Andre	kr 31 083 021,91	kr 0,00
Sum:	kr 93 447 495,00	kr 32 414 094,00

## 1.3 Andre forhold

### Informasjonstryggleik

I 2013 utarbeidde embetet, med hjelp av ei avdelingsovergripande gruppe, rapport og forslag til retningslinjer og direktiv for inforsjonstryggleik/dokumentetryggleik i embetet. Samstundes, og delvis i samanheng med denne, vart det utarbeidd ROS-analyse for Statens hus. Det siste i samarbeid med alle dei andre etatana i bygget.

Informasjonssikkerheitsrutinane er implementerte i 2013 og vil bli følgt opp i 2014, mellom anna gjennom vidareføring av sikkerheitsutvalet. Tiltak etter ROS-analysen vil bli gjennomførde i 2014.

### Innkjøp

FMRO har sentralisert innkjøp, og lite blir kjøpt inn av avdelingane. Statlege reglar for anbud blir alltid følgt. Vi har god kompetanse innafor dette feltet.

## **Lærlingar**

Vi har frå hausten 2013 to lærlingar ved embetet, mot berre ein tidlegare. Vi har særslig gode erfaringar med lærlingeordninga, og fleire tidlegare lærlingar har fått jobb i embetet etter utdanning.

## **IA**

FMRO er IA-verksemd med handlingaplan for sjukefråvær, oppfølging av eldre medarbeidarar og inkludering av arbeidstakarar med vanskar på arbeidsmarknaden. Handlingaplanen er til behandling i leiargruppa minimum to gonger i året. Evalueringa viser god oppfølging av planen og av sjukmelde, lågt sjukefråvær, stabil pensjonsalder og god oppfølging av arbeidstakarar med funksjonshemminger. Vi har ingen klare målsetjingar om å tilsetje fleire med funksjonshemminger, men kunne nok ha vore meir aktive her.

## **Klarspråk**

Embetet har utarbeidd retningsliner for språkbruk i eksterne brev. I 2012/2013 gjennomførte embetet eit omfattande prosjekt med utgangspunkt i desse retningslinene og med klart språk som målsetjing. 80-90 prosent av dei tilsette var då gjennom språkseminar der oppgåva bestod i å betre språket i utvalde brev Fylkesmannen har sendt til kommunane. 5 utvalde og interesserte kommunar medverka i å velge ut desse skriva/breva.

Vi har gått vidare i lag med desse 5 kommunane med klarspråkprosjektet vårt, som dermed vil bli følgt opp med nye tiltak også i 2014. Prosjektet har gitt god effekt internt, men vi har enno ein veg å gå. Særleg vellukka er det å legge om til tvungen ingress på alle saker/brev på over ei side. Og at slik ingress er utgangspunkt for medieoppslag.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generellesamordningsoppgaver. Fornyng av offentlig sektor

#### 2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyng av offentlig sektor

##### Generelt om utviklingsarbeid

Fylkesmannen legg sterke vekt på å ha ein positiv dialog med kommunane og å støtte opp under lokaldemokratiet. Kommunane representerer den viktigaste samordningsaktøren i forvaltninga og Fylkesmannen har mykje av den same funksjonen på regionalt nivå. God samhandling og dialog er viktig for å få til god oppgåveløysing totalt sett. Vi prøver også å rette tildelinga av skjønsmidlar til kommunar med særlege behov som ikkje blir fanga opp av inntektsystemet. Vi støttar også kommunale fornyingsprosjekt gjennom skjønsmidla, men er nøyne med å ikkje leggja føringar elles, ut frå prinsippet om rammefinansiering, at dette er frie inntekter kommunane kan disponere innanfor lov og regelverk. Vi prøver også å leggje vekt på formidling av styringssignal frå sentralt hald og melde inn problem kommunane tek opp med oss, og å fremja fagleg utvikling gjennom kurs og seminar.

På alle områder Fylkesmannen har kontakt med kommunane, legg vi vekt på å bidra til utvikling av kommunen og deira forvaltnings- og tenestetilbod. Det gjeld utviklingsprosjekt for å gjennomføre nasjonal politikk, rettleiing og drøfting i planarbeid, samarbeidsgrupper og også rolla vår i tilsyn og klageavgjerder.

Når det gjeld bruk av skjønsmodalar til utvikling og fornying, så er det ei utfordring at Rogaland har små midlar samanlikna med dei fleste andre fylke. Utviklingstiltak kostar like mykje i vårt fylke. Det er derfor uråd å basere større prosjekt, gjerne i statleg regi, i kommunane i Rogaland på medfinansiering frå skjønnsmiddelpotten.

##### Samordning av statleg tilsyn

Ansvaret for overordna koordinering og utvikling på tilsynsområdet er lagt til forvaltningsavdelinga. Fylkesmannen har ein tilsynskoordinator som koordinerer arbeidet internt og eksternt og vi har eit tverrfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte.

Det er i 2013 halde interne møte i tilsynslaget for å samordne den kommuneretta tilsynsaktivitetten og dele informasjon og tilsynserfaringar. Vi har også samordna tilsyna våre med den planlagde kommuneretta tilsynsaktivitetten til Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Kartverket. Oversikta over kommuneretta tilsyn blei sendt til kommunane/fylkeskommunen med kopi til andre tilsynsetatar, kommunerevisjon og kontrollutval. Ho blei og lagt ut på nettstaden vår. Vi ha etablert kontakt med dei tre kontrollutvalssekretariata i fylket, hatt eige samarbeidsmøte med desse sekretariata våren 2013. Målet var betre samordning mellom eigenkontroll og tilsyn. Rolleavklaring og utveksling av planar for tilsyn og kontroll stod på programmet. Vi har også halde innlegg på samlingar om Fylkesmannen si oppgåve med samordning av tilsyn, sjå under pkt 61.3.

##### Døme på utviklingsarbeid innan miljøvernsektoren

I arbeid etter forureiningslova, verkar miljøkrav utviklings- og kvalitetsfremjande. Beste tilgjengelege miljøteknologi vert vektlagt frå vår side i dialog med verksemndene. Tilsyn og handsaming av løyver har også ein stor grad av rettleiing med seg, og det er ikkje sjeldan vi vert nemnde som "dei rimelegaste konsulentane" verksemndene har.

Innan naturforvaltning vil vi nemne samarbeidet i ny forvaltningsordning for verneområde (SVR) som går over 3 fylke og 10 kommunar. Ut frå eit lokalt politisk ynskje - som vi støtta - vart verneområdeforvaltarane fordele på 3 fylkesmenn og 3 lokalsamfunn. Dette går godt, og våre erfaringar vil ha overføringsverdi også til andre og minde område. Elles er fagleg god og grundig kartlegging heilt avgjerande for at kommunane - og vi med dei - skal vidareutvikle og effektivisere naturforvaltningsarbeidet.

Det er lang erfaring med kommunar i Rogaland som har overtatt forvaltningsansvaret for verneområde, td. Stavanger, Karmøy og Ryfylkekommunane. Rogaland sine erfaringar med dette har nasjonal overføringsverdi.

##### Samordning og utvikling innan kommunal og regionalplanlegging

###### Politisk prioritering av planarbeid gjennom planstrategi

i 2013 har vi sett god effekt av å leggje inn kommunal og fylkeskommunal planstrategi som obligatorisk politisk

grep for å prioritere innsats i planarbeidet. Dette er eit godt politisk verktøy for styring av planinnsats. Det er svært viktig at Regjeringa følgjer opp dette med å raskt revidere "Nasjonale forventningar til kommunalt og fylkeskommunalt planarbeid".

### Regionalt planforum

Rogaland var seint ute med dette, og den store plansaksmengda her har gjort at Fylkeskommunen har prioritert overordna planarbeid i planforum. Det har vore litt liten interesse i kommunane for å melde opp saker, men planforumet vårt ser no ut til å finne si form og er ein viktig møteplass for å gje tidlege innspel til kommunalt planarbeid. Det fungerer også godt for å styrke nettverket mellom planmedarbeidar i ulike statlege og regionale organ.

### Samordning av statlege, regional og lokale interesser gjennom regionalplanarbeid

Fylkesmannen i Rogaland har også i 2013 vore aktivt med i Rogaland fylkeskommune sitt arbeid med å samordne regionale interesser med statlege og lokale gjennom regionalplanarbeid. Rogaland som fylke har ein stolt tradisjon med mange og gode fylkesdelplanar som har vore og er førande både for kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen sitt arbeid. I 2013 kan me særleg nemne ferdig revisjon av Regionalplan for samordna areal og transport på Jæren. Vidare pågående revisjon av tilsvarte plan for Haugalandet.

Både vi og fylkeskommunen er bekymra for at statleg sentral praksis med avvik frå godkjent og samordna regionalplan for Vindkraft. Dette har svekka denne regionalplanen mykje og kan og gje mindre tiltru til at samla stat og statlege sektororgan føler seg forplikta av regionale planar, som dei sjølv har deltatt i utforminga av. Jamfør og Dokument 3:5 (2013-2014) frå Riksrevisjonen.

### Samordna statleg uttale i plansaker

Rogaland er eitt av 6 fylke som deltek i pilotprosjekt om statleg samordning av motsegner. Vi har kome godt i gong og ser allereie både venta og uventa positive effektar av prosjektet, både internt i embetet og i den regionale "statsetatsfamilien". Arbeid med planarbeid hos fylkesmannen er tverrfagleg og dekkar mange sektorar. Det er svært viktig at KMD som no er både ansvarleg for oss som embete og for planarbeid etter Pbl, går gjennom ressursfordelinga til fylka på dette området og justerer etter saksmengde og konfliktgrad. Med denne nye rolla er det særleg viktig at Fylkesmannen sin arbeidskapasitet på området ikkje vert flaskehalsen som øydelegg for eit lovande prosjekt.

### Arbeid med uttalar til kommunale planar

Det nasjonale arbeidet med motsegner og oppdaterte føringar for dette har vore viktig for å vidareutvikle motsegnssinstituttet. Vi legg stor vekt på intern samordning i uttalane, å gje planfaglege råd og å grunngje og forankre eventuelle motsegner i nasjonale og viktige regionale interesser. Lovkrav, statlege planretningslinjer og reglar samt gjeldande regionalplanar, er våre viktigaste verktøy i så måte. Vi har og eit innarbeidd og velfungerande system med fagleg drøfting på lågare nivå før kommuneleiing møter til formell mekling hos fylkesmannen i motsegnssaker. Dei fleste motsegner vert løyst gjennom drøfting før mekling. Dette krev god kontakt og kommunikasjon mellom fagfolka våre og kommunane, og er effektivt og lærerikt både for oss og kommunane.

### Generelt om tilpassing til hovedgrep innan plan i ny Plan og bygningslov frå 2009

Rogalandskommunane er genrelt planmodne og til dels svært dyktige. Det har vore ein del utfordringar med å finne rett nivå og god utforming av obligatoriske utgreiningar i planarbeid ( ROS, KU og utgreining etter NML). Dette går i rett lei. Det gjer og kravet om oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen som bakteppe for all kommunal planlegging.

Det er utfordrande for både oss og kommunane å rekruttere og behalde gode og kompetante planmedarbeidarar. Kompetanse og kapasitet i alle ledd er nøkkelen til raske og kvalitativt gode planprosessar.

### Grep for å bidra til effektivisering i kommunalt planarbeid

Vi oppmodar regjeringa og KMD til å vektlegge

- kompetanseheving i arbeidet med effektivitering av planarbeid og setje inn raske tiltak i samarbeid med kompetente universitet- og høgskolemiljø, for å heve plankompetansen både som nyutdanning og som etterutdanning

- handlingsrom i plandelen - og kompetanse om dette, slik at ein vel rett plan for rett tiltak. Td. er vi skeptisk til at samferdselsprosjekt oftast skal gjennom ei heil plan og utredningsrekkeje (kvu, kommuneplan, kommunedelplan, områdeplan og detaljplan). Godt samarbeid mellom staten som utbyggjar og dei aktuelle kommunane ville oftast kunne løyst utfordringane samla i slike prosjekt ved å samle desse prosessane i **ein** interkommunal områdeplan med eller utan detaljplankrav.
- god samordning med aktuelle departement og direktorat når det gjeld **planoppdraget** til Fylkesmann, andre statlege arealrelevante instansar og fylkeskommunen
- oppstart av justering av "Nasjonale forvetningar til kommunalt og interkommunalt planarbeid". Her må både Fylkesmannen også relevante direktorat involverast, så som SLF, helsedirektoratet, samferdselsdirektoratet og miljødirkektoratet. Vi vil også oppmøde om å få med dei som arbeider sentalt med barnehage, skule, born/familie.
- å vurdere setjefylkesmannsordninga. Saker der fylkesmannen er klagar bør avgjerast av overordna organ. Ved ei slik ordning vil også overordna styresmakt/departement sitt vedtak gje styringssignal også til liknande saker (presedensverknad). og dermed også styrke læringseffekten både for kommunane og for dei ulike nivåa i staten.

## 2.2 Velferd,helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen har i rapporteringa i kapittel 3 punkt 83.1 Folkehelsearbeid gjort greie for vårt arbeid med alkohollova og Helsedirektoratet sitt prosjekt for styrking av arbeidet med alkohollova og ansvarleg alkoholhandtering og etablering av regionalt nettverk.

Fylkesmannen har i kapittel 3 under punkt 51.2 Verjemålslova gjort greie for arbeide med verjemålsreforma.

Fylkesmannen i Rogaland har hatt ein betydeleg oppgåveauke innan helseområdet dei seinere åra,(utan at fylkesmannsembetet er tilført meir ressursar.) Ikkje minst har auken vore stor innan førarkortfeltet. Me har difor måtte gjere prioriteringar innanfor Helse- og omsorgsdepartementet si oppgaveportefølje. Innenfor helseområdet har difor Fylkesmannen sine lovpålagde oppgåver hatt førsteprioritet. Gjennom styring av verksemda har me forsøkt å behalde balansen mellom oppgåver gitt frå Helsedirektoratet og dei gitt frå Statens helsetilsyn, samt tatt sikte på at det auka sakstilfanget ikkje skal gå ut over oppdraga frå andre departement på velferdssida. I 2013 har det vært god kontroll på førerkortområdet, og sakshandsamingstida har gått ned.

I 2013 ble det varsla at avdelinga kjem til å få ei ekstra tildeling på 957 000 for å mellom anna å fylge opp lov om pasient - og brukarrettar,spesialisthelseteneste m m

### Fylkesmannen sitt tilsynsoppdrag

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at innbyggjarane får dei kommunale og fylkeskommunale tenestene som dei i medhald av lov og forskrifter har krav på av helse- og omsorgstjenester, sosialtenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, tannhelsetenester, barnevern, rusomsorg, utdanning og verjemål. For å utøve tilsyn og kontroll med at verksemndene følger lov og reglar, nyttar Fylkesmannen seg av ulike metodar overfor ulike tilsynsobjekt og tenesteområde, herunder generell områdeovervaking, kartleggjinger, systemrevisjonar og tilsyn etter annan metodikk. Det kommuneretta tilsynet hos fylkesmannen i Rogaland er samordna, ved at det vert sett opp ein felles tilsynsplana på tvers av fagavdelingane, og tilsynsbelastninga på kvar einskild kommune vert på den måten styrt.

I 2013 har vi fortsett å nytta metodikken med spredningstilsyn i tilsynet med helsestasjonar. Gjennom dette, og eit elektronisk kartleggjings-/Sjølvmeldingstilsyn, har vi i 2013 fått eit godt oversyn over alle helsestasjonane i alle kommunar i fylket, og fulgt dette opp med rettleiing runt styring og internkontroll. .

"Spredningsprosjektet" er møtt med stor entusiasme og positivitet både frå kommunane og KS. Tilbakemeldinger frå kommunane tyder på at deltagande kommunar får auka styrings- og interkontrollforståing. Samstundes blir dei konkrete tilsynserfaringane spreidd på fleire kommunar, og spreiingstilsynet kan difor vere eit effektivt tilsynsverktøy. Vi har også fått tilbakemelding på at kvalitetssamarbeid mellom kommunane vert stimulert og forbetra. Oppsummert er vår erfaring med "Spredningsprosjektet" så god at vi også i 2014 kjem til å fortsetje med spreiingstilsyn på fleire av våre fagområde.)

I spesialisthelsetenesta har vi gjennomført det nasjonale tilsynet med barne- og ungdompsykiatriske poliklinikkar med eit regionalt team. Her legg Helsetilsynet fram ein samla rapport.

I spesialisthelsetenesta har vi ellers gjort tilsyn med akuttmottaket ved SUS. Dette tilsynet avdekkja svake punkt i styring , kompetanse og logistikk i denne kjernefunksjonen ved sjukehuset.I kjølvatnet av dette tilsynet er det nå i gang forbettingsprosessar, bemanningsstyrking og omorganisering i akuttmottaka i heile helseregionen.

Ellers har fylkesmannen handsama fleire alvorlege og komplekse hendelsesbaserte tilsynssaker frå spesialisthelsetenesta, der særleg komplekse sjukdomsbilete hos eldre personar ikkje har vorte fanga opp i sjukehuset. Dette temaet vil bli fylgt med planlagt tilsyn i 2014.

Ellers blei førebuingar til tilsyn med folkehelsearbeidet i kommunane igangsett i 2013.

## Sosiale tenester i NAV

Fylkesmannen har viktige oppgåver i å understøtte partnarskapen mellom stat og kommune i NAV. Dette blir gjort på fleire område, både i kommunebesøk og i ulike overordna samarbeidsarenaer. Fylkesmannen har i fleire år hatt jamlege samarbeidsmøter med NAV-direktøren.

Det er ei utfordring å få til god samordning av dei ulike satsingane på sosialtenesteorådet og tilgrensande tenestefelt. Dette gjeld både internt hos Fylkesmannen og i samarbeidet med NAV fylke. Utfordringane internt er søkt løyst med tettare samarbeid og betre intern informasjon, særleg på området barn og unge. Samordninga med NAV fylke har mellom anna omfatta gjensidig informasjon om satsingar og kompetansetiltak og felles planlegging og gjennomføring av halvårlege leiarsamlingar.

I 2013 søkte og fekk Fylkesmannen og NAV Rogaland tilskot til prosjektet praksis og kunnskapsutvikling i NAV kontora. (FOU-prosjektet).Dette har ført til fleire felles møtepunkt og auka samarbeidet om tenesteutvikling i NAV-kontora. Universitetet i Stavanger er også ein viktig del av prosjektet.

Fylkesmannen er også med i eit toårig forsøk med utvida informasjon og rettleiing til søkerar og mottakarar av sosiale tenester i NAV. Ein sentral del av forsøket er å registrere alle meldingar Fylkesmannen får frå brukarar for å få betre oversikt over behov og omfang av tenester. Så langt har talet på meldingar vore lågt i Rogaland, samanlikna med dei andre prosjekta. Årsaka er uviss, men kan hende dette skuldast underrapportering. Det kan også tyde på at kunnskap om lovverket er god i NAV-kontora etter at det vart gitt opplæring i lovverk til alle tilsette i 2013, og at terskelen difor er låg for å be om rettleiinga for å sikre at brukarane får dei tenester dei har krav på.

Det er i ei utfordring i vidareføring av prosjektet å finne ut meir om årsak til skilje mellom prosjekta.

Ellers har talet på klagesaker til Fylkesmannen i Rogaland etter lov om sosiale tenester i Nav, synt ein fallande tendens. Det er mogleg at dette kan skuldast at kommunane i fylket er "rause" i sine vedtak, og etter at Fylkesmannen har hatt omfattande opplæring i rundskriv og ikkje minst barn- og ungeperspektivet i sakene. syner sakene gjennomgåande at barneperspektivet er på plass i sakshandsaminga i NAV-kontora.

Fylkesmannen observerer at mange kommunar framleis har lite fokus på kvalifiseringsordninga, og tilsyn viser at kommunar framleis ikkje fyller brukarane sin rett til kvalifiseringsporogram

## Bustadsosialt arbeid

Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet er framleis framskaffing av rimelege bustadar til ei differensiert gruppe vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg har mange kommunar mykje å gå på i planarbeidet på det bustadsosiale området. Kommunane etterlyser fleire og meir tilpassa tilskot frå Husbanken. Samstundes er det fleire kommunar som ikkje nyttar dei moglegheitene som Husbanken har. Både Fylkesmannen og Husbanken har fokus på dette i kontakt med kommunane.

Det er ei kjelde til bekymring at bruken av hospits aukar i kommunane, og at fleire ventar på kommunal bustad.

Husbanken, Fylkesmannen og dei statelege aktørane på området har etablert eit bustadsosialt velferdsprogram for vestlandsfylka. Kommunane har fått tilskot til programansvarlege og 5 kommunar i Rogaland er med. Programmet skal ta tak i utfordinar knytt til planarbeid, arealplanlegging, framskaffing av bustadar, oppfølging i bustad og kompetanse/utveksling av erfaring. Modellen "Housing First" er under utprøving.

Kommunal satsing på oppfølgingstenester har medverka til at fleire som kan leige privat eller kjøpe eigen bustad, har klart dette.

**Folkehelseområdet.** Den nye folkehelselova har gitt kommunane nye oppgåver på området. Den første prøvesteinen for kommunane er å syte for at folkehelsa vart vektlagt i kommunale planstrategiar. Den største utfordrina for folkehelsearbeidet vil vere å få arbeidet tilstrekkeleg forankra og integrert i kommunane - og i fylkeskommunen sitt planarbeid.

Fylkesmannen har inngått samarbeidavtale med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet i fylket for å sikre at folkehelsearbeidet vert fremja i regionen, at kommunane får råd og rettleing og auka kompetanse.

Me ser og at kommunane i for liten grad omtaler folkehelseutfordringar i anna planarbeid, som t.d. kommunaplanar, planprogram og kartleggingsarbeid som inkluderer alle sektorarane og fylgjer dette vidare opp i planarbeidet. I møter med administrativ og politisk leing vert folkehelse løfta fram som eit satsingsområde.

Rogaland har over tid hatt stor næringsaktivitet og folkeauke. Dette vert merka blant anna på eit stadig aukande behov for areal til bustadar, næringsbygg og transport. Dei udekka behova gjer det naudsynt med raske og effektive løysingar. Sett opp mot dette er det ei utfordring for kommunane å kunne planleggje langsiktig for ei berekraftig samfunnsutvikling der det vert tatt tilstrekkeleg omsyn til faktorar med positiv og negativ påverknad på helsa. Det er fortsatt eit stort behov for opplæring og rettleiing i kommunane om det fortløpende arbeidet for å ha oversikt over folkehelsa.

### Fylkesmannen i Rogaland si rolle i samhandlingsreforma

Dette er hos Fylkesmannen i Rogaland organisert som eit regionalt prosjekt, der dei tre fylkesmennene ved fylkeslegane har vore styringsgruppe. Koordinator vart tilsett i 2012.

Prosjektet dekker 3 fylke med til saman 85 kommunar, 4 helseføretak, 2 universitet, 3 høgskular og ei rad private ideelle aktørar. I tillegg kjem ulike samarbeidsprosjekt, brukarorganisasjonar og tilsette sine organisasjonar. Koordinator har kontorstad i Bergen, men har ved ein rekke anledningar vore til stades ved ulike møter og arrangement i alle tre fylka. I haust har koordinator og hatt til saman 3 kontordagar i Stavanger. I samråd med styringsgruppa har oppgåvene vorte innretta noko ulikt i dei tre fylka. Hovudvekt i har vore på deltaking på felles arrangement for kommunane og helseføretaka, samtalar med prosjektleiarar for interkommunale samarbeid knytt til samhandlingsreforma, samtalar med einskildkommunar og undervisning.

I tillegg til det regionale fokuset deltek koordinator/prosjektleiar og i nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma.

Jamlege møte i dei fylkesvise arbeidsgruppene, styringsgruppa, og jamvel eit fellesmøte med alle gruppene, har vore viktige arenaer for diskusjon av framdrift i reforma, men og for organisering av arbeid i regionen, konkrete oppgåver og som kopling til det nasjonale.

Temaet øyeblikkeleg hjelp døgnplasser – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire høve. Fylkesmannen har i 2013 vitja alle kommunar som har starta opp øyeblikkeleg-hjelp-tilbod. Målet med besøka er rettleiing og å ivareta følgje-med rolla

Dei tre Vestlandsfylka samsvarar med utbreiinga til det regionale helseføretaket. KS Vest og RHFet har inngått intensjonsavtale knytt til samhandlingsreforma. Fylkesmannen er invitert inn i dette samarbeidet.

Felles føretaksvise konferansar har vore eit av verkemidla som aktørane i vest har vald for oppsummering av erfaringar knytt til inngåing av samarbeidsavtalar, arbeid med implementering av avtalar og for å setje fokus på spesielle problemstillingar i reforma (til dømes øyeblikkeleg hjelp døgnplassar og folkehelse/førebyggjande arbeid). Det har vore to føretaksvise fellesarrangement i 2013, knytt til implementering av avtaler, inkludert fokus på kultur/haldninger/likeverd/kommunikasjon, og øyeblikkeleg hjelp døgnplass.

Ei hovudutfordring for implementering av samhandlingsreforma i Rogaland blir å vurdere allmennlegetenesta og legedekning i kommunane.

Kartlegging syner at tilbodet om akutt døgnplass i kommunane framleis er for lite nytta. Tilbodet treng meir oppfølging frå helseføretaka og bør ha fleire senger og eit tilstrekkelig pasientgrunnlag for å vere robuste. Fylkesmennene på Vestlandet etterlyser framleis meir samarbeid på tvers av kommunegrenser. Kommunane får frå staten tilskott til øyeblikkeleg hjelp sengeplassar, og 44 av 85 kommunar har etablert eit slikt tilbod.

Fylkesmannen vil i 2014 fylgje opp korleis ordninga verkar..

Eit oversyn over KOSTRA-tala for dei mest folkerike kommunane i fylket syner at det har vore ei viss auke i talet på sjukeheimspllassar og sjukeheimslegar i nokre av kommunane, men ikkje i alle. Talet på kommunale

fysioterapistillingar knytt til institusjonar har i liten grad endra seg. Om ve ser på KOSTRA-tala for alle kommunane, er det stor variasjon i legedekninga og fysioterapidekninga på sjukeheimane i Rogaland. Enkelte småkommunar har til dømes vesentleg høgare dekning enn dei større kommunane.

Samhandling på rusfeltet, ikkje minst knytt opp mot kriminalomsorga, er ei særleg utfordring. På dette området er det utfordringar med ulike lovverk, uklart ansvar og uklar oppgåvefordeling mellom kriminalomsorg og helsetenestene. Det er særlege utfordringar omkring avrusing, LAR, medikamentbruk i fengsel, individuell plan, innsette med ROP lidingar og utanlandske innsette (språk,helse,behandling). Fylkesmannen i Rogaland har i 2013 styrkja samarbeidet med kriminalomsorga, samarbeid med spesialisthelsetenesta og kommunar som har soningsinstitusjonar. Det er etablert eit nettverk for fegselhelsetenesta. Nettverket har som mål å tematisere utfordringar i samarbeidet mellom tenestene.

I 2013 blei det for fyrste gong gjeve tilskot til utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet. Kommunane som fekk tilskot samarbeidar med spesialisthelsetenesta og tiltak mot overdosar, etablering av bustad og oppfølging, oppsøkande behandlingsteam og heilskaplege løp for behandling.

Ei av utfordringane i Rogaland er framleis begrensa kapasitet ved universitet og høgskular for vidareutdanning i rus- og psykisk helsearbeid. Universitet og høgskular legg opp til Master i helsevitenskap medan kommunane spør etter tradisjonelle vidareutdanninger.

Behovet for tilskot til vidareutdanning er stort.

I fleire tiltak ser vi ei positiv utvikling ved at bruken av tvang og makt overfor psykisk utviklingshemma i kommunane ser ut til å verka redusert. Systematisk arbeid med andre løysingar ser dermed ut til å ha verka bra. Dei mest inngripande tvangsformane, som t.d. nedleggingsprosedyrer, er no i stor grad ersatta av andre, mindre inngripande og verksame løysingar. Det vert utført mykje godt fagleg arbeid i kommunane. Spesialisthelsetenesta har i fleire år hatt kapasitetsvanskar. Dette ser no ut til å ha vorte betre enn på lenge.

Fylkesmannen erfarer ein vekst i nye og særleg vanskelege saker som gjeld personar med lett psykisk utviklingshemming i kombinasjon med rus - og psykiatri. Desse sakene er ei stor utfordring for kommunane mellom anna fordi mange i gruppa ikkje ynskjer hjelpe eller avviser tilbodet dei får. Tiltak som ofte er naudsynte, er i ytre grense for kor langt ein kan "strekkje" helse - og omsorgslova kap. 9

Overfor spesialisthelsetenesta fylgjer Fylkesmannen i Rogaland aktivt opp den nasjonale strategien for rett og redusert bruk av tvang i psykiatrien.

Auken i talet på eldre personar vert eit sentralt utviklingstrekk i Rogaland åra som kjem. Auka alder medfører at fleire vil få demenssjukdom. Samstundes medfører samhandlingsreforma at krevjande oppgåver vert overført frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Ei av hovudutfordringane for helse- og omsorgstenestene vil difor vere å sikre tilstrekkeleg og stabil tilgang på kvalifisert personell. Ein IRIS-rapport (2011/100) peiker på at det i Stavangerregionen vil bli mangel både på sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Denne situasjonen må takast alvorleg både av utdanningsinstitusjonar og dei som yter helsetenester.

Ei anna utfordring vil vera å bygga ut tenestetilbodet til ulike grupper, spesielt å skaffa nok tilrettelagde heildøgnsplassar og dagtilbod for personar med demens. Mange av kommunane i Rogaland har høg befolkningsvekst og mangel på byggeareal. Dette gjer det vanskeleg å oppfylla føringa om at bustadar for personar med demens skal ligge på bakkeplan og ha direkte utgang til tilrettelagd uteareal. Fleire av dei større kommunane planlegg sjukeheimar i til dels trafikkerte byområde, der omgivnadane er lite tilrettelagde for personar med demens. Plassering av avdelingar for personar med demens på bakkeplan med direkte utgang til sansehage, er då vanskeleg å få til. Me er og bekymra for om plassering av sjukeheimar i trafikkfarlege område kan føra til at pasientar oftare vert innelåste.

Innføring av velferdsteknologi er ein viktig del av omstillinga som vil bli krevd i helse- og omsorgstenesta. Det er ei utfordring å innføre teknologien i kommunane, og å sørja for at helsepersonell får tilstrekkeleg kunnskap om intensjonar og muligheter, og om kva som finst av teknologiske hjelpemiddel.

Kommunane må oppfordrast til å gjera analyser av situasjonen i eigen kommune og utarbeida planar for korleis folkehelse- samhandlings og omsorgsutfordringane skal handterast, både når det gjeld kompetanse og kapasitet. Særleg i småkommunane er nok kompetansen til slikt planarbeid

Fylkesmannen i Rogaland har etablert eit godt samarbeid med kommunane og spesialisthelsetenesta for å tilrettelegge for ny turnuslegeordning frå og med 2014.

## 2.3 Oppvekst, barnehager og opplæring

### Barnevern

Tilsyn er ein av Fylkesmannen sine hovudoppgåver på barneverområdet. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane utfører oppgåver dei er pålagt etter barnevernlova. I 2013 utførte Fylkesmannen tilsyn som systemrevisjon med 2 kommunar. I tillegg vart det utført spreieingstilsyn der 5 kommunar var med.

Det blei avdekkja avvik ved systemrevisjonane som vart gjennomførde i 2013. I avvika ser ein at det er manglar i kommunen si styring og oppfølging av barneverntenesta. Manglande styring fører til at svikt i tenestene ikkje vert fanga opp. Dokumenasjon av sakshandsaming, særleg skriftleggjering av faglege vurderingar er ikkje god nok.

Gjennom satsinga på kommunalt barnevern blei det i Rogaland fordelt 23,9 stillingar i 2013 i tillegg til dei 38 som blei tildelt i 2011 og 2012.

*Eit særtrekk for Rogaland er den sterke folkeauken i mange kommunar, og den yngrebølgja dette fører med seg. Totalt sett fører dette til at tilførsel av nye stillingarberre held tritt med oppgåveveksten, og i mindre grad førwer med seg ein reell styrking av kapasiteten i barnevernstenestene.*

Fylkesmannen i Rogaland har hatt ei aktiv rettleiarrolle overfor kommunane i samband med søknadshandsaminga.

Satsinga på det kommunale barnevernet har gjeve betre kompetanse, men enno er der utfordringar og brot på lovkrava. Kommunane får fleire saker som fylgje av satsinga.

Fylkesmannen har i 2013 drive aktiv påverknad for å få til interkommunalt samarbeid blant dei minste og mest sårbarne barnevernstenestene.

Fylkesmannen fører tilsyn med institusjonar etter barnevernlova kap. 5 , jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjonar for omsorg og behandling. Gjennom individretta og systemretta tilsyn, medverkar Fylkesmannen i å sikre at rettstryggleiken for barn og unge vert ivaretakne i samsvar med regelverket.

Fylkesmannen i Rogaland gjennomfører og umelde tilsyn i samsvar med tilsynsforskrifta § 8 anna ledd. Tilsynet skal ha til føremål å sjå til at lover og regelverk vert fulgt opp, og at barna får forsvarleg omsorg og behandling i institusjonen. Fylkesmannen i Rogaland legg vekt på å gjennomføre det planlagde tilsynet på eit tidspunkt der barna sjølv er tilstades, og det er eit mål å komme i dialog med kvart einskilt barn under sjølv tilsynet.

Fylkesmannen bistår Arbeids- og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til å fjerne barnefattigdom. I 2013 blei kr. 1 752 776,- fordelt på 7 kommunar. Det er etablert nettverk som har særleg fokus på handlingsplan mot barnefattigdom.

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei barn- og ungesatsing på tvers av avdelingane; *God oppvekst i Rogaland*, etter modell av Sjumilssteget.

Ei intern arbeidsgruppe leia av helse - og sosialavdelinga har ansvar for å samordne dei ulike oppdraga og satsingane knytt til utsette barn og unge, bidra med kompetanse på området og lage plan for satsinga. Gruppa deltok på oppvekstkonferansen i Tromsø i november 2013 som ein inspirasjon til oppstarten av denne satsinga ut mot kommunane. God oppvekst i Rogaland er forankra i leiinga for embetet og det er planar for oppstartseminar med barnekonvensjonen som tema i fyrste del av 2014.

7 kommunar har fått tilskot til arbeidet mot barnefattigdom. Kommunane er blitt fulgt opp gjennom rapportering, tilskotsforvalting og råd og rettleing. Fylkesmannen har også samla kommunar til nettverk for handlingsplan - barnefattigdom.

Fylkesmannen har i all opplæring og samlingar med NAV-tilsette streka under ansvaret for utsette barn og unge og familiane deira, og korleis dette er gjort tydeleg i rundskriv til Lov om sosiale tjenester i NAV.

Stavanger kommune er ein av pilotkommunane for delprosjektet i NyGiv "Forsøk med NAV-rettleiar i videregående skule"

NAV rettleiarane i tilknytning til NyGiv prosjektet starta opp hausten 2013. I løpet av første semester vart det gjennomført ca 70 samtaler med elevane. Tilbakemeldingane er at ein stor del av desse elevane har helseutfordringar. Ein må sjå på korleis ein kan få til gode overganger til helsesyster og eventuelt

komunepsykolog ved behov. NY GIV og satsing på at fleire gjennomfører vidaregåande skule vil og stå sentralt i fylkesmannen si satsing på Sjumilssteget- "god oppvekst i Rogaland".

Det er ei utfordring å fylgje utviklinga til barn og unge som fell ut av vidaregåande skule og har andre utfordringar, og å sette inn gode tiltak. Tal frå Brukarplan kartlegginga syner at ein finn att nokre av desse i 20 år med utvikla tung rus og psykisk helseproblematikk.

Fylkesmannen i Rogaland har vore trekt inn i referansegruppe opp mot Rambøl si evaluering av øyremerka tilskot til tiltak for barn og unge. Evalueringa, og Fylkesmannen sin kjennskap til kommunane i fylket, syner at ikkje lovpålagnede tiltak til barn og unge vart lagde ned, då ordninga tilskot til kommunalt rusarbeid gjekk over i ramme til kommunane i 2013.

Helse og sosialavdelinga og utdanningsavdelinga kartla i 2013 innsatsen dei vidaregåande skulane i fylket har opp mot psykisk helse. I oppsummeringa finn ein at dei fleste skular har tema på dagsorden i kurs, undervisning og individuell oppfølging, men variasjonane i innsats er stor.

## Barnehage og utdanning

Utdanningsavdelinga har hatt eit krevjande år bemanningsmessig. Ein erfaren medarbeidar gjekk før sommarferien av med pensjon etter ei tids sjukemelding, og i tillegg har fleire medarbeidarar vore sjukmelde på grunn av alvorleg sjukdom i løpet av året, også direktøren dei to siste månadene. Vi har dessutan hatt to medarbeidarar i foreldrepermisjon, og vi kunne berre tilsette vikar for den eine. Samla sett har dette gjort det utfordrande å løyse oppdraget slik vi hadde planlagt i verksemndsplanen vår. Men medarbeidarane har gjort ein formidabel innsats, og vi melder derfor avvik berre på eitt resultatområde: Vi greidde ikkje å gjennomføre to eigeninitierte tilsyn som var planlagde i haust. Elles er oppdraget og tiltaka i verksemndsplanen gjennomførte om lag som vi hadde tenkt, sjølv om det underveis også kom til mykje vi ikkje hadde føresett, m.a. særarbeidskrevjande avslutning av to hendingsbaserte tilsyn som vart gjennomførte i 2012. Ei regelverksamling er utsett, og vi har ikkje greidd å stille opp på alle møte og kurs der sektoren har ønskt oss med innlegg. Vi fekk dessverre heller ikkje gjennomført alle interne kompetanseutviklingstiltak i tråd med planen vår. Det er særleg trasig, sidan vi har mange nye medarbeidarar i avdelinga.

I den interne organisasjonsplanen for avdelinga har vi markert at vi treng brei kompetanse for å løyse oppdraget våre på forsvarleg vis: Avdelinga må ha både barnehage- og skolefagleg kompetanse, system- og forvaltningskompetanse, juridisk kompetanse, økonomi- og analysekompetanse og formidlings- og rettleiingskompetanse. Vi er godt dekte på alle desse områda i dag, men medarbeidarar som går av med pensjon med det første, inneber at vi er særleg sårbar når det gjeld økonomisk og spesialpedagogisk kompetanse. Dei økonomiske rammene vil vere avgjerande for rekruttering av nye medarbeidarar her. Avdelingane i embetet har ulike utfordringar når det gjeld rekruttering. I utdanningsavdelinga opplever vi "lønnsgapet" i høve til tilsette i sektoren som særleg utfordrande, og til mange stillingar er det derifrå vi må hente medarbeidarar. Dei høgast lønna rådgivarane våre ligg 100 000 under ein avdelingsleiar i skolen i t.d. Stavanger og Sandnes. Det blir såleis uråd å rekruttere fra skoleleiarnivået, vi må "greie oss" med lærarar. Så kan sjølv sagt lærarar bli gode byråkratar, men det tar lang tid å bygge kompetansen deira når det gjeld system og rolle, forvaltning og jus. For juristar er utfordringane annleis, der er det helst ønskje om breiare arbeidsfelt og advokatbevilling som fører til høg turnover.

Vi har opplevd dei økonomiske rammene som rimeleg føreseielege dei siste åra på bakgrunn av dei prosessane embetet har knytt til budsjettet. Men rammene er tronge, noko som altså gjer det vanskeleg både å rekruttere nye medarbeidarar og å sikre bemanninga ved langvarige fråver. Vi understrekar elles seinare i dette kapitlet at BLD må sikre ressursar til tilsyn etter introduksjonslova. Vi meiner det er urimeleg å påleggje Fylkesmannen nye oppgåver utan at det følgjer midlar med til å løyse oppgåva.

Etter dette meiner vi at måloppnåinga for utdanningsavdelinga samla sett er god, sjølv om vi altså melder avvik på resultatområde 31.1 Tilsyn.

## Samordning og samarbeid

Fylkesmannen har gjennom generell informasjon og rettleiing saman med spesifikke tiltak, motivert til heilskap og samarbeid når det gjeld barn og unge. I utdanningsavdelinga sin kontakt med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsorden. Nedanfor gir vi nokre døme på tiltak, men først vil vi nemne litt om samarbeid internt i embetet. Utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har gjennom fleire år hatt kontakt om ulike tiltak for barn og unge. Men då embetet flytta inn i nytt hus for vel tre år sidan, vart vi "naboar" i same etasjen med felles kjøkkenkrok. No møtest medarbeidarane i dei to avdelingane mykje oftare, dei lærer kvarandre å kjenne også gjennom uformell kontakt, og dette fremjar samarbeidet merkbart. I 2013 hadde

vi t.d. mange møte med helse- og sosialavdelinga i samband med deira tilsyn på barnevernområdet, sidan opplæring/skole var eit viktig tema i dette tilsynet. Samstundes drøfta vi vårt tilsyn med fylkeskommunen knytt til ansvaret for opplæring for elevar i institusjonar etter barnevernlova. Dei to avdelingane arrangerte i desember ei samling for 60 barnevernleiarar i kommunane om opplæring i sosiale og medisinske institusjonar.

Vi nemner også at samarbeid med helse- og sosialavdelinga var svært nyttig i samband med eit hendingsbasert tilsyn i 2012/2013 med ulovleg bruk av makt og tvang som utløysande faktor. Erfaringane deira i saker knytte til bruk av makt og tvang for brukarar med psykisk utviklingshemming, gav viktig informasjon for våre vurderingar både i tilsynet og i saker der naudrett/naudverge har vore tema. Erfaringar frå dette tilsynet er brukt i rettleiingssamtalar på kommune- og skolenivå i konkrete elevsaker, og i desember 2013 hadde vi innlegg på ei nettverksamling med 70 deltakar frå psykiatri, BUP og skole. Etter Fylkesmannen si vurdering er tverrfaglege samlingar knytte til dette emnet av stor verdi for dei som arbeider med barn og unge med utfordrande åtferd. Også i eit hendingsbasert tilsyn som omfatta § 2-1 fjerde ledd, kap 5 og § 15-3 i opplæringslova for elevar med ME, var kontakten med helse- og sosialavdelinga undervegs i tilsynet viktig. Kommunen bad i etterkant om rettleiing, og fylkeslegen og utdanningsdirektøren gjennomførte saman eit møte med ansvarlege leiarar i kommunen.

Våren 2013 vedtok Fylkesmannen i Rogaland å starte opp eit prosjekt med særskilt fokus på barn og unge etter opplegg frå "Sjumilssteget" i Troms. Først hadde vi eit inspirerande møte med Fylkesmannen i Troms der "Sjumilssteget" vart presentert, deretter vedtok leiargruppa å gå i gang med ei liknande satsing her i fylket. Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå alle fagavdelingane vart etablert, det vart utarbeidd mandat for gruppa og ein milepelsplan for 2014. Prosjektet har fokus både på internt samarbeid i embetet og samarbeid i kommunane. I november deltok arbeidsgruppa på konferanse" i regi av Sjumilssteget i Troms, og i etterkant av konferansen hadde gruppa eit arbeidsmøte med fylkesmannen i Troms og Østfold, der ein drøfta planar og fekk rettleiing og tips og idear. I desember vart så prosjektet presentert av fylkesmannen sjølv i det årlege møtet med ordførarar og rådmenn. Prosjektet er i ein startfase. Det er godt forankra internt, og det er sett av mykje ressursar til arbeidet. Eit godt arbeid her vil, etter vår vurdering, på sikt også medverke til å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Ein medarbeidar i avdelinga er med i eit samarbeid med landbruksavdelinga i embetet om satsinga "Inn på tunet" i samband med bruk av gardsbruk som alternative opplæringsarenaer. I desember 2013 hadde vi innlegg på ei samling i regi av næringslivet i Dalane-regionen. «Inn på tunet» var tema, og representant frå Landbruksavdelinga og representantar frå skole/PPT, ulike organisasjonar og bønder utgjorde dei 20 deltakarane på samlinga.

Elles nemner vi at utdanningsavdelinga sjølvsgart medverkar i samband med planarbeid (kommuneplanar, fylkesdelplanar, reguleringsplanar) som andre avdelingar i embetet har hovudsvar for, med særleg sokjelys mot korleis barn og unge er ivaretakne i samfunnsdelen i overordna planverk.

Alle fagavdelingane er representerte i embetet sitt tilsynslag, og det endelege valet av tilsynsobjekt blir gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet. Det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde, og det er etablert kontakt med kommunerevisjonen og sekretariatet for kontrollutvala med tanke på å ta omsyn til dei områda kommunane vel for forvalningsrevisjon. Val av tilsynsobjekt er nærmere omtalt nedanfor.

Samarbeidet med sektoren er for utdanningsavdelinga sin del mangfaldig og omfattande, og målet er sjølvsgart å fremje heilskap og samanheng i alle tiltak retta mot barn og unge og å sikre rettstryggleiken deira. På barnehageområdet deltar vi fast i 4-6 møte pr år i kvart av dei tre kommunenettverka, og dessutan i nettverket "Styrka barnehagetilbod", som gjeld tilrettelegging for barn med særskilde behov. Nettverket har møte 2 gonger pr halvår, og saker knytte til retten til spesialpedagogisk hjelp er alltid tema på desse møta.

Elles samarbeider vi med kommunane, Utdanningsforbundet i Rogaland, og Universitetet i Stavanger om den årlege barnehagekonferansen. Desse er også med i GLØD-partnarskapen saman med alle kommunane og Høgskolen Stord-Haugesund. Vi er svært glade for å kunne rapportere om etableringa av denne partnarskapen for å styrke arbeidet med rekruttering til barnehagelærarutdanninga og –yrket. Etter det vi veit, er vi det einaste fylket som har inngått partnarskapsavtale på dette feltet. Partnarskapet "spleisar" på finansiering av ei prosjektleiarstilling, og prosjektleiar vart tilsett 1. september 2013 med arbeidsstad hos Fylkesmannen. I løpet av hausten er det etablert faste GLØD-kontaktar i kvar kommune, og i november hadde vi ein to-dagars konferanse for GLØD-kontaktane for å informere og motivere om prosjektet nasjonalt og lokalt. Representant frå GLØD-prosjektet i KD deltok i samlinga. Kommunane er bedne om å utarbeide lokale tiltaksplanar med utgangspunkt i dei tre sentrale målsettingane: rekruttering, omdømmebygging, kompetanseheving.

Vi nemner også at embeta i Sør-Vest har eit eige nettverk på barnehageområdet, oppretta for to år sidan. Nettverket møtest fysisk ein gong årleg, men medarbeidarane i embeta brukar kvarandre også til uformell kontakt og samarbeid undervegs i året. Vi har også eit samarbeid i Sør-Vest på området økonomisk likeverdig behandling, oppretta hausten 2013 ut frå eit sterkt behov for samordning av klagesaksbehandling og informasjon og

rettleiing.

Når det gjeld grunnopplæringa, er det viktigaste nettverkssamarbeidet med sektoren kanalisiert gjennom deltaking i Skoleigarforum. Som omtalt i årsrapporten for 2012 (under 32.2) var det behov for endringar i samarbeidet om grunnopplæringa her i fylket. Frå og med 2013 vart det såleis etter ein førebuingsprosess oppretta eit nytt samarbeidsorgan, Skoleigarforum. Her er skolefagleg ansvarlege i kommunane og fylkeskommunen, kontaktperson i KS, og utdanningsdirektøren hos Fylkesmannen medlemmer. Samstundes vart fem kommunenettverk endra til tre, alle med valde leiarar og nestleiarar. Leiarane utgjer arbeidsutvalet saman med KS og Fylkesmannen. Det er vedtatt eigne statuttar for samarbeidet. Erfaringar med det nye nettverket er omtalt under resultatområde 31.4. I tillegg prioriterer vi sjølvsagt deltaking i GNIST-partnarskapen, dette er nærmere omtalt under resultatområde 32.2. Vi har dessutan valt å halde fram med halvårlege kontaktmøte med lærarorganisasjonane for gjensidig informasjon. Utdanningsdirektøren har også månadlege møte med KS sin ansvarlege på barnehage- og utdanningsområdet.

Så tar vi med nokre ord om eit samarbeid knytt til tiltak frå fleire etatar/instansar overfor barn og unge med særleg store vanskar, etablert i 2011 som eit prosjekt der både barne- og ungdomspsykiatrien, Bufetat, fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen deltok i tillegg til kommunane. Målet var å finne fram til tenleg samarbeid om tilgang på spisskompetanse når det gjeld samordna tilbod til desse barna, og våren 2012 vart eit såkalla "Avklarande team" etablert i regi av Bufetat. Opplegget omfattar no alle kommunane som ligg under Helse Stavanger. Det var planen å evaluere ordninga våren 2013, men fordi det til no ikkje har vore så mange saker til behandling i teamet, er arbeidet vidareført med evaluering våren 2014. Det er utarbeidd ein brosjyre, sjå lenkja: [http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/For%20fagfolk/Barnevern/Koordinert\\_og\\_helhetlig\\_hjelp\\_for\\_barn\\_og\\_unge/63503\\_Bufetat\\_AK\\_brosjyre\\_korr%207.pdf](http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/For%20fagfolk/Barnevern/Koordinert_og_helhetlig_hjelp_for_barn_og_unge/63503_Bufetat_AK_brosjyre_korr%207.pdf)

Embata i Sør-Vest har eigne nettverk knytte til grunnopplæringa. Leiarane møtest ein gong årleg, og i tillegg har vi nettverk på områda elevvurdering, GSI og spesialundervisning.

På vaksenopplæringsfeltet har Fylkesmannen gjennom fleire år samarbeidd med VOFO og fylkeskommunen om ein årleg konferanse. Ein av medarbeidarane i avdelinga deltar elles i Fagleg råd for vaksenopplæring saman med representantar frå fylkeskommunen og ulike kurstilbydarar, og vi deltar i Fagnettverk for grunnskoleopplæring for vaksne, der alle leiarane for den kommunale vaksenopplæringa er med. Her blir også informasjon og rettleiing knytt til introduksjonslova drøfta. I Sør-Vest-samarbeidet nemnt ovanfor, har vi også få og med hausten 2013 eit eige nettverk knytt til introduksjonslova .

### Barnehage

FMRO har ført stadlege tilsyn i 5 kommunar med hovudtema kommunen som barnehagemynde, delt i desse emna: kommunen som tilsynsmynde (barnehagelova § 16), kommunen si oppfølging av krav til styrar (barnehagelova § 17), kommunen si oppfølging av krav til pedagogisk bemanning (barnehagelova § 18). Tilsyna er også i 2013 gjennomførte på bakgrunn av risiko- og vesentlegvurdering og i samsvar med metodehandboka frå Udir. Det endelige valet av tilsynsobjekt blir gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å "få" dei kommunane vi meiner har størst risiko på våre felt. Vi er likevel trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg. Det er totalt gitt 4 pålegg i to av dei fem tilsyna. Den eine kommunen har vanskar med å rette pålegg, og det blir gitt rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen har mangla barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå, og det er gitt utvida frist for retting.

Manglande eller mangefull barnehagefagleg kompetanse i kommuneleddet er framleis ei utfordring, men etter vår vurdering er det positiv utvikling i kommunane si etterleving av regelverket på desse områda. Vi ser at kommunane i større grad oppfyller krava til å føre kontroll og tilsyn med barnehagane, og at dei også i større grad følgjer norma for pedagogisk bemanning og behandlar søknader om dispensasjonar i tråd med reglane. Vi har i nettverk og samlingar med kommunane særleg hatt fokus på pedagognorma, og vi har oppfordra kommunane til å ha dette som tema på sine tilsyn med barnehagane. Dette har kommunane følgt opp.

Rogaland har mange kommunar med høg folkevekst. Alle kommunane har til no oppfylt retten til barnehageplass, men det er framleis stor barnehageutbygging i nokre kommunar. Stavanger melder t.d. i ein rapport om framskriving av folketalet at det må byggjast 22 nye barnehagar i løpet av dei neste 17 åra. Vi vil derfor i 2014 mellom anna føre stadlege tilsyn med tema kommunen som godkjenningsmynde (barnehagelova § 10).

Den sterke folkeveksten gjer også at behovet for faglært personale i barnehagane er særleg prekært her i fylket. Medan 33 % av dei tilsette i barnehagane i Noreg har barnehagelærarutdanning, har berre 28 % av dei tilsette slik utdanning her i fylket. Her er om lag 22% av dei pedagogiske leiarane på dispensasjon, landssnittet er 14%.

Rogaland manglar i dag mest 600 barnehagelærarar for å oppfylle pedagog-normen. Dersom regjeringa legg tilrådinga frå Øie-utvalet til grunn for ny barnehagelov, vil det innebere at Rogaland manglar minst 700 barnehagelærarar. GLØD-prosjektet er såleis ei særsviktig satsing for oss, jf. omtalen ovanfor. GLØD-kontaktane i kvar kommune skal m.a. medverke i utarbeiding av lokale tiltaksplanar med utgangspunkt i dei tre sentrale målsettingane: rekruttering, omdømmebygging, kompetanseheving – her må det brei satsing til. Fylkesmannen prøver på si side å bruke statlege midlar så offensivt som råd, og både kvalitets- og kompetanseutviklingstiltak omfattar alle grupper tilsette. KOMPASS, eit opplegg for kompetanseheving for assistenter (15 studiepoeng), er både meint å styrkje den barnefaglege kompetansen til assistentane og å motivere dei til å gå laus på barnehagelærarutdanning. Vi trur, som kommunane, at å satse på denne gruppa kan sikre meir stabil rekruttering til yrket etter utdanning. Stavanger tilbyr t.d. assistenter gratis utdanning til barne- og ungdomsarbeidar og gir stipend til assistenter som vil ta barnehagelærarutdanning. Stavanger har halvert talet på dispensasjonar frå utdanningskravet berre på eitt år, frå 137 ved utgangen av 2012 til 75 ved utgangen av 2013. Etter vårt syn burde staten gå inn med meir offensive tiltak og meir midlar i dei fylka som har dei største utfordringane med å skaffe kvalifisert personale til barnehagane.

Fylkesmannen konstaterer at mange av kommunane framleis slit i høve til økonomisk likeverdig behandling. Reglane blir opplevde som vanskeleg tilgjengelege, og vi ser at det ikkje er mogleg å praktisere reglane rett utan å ha god oversikt over departementet sine merknader og lovforarbeidet. Kommunane har også utfordringar når det gjeld eigen kompetanse til å handtere regelverket. Vi veit at fleire nytta rettleiaren frå KS og PBL i si tilskotsforvalting, og at dette har vore positivt. Utdringa er likevel framleis at reglane er basert på kommunen sitt budsjett som det er få lovkrav til, og praksis i kommunane vert derfor ulik. Det er forventning til endringa som skal ta til å gjelde frå 1.1.2015 om å nytte rekneskap i staden for budsjett i utrekning av tilskotet. Vi hadde likevel venta større dagleg pågang om rettleiing på eit så komplekst område. I juni hadde vi ei samling for kommunane der halve dagen var sett av til ein gjennomgang av reglane på dette området. Vi er også bevisste på at det er mykje god rettleiing i ei god klagesak, og legg derfor stor vekt på god og grundig klagesaksbehandling. Vi har i 2013 ikkje hatt klagesaker på andre område etter barnehagelova enn etter forskrift om økonomisk likeverdig behandling, og talet på klager har ikkje gått ned i forhold til tidlegare år. Saksbehandlingstida har vore frå 1-7 månader. Lang saksbehandlingstid skuldast både kompleksiteten i sakene og behov for innhenting av fleire opplysningar. Kommunane si saksbehandling er ved fleire høve svak i forhold til krava i forvalningslova, m.a. kravet om at ei sak skal være så godt opplyst som mogleg. Klagesakene er spreidde på 7 kommunar og ei rekke ulike tema, sjå omtale under resultatområde 33.2.

### Utdanning

Tilsyn har vore den sentrale oppgåva på utdanningsfeltet også dette året. Høg turnover i avdelinga inneber stadig utfordringar på dette feltet, både når det gjeld kompetanseutvikling og effektivitet. Til vanleg har vi to medarbeidarar pr. tilsynslag, men av omsyn til kompetansebygging har vi tre på nokre tilsyn. Vi ønskjer å møte kommunane så likt som råd og med same ordbruk både på barnehagefeltet og på grunnopplæringsfeltet, og vi er såleis særsviktig med metodehandboka frå Udir. Vi hadde to medarbeidarar med på dette utviklingsarbeidet, og meiner vi er godt rusta kompetansemessig. Etter vår vurdering er tilsyna våre i høg grad gjennomførte i samsvar med metodehandboka for å sikre likebehandling og einsarta tilsynspraksis overfor tilsynsobjekta.

Tilsynsoppdraget er i all hovudsak gjennomført i samsvar med aktivitetskravet for 2013, med følgjande unnatak: Felles nasjonalt tilsyn i Finnøy blei varsle i 2013 og blir gjennomført våren 2014. Det same gjeld det eigeninitierte tilsynet med Rogaland fylkeskommune. Kapasitetsårsaker gjorde det uråd å oppfylle aktivitetskravet fullt ut, jf. omtale av måloppnåinga vår innleiingsvis i dette kapitlet. Vi har såleis meldt avvik på dette resultatområdet.

Val av tilsynsobjekt blir gjort med utgangspunkt i systematisk områdeovervaking og risikovurdering. Vi nemner her at FMRO si systematiske områdeovervaking og risikovurdering vart presentert for dei andre fylkesmannsembeta på Utdanningsdirektoratet sitt kurs i tilsynsmetode i november som eit godt døme på korleis embetet kan drive dette arbeidet. Vi går såleis ikkje nærrare inn på detaljane i risikovurderinga her. Elles blir det endelege valet av tilsynsobjekt gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet. Det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde, og det er etablert kontakt med kommunerevisjonen og sekretariatet for kontrollutvala med tanke på å ta omsyn til dei områda kommunane vel for forvalningsrevisjon. Rogaland Revisjon publiserer revisjonsrapportane sine på nett, og utdanningsavdelinga abонnerer på desse. Men vi synest det er vanskeleg å halde oversyn i kommunar med privat revisjon. Det er bede om å få kopi av planane frå kontrollutvala, og kommunane i sørfylket har sendt inn planane sine. Berre få kommunar har valt prosjekt på våre tilsynsområde i perioden. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å "få" dei kommunane vi meiner har størst risiko på våre felt. Vi er likevel trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg også dette året.

I tillegg til felles nasjonalt tilsyn har vi også dette året gjennomført eigeninitierte tilsyn i fleire kommunar: I

Sandnes eitt tilsyn knytt til oppll. § 9-1 (forsvarleg leiing) og eitt knytt til §§ 5-1 og 5-7 (spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp), i Hjelmeland eitt tilsyn knytt til § 2-8 (særskild språkopplæring for språklege minoritetar), i Sola, Sokndal og Suldal tilsyn knytte til kap 4A (vaksenopplæring).

Seinhaustes varsla vi også Rogaland fylkeskommune om eit tilsyn med kap. 5 i opplæringslova på bakgrunn av funna i eit hendingsbasert tilsyn med Rogaland fylkeskommune i 2012. Desse funna gjorde at vi ønskte eit breitt tilsyn med forvaltninga på det spesialpedagogiske området i fylkeskommunen. Vi har også brukt mykje tid på å følgje opp eit tilsyn etter § 13-2 (opplæring for elevar i institusjonar etter barnevernlova) frå 2012. Det har vist seg å vere svært vanskeleg å få fylkeskommunen til å rette lovbrota, sjølv etter omfattande rettleiing, og tilsynet er framleis ikkje avslutta. Vi har mest kvart år sidan 2004 ført tilsyn med fylkeskommunen si praktisering av regelverket knytt til spesialundervisning, med ulike innfallsvinklar. Det har gjennomgåande vore vanskeleg å få fylkeskommunen til å rette lovbrota. Desse utfordringane er tatt opp i møte mellom embetsleiinga og fylkeskommunen v/fylkesordførar og fylkesrådmann no etter nyttår, og det er avtalt å gjennomføre eit møte med involverte personar i fylkeskommunen i løpet av våren 2014.

Her høver det å kommentere ei forventning i tildelingsbrevet om at embeta skal sjå til at lovbroten avdekka gjennom tilsyn blir retta opp. Så lenge vi ikkje har "maktmiddel" overfor kommunane, er det vanskeleg "å sjå til" dette. Vi ser at nokre skoleeigarar har utfordringar knytte til å følgje opp pålegg på grunn av svak skolefagleg kompetanse og manglende kunnskap om kva krav lov og forskrift set til skoleeigarane. Det er like mykje forhold knytte til forvaltningslova som til opplæringslova som utfordrar. Rettleiingsarbeid blir også krevjande i slike høve, jf. ovanfor. Inntrykket vårt er likevel at kommunane og skolane ønsker å rette dei pålegga dei får, dei ønsker å følgje lov og forskrift.

I 2013 har FMRO saman med tre andre fylkesmannsembete pilotert det nye felles nasjonale tilsynet som skal gjennomførast i perioden 2014 - 2017. Piloteringa har etter vår vurdering vore særstundt nyttig i utviklinga av det nye tilsynet. Tre medarbeidarar i utdanningsavdelinga har vore med på piloteringa, og vi er på den måten godt rusta kompetansemessig til å gjennomføre det nye tilsynet. Samarbeidet med Utdanningsdirektoratet har vore godt, og vi meiner at vi også i denne "runden" har gitt Utdanningsdirektoratet tenleg hjelp med utviklinga av tilsyn på opplæringsområdet.

Skjemaet for varsling til direktoratet om risikoområde på privatskolefeltet vart ikkje nytta av oss i fjor. Vi melde inn skolar og tema i samband med direktoratet sine val av tema og objekt for tilsyn. Vi opplever at kontakten med og kunnskapen om privatskolane i fylket er blitt dårlegare etter at direktoratet tok over ansvaret for å føre tilsyn med dei. Vi har ei årleg samling for privatskolane, men det er ikkje nok til å sikre forsvarleg områdeovervaking. Etter vårt syn bør kanskje oppgåvefordelinga mellom direktoratet og embeta vurderast på nytt.

Tilsynsarbeidet er nærmere omtalt i kapittel 3, resultatområde 31.1.

Talet på klagesaker er litt lågare i 2013 enn i 2012, med mindre justeringar for dei enkelte områda. Men eitt område skil seg ut med ein auke: I 2010 mottok vi berre ei klagesak etter opplæringslova kap 9a. I 2011 kom det 7 klager, og i 2012 fekk vi 8 klager. I 2013 auka talet på klager markant til 21. Auken er truleg resultat av søkjelyset på skolane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø gjennom FNT. I tillegg har Fylkesmannen brukt mykje ressursar på informasjon og rådgiving i fleire saker som, i alle fall førebels, ikkje har enda som klagesaker. Som oppfølging av kompetanseutviklingsprosjektet på dette området las direktoratet alle klagesakene våre frå 2012. Vi fekk svært nyttige tilbakemeldingar på klagebehandlinga vår - vi gir utan etterhald ros til medarbeidarane i juridisk avdeling her! Etter dette har vi laga malar for svara våre, og vi driv enno med kompetanseheving for medarbeidarane. Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne. Alle klagesakene, bortsett frå 5, er behandla innan 3 månader. Lenger saksbehandlingstid skuldast i hovudsak behov for å innhente utfyllande opplysningar.

Når det gjeld utviklingsretta oppgåver i oppdraget, vil vi nemne at vi her i Rogaland har hatt eit svært godt samarbeid i GNIST-partnarskapen. Etter initiativ frå Fylkesmannen greidde vi i 2010 å etablere ei prosjektleiarstilling for satsinga, ein suksessfaktor for å halde kontinuitet og trykk i dette arbeidet. Det er laga eigen strategi og handlingsplan for RogalandsGNISTen, og det er oppretta GNIST-kontaktar i alle kommunane. På denne måten var vi alt godt i gang då departementet gav tilbod om å finansiere tilsvarende stillingar i alle fylke i 2012. Satsinga og samarbeidet blir vurdert som så nyttig at vi er i gang etter same modell i GLØD, jf. ovanfor. Prosjektleiarene for GNIST i Rogaland slutta ved årsskiftet 13/14 for å byrje som utviklingsrettleiar. For å kunne vidareføre partnarskapen var Sandnes kommune villige til å fristille ein medarbeidar i staben sin i halv stilling ut prosjektperioden. Vi er svært nøgde med denne løysinga, og trur at det vil vere GNIST i prosjektet også i 2014. På spørsmål om vidareføring av partnarskapen har vi har meldt inn til departementet at vi trur det er avgjerande for ei god vidareføring at det blir gitt statlege midlar til finansiering av prosjektleiarstillingane. Opgåvene knytte

til kompetanseutvikling er løyste i samarbeid med partnarskapen og Skoleeigarforum, jf. ovanfor.  
Utviklingsoppgåver elles og informasjons- og rettleatingsarbeid er nærmere omtalt i kap 3.

### Introduksjonslova

Nytt tilsyn med kommunane etter introduksjonslova har vore den største utfordinga på dette feltet i 2013. Sjølv tilsynet har vi etter eige skjøn handtert på forsvarleg vis, men kontakten med departementet og med IMDi har vore lite tilfredsstillande. Vi deltok i pilotering av det nye tilsynet i 2012, med sluttmøte i kommunen ved utgangen av januar 2013. Ved denne piloteringa vart det behov for å få avklart om individuell plan var eit enkeltvedtak, som Fylkesmannen meinte, men det var ikkje mogleg å få avklaring frå departementet i tide til sluttmøtet. Manglande avklaring førte til at kommunen klaga på vårt pålegg, og klagen vart sendt inn til departementet etter at Fylkesmannen heldt fast på sitt vedtak. Det er no avklart i rundskriv at individuell plan er eit enkeltvedtak, men Fylkesmannen har framleis ikkje mottatt svar frå departementet i klagesaka. Vi meiner dette er svært uheldig for forholdet vårt til kommunane. Ved tilsyn på eit nytt område burde såpass sentrale delar av regelverket vore heilt klare.

Oppdraget for 2013 inneber at Fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane tilbyr heilårleg og fulltids introduksjonsprogram. Førebels tilsynsinstruks, metodehandbok og malar låg føre frå IMDi i mai 2013, men skulle kvalitetssikrast av departementet. Etter fleire purringar fekk vi pr e-post stadfesta at dokumenta var endelege 3.7.2013, og vi varsla då tilsyn med to kommunar same dag med frist for innsending av dokumentasjon i september. I møte med dei andre embeta i Sør-Vest i november vart det klart at dei endelege dokumenta var kunngjorde av IMDi så seint som den 12.11.2013, og det var då gjort endringar både i lovgrunnlaget og mal for tilsynsrapport. Vi har tatt opp med IMDi at dette er svært uheldig for kontakten med kommunane. Vi vil på det sterke oppmøde BLD om å sjå til at slike ikkje skjer igjen.

Dei to tilsyna er enno ikkje avslutta fordi det kom opp fleire spørsmål til lovgrunnlaget som IMDi ikkje kunne svare på, og som derfor vart sende til departementet til avklaring. Kommunane er varsla, og vi har enno ikkje fått noko avklaring frå departementet på desse spørsmåla. Vi viser til det som er sagt ovanfor om behovet for rask avklaring ved slike høve.

Vi er også sterkt misnøgde med at embeta ikkje er tilført ressursar i samband med den nye tilsynsoppgåva. Det er opplyst frå BLD at bortfall av oppgåver knytte til tilskotsordningane frå og med 2013 skulle nyttast til tilsyn. Vi kan dokumentere at vi brukte om lag 12 dagsverk til forvalting av tilskotsordningane i 2012. I 2013 har vi brukt 44 dagsverk til tilsyn, og desse er altså som nemnt ovanfor, enno ikkje avslutta. Det er såleis ikkje samsvar mellom reduksjonen av oppgåver til tilskotsforvalting og dei nye oppgåvene til tilsyn. I tillegg er oppgåvene med etterutdanning for lærarar nesten tredobla; jf. omtale på resultatområde 47.4. Fylkesmannen i Rogaland vil enno ein gong markere at BLD må sikre forsvarleg ressurstilgang til tilsynsoppdraget. Dette er ei ny og viktig oppgåve, noko som er stadfesta gjennom oppslag i NRK denne månaden om Vadsø kommune.

Vi valde tidleg å innleie tilsynsoppdraget med ei samling for kommunane der vi gjennomgjekk lovgrunnlaget for tilsynet og tema frå klagesaker, og det var godt frammøte med heile 77 deltakarar. Etter samlinga har mange tatt kontakt med ønske om rettleiing, og taket på klagesaker har også auka: I 2013 har vi behandla 12 klager frå 7 kommunar, mot tre saker frå tre kommunar i 2012.

Når det gjeld etterutdanning for lærarar på dette området, er det gjennomført to opplæringstiltak i 2013: Ein fagdag i Stavanger i samarbeid med Johannes læringssenter med 87 deltakarar, og det vanlege todagarskurset i samarbeid med VOX i Haugesund med 211 deltakarar. Samlingane vart planlagde saman med leiarane ved vaksenopplæringa i kommunane, og det vart lagt stor vekt på deira ønske. Todagarskurset skal vere gratis og dekkjast av ei tildeling frå VOX på kr 266.000. Vi fekk etter søknad ei tilleggsløyving på kr 100.000, men den samla løyvinga dekte likevel ikkje kostnadene, og vi måtte til sist ta ein eigenandel på kr 585 per person for å dekkje underskotet på kr 123.435. Det er uheldig at kurs som VOX omtalar som gratis for deltakarane, likevel må dekkjast inn med eigenandel. Det bør derfor vurderast nærmare korleis etterutdanninga skal finansierast.

### Likestilling

På barnhageområdet har Fylkesmannen brukt nettverksmøta med kommunane til å setje fokus på arbeidet med likestilling – slike arbeid er pålagt gjennom Rammeplan for barnehagar, som er forskrift. Det er etablert likestillingsteam med fire representantar frå kommunane og ein representant frå Universitetet i Stavanger. Likestillingsteamet har utarbeidd ein plan for vidare arbeid. Teamet har arrangert frukostmøte og invitert alle barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. På desse møta har det vore framlagt teori frå likestillingsområdet, og det har vore gode drøftingar etterpå. Fokus i drøftingane har vore likeverdig pedagogikk i praksis. Kommunane har også kome med konstruktive innspel til vidare arbeid i likestillingsteamet.

I barnehagane er det sett søkjelys på å legge til rette for at gutter og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Det er også i 2013 tildelt midlar til eit leikeprosjekt der gutter frå ungdomsskolen kan få kjennskap til barnehagekvarden ved å arbeide nokre timer i ein barnehage etter skoletid. Dette starta for fullt i 2013 og vil vare i fleire år. For å finansiere prosjektet har vi brukt midla til likestillingsarbeid frå KD i tillegg til eigne midlar for å få i gang eit fagleg godt prosjekt. 11 kommunar søkte om midlar, og 8 kommunar fekk tildeling. Prosjektet heiter "Leikeressurs i barnehagen", og det har fått mykje merksemd i media. Kommunane samarbeider med Fylkesmannen og Universitetet i Stavanger, og vi har i prosjektperioden samlingar med fokus på teori og utprøving mellom samlingane.

I 2013 blei det laga ein avtale mellom partane i GLØD Rogaland (prosjekt starta av Kunnskapsdepartementet i 2011) om å finansiere ei prosjektstilling. Prosjektleieren har kontor hos Fylkesmannen i Rogaland. Målet med GLØD er å sikre god kompetanse i barnehagen, og fleire menn i barnehagen er eit av delmåla i strategi- og handlingsplanen. Sjå elles resultatområde 34.2.

Det felles nasjonale tilsynet i grunnopplæringa har dei fire siste åra vore retta mot skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø etter §§9a-1 og 9a-3 i opplæringslova. BLD sin definisjon i handlingsplanen *Likestilling 2014, Mål 2* Likestilling for framtida, er såleis indirekte tema i tilsynsarbeidet vårt. Gjennom dette felles nasjonale tilsynet har vi kontrollert om skoleeigar syter for at elevane har eit godt psykososialt miljø fritt for krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald, seksuell trakassering eller rasisme. Lovparagrafen som vi fører tilsyn etter, gjeld også krenkjande handlingar som til dømes diskriminering på grunn av tru eller kjønn, eller ytringar om utsjånad, misdanningar eller funksjonshemmning. Elles er kommunane og fylkeskommunen sitt ansvar for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder og spesialundervisning sentrale tema for tilsyn kvart år.

Også gjennom klagebehandling på desse områda medverkar vi til at rettstryggleiken til grupper som treng ekstra oppfølging for å vere deltakarar i samfunnet, blir ivaretatt.

Vi har god tilgang til statistikk om faglege resultat til gutter og jenter i grunnopplæringa. Denne statistikken nyttar vi m.a. som ein del av grunnlaget for å velje ut skoleeigarar som skal få tilsyn.

## 2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

### Generelt om arealplanarbeid

Vi har etablert ei avdelingsovergripande plangruppe til behandling av kommunale- og regionale planar. I løpet av 2013 har vi nærmast oss internt mål om 8 årsverk med plansakshandsamarar i samla plangruppe. Vi har på plass medarbeidar i storbystilling og har starta opp pilotprosjekt med samordning av statlege motsegner. Ny organisering av planarbeidet med større leiarinvolvering og heilskapleg ansvar til kvar sakshandsamar, har sett seg og har vist sin styrke gjennom to krevande år.

I storbyprosjektet har vi eit særleg behov for å byggje opp intern kompetanse og kapasitet på by- og tettstadsrelaterte problemstillingar. Dette fordi vi gjennom tidlegare felles uttalar med fylkeskommunen, hadde avtale med fylkeskommunen om at dei prioriterte opp og vi ned reguleringplanar og dispensasjonar i by- og tettstad. I løpet av 2013 har vi i stor grad også gitt uttale i by- og tettstads-saker og deltatt i mykje krevande planarbeid som gjeld slike. Vi har prioritert å gje uttale i slike saker som har manglar i forhold til omsyn til barn og unge og samfunnstryggleik. For å byggje opp kompetanse på bærekraftig byutvikling, har Miljøvernnavdelinga vår vore på studietur til Stockholm. Besøk hos Lensstyrelsen der var særleg interessant.

Sjå og om plan og miljøvern under kapittel 2.1 om samordning og utvikling. Vi vil særleg nemnde at samråd og samarbeid med vegvesenet som planutviklar, planuttalar og tiltakshavar har utvikla seg positivt i løpet av 2013. Det er svært mange vegplanar på gang og under realisering i Rogaland. Det er viktig for framdrift av desse at også Fylkesmannen har kapasitet innan landbruk, miljø og beredskap, til å følgje dei godt opp på område der vi er faginstans. Utfyllingssaker i sjø og vassdrag er særleg krevande. Vegvesenet som tiltakshavar tar sjeldan tidleg nok høgde for at slike utfyllingar må både vere planavklart og ha løye etter forureininglova frå Fylkesmannen.

### Arealplanlegging i sjø

Fylkesmannen har deltatt og støtta fylkeskommunen i arbeid med ein større konferanse om planlegging i sjø. Den var godt besøkt, men avdekkja etter vårt syn lite interesse og varierande syn i kommunane på behov for planlegging i sjø. Det er framleis eit stort behov for avklaringar og utvikling av felles praksis med tanke på forhold i grenseområda mellom plan- og bygningslova, akvakulturlova, havressurslova, naturmangfaldlova og hamne- og farvannslova, evt anna lovverk som har konsekvensar for arealbruk i sjø.

Ut frå at akvakulturetableringar i sjø skjer ut frå særlovverk og ikkje ut frå plan- og bygningslova, har me utfordringar i forhold til å få eit konsekvensvurderingssystem som tilsvavarar plansakshandsaming på land, i større akvakulturkonsesjonar. Detaljplankrav som gjeld for alle større tiltak på land, fungerer ikkje ovafor akvatiltak i sjø. Det gjer at KU samordna med plan også fell ut. Ut frå vårt syn et dette ein hemsko for å få til moderne og demokratiske og systematiske prosessar med interesseavvegning mellom havbruk og andre omsyn i sjø.

## Klagesaker på plan og bygg

Fylkesmannen har gjennom prioritering og sterke innsats, fått ned saksbehandlingstida i 2013. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid blei redusert frå 8 månader i første tertial til 3 månader i november - desember for byggjesaker.

Det kom inn totalt 329 byggjesaker etter plan- og bygningslova. Ved utgangen av året var restansen 61 byggjesaker. Det blei behandla 541 saker, sjå kapittel 3 resultatområde 66.1.

Det kom inn 58 klager på reguleringsplan. Restansar ved årsskiftet var 19. Det blei behandla 87 saker. Vi har og behandla klager etter matrikkellova. Saksfeltet ble nedprioritert fyste halvår grunna sakshandsamingstida på byggjesaker, men vi fekk tilført ekstraressursar fra MD til dette saksfelte og tilførte saksfeltet ressursar siste kvartal slik at vi reduserte sakshandsamingstida frå 14 månader i første kvartal til 5 månader i desember. Det er forventa ytterlegare reduksjon av saksbehandlingstida i 2014. Sjå nærmere omtale under resultatområde 12.1.

## Universell utforming i plan

Gjennom regionalplan, tydeleggjering i lov og ikkje minst høg merksemd i ein skilde kommunar, er dette eit felt som har hatt ei god utvikling i Rogaland. Fylkeskommune og Vegvesen skal og ha ros for satsing på UU.

Fylkesmannen har berre i få tilfelle merknader til konkrete planar innan universell utforming.

Sjå ellers Helseavdelinga vår sin rapport på folkehelse og universell utforming på resultatområde 83 og 46

## Andre arealrelaterte oppgåver

Når det gjeld arbeidet vårt med å ivareta samfunnstryggleik, naturvern, prioriterte artar og naturtypar, skog- og jordvern i kommunale planar, sjå under dei ein skilde resultatområde.

## 2.5 Landbruksbasertforvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

### Landbruksforvalting og næringsutvikling:

Bondene i Rogaland, med tilhøyrande foredlingsindustri, produserer kvalitetsmat i store mengder. Denne er viktig for vår nasjonale matforsyning – og med utgangspunkt i at bondene i fylket ønskjer å produsere endå meir i åra som kjem – har vi både ein positiv og ein krevjande inngang til framtida. Vi har ein arbeidsmarknaden som i stor grad rekrutterer frå landbruksnæringane og vi har eit næringsliv og ein befolkningsvekst som i endå større grad ønskjer store jafs av den beste matjorda. I tillegg erkjenner vi i dag – at miljøutfordringane og fotavtrykka i kjølvatnet av husdyrpoduksjonane ikkje blir mindre med åra og at dette er utfordringar som må løysast. Vi skal løyse dei – og produsere meir mat i Rogaland på ein berekraftig måte. Til dette trengs både kapital og nasjonalpolitisk merksemd. Vi trur Rogaland blir endå viktigare for den nasjonale matforsyninga framover.

Rogaland er beitefylke nr 1. Aktiv og intensiv beitebruk er også ein føresetnad for å oppretthalde og auke dei grovförbaserte produksjonane – og for at ein større del av den dyrka jorda blir nytta til korn, poteter og grønsaker i åra som kjem. Rogaland bør ha ein ambisjon om å produsere meir av både grønsaker, frukt, bær og korn. For å få til dette må vi sikre eit aktivt landbruk i heile fylket.

Skogfylket Rogaland har gode føresetnader for auka produksjon. På primærleddet er utfordringa framleis hogst av for ung skog og sviktande oppfølging av foryngingsplikta. Det blir arbeidd aktivt for auka verdiskaping vidare i verdikjeda – ikkje minst gjennom Tredrivar-satsinga.

Eit framtidig offensivt landbruk i Rogaland føreset at utfordringane kjem opp i dagen, og at vi aller helst ligg i forkant og sjølv tek initiativ til å løyse dei. Men samstundes ønskjer vi sterkare samhandling med nasjonal myndigheter.

### Naturressursforvaltning og miljøvern:

#### Særskild om landbruksureinig

Med god støtte frå landbruksavdeligna, har forureiningsseksjonen ved miljøvernnavdeligna vår, gjennomført oppdrag med kommuneundersøking ("frivillig tilsyn") innan kommunalt arbeid med landbruksforureining. Miljødirektoratet deltok som observatør for å hente erfaring med praksis på Jæren. Viktige innspel kom fram, til arbeid med gjødselvareforskrifta. Vi vil oppmoda MD og KLD med direktorat til å slutføre dette viktige arbeidet.

#### Generelt om utfordringar, rammer og prioritering

Miljøvern hos fylkesmannen i Rogaland har i 2013 vore og er framleis i ein nedbemanningssituasjon for å få trønge rammer - og relativt låg tildeling til faste oppgåver over kap. 1510 i forhold til andre fylke med tilsvarende saks mengde og konfliktnivå - til å stemme overeins med lønspliktene. Slik situasjonen er, må vi prioritere opp oppgåver som det følgjer særskilde midlar til - og saker som me må gjere vedtak i.

Fylkesmannen si oppfølging av regionalplanar er ein nøkkel til effektiv, føreseileg bærekraftig naturressursforvaltning i Rogaland innan jordvern, mineralressursar, friluftsområde m.m. Gjennom kontakt i einskilda saker og fellesprosjekt, søker vi å styrke samordning med vegvesen, kystverk, mattilsyn, fiskeridirektorat og andre statlige regionaleinstanser som har ansvar innan naturressursforvaltning og miljøvern.

Ut fra at kapasitet er hovedbarrieren vår for å greie alle oppdrag på en god måte, har vi og i 2013 lagt vekt på å nytte både gebyrramme og særmidlar frå DN og MD (KLD) optimalt i forhold til å dekke løn.

Vi har td. problem med tilstrekkeleg kapasitet til arbeid med oppdrettsaker, oppfølging av store samferdselsprosjekt, oppfølging av matbransjen inkl slakteri og meieri, vindkraft og småkraftsaker, villaks, oppfølging av vassdirektiv og krevande arbeid med prioriterte artar og utvalde naturtypar. Manglande kapasitet hos oss vert ofte misforstått som manglande vilje til dialog. Det er viktig med kapasitet, profesjonalitet og stabilitet i bemanninga for å kunne følgje opp nasjonal politikk på ein god måte på desse felta.

Vi ber om at KMD/KLD/Mdir ser nøyne på ressursfordelinga til miljøvern i Rogaland i lys av "vekstsmerter", saksantall og konfliktnivå, samordningsbehov i og utover embetene, plan- og miljøutfordringer som må løysast samt kva som er kome til av faste oppgåver som må følgjast opp med midler over 1510 innen miljøvernombrådet (inkludert plan, GIS og informasjonsarbeid).

## 2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkesmannen har i 2013 prioritert å gjennomføre tilsyn med ein tredjedel av kommunane, jamfør «sivilbeskyttelseloven» og rettleiar frå DSB. Vi har også prioritert å revidere FylkesROS Rogaland og øve ein tredjedel av kommunane.

I tillegg har vi hatt system for mottak, kvittering, vidaresending av viktige meldingar til kommunar, samt inn henting av situasjonsrapportar og samhandling med kommunar og regionale aktørar ved ekstraordinære situasjonar. DSB får rapportar i CIM.

Dette har gått på kostnad av øving av eigen kriseorganisasjon, revisjon av eigen kriseplass og plan for atomberedskap.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### Kongehuset

#### **00.1 Kongelige besøk**

H.K.H. Kronprins Haakon deltok den 29.05.2013 på feiringa av Dignity Day ved Time vidaregåande skole på Bryne i Rogaland. Kronprinsen deltok same dag på mottaking i forbindelse med "Global Dignity Day" på Atlantic hotell i Stavanger.

H.K.H. Kronprins Haakon deltok den 07.11.2013 på opninga av utstillinga "Fra Berliner til Buick" på Jærmuseet på Nærøysund.

#### **00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer**

Tildeling av ordenar og medaljar i 2013

2 St. Olavs Orden bli delt ut - til ein mann og ei kvinne, begge frå Stavanger kommune.

Kongens fortjenestmedalje (sølv) ble delt ut til 12 personar i Rogaland i 2013 - 10 menn og 2 kvinner. Dette er ein medalje meir enn i 2012. Medaljemottakarane kjem frå 8 ulike kommunar.

For ein av dei utdelte medaljane blei saka registrert hjå Fylkesmannen i 2011 og 5 av sakene i 2012.

I 2013 blei det registrert 24 medaljesaker hjå Fylkesmannen. 3 av desse blei ikkje avgjord i 2013. 8 saker blei avvist av Slottet og ei sak blei returnert sokjar.

### Miljøverndepartementet

#### **Resultatområde 01 – 06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning**

##### **Generelt om naturmangfold og vassforvaltning**

Vi har stor aktivitet fordelt på få og dyktige medarbeidarar på mange av desse resultatområda. Vi prioriterer høgt arbeidet med kartlegging av naturtypar. Dette har avgjerande verdi i ut frå tungt arealpress i regionen. PA/UN er utfordrande i høve spesielle artar i kulturlandskapet, og for dårlig avklarte økonomiske/juridiske virkemidlar. Forvaltningsplanar for verneområde er godt i rute, men arbeidet er krevjande med stadige endringar i malar/bevaringsmål/overvaking. Vassdirektivarbeidet i rute men er utfordrande kapasitetsmessig grunna utilstrekkelege økonomiske rammer og generell nedbemannning i miljøvernavdelinga vår.

Opplæring NML: 01-06 SO18 Vi har halde internt foredrag for Statens vegvesen om naturmangfaldlova; elles jamnleg oppfølging internt og ovafor kommunar, i første rekke nml/pbl. AVVIK: vi har ikkje hatt intern kapasitet til meir aktive eigen kurstilbod på dette området i 2013.

##### Skogvern

Hålandsdalen naturreservat er verna som første frivillige i Rogaland. 2 andre framlegg (Tveitaneset og Frøyland) er på lokal høyring og me areider med minst to andre lovande område. Godt samarbeid med Vestskog, men vidare framdrift avheng av sentral finansiering 2014. Stor innsats med vidare kartlegging av prioriterte skogtypar er gjort

i 2013. Opplegg med frivilling vern av skog, bør utvidast til andre naturtypar.

### Nasjonal marin verneplan

Vi ventar på sentral avklaring. Det er lagt ned godt arbeid med tverssektoriell avklaring forslag til marint verneområde utanfor landskapsvernombordet på Jærkysten. Dette området bør prioriterast vidareført raskt frå sentralt hald.

### Forvaltning og naturoppsyn i verneområde

Vi har framleis godt samarbeid lokalt med SNO om bestillingsdialog og utføring av oppdrag. Samarbeidet med 10 kommunar og tre fylke i ny forvaltningsordning for verneområdet Setesdal Vestehei Ryfylkeheiiane, går godt. Arbeid med ny felles forvaltningsplan for dette området er godt i gong og vår mann i Suldal er senral i dette. Med overføring av midlar til Fylkesmannen for utgifter til dette, bør vårt personalmessige og faglige ansvar for sekretariatet klargjerast. Det vil kunne bli utfordrande ved personellskifte, vakansar og organisasjonsendringar innan miljøvern om ikkje dette vert tydeleggjort. I arbeid med andre forvaltningsplanar for mindre verneområde, har vi prioritert Ramsar- område og har ferdigstild 6 slike i 2013.

AVVIK: Arbeid med forvaltningsplan for Målandsdalen edellauvskogsreservat er nedprioritert (krev finansiering av eksterne feltundersøkingar). Forvaltningplan for Øksevadtfjørn og Lonavatnet vil bli sendt til godkjenning i mars 2014. Tilsvarande planar for Lonavatnet, Vigre, Linemyr, Ilholmane/Norheimsøy er under arbeid.

01-06SO20 Naturbase kvalitetsikre verneområder - høgt prioritert. Mykje godt arbeid gjort unna.

01-06SO22 Vi har oppdatert oversikt over **forvaltnings- og/eller skjøtselsplanar**.

01-06SO23 Vi har kome med forslag til utvida vernegrense for prioriterte **Ramsar-område**.

12.3SO3/SO4 Vi har gjennomført **kartlegging av naturtypar i spleislag med FK og aktuelle kommunar**. Vi ventar på resultat/rapportar for kvalitetssikring.

12.3SO5 **viltdata** i Naturbase. AVVIK: Ikkje utført grunna utfordrande datagrunnlag. Krev nærmare avklaring Mdir. Vann-nett m.m. godt følgjt opp.

12.3SO8 Vi har eit jamnt og godt sektorovergriopande GIS-arbeid, nytilsett dyktig FM-GIS-koordinator.

12.3SO9 Status for inngrepsfri natur er gjennomført. Vi gjorde en stor ekstrainnsats seint på året pga av et ekstraoppdrag , i å motivera og hjelpa kommunane våre å få INON registrekingar på plass

### Heilskapleg vassforvaltning

Kvalitetssikring av vassdata godt i rute og vert oppdatert kontinuerleg ved ny kunnskap. Vi har eit tett samarbeid mde Vassregionmynde RFK og også regi9onalt nivå av Fiskeridirektoratet. Det siste har dels vore krevande i 2013 grunna manglane eller uklare sentrale avklaringar. Dette sinkar regionalt arbeid med tiltaksanalyse. Godt samarbeid internt mellom miljø og landbruk mellom anna om vassområde Jæren og tiltaksprogram Figgjo. Sjå og rapportering til landbruksdepartementet sitt ansvar under resultatområde 22.3.

### Kunnskapsgrunnlag

12.3SO6 Vi har koordinert og kvalitetssikra supplerende overvaking innan vannforskrift/vannmiljøsystemet.

12.3SO7 Vi har vore lokal støtte for DN/NIVA/HI innan arbeid med marin naturtypekartlegging. Utført så langt, men ny kartlegging krev omfattande finansiering.

### Vurdering av naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar

01-06SO6 Vi følgjer tett prosessen frå sentralt hald; nært knytt opp til arbeidet med vassdirektivet (tiltaksanalyse og program). Vi opplever framleis noko uklar koordinering frå nasjonalt hald.

### Akvakultur

01-06SO12 AVVIK : Vi plasserer oppdrettsanlegg i risikoklasse ved alle nye vedtak om løyve. Vi ventar på ny retningslinje før vi startar plassering av anlegg generelt.

01-06SO13 AVVIK : Ny mal for utsleppsløyve til akvakulturanlegg er ikkje klar. Vi startar ikkje opp vurdering av behov for endring av akvakulturløyver før denne kjem.

### Avløp

01-06SO14 MERKNAD til oppdrag om å identifisere avløpsrenseanlegg som ikkje held rensekrava kap 14. Anlegga er identifiserte, men klageavgjerder (på tilknytta industri og avløpsanlegget) frå Miljødirektoratet gjer det vanskeleg å legge rette opp.

01-06RA2 Status for innføring av krav til akkreditert prøvetaking: IVAR er i mål med alle sine. Årabrot, Haugesund kommune har unntak fram til det nye anlegget er i gang. Årabrot har inngått avtale om driftsassistanse frå Hordaland vann og avløp (DIHVA) Hestnes Eigersund kommune har avtale med IVAR og er derfor også OK.

01-06RA3 Ferdigstilling av primærrenseanlegg - status. Hestnes, Årabrot og Grødal land er primærrenseanlegg. Hestnes har godkjent renseløsing og klarar krava. Er i ferd med å overskrida grensene og må ha nytt løyve. Årabrot – nytt anlegg skal vera ferdig 13/14. Grødal land har våren 2013 sett i gang nytt rensetrinn for å overhalde krava.

SNJ er et sekundærrenseanlegg. Har fått nytt løyve for å utvide anlegget. Dei oppfølgjer krava i dag, men det nye anlegget er ikkje ferdig før i 2016.

## **Resultatområde 07 Godt bymiljø**

### **Auka innsats på bymiljø generelt**

Gjennom sektorovergruprande arbeid med folkehelse, intern samarbeid for å styrke arbeid med oppvekstvilkår ("Sjumilssteget") og deltaking i regionalplanarbeid for Jæren og Haugalandet, har vår samla innsats på dette området auka. Vi har framleis nokre utfordringar knytt til intern samordning. Men vi er medvitne om dette og på rett veg.

### **Storbysatsing**

Gjennom ekstra midlar frå MD til å styrke innsats innan storbyområdet vårt, har vi prioritert opp å gje uttale til detaljplanar i by- og tettstadsområder. Vi har auka fokus på tett og god arealutnytting og flaskehalsar for å få tilstrekkeleg bustadbygging i Storbymrådet (Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg). Vi har oppretta ei ny prosjektstilling som skal styrke sakshandsamingskapasiteten i planarbeidet vårt, samt bidra til intern kompetanseheving og betre samordning internt innan bærekraftig byutvikling.

Sidan dette feltet har vore nedprioritert hos oss tidlegare grunna arbeidsdeling med fylkeskommunen, har me i løpet av 2013 søkt å delta meit i møteplassar som har dette oppe, td Grønn By og Fremtidens byer sine arrangement. Sjølv har vi invitert til eit nettverkstreff med dei 4 kommunane i storbyområdet med tema Bærekraftig byutvikling-levekår og sosial bærekraft. Me hadde særskilt godt oppmøte. Sosial boligbygging og utfordringar i skule og barnehagefeltet i området med stor vekst, vart og belyst. Det blir tilsvarande møteplass hos oss innan dette temaet ein gong kvart halvår i prosjektperioden.

## **Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv**

### **Ivaretaking av attraktive friluftsområde**

I første rekke skjer dette gjennom uttale til kommunalt og regionalt planarbeid og i samarbeid med andre aktørar kring skjøtsel, nedkjemping av fremmande artar og informasjonsarbeid (skilting, utstillingar, td. felles nettportal Friluftsfyret Kvassheim/Ramsar, samarbeid og støtte til Mostun våtmarkssenter mm.).

Vi har nær kontakt og samråd med alle dei fire fylkesdekkande friluftsråda, samt fylkeskommunen sine fagpersonar innan friluftsliv. Mykje viktig informasjons-, skjøtsels- og tilretteleggingsarbeid i verneområder/sikra frilufsområder vert utført gjennom våre tingar.

## Fylkesmannen som grunneigar/rettshavar på vegne av staten i sikre frilufsområde

Vert følgd opp jamt gjennom einskildsaker på vegne av DN/Mdir. Det er venta auka behov for ressursbruk til rettleiing/godkjenning av forvaltningsplanar for frilufsområde. Me har hatt ei rekke krevande einskildsaker grunna i mellom anna for därleg rolleforståing hos einskilde friluftsråd, därleg koodinerte arkivsystem mellom FM/Mdir/Friluftsråd og historisk svak kommunikasjons mellom DN og ansvarlege hos Fylkesmannen ved varige omdisponeringar/arealavklaringar.

## Forvaltning og drift av dei statleg sikra frilufsområda

Jamnt over god forvaltning gjennom samarbeid med friluftsråd. Men forståing for praktiske omsyn til naturverdiar er generell svak i friluftsråda ( med nokre gode unnatak) . Dette ber også forvaltningsplanane preg av.

## Tilrettelegging for jakt og fiske

Jamt over god kontakt med ansvarlig i fylkeskommune, bl.a. seminar.

Oppgåver med jegerprøva vert utført løpende.

## Resultatområde 09 Giftfritt miljø

### Generelt om arbeid for giftfritt miljø

I landbruks, vekst og industrifylket Rogaland er arbeidsoppgåvene i miljøvernnavdelinga i Rogaland for mange i høve til antal tilsette. Vi slik difor med for lang sakshandsamingstid på søknader etter forureiningslova. Det er derfor registrert kor mange saker som blir handsama. Ved årsskiftet var det 73 saker under arbeid og vi har 32 komande saker (som vi er kjende med og driv tidleg vegliing i forhold til). AVVIK: for lang og ujamn sakshandsamingstid for forureiningsløyvene. Me har sett inn noko overtidsinnsats for å bøte på dette, men det er svært utfordrande i ein nedbemanningsituasjon som vi er i.

### Opprydding ved verft

Innan forureiningsseksjonen har vi prioritert arbeidet med opprydding ved prioriterte skipsverft. Eit område; Kullkaien, er i gang med oppryddingsarabeide, Umoe Eiendom starter om kort tid med oppryddingsarbeider, Klasaskjæret er klar til sluttbehandling, Hundvåg slip er sendt på begrensa høyring. Og resten purrer vi på. Det er et krevande arbeid med stor tidsbruk til kontakt med verksemder og deira konsulentar.

### Krevande saker knytt til utfylling i sjø og vassdrag

Fylkesmannen har i 2013 hatt 12 saker der det er gitt utslippstillatelse som vedkjem sediment i sjø. I tillegg har vi hatt 29 saker hvor vi har gitt råd eller konkludert med at tillatelse ikkje er nødvendig. Vi har også jobba mykje

med anleggssarbeid med store steinmassar som avfall. I Rogaland er det et stort ynsket om, og lang tradisjon for, å kvitte seg med stein ved å dumpe dette i fjorden. I 2013 har ein svært stor grad er disse steinmassene blitt brukt til nytige planavklarte utbyggingsføremål. Vi gler oss over det og at det sakte ser ut til å bli meir aksept hos store utbyggjarar, inkludert Statens Vegvesen, at det er slike løysingar vi må finne for overskotsmassar av stein framover.

### Avfall og gjenvinning

Vi har sluttbehandla 10 søknadar som gjeld gjenvinningsanlegg for avfall og 1 som gjeldmellomlagring av farlig avfall. Vi har 9 søknader vedrørende gjenvinningsanlegg som framleis er til behandling og to som gjeld farlig avfall.

Vi har igjen hatt brann i avfallsanlegg i Rogaland. Deponia har ikke vært kontrollert av oss i 2013. Sorteringsanlegg har ikkje kontroll over motteke avfall. Vi har og naboklager i forhold til etterleving av krav. Det er ikkje alltid at nivået på naboklager reflekterer situasjonen i verksemda. I Rogaland bur mange tett inntil nærings, og støy, stov og forsøpling frå industri skapar konflikt. Vi får stadig søknad om endringer i avfallsanlegg og normerer då inn utsleppsløyva. Vårt problem er at vi bruker lang tid på dette og har lang saksbehandlingstid, og at verksemndene derfor ofte set i gang før løyvet vert gitt og søker om endringar straks dei har fått nytt løyve. Vilkår fastsatt av oss blir ofte klagt på og Miljødirektoratet brukar lang tid på klagebehandling. I mellomtida er verksemndene vanskelege å følgje opp. Vi får og problem i den lange klageperioden knytt til kva slags nivå vi skal gi til andre tilsvarende søknader som vi har til behandling.

Vårt tilsynsarbeid i fjer på Offshore verksted bedrifter, er tydeleg med på å bevisstgjera næringsliv og andre om korleis farleg avfall skal handterast og kvar det skal leverast.

09SO1P AVVIK Verftsoppryddingen har som nevnt under generelt, hatt prioritert dette året. Det er sendt ut to pålegg om gjennomføring av tiltak, eitt pålegg om å utarbeide tiltaksplan og eitt pålegg om å gjennomføra undersøkingar. Vi følgjer oppsett gjennomføringsplan. Likevel er vi for seint ute og arbeidet går for seint. Vi bistår MDir med å følgje opp Stavanger Havn som er eitt av dei prioriterte områda med forurensa sjøbotn. Nokre av verftsområda kjem inn i forurensa sjøbunnområde, og det førar til at vi får noko uoversikteleg myndighetsforhold og spørsmål om framdrift.

09RA1 MERKNAD Vert gjort. Arbeidet med desse sakene vart vanskeleg då fylkesmannen ikkje var myndigheit.

09SO2 AVVIK Her har ikkje vore aktivitet dette året.

09SO3 AVVIK Her har ikkje vore aktivitet dette året. Når vi får melding om nye områdar, får kommunen beskjed om å få registrert området i grunnforurensningsdatabasen.

09SO4 Det er sendt ut brev til alle som driv med knusing av kassert betong om at dei må søke om løyve for framleis lovleg mottak og gjenvinning av betong. Tre har til no fått løyve. Vårt fokus på dette området har førd til deltaking på bransjefagsamling hvor dette var tema. Bygge- og rivningsprosjekt i området gjer for dårlig jobb knytta opp mot å undersøke kva som er i bygningsmassane før riving.

09SO5 AVVIK: avfallsplanar i hamner. Det har i år ikkje vore tatt initiativ ovafor hamneansvarleg om utarbeiding av hamneplan. Avfallsplaner i havner vert fokusert på kvar gong vi har kontroll på bedrift med eigen havn.

09SO6 sigevatn og deponigass AVVIK: oppfølging av avslutta deponi er stansa opp grunna intern kapasitet og behov for å prioritere andre saker

09RA4 Rapport send innan fristen. Det er i Rogaland ikkje gitt løyve til brenning av rivningstrevirke utan reinsing. To avfall forbrennings-anlegg kan og brenna rivningstrevirke.

09RA5 Rapport send innan fristen. Det er ikkje gitt nye løyve til brenning av dyrekadavre. I Rogaland har vi eit anlegg som ikkje pt har løyve.

## Resultatområde 10 Rein luft

10SO1 Vi deltek i arbeidet med strategisk støykartlegging. Stavanger kommune har oversendt Fylkesmannen sammenstilte handlingsplaner for byområdet innan fristen 30.6. Fylkesmannen vil vurdere innhaldet i handlingsplanane i høve til forskriftskrava i løpet av 2013, og sende desse til Miljødirektoratet.

## Resultatområde 11 Stabilt klima

### Generelt om arbeid for stabilt klima

Gjennom utsleppsløyver og planuttalar gjer vi ein innsats for langsiktig stabilt klima. Ut over dette er verkemidlane våre få på dette området innanfor KLD sitt ansvarsområde. Sjå og rapportering til innan LD sine ansvarsområde td. biogass og klimaskogsatsing.

ATP omsyn er høgaktuelt gjennom blant anna arbeid med ATP-regionalplanar for alle dei 4 regionane i Rogaland (Haugalandet, Ryfylke, Dalane og Jæren). Desse kan synast noko frikopla dei kommunale (og den regionale) klimarelaterte planene.

### Klimatilpasning

Det er stort behov for kartlegging av rasfarlig berggrunn og ustabil byggegrund i Rogaland. Klimaendringer aktualiserer dette med auka nedbør og vasstand.

Når det gjeld å bidra til klimahensyn td ved bygging i flom- og springflosone, er vi aktive gjennom planuttalar og rettleiing gjennom innsats i beredskapsavdelinga vår og samarbeidet i embetet si plangruppe..

Vi har mykje arbeid med å unngå stor miljøskade i klimapositive saker. Dette er svært utfordrande problemstillinger for både kommunar og fylkesmann, – td. vannkraftutbygging, vindmøller og klimaskogsatsing. Vi treng å ruste opp saksbehandlingskapasiteten i takt med søknadsmengde innen skog og energitiltak (vass- og vindkraft). Rogaland har td. flest søknader om framande treslag, flest utbygde vindmølleområde og flest vindmøllesøknader under vegs. Biogass-satsing krev også mykje arbeid frå vår side (landbruk og miljø) for å få det på eit ressursbruksmessig og økonomisk godt spor.

## Resultatområde 12 Resultatkav knyttet til Tverrgående virkemidler

### 12 Resultatkav knytt til tverrgående verkemidlar

#### *Genrell status*

Fylkesmannen i Rogaland er ein aktiv og mogen tilsynsmynde etter forurensingslova, men miljøvern er er på sidelinja i forhold til andre ansvarsområde i embetet når det gjeld kommunetilsyn. Dette er grunna manglande lovheimlar og aktuelle oppdrag. Vi meiner dette har ført til nedprioritering av miljøvernforvaltning i kommunene over tid. Men det har også ein fordel fordi mengda av kommunetilsyn frå vår og andre si side, kan synast noko overdriven. Det er difor best å gå vidare med systemet som er oppretta, med frivillig kommuneundersøkelse i staden for påtvunge tilsyn på miljøvernombretet. Kanskje modellen med frivillig tilsyn kan overførast til andre fagområde og for å dempe tilsynsbelastninga på kommunane.

Vi har et stort behov for å komme ajour i saksmenga innen forureining - både for å unngå lang ventetid for bedriftene, men også for å bidra til at miljøregelverket blir respektert av alle bransjer. Det ser vanskelig ut med dagens nedbemanningsituasjon å klare å bedre dette. Sjå og rapportering under resultatområde 09 - giftfritt miljø og under

Planarbeidet i Rogaland er krevende og konfliktfylt på miljøsida. Jordvern, ATP og samfunnsikkerhet tar mykje fokus, så sjølv om ansvaret for intern samordning er lagt til miljøvernnavdelinga, er det utfordrande å få til god samanheng mellom arbeid etter PBL, NML, forureiningslov og anna miljølovverk.

## 12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling

### Generelt om arbeid med kommunale og fylkeskommunale planar etter pbl

Lågt lønsnivå samanlikna med privat sektor, vegvesen, fylkeskommune og kommuner er utfordrande med tanke rekruttera og ikkje minst behalde dyktige medarbeidarar innen planområdet. Dette gjeld alle relevante yrkesgrupper innan plan inkl juristar og alle tre fagavdelingar som har oppgåver innan feltet hos oss: miljø, landbruk og beredskap/forvaltning.

I 2013 har vi trass i vakanse og rekrutteringsutfordringar, fått godt i gong både 3 årig prosjekt med kompetanse - og kapasitetsoppbygging innan planlegging for bærekraftig byutvikling og pilotprosjekt for samordna statlege planuttalar.

Det er stor leiarinvolvering i plansakene i Rogaland, både fra avdelingsdirektørar og embetsleiring. Høgt konfliktnivå og stor etterspørsel etter dialog på politisk nivå i plansakene, er krevjande både for embetsleiring og fagavdelingane. Intern tvergåande organisering med styrka leiarinvolvering og større tverrfagleg ansvar og krav til kvar sakshandsamar, har fått prøvd seg ut og ser ut til å fungere effektivt og godt.

Embetet har 8 sakshandsamarstillingar i embedet si plangruppe. Plankoordinator og 4 saksbehandlarstillingar inkludert storbystilling og prosjektleiar i pilotprosjekt for samordning av statlege planuttalar, er knytt til miljøvernnavdelinga, ei stilling for delt på to personar til beredskap og 3 til landbruk. I 2013 har det vore ein del vakanser. Å få unna einskildsakene og å stille opp når kommunane ber om det, er gitt høgast priorititet i tilegg til å få etablert dei to nye prosjekta som er nemnd over.

Oppdraget på plan er svært omfattende og sammensett, ikkje minst innan miljøvern. Landbruk deltar sterkt i ATP - relaterte prosesser, siden det er sterkt tilknytt jordvernproblematikken. Jordvern i plan har og skal ha et sterkt fokus fra Fylkesmannen i Rogaland. Kapasitet og arbeidsdeling internt fører derfor av og til at vi har manglande ressursar til andre viktige miljøverntema i plan.

Det er også ein stor innsats frå Fylkesmannen til faste møter i planforum, som nå også fungerer bra i Rogaland.

Sjå og eigen omtale av Samordning og utvikling i kommunalt planarbeid under kapittel 2.

### Oversikt mengde plansaker 2013 og motsegner gitt til disse

I 2013 ( tal for 2012 i parantes) har vi hatt 9 (19) kommuneplanar, 11 (19) kommunedelplanar og 549 (530) nye reguleningsplansaker til behandling. Det er minst 2 rundar med uttale i kvar sak : tidlig tilbakemelding på varsel/planprogram og uttale til offentlig ettersyn når planforslag er klart.

Av motsegner har vi i 2013 gitt følgjande fordelt på tema (tal for 2012 i parantes): 3 (4) Naturmangfold, 11(9) landskap, 7 (5) friluftsliv, 17 (19) strandsone, 1 (1) vassdrag, 13(0) forureining inkl. 2(6) støy, 6(9) barn/unge, 5 (6) jordbruk, 3 (9) ROS, 0 (4) kjøpesenter og 3 (7) ATP. I tilegg er det gitt 18 motsegner ut frå formaliafeil som td saksgong og lov/forskriftsbruk og 2 knytt til KU (konsekvensutgreiing).

Dette gjev 78 motsegner ut frå det som er registrert i kvar einskild sak. Det er ofte fleire motsegner til ein plan,

særleg i overordna planar. Utan å ha heilt klare tal, kan me anslå at omlag halvparten av motsegnerne me gjev er til overordna planar. Reguleringsplanar får altså sjeldan motsegner i Rogaland - antageleg under 10 %. Me arbeider med å få til enno meir detaljert registrering av motsegner i sakshandsamings/arkivsystemet vårt.

## **Meklingar**

Me har i 2013 gjennomført berre 6 meklingar mot 10 i 2012. Dei aller fleste motsegner finn me løysingar på i drøfting før mekling og gjennom mekling og berre ei motsegn er sendt til MD/KMD for løysing i 2013. Det ser me på som eit svært godt resultat og at systemet vårt med drøfting på fagnivå før mekling fungerer svært godt og er effektiviserande og løysingsorientert.

## **Eigne klager på dispensasjonar**

Me har vidare i 2013 (2012) påklaga dispensasjonar frå plan ut frå følgjande grunnar: 1(1) naturmangfald, 8(5) landskap, 11(19) strandsone, 1(0) friluftsliv, 1 (1) vatn og vassdrag , 0 (1) barn& unge, 16(2) landbruk + 5 jordvern, 5 overordna plan, 1 ATP , 2 KU og 33 formalietar/lovbruk

## **Innvending til regionalplan**

Me har sendt **ei** smal innvending knytt til kjøpesenterbestemmelser i revidert regionalplan for Jæren til MD/KMD. Fylkeskommuen skal ha stor ros for revisjonsarbeidet med denne viktige regionalplanen.

## **Klager på reguleringsplan**

Desse vert handsama av Forvalningsavdelinga vår. Det kom inn 58 klagar på reguleringsplan. Restansar ved årsskiftet var 19. Det blei behandla 87 saker. 10 av klagesakene blei oppheva, ei blei delvis omgjort.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 10 månader. Saksfeltet blei nedprioritert som følgje av at klage i byggjesaker blei gitt høgare prioritet. Feltet blei styrka med ei saksbehandlarstilling siste kvartal noko som førte til at saksbehandlingstida blei redusert frå 14 månader i første kvartal til 5 månader i desember. Det er forventa ytterlegare reduksjon av saksbehandlingstida i 2014.

Sjå elles under resultatområde 66.1 når det gjeld behandling av klagesaker etter plan- og bygningslova.

## **Klage etter matrikkellova**

Desse vert også behandla av Forvalningsavdelinga vår. Det kom inn 7 klagesaker etter matrikkellova i 2013. 4 klager blei behandla, 3 blei stadfesta og ei avvist. Det var 4 ubehandla saker ved årsskiftet. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 6 månader. Pga. betre ressurssituasjon innanfor det prioritert byggjesaksfeltet er det forventa reduksjon i saksbehandlingstida etter matrikkellova i 2014.

## **12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling**

### **Generelt om tilsyn og konsesjon etter forureiningslova**

Vi har framleis for lang og ujamn sakshandsamingstid på søknader etter forureiningslova, men har fått ned talet på saker under behandling i løpet av 2013. Det er stort trykk på området ut frå stor industruell aktivitet i fylket og til dels stor konfliktgrad grunna uheldige lokaliseringar m.m.

12.2RA2 Totalt antall årsverk til konsesjonsbehandling er ca 3,5.

Vi driv svært bra tilsynsvirksomhet. Ingen går tilsyn åleine og vi legg vekt på å oppstre profesjonelt og legge inn rettleiing og læring for verksemda der dei er mottakelege for det. Offshore-relaterte verkstader har vore prioritert i 2013. Vi har "tent inn" gebyr i tråd med budsjett.

12.2RA1 Vi har ikkje meldt brot på forureiningslova til politiet i Rogaland i 2013.

Vi har krevd inn ein tvangsmulkt til Rogaland Shellfish på kr. 5000.

12.2 SO2P /12.2 SO3P vi har deltatt i nasjonale og regionale aksjonar etter avtale med KLIF/MDir

12.2 SO4P, 12.2 SO5P, 12.2 RA3, 12.2 RA4 Er sendt inn.

12.2 SO6 Er gjennomført i saman med fylkesmannens landbruksavdeling. Vi var i Gjesdal, Hå og Klepp kommunar. Funn er lukka.

#### **Anna**

12.2 SO7 Vi promoterer Miljøkommune.no. Det er ein flott nettstad som får mykje ros.

### **12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon**

**Naturypekartlegging** er høgt prioritert, men vert avgrensa av ressurstilgong. Økonomisk spelislag med FK og kommunar har gitt gode resultat i 2013.

12.3 SO1 – 12.3 SO2 Vi har tett og god kontakt med Kartverket og søker å bidra i fellesskap ved behov. Uheldige forventinger skapt på sentralt hald til skjønnsmiddelfinansiering av arbeid med kommunale planarkiv. Det lot seg ikkje gjere grunna svært avgrensa skjønnsmiddelpott i Rogaland ( dette er ein parallel til finansiering av vassforskriftsarbeidet i 2012 – me ber om at MD og Mdir er varsame med å gje ut slike finansieringssignal )

12.3 SO3...9. Naturbase Kartlegging Naturbase - sjå eigen rapport og rapportering på resultatområde 01-06.

12.3 RA 1 – 3 Kopier til DN/MDir uttale INON. Oppdraget utført, men svake interne og eksterne rutinar medførte krevjande arbeid i sluttfasen. Dette kan vera både plansaker og energisaker m.m.

12.3 SO10P – miljøstatussamarbeid med FK var under under utvikling, men vert no avsluta i og med at regional Miljøstatus vert lagt ned.

12.3 SO11P -13 P – AVVIK: Me har i praksis hatt for låg prioritering av Miljøstatusarbeid grunna nedbemannning og saksmengde.

12.3.SO 13P. Me markedsfører miljøstatus rimeleg godt. AVVIK: miljøjournalistene har me ein defensiv haldning til fordi aktiv oppmading krev for mykje oppfølging. Men me stiller opp på førespurnad og har mange spørsmål frå ungdom og også lærarar. Me prioriterer sterkt faglig oppfølging av studentar på universitetsnivå. Det er mange mailar og telefonhenvendelsar.

Fylkesmannen jobber godt med databasen Forurensning. MERKNAD: Databasen vert fortløpende oppdatert, men det er ikkje alltid vi har høve til å oppdatere med ein gong. Vi ser at bruken aukar sidan data lett kan finnast.

12.3 SO14 Huke av for anlegg som har betjent mottak av farlig avfall. Vi la inn alle kommunale anlegg innan fristen 30.04 etter kontakt med Klif. No er alle anlegg gjennomgått og lagt inn.

12.3 SO15 AVVIK : har ikkje etablert eigen rutine med fylkeskommunen ved usemje knytt til akvakultursaker. Det bør lagast ein mal, slik at vi ikkje gjer dette ulikt på tvers av fylka. Vi ynskjer forslag frå Miljødirektoratet.

Vi promoterar aktivt Miljøkommune.no. Det er ein flott nettstad som får mykje ros.

### **12.4 Internasjonalt samarbeid**

#### **12.4 Internasjonalt arbeid**

Ingen internasjonale prosjekt under KLD som vi deltar i. Vi har lyst og vilje til å gjere ein internasjonal innsats dersom KLD og Mdir har bruk for oss på avgrensa internasjonale oppdrag dei er involvert i som høver i forhold til den kompetansen me har.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01-06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 1 939 582,21	kr 205 244,07
09 Giftfritt miljø	kr 749 419,07	kr 0,00
Andre oppgaver under MD	kr 84 958,39	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 0,00	kr 0,00
12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 257 965,53	kr 861 102,68
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 37 805,96	kr 0,00
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 503 152,72	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 0,00	kr 0,00
Hav og kyst	kr 1 937 790,13	kr 0,00
Elv og innsjø	kr 286 609,60	kr 427 757,86
Våtmark	kr 317 871,18	kr 352 872,00
Skog	kr 4 492,00	kr 168 344,24
Fjell	kr 1 955,50	kr 103 395,81
Kulturlandskap	kr 315 401,45	kr 757 068,40
Friluftsliv	kr 5 354,00	kr 0,00
Luft	kr 1 993,00	kr 0,00
Vatn/hav	kr 524 527,36	kr 220 586,57
Plandispensasjoner	kr 3 197,25	kr 0,00
Detaljplanar (reg.plan og områdeplan)	kr 500 150,54	kr 0,00
Kommuneplan/kommuneplanar/interkommunale planar	kr 40 611,62	kr 0,00
Regionalt planarbeid/regional samordning i planarbeidet	kr 676 742,15	kr 0,00
Konsesjonar etter forureiningslova	kr 2 411 491,59	kr 556 799,32
Tilsyn etter forureiningslova	kr 180 172,52	kr 1 017 881,17
Miljøstatus	kr 9 939,25	kr 110 683,41
Generelt informasjonsarbeid inkl pressekontakt, nettred, etc.	kr 299,20	kr 0,00
<b>Sum:</b>	<b>kr 10 791 482,00</b>	<b>kr 4 781 735,00</b>

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Matsikkerhet

#### 21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

##### Sentrale utviklingstrekk og drivkrefter

Jæren er eit nasjonalt viktig område for matproduksjon og er den viktigaste regionale utviklingskrafa for landbruket i Rogaland. Men – landbruket i Rogaland er meir enn Jæren. M.a. er storparten av innmarksbeita i typiske distriktskommunar – og innmarksbeita i Rogaland utgjer nær 40 % av det totale jordbruksarealet. Aktiv mjølkeproduksjon i distrikta er avgjerande viktig for fortsatt intensiv bruk av jordbruksarealet generelt og beita spesielt. Auka mjølkeproduksjon i dei sentrale områda betyr ei svakare utnytting av grasressursane i distrikta og dermed reduksjon i matproduksjonen på lokalt ressursgrunnlag og redusert grunnlag for verdiskaping i distrikta. Landbruksfylket Rogaland har ikkje råd til denne ekstensiveringa.

Regional planstrategi for Rogaland 2013 – 2016, har oppsummert dei viktigaste utviklingstrekkene (og hovudutfordringane) slik;

1. Rogaland bygg ned mest matjord i Norge, 1 500 dekar i snitt dei siste 5 åra.
2. Strukturendringane i husdyrproduksjonane er tydelege, og utviklinga går fort.
3. Grovförbaserte husdyrproduksjonar aukar mest på Jæren, medan det er stagnasjon og tilbakegang i dei andre

regionane.

4. Kraftførbaserte produksjonar aukar mest på Jæren.

## Bidrag for å auke matproduksjonen

Fylkesmannen sitt bidrag til å auke matproduksjonen. Auka matproduksjon er ein raud tråd i alt arbeidet vårt.

Auka matproduksjon handlar om å sikre produktivt areal, sikre rekruttering og oppretthalde tal kompetente produsentar og fagmiljø. Fylkesmannen har initiert eller vore involvert i;

- Arbeidet med kommunale og regionale planar for å sikre areal.
- Skapt møteplassar som t.d. Agrovisjon, bondelagsmøte for å motivere bønder og styrka deira omdømme t.d. Vindafjordbonden.
- Etablert "Til for bonden" som er ei førsteline for bønder som treng ein å snakke med om vanskelege personlege spørsmål.
- Jordmonnkartlegging for å utnytte areala optimalt.
- Sett fokus på kostnader ved dagens struktur i landbruket (transport, leigejord osv)
- Fleire kunnskapsprosjekt innan grøfting, beiting og grovfør for å auke kvalitet og avlingsmengde.
- Tre forskingsprosjekt for å auke grasavlingane med betre teknikk med våtsåing, optimalisere fosfor-tiltak (fangdammar osv) og karakterisere fosfor.
- Frivillige avtalar for å sikre betre ressursutnytting av jord og gjødsel.
- Målretta bruk av RMP-midlane for å optimalisere matproduksjonen.
- Forsterka veksthus- og frukt/bær-produksjon ved å utvikle nye sortar og produksjonsmetodar.
- Gjennomført mobiliseringsmøte og økonomikurs i alle regionane i regi av storfeprosjektet, eit samarbeid mellom Fylkesmannen, næringsorganisasjonar, rettleingsteneste og slakteria.
- To hovudprosjekt i regi av Rogaland sau og geit med mål om betre helse på sau, hindre gjengroing og auke bruken av utmarka.
- To mjølkeprosjekt i regionane er i sluttfasen, og dei har skapt merksemd, framtidstru og investeringslyst. Desse avlar nye prosjekt for å auke kvaliteten på mjølka, betre helse osv. TINE har følgt opp med prosjekt innan robotmjølking, og for bønder som vil investere i driftsbygningiar.
- Styrt 70% av investeringsmidlane til distrikta for å oppretthalde og styrke grunnlaget for auka matproduksjon.

I Rogaland det i gangsett eit «forprosjekt – Arena» med arbeidstittel «Meir mat i matfylket på ein berekraftig måte», med Rogaland Landbrukspark som prosjekteigar. Målet er å få inn ein søknad om hovudprosjekt i klyngeprogrammet f.o.m. 2014. Også fylkesmannen i Rogaland er involvert i dette arbeidet, som deltar i ulike møte og fora, som leverandør av faktagrunnlag og trendar – og som ressurs. Eit eventuelt hovudprosjekt vil i all hovudsak dreie seg om kva hovudutfordringar det må arbeidast med i verdikjeda for at vi skal auke matproduksjonen i Rogaland. Eit klart suksesskriterium for at ein skal få til eit hovudprosjekt er mat-/landbruksindustrien engasjerer seg tung og prosessen så langt tyder på at dette vil skje.

## Resultater for Uviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv

Fylkesmannen har ein tett dialog og eit godt samarbeid med kompetanseaktørar innan lokalmat så som Kompetansenettverket, Innovasjon Norge, Rogaland fylkeskommune, Måltidets Hus, Mat- og naturinkubatoren og næringshagane. Vi planlegg, fordeler oppgåver og aktivitetar og lager spleiselag saman med kompetanseaktørane. Kompetansenettverket Sør har vi saman med Agder, og matprodusentar/foredlarar i alle tre fylka mottar invitasjonar til arrangementa. Samhandlinga med Agder har blitt noko mindre dei siste to åra, samstundes som kontakten mot Hordaland og Sogn og Fjordane har blitt forsterka. Saka om "Særavgifter" har klart påverka dette og ikkje minst arbeidet knytt til Fjord Norge på Internationale Grüne Woche i Berlin. Fylkesmannen har lagt ned ein betydelig innsats i dette arbeidet. Utvalde verksemder og produkt har fått stor merksemd og eit stort løft i omsetnad.

Våre fire distriktskonsulentar arbeidar aktiv med etableraroppfølging og rådgiving for søker til Innovasjon Norge. Dette er verksemder innan fiskeforedling, kjøtforedling (4 stk), brygging og ysting, lokalmatutsal og bakst, fruktforedling, mjølkeforedling, ølbrygging og hytteutleige.

Vi har arrangert ulike kurs og samlingar for å mobilisere og profesjonalisere produsentar og andre aktørar innan mat;

- Smaksverkstad i Haugesund med 23 deltakarar
- ”Markens Grøde” i Stavanger med 10 seljarar saman med Grønn Ø-prosjekt
- Studietur til Grüne Woche (37 deltakarar)
- Den jærske matkonferansen med 40 deltakarar
- Temakveldar innan prising, marknadsføring og sal saman med Hanen og Inn på tunet.
- Studietur/kurs kjøtforedling i Tyskland saman med kompetansenettverket i Trøndelag
- Bærkurs, 2 stk

Vi registrerer at lokalmatnæringa etterlyser utvikling og kompetanseheving, samstundes som vi bruker relativt mykje tid og ressursar på å legge til rette for og å skaffe nok deltakarar på arrangementa. Vi arbeider spesielt med å auke matmangfaldet og starta på hausten opp arbeidet med eit større to-dagars inspirasjonsseminar med kurs. Arrangementet MatSmia blir gjennomført febr 2014 på Karmsund vgs i Haugesund. Vi ønsker ein sterkare kobling til skulane i fylket. Vi legg vekt på å spesialtilpassa og målrette rådgjevinga, og har innretta rådgivinga meir mot enkeltverksemder og/eller produsentsamanslutningar.

Innovasjon Norge har støtta eit tiltak i regi av Måltidets Hus AS som har som mål å samle kompetanse og målrette oppfølginga til små verksemder slik at risikoen ved etablering eller oppskalering blir redusert.

Innovasjon Noreg har og gjennomført eit eige forretningsmodellprogram for matverksemder som har vekstambisjonar. Seks matverksemder deltok på dette i 2013.

## Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

### Omfattande vinterskader på eng i grasfylket, men med god sommar blei det likevel tilfredstillande avlingsår

Det uvanlig langvarige, tørre og kalde vinterveret førte til svært store frostskader på enga. I grasfylket Rogaland der over 90% av jordbruksarealet er gras, var det før vårvinna, brune enger over alt.

Over 500 føretak har søkt om tilskot til vinterskader på eng. Dette har utløyst så mykje ekstra arbeid for kommunane og Fylkesmannen, at det framleis er mange søknader som endå ikkje er behandla. I løpet av mars reknar Fylkesmannen med å vera ferdig, og vil då ha oversyn over samla utbetaling og avviste søknader grunna meldeplikta og søknadsfristen.

Med ein god sommar og haust blei likevel avlingane på gras og andre jordbruksvekstar tilfredstillande. Fylkesmannen har fått inn 40 søknader om erstatning for avlingskade på grovför til behandling.

### 22.1 Bruk av landbruksarealer

#### Midlar over kapittel 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til rovviltsforvaltning er ikkje aktuelt i Rogaland

### Utviklingen i beitebruk

I Rogaland er det om lag 460.000 sau og lam på beite. Det er mange sauebønder som har store beiteareal heime på garden (innmark og utmark), og desse er difor ikkje med i organisert beitebruk. Dette er hovudforklaringa på at berre om lag 22% av sauehaldet i fylket er med i beite-/sankelag.

I 2013 har det vore fleire store utfordringar både for beite-/sankelaga og forvaltninga.

Krav i Brønnøysundregistra om at laga måtte omregistrerast frå BA til SA eller ”Foreining” utløyste veldig mykje ekstra arbeid både for laga og forvaltninga.

Det same gjorde praktiseringa om det nye fagsystemet for søknad om tilskot til laga. Spesielt krevjande blei varsla endringar om kva kommune søknadane skulle sendast til.

## Omfang av samfinansiering med midlar til førebyggande tiltak mot rovviltskader over Miljøverndepartementets budsjett

Rogaland Sau og Geit (RSG) starta i 2013 eit treårig ”Heiabeiteprosjekt”, og Fylkesmannen løyvde kr 200.000 i BU-midlar for 2013. Eitt av tiltaka i prosjektet er utprøving av 100 stk radiobjøller, og bjøllene er det siste nye innafor elektronisk utstyr. Teknologien gjer det mogleg via satellittsporing å følgje sauene på pc-skjermen til ei kvar tid gjennom heile beitesesongen. Ein kan gå inn og sjå kor sauene er og kor den flyttar seg. Rørslene til bjøllesauene blir følgt nøyne med av eigarane, og det er eit godt hjelpemiddel for tilsyn og sanking. Sjølv om det har vore tekniske problem med nokre få bjøller i 2013, er hovudinntrykket at dei har fungert etter planen.

## Bruk og nytte av data fra Geovekst og Norge digitalt hos alle avdelingane ved embetet

Avdelingane Landbruk, Miljø og Forvaltning bruker data fra Geovekst og Norge digitalt flittig. Dei brukast i saksbehandling ved innsyn, måling og sjekk, og også ved analyse. Desse avdelingane bruker det også til registrering/innrapportering av andre temakart som spreieareal og verneområde.

”Norgebilder” brukast mykje, både ferske og historiske bilete. GIS koordinator og dermed ansvaret for temakart-rogaland; kartportalen vår er knytt til administrasjonsavdelinga. Kartportalen samlar og formidlar ut data fra geovekst og norgedigitalt. LAS- data har vi ikkje begynt å bruke enno.

## Arbeidet knyttet til Geovekst og i oppfølging av kommunenes arbeid med ajourføring av arealressurskart (AR5)

Vi har eit godt samarbeide med kartverket. Ved oppstart av geovekstprosjekt ser vi, saman med kommunane, på behov for geovekstdata til ajourføring av AR5. Periodisk ajourhald blir planlagt til når kommunen har fått nye ortofoto. Saman med Institutt for skog og landskap held vi kurs i ajourføring av AR5 når vi ser behov for det. I 2013 har vi hatt kurs i ajourføring i felt.

## Geovekstprosjekt

Fylkesmannen søkte om og fekk tildelt 520 000 kr for å dekke utgiftene til geovekstprosjekt i 2013. Bruken av midlane er rapportert direkte til Skog og landskap.

### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent	Total tapsprosent	
	Sau	Lam			Sau	Lam
FMRO	41670	59149	22	1,96	4,25	3,29
<b>Sum</b>	<b>41670</b>	<b>59149</b>	<b>22</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 22.2 Eiendom og bosetting

### Resultat frå oppfølging og kontrollar, og behov for vidare oppfølgingstiltak knytt til kommunanes praktisering av regelverket i eigedoms- og busetningspolitikken

Kompetanse og gjennomføringskapasitet i den lokale landbruksforvaltninga i Rogaland er framleis under press. Det er stor forskjell mellom kommunane både når det gjeld kompetanse og kapasitet på landbruksområdet. Fylkesmannen ser at manglande kapasitet og kompetanse kan medføre større grad av vilkårleg praktisering av eigedomsregelverket og gi utfordringar knytt til rettstryggleik.

I 2013 hadde Fylkesmannen i Rogaland ingen klagesaker etter skogbrukslova. Tidligare år har vi sendt klagesaker vidare til settefylkesmannsbehandling fordi vi har vore involvert i sakene på grunn av manglande kompetanse i kommunane.

I tillegg til utfordringar knytt til kompetanse og kapasitet i kommunane, så har endringar i eigedomslovverket i 2013 skapt meir behov for rettleiing. Vi har rettleia kommunane så langt vi har sjølv har hatt kompetanse til. Vi hadde blant anna ei fagsamling om endringane i jordlova i november, der representantar frå Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning orienterte om endringane.

I 2013 hadde vi 11 klagesaker (ikkje medrekna klagesaker der det både føreligg vedtak etter plan- og bygningslova og jordlova). I tillegg fatta vi 5 vedtak om omgjering av kommunale vedtak (etter forvaltningslova § 35 tredje ledd) som gjaldt konsesjon, frådeling og omdisponering etter jordlova. Tre av desse vedtaka gjaldt frådeling etter jordlova, eit gjaldt omdisponering av jordbruksareal til skogproduksjon (juletre) og eit gjaldt for høg pris etter konsesjonslova.

Fylkesmannen behandla fem saker som gjeld spørsmål om fleire matrikkeleiningar utgjer ei driftseining etter jordlova. Vidare har vi behandla 12 saker i første instans der kommunen har hatt ei tilknyting til saka, der ei sak gjeld omdisponering etter jordlova, og resten gjeld konsesjonssaker (to av desse gjeld også frådeling eller omdisponering i tillegg).

## **22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll**

### **Erfaringar og utfordringar knytt til kommunanes forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel og regelverk.**

Vår tilbakemelding er basert på erfaringar via forvaltningskontrollane i kommunane og erfaringar frå saksbehandlinga med klagesaker, dispensasjonssøknader og manuelle utbetalingar.

Vår erfaring er at det er varierande kompetanse i kommunane i forvaltninga av økonomiske og juridiske verkemidlar og regelverk. Det skuldast både manglande kompetanse og manglande erfaring hos ein del saksbehandlarar i kommunane. Små kommunar med få tilsette i landbruksforvaltninga er særleg sårbare ved personalskifte. Ein del kommunar har og lite personalressursar avsett til saksbehandling på landbruksområdet noko som vi ser ved at saker blir liggjande lenge i kommunane før dei blir behandla og at sakene er til dels mangefullt utgreia før dei blir sendt til Fylkesmannen.

Når det gjeld ordninga med produksjonstilskot, ser vi at kommunane har store utfordringar med å handtere saker der det kan vere grunnlag for å vurdere driftsfellesskap. Kommunane vegrar seg for å gå inn i desse sakene. Vår erfaring er at det skuldast dels at dei meiner dei ikkje har kompetanse og kapasitet til å gå inn i desse sakene og dels fordi dei meiner at regelverket knytt til driftsfellesskap er komplisert og vanskeleg.

Elles ser vi at kommunane i liten grad har skriftlege rutinar for prosessen med søknadar om produksjonstilskot frå søknaden er motteken til all saksbehandling i kommunen er ferdig og vedtak blir fatta. Dette har vi påpeika i alle kommunane der vi har gjennomført forvaltningskontroll.

2013 har vore eit krevjande år for kommunane når det gjeld å handtere ordninga med regionalt miljøprogram. Det vart gjort store endringar i RMP både når det gjeld sjølve ordninga og nytt dataprogram for å registrere søknadane. Så store endringar samtidig er krevjande for kommunane som allereie slit med kapasitet og kompetanse.

#### **Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall**

##### **Klagebehandling**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
0	6	1	0	0	1

##### **Dispensasjonssøknader**

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
48	0	4	10	0		1	31	0

##### **Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012**

###### **1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 0,9

Antall personer: 6

Kommune:	<b>Finnøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Saksbehandlingsrutinar søknader PT, risikovurderinger, driftsfellesskap/disponering av dyr, beitetilskot, spreieareal, reaksjonar ved avvik, gårdskartprosessen, skogtema
Registrerte avvik:	To avvik registrert. Avvik 1. Kommunen mangler fagansvarlig på skogområdet Avvik 2. Kommunen mangler skriftlig materiale ved innvilgelse av dispensasjon fra speietidspunkt (husdyrgjødsel)
Oppfølging av avvik:	Begge avvik lukka. Avvik 1 - Frå 1. januar har kommunen inngått avtale med Sandnes kommune om kjøp av skogbrukskompetanse Avvik 2 - Kommunen har endra praksis

Kommune:	<b>Hå kommune</b>
Orninger/omfang:	Saksbehandlingsrutiner søknader PT, risikovurderinger, driftsfellesskap/disponering av dyr, beitetilskot, spreieareal, reaksjonar ved avvik
Registrerte avvik:	Tre avvik registrert. Avvik 1. Kommunen retter ikkje opp søknader der søker fører opp alt arealet, trass i at dei er kjent med at søker ikkje disponerer alt arealet. Avvik 2. Kommunen godkjent to foretak med grøvforproduksjon og grøvfordyr på eit bruk utan å vurdere driftsfellesskap etter § 4 Avvik 3. Kommunen har ført opp dyr som blir disponert av enketmannsføretak på samdriftssøknaden
Oppfølging av avvik:	I Hå er to av tre avvik lukka. Kommunen har ikkje fulgt opp avvik 2. Fylkesmannen vil gje kommunen tilbakemelding om at dette må gjerast straks.

Kommune:	<b>Karmøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: Saksbehandlingsrutinar, Krav til omsetning, utegangarsau, risikovurderinger, driftsfellesskap, reaksjonar ved avvik Skog: foryngingsplikta
Registrerte avvik:	Eitt avvik registrert. Avvik 1. Kommunen følgjer i liten grad opp ansvaret med foryngingsplikta – for å sikre ei tilfredsstillande forynging etter hogst gjennom planting og ungskogpleie.
Oppfølging av avvik:	kommunen kom med ei skriftlig tilbakemelding på korleis dei skulle følge opp avviket. Avviket er ikkje lukka, det er nødvendig med vidare oppfølging frå FM.

Kommune:	<b>Klepp kommune</b>
Orninger/omfang:	Saksbehandlingsrutiner søknader PT, risikovurderinger, driftsfellesskap, beitetilskot, spreieareal, reaksjonar ved avvik
Registrerte avvik:	Eitt avvik registret. Avvik 1. Kommunen har fram til nå ikkje vurdert avkorting ved feilopplysningar.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har frist til 15. februar med å gi tilbakemelding.

Kommune:	<b>Kvitsøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Sjå Sandnes kommune. Kommunane Sandnes, Stavanger og Kvitsøy har felles landbruksforvaltning
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Sandnes kommune</b>
Orninger/omfang:	Sakshandsamingsrutinar PT, risikovruderingar, merkekode 30 og 31, driftsfelleskap, beitetilskot, spreiearea, reaksjoner ved avvik, skogtema.
Registrerte avvik:	Sluttrapport ikkje ferdig
Oppfølging av avvik:	Kontrollen ikkje sluttført

Kommune:	<b>Stavanger kommune</b>
Orninger/omfang:	Sjå Sandnes kommune. Kommunane Sandnes, Stavanger og Kvitsøy har felles landbruksforvaltning
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	

Kommune:	<b>Vindafjord kommune</b>
Orninger/omfang:	Sakshandsamingsrutinar, risikovurderingar, driftsfelleskap, beitetilskot, spreieareal, reaksjoner ved avvik, skogtema
Registrerte avvik:	Eitt avvik registrert. Avvik 1. Utstett frist for forynging av skog skal vere skriftleg
Oppfølging av avvik:	Avvik lukka, kommunen har endra praksis.

### 3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

### 4. Andre kommentarer/ innspill:

Kontroll husdyrkonsesjon - 66 føretak kontrollerte, alle kontrollerte mot LIB/PT - 14 føretak har fått vedtak om standardisert erstatning - 11 gjaldt slaktekylling og 3 gjaldt svin - Standardisert erstatning kr 355.899,- totalt for de 11 føretaka med slaktekylling - Standardisert erstatning kr 27.200,- totalt for dei tre føretaka med svin - 6 føretak med slaktekylling hadde hatt ulovleg produksjon i 2012 - 3 føretak med svin hadde ulovleg produksjon i 2011 og 2012 - 52 føretak har fått skriftleg informasjon for åra 2011 og 2012, og vil bli følgt opp i 2014 - Ikkje innhenta info utover det som er tilgjengeleg i eigne system - Ingen stadlege kontrollar i 2013 - Ingen kontrollerte pga mistanke om driftsfellesskap - Ein klage på slaktekylling der SLF stadfesta FM sitt vedtak

## 22.4 Regionalt tilpasset innsats

### Tiltak som er gjennomført for å styrke kommunanenes arbeid innanfor landbruks- og matområdet

I 2013 har vi jobba aktivt på fleire område for å styrke kommunane sitt arbeid innan landbruks- og matområdet. Den landbrukspolitiske dialogen har vore aktiv og tilpassa den einskilde kommunen sine behov og etterspørsel. Vi har jobba med opplæring av både politisk og administrativt nivå, men med hovudvekt på det administrative. I mars arrangerte vi i samarbeid med KS og Rogaland fylkeskommune den årlege landbrukskonferansen med aktuelle tema som: - auka matproduksjon, jordvern, rekruttering og planverkty for gjennomføring av regional landbrukspolitikk. Tilstade på konferansen var politikarar frå fylkesnivå og kommunenivå, landbruksforvaltninga hos fylkesmannen og kommunane, representantar frå KS, Innovasjon Noreg, faglaga, representantar frå Nortura, Tine m.fl. Det var 180 personar tilstade. Det var ein god dialog mellom innleiarane og salen.

Sakshandsamarar hos Fylkesmannen er og aktive i møte med kommunane ved revidering av kommuneplan og

komunedelplan, som landbruksplan for å formidle statleg politikk. Fylkesmannen oppfordrar kommunane til å synleggjere landbruket tydelegare i kommuneplan sin samfunnsdel.

Det har vore gjennomført forvaltningskontroll på landbruksområdet i 6 kommunar. I desse kontrollane har vi lagt stor vekt på å involvere administrativ leiing, rådmann eller kommunalsjef, i tillegg til tilsette i landbruksforvaltninga.

Fylkesmannen jobbar aktivt for å vere eit kompetansesenter for kommunane. Heile tida har vi dialog med kommunane om kva tema dei har behov for drøfting og kompetansebygging. tert.

I 2013 har vi arrangert to tilskotssamlingar (tema: avkorting, driftsfellesskap, kontroll og dyreversnsaker), to dialogmøte mellom landbruksforvaltning i kommunane og hos fylkesmannen (tema: rekruttering, skogkultur, vinterskade, husdyrgjødselproblematikk, dyrehelse/dyrevelferd med Mattilsynet, oppfølging av dreneringsforskriften knytt til kulturminneforvaltning), to skogsamlingar, fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk, fagdag om drenering, kurs i bruk av jordsmonnsdata, kurs om småkraftutbygging og lokal verdiskaping i Ryfylke, samling om SMIL forskrifa, kurs om AR5, Kurs i eStil og regionalt miljøprogram, eit kurs om «bruk av rekneskap for å vurdere driftsfellesskap», fagkurs om praktisk drenering, opplæring i ØKS, fleire prosjektskrivingskurs for søknader knytt til «Handlingsplan næring», BU midlar m.m. og ei jordlovsamling.

I tillegg til desse opplæringstiltaka blir det laga eit informasjonsskriv som heiter «Land og bruk» som er sendt ut fem gonger i løpet av 2013. Her blir det informert om nye ordningar, kurs og ulike faglege problemstillingar blir presentert. Dette blir sendt ut til landbruksforvaltninga og det blir lagt ut på heimesida. Det blir også gitt rettleiing og oppfølging som blir tilpassa den einskilde kommune ved behov.

I 2013 har det vore eit møte mellom KS og Fylkesmannen sin landbruksavdeling der ein oppdaterte kvarandre og hadde ein dialog om ulike landbrukssaker. I tillegg har KS vore med i programkomiteen til landbrukskonferansen 2014.

Det landbrukspolitiske engasjementet i kommunane er ulikt. Engasjementet er størst i dei kommunane der landbruket betyr mykje som nærings- og inntektsgrunnlag. Bjerkeim kommune og Finnøy kommune er to kommunar der landbruket betyr mykje, og der engasjementet er stort.

## **Bruk av midlar over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommunerettet arbeid**

Rogaland fekk i 2013 ei rammetildeling på kr 115.000 over kap. 1144 post 77. Totalt er det brukt kr 114 718, av dette, kr 74 481 til kommuneretta tiltak og kr 40 237 til tiltak innafor rammedirektivet for vatn.

### **Kommuneretta tiltak**

Tilskotssamling 29. januar – kr 1 852

Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning 8. mai – kr 6 805

Fagsamling jordlova 26. november – kr 11 230

Landbrukskonferansen 5.-6. mars – kr 4 571

Dialogmøte med tilsette i kommunal landbruksforvaltning 23. oktober - kr 7 848

Kurs Estil og RMP 13. august – kr 6 368

Fagsamling skog 22. februar – kr 2 583

Kurs AR5 13. og 14. juni – kr 660

Tilskotssamling 28. august – kr 7 778

Kurs i bruk av rekneskap for å vurdere driftsfellesskap 26. september – kr 18 850

Møter med KS - kr 514

Fagdag skog 10. og 11. september – kr 1 750

Møte om miljøplan – kr 304

Kurs i å skrive prosjektsøknader (næringsutvikling) 7. november – kr 2 336

Opplæring av ny landbruksansvarlig i Lund kommune – kr 1 032

## Rammedirektivet for vann

Studietur "Frivillige tiltak i landbruket" 4.-7. september – kr 10 660

Studietur Danmark «Jordbruksstiltak få å betre vasskvalitet» 4. - 7. september – kr 22 077

Fagmøter om miljøavtaler – kr 7 500

I Rogaland prioriterer vi å bruke dei kommuneretta midlane til kurs, møte og samlingar for dei tilsette i kommunal landbruksforvaltning.

Sjølv om potten ikkje er så stor, så bidreg den til at vi kan tilby kommunane fleire kompetansehevingstiltak på landbruksområdet. Tilbakemeldinga frå kommunane er at dei har stor nytte av dei kursa og møta som blir arrangert.

## Arbeidet i Regionale bygdeutviklingsprogram

Eigen rapport

## Samarbeidet med regionale aktørar innan næringsutvikling og miljøarbeid

Det blir arbeidd godt i den regionale partnarskapen i Rogaland. Samarbeidet spenner frå formelle arenaer som VRI og regionstyret i Innovasjon Norge, til arenaer kor dagsorden meir er knytt til landbruket sine utfordringar og mogelegheiter – der dagsorden kan vere av både generell og spesiell karakter. Rekruttering, kompetanse, likestilling, miljø, vassdrag, forsking og utvikling, omstilling, nyskapning, lønsemd, jordbruksavtale og rammevilkår, industri/foredling, BU-midlane, strategiarbeid – er nokre av stikkorda om tema til drøfting i ulike regionale partnarskap. Hovudpartnarskapen er Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og fylkesmannen – og det er desse tre som er hovedfinansiørane av *Handlingsprogrammet* – som er den næringsretta tiltaksdelen av tre regionalplaner. Men alt etter temaområde kan samansettningen i partnarskapen variere noko. Samarbeidet med næringa er spesielt viktig – først og fremt med faglaga, men etter kvart i større grad også med organisasjonar som NHO og LO.

Partnarskapen blei einige om å legge til grunn Regionalplan for landbruk, Handlingsprogrammet, Handlingsplan for skogbruket i Rogaland og Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland for etablering av Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU). Intensjonane med RBU er god; sjå ulike program og virkemidlar i samanheng, arbeide for at det i større grad blir betre samvirke mellom ordningane – og gjennom dette hauste synergiar. I Rogaland har RBU endå ikkje gitt dei store meirverdiane – og hovudårsaka til dette er ikkje at den regionale partnarskapen ikkje har tatt oppdraget alvorleg – nei, dette skuldast at partnarskapen i utgangspunktet (les; før RBU) arbeidde godt og at vi alt hadde «hovudstrategiane» - Regionalplan landbruk – på plass.

Ei anna side – som reduserer det regionale handlingsrommet for auka synergieffekt – er at fleire ordningar har så pass sterke nasjonale føringar, at ein regionalt ikkje har tilstrekkeleg handlingsrom til å kunne få økt målretting. Viljen regionalt til å vidareutvikla RBU er til stades, samanhengar mellom ulike ordningar skal få auka merksemd – og gitt at handlingsrommet regionalt vil auke med åra – kan også resultata bli betre og verdiskapinga større.

I det vidare vil vi skildre arbeidet med Regionalt næringsprogram spesielt da det er eigne rapportar for RMP og RSK.

Det er tett dialog og eit godt samarbeid i partnarskapen når det gjeld prosessar og oppgåvefordeling relatert til næringsarbeidet. Oppgåvebrevet til Innovasjon Norge utarbeidast i samråd med alle i partnarskapen. Hovudtrekk i oppgåvebrevet er:

- Prioritering av distrikta, fordeling 30/70 av investeringsmidlane mellom Jæren og distrikta
- Prioritering av saker knytt til dei grovførbaserte produksjonane
- Investeringstilskot til gjødsellager i spesielt utvalde vassområde
- Bruk av høgaste sats ved utmåling av tilskot til utbygging i distrikta

Partnarskapen samarbeidet om finansiering av søknader til Handlingsplan Næring (HPN). Søknader og saksbehandling skjer via [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Fylkesmannen i Rogaland saman med Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Norge, drøfta i 2013 søkerne som kunne bidra til utvikling av landbruksnæringa i brei forstand. Kompetanse, rekruttering og likestillingsmidlane som Fylkeskommunen forvaltar er og ein del av dette samarbeidet. Totalt gjekk 60 % av Fylkesmannen sine BU-midlar inn i ulike HPN-prosjekt.

Det har blitt etterlyst ein arena for utveksling av informasjon og erfaringsoverføring mellom næringsutviklarar innan lokalmat på regionalt nivå. Om lag 20 personar frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kompetansenav, inkubatorane, næringshagane samt private næringsutviklarar er deltagarar i Matforumet. Målet er å oppnå betre samordning av tenester og større slagkraft i arbeidet med å utvikle matmangfaldet og lønsame verksemder.

### **Oversikt over tal årsverk i landbruksforvaltninga i kommunene per 1.1.2013.**

#### **Årsverk pr. 1.1.2013 - kommunane i Rogaland**

Eigersund og Sokndal - 3,60

Sandnes, Stavanger og Kvitsøy - 5,00

Haugesund - 0,40 (kjøper av Tysvær)

Lund - 1,50

Bjerkreim - 2,50

Hå - 3,70

Klepp - 3,60

Time - 3,50

Gjesdal - 1,20

Sola - 1,60

Randaberg - 1,50

Forsand - 1,35

Strand - 1,65

Hjelmeland - 2,00

Suldal - 2,20

Sauda - 0,60

Finnøy - 1,60

Rennesøy - 2,60

Tysvær og Bokn - 3,30

Karmøy - 4,00

Utsira - 0,11

Vindafjord - 4,80

**Sum 52,31****Oversikt over utvikling i tal årsverk i Fylkesmannens landbruksavdeling i 2013**

	<b>2013</b>	<b>2011</b>	<b>2009</b>
Årsverk 151001	21,92	21,78	22,0
Eksternt finansiert	3	3	3
Årsverk totalt	24,92	24,78	25

**22.5 Reindriftsforvaltning****Resultatområde 23 Økt verdiskaping****23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer****Bruken av BU-midlane**

Årets ramme for utreiings- og tilretteleggingsmidlane (UTM) var uendra i forhold til året før og låg på kr 4 800 000. Totalt blei det drege inn kr 334 153 og kr 12 674 var overførd frå 2012. Dette gjorde at Fylkesmannen hadde kr 5 146 827 disponibel i 2013 til UTM (Kr 31 827 blei overført til 2014). Fylkesmannen brukte 60 % av UTM på såkalla partnarskapsprosjekt. Dette er større prosjekt som går over lengre tid og som blir finansiert med midlar frå fleire i den regionale partnarskapen. Her er ei oversikt over kva slags prosjekt som har fått løyvt UTM i 2013.

<b>Tema</b>	<b>UTM Stønad i kr</b>	<b>%</b>
Energi, skog klima	900 000	17,6 %
Reiseliv	75 000	1,5 %
Økologisk	212 500	4,2 %
Miljø, jord og kulturlandskap	300 000	5,9 %
Mat, beite	450 000	8,8 %
Kunnskap, forsking, formidling	1 079 500	21,1 %
Rekruttering	375 000	7,3 %
Arbeidsmiljø i landbruket	200 000	3,9 %

Bygdemobilisering	195 000	3,8 %
Beredskap og truslar	385 000	7,5 %
Mat	445 000	8,7 %
Diverse	498 000	9,7 %
<b>Totalt</b>	<b>5 115 000</b>	

Stønad til prosjekt som er direkte skogeigar- eller bonderetta inklusiv rekruttering utgjere om lag kr 3 600 000. Det vil si om lag kr 1 500 000 (30%) blir brukt på tiltak som bidrar til utvikling av nye næringar for bøndene. Dette er tiltak innan økologisk, lokalmat, Inn på tunet, bygdemobilisering, etableraroppfølging, inkubatorverksemd, festivalar med meir.

Det er ikkje formålstenleg å omtale alle prosjekt vi har gitt støtte til, men vi vil dra fram nokre døme. Midlar til den største posten Kunnskap, forsking og formidling gjekk til kompetansehevande tiltak retta mot bønder, blant anna bygningsrådgiving, fjørfehald (fagkonferanse), grovfördyrking og bruk av mjølkerobot, og kr 500 000 til VRI Mat, som står for Verkemidlar for regional forsking og innovasjon. Målet med denne fleirårige satsinga er å fremme forskingsbasert innovasjon innan matnæringa i Rogaland. Satsinga skal resultere i økt verdiskaping i alle ledd av produksjonskjeda. Elles støtta vi Rogaland Bondelag sitt prosjekt om kartlegging av verdiskaping og sysselsetting innan landbruk og landbruksrelaterte industri i Rogaland. Vi har støtta vegetasjonskartlegging for å synleggjere arealressursane som bønder kan nytte som produksjonsgrunnlag. Ei utgreiing om forholdet mellom god agronomi, næringsavrenning og god økonomi i jordbruket har og fått støtte frå UTM. Dette prosjekt skal gi konkrete innspel om korleis bønder kan justere innsats frå produksjonsfaktorane slik at det generer ein størst mogleg produksjon og lågast mogleg næringsavrenning.

Prosjekt innan beite- og grovförbasert produksjon har fått kr 450 000 i stønad i 2013. Viktigast i denne samanheng er oppstart av Storfesatsinga i Rogaland. Dette 100 % bonderetta tiltaket skal hjelpe til å auke storfekjøtproduksjon ved å hjelpe bønder å løyse dei utfordringane dei har og som hindrar rasjonell produksjon. Tilskotet går direkte til kompetansehevande tiltak til enkeltbønder eller grupper av produsentar. Ein kan då tenkje på individuell investeringshjelp, hjelp ved byggjeplanlegging, rådgiving omkring grovför med meir.

I tillegg er det nå to mjølkeprosjekt i avslutningsfase og som har fått stønad frå våre BU-midlar. Bønder i Dalane og i Ryfylke har fått direkte hjelp ved investering og utbygging av produksjonen sin og tilbakemeldingane frå produsentane er særskilt gode. Også i desse prosjekta har midlane gått direkte til produsentane som sto føre investeringar og som trengde litt hjelp for å kome i gong.

Vi har i 2013 gitt meir enn kr 200 000 til mobiliseringstiltak innan økologisk landbruk. I Rogaland, kor økologi ikkje stå så sterkt som i andre fylke, har vi vore nøydd å støtte denne produksjonsforma slik at det fortsett kan vere ein spydspiss i vidareutviklinga av eit berekraftig landbruk.

Vi har og løyvd midlar til eit prosjekt som heiter ”Til for bonden”, som fokuserer på bønder som slit psykisk og som treng nokon å snakke med, slik at tragediar knytt til menneske og dyr kan bli unngått. I den samanheng er det no oppretta ei telefonvaktordning der dei som slit kan snakke med vaktar som har tillit, integritet og kunnskap i landbruket på Jæren.

Vi registrerer eit aukande medvit blant produsentar omkring beredskap i jordbruket. I den samanheng er det sett i gong to prosjekt som Fylkesmannen har gitt stønad til. Det første er «Smittebeskyttelse av sauebesetninger» som hjelper bønder å forebygge smitte på garden. Det har vist seg at spesielt Rogaland har ei særleg utfordring med fotrøte og resistente parasittar. Det andre prosjektet er sett i gong for å få meir stabile brannvarslingsanlegg på garden.

I posten diverse går blant anna støtta til Inn på Tunet Rogaland og etablering av Rogaland Landbrukspark, som kompetansesenter for landbruk i regionen.

Innan skog og klima har vi støtta prosjekt til stimulering av klimaskog samt til auka bruk av trebasert bioenergi som alternativ energikjelde. Elles brukte vi midlar på prosjekt som stimulerer til auka bruk av tre i bygningars. Vi har og løyvd UTM til eit tiltak for dialogbasert arealforvalting, som skal få byggefirma, landbruk og andre brukarar av kulturlandskapet til å snakke saman om arealbruk i framtida.

I 2013 løyvde Innovasjon Norge Rogaland kr 40 870 500 i investeringstilskot gjennom BU-ordninga.

Heile ramma (dvs 99,8%) inkludert inndregne midlar, blei brukt opp. I 2013 blei det gitt kr 86 550 000 i rentestøtte til landbruksrelaterte investeringar og satsingar. Også heile denne ramma blei brukt opp. Tilskota er delt på 124 prosjekt og rentestøtta på 41 prosjekt. 41 % av tilskota og 40 % av rentestøtta gjekk til Jæren – noko som er eit avvik i høve til den regionale ambisjonen om at 70 % av BU-midlane skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren. Avviket skuldast i hovudsak mangel på gode prosjekt i dei prioriterte områda.

Rekruttering er eit nøkkelområde for næringa si framtid, og det er tydeleg skildra i Regionalplan for Landbruk. Samarbeidet på dette feltet med Rogaland fylkeskommune, som er forvaltar av støtteordninga for rekruttering, likestilling og kompetanse i landbruket, var bra i 2013. Fylkesmannen formidla aktivt støtteordninga og vidaresendte fleire gode prosjektforslag til fylkeskommunen. Denne støtteordninga er frå og med 2013 forvalta av Næringsseksjonen i Rogaland fylkeskommune, noko som gjere at midlane til landbruksbasert næringsutvikling forvaltast på ein stad.

### **Tiltak for auka satsing innan landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon innanfor Regionalt næringsprogram.**

Sterk offentleg medverking

Landbruksnæringa i Rogaland er i omstilling:

- 20% reduksjon av tal foretak på ti år
- Halvering av tal mjølkebønder på ti år
- Auke frå 5,6 mill til 11,9 mill kylling på ti år
- Auke frå 290 000 til 460 000 slaktegris på ti år
- 25% reduksjon i potet- og frukt/bærarealet på ti år
- Importauke frå 2300 tonn blåbær i heile 2012 til ca 2500 tonn 1. halvår i 2013
- Importauke på 120% av jordbær, frå 683 i 2012 til 1500 tonn 1. halvår 2013
- Større økonomisk risiko (avlingar, investeringar, førforbruk, arbeidskraft..)
- Leigejorddel er aukande, 34% i 2011
- Høgare energikostnader
- Resistente parasittar, osv

Vårt inntrykk er at næringa, industrien, forskningsmiljøa og det offentlege har teke sterkare grep om utfordringane i volumproduksjonen og etablert fleire gode samarbeidsprosjekt. Bruk av UTM-midlane 2013 tyder og på at stadig meir av midlane blir kanalisiert til volumproduksjonen.

Det er høg aktivitet i landbruket og det er til dels krevjande prosessar som Fylkesmannen blir involvert i. Tross mangel på arbeidskraft, har Fylkesmannen vald å prioritere oppgåver som er utviklingsretta og som krev oppsøkande verksemeld og tett dialog med landbruksnæringa, industrien, forsking etc. For å sei det direkte; vi er svært mykje ute – og køyrer eller er prosessdeltakar i mange endrings- og utviklingstiltak i fylket.

Eit omfattande tiltak for næringa er etablering av Rogaland landbrukspark. Situasjonen no er at det arbeidast med ein søknad om eit Arena-prosjekt. Dette er nå eit forprosjekt, kor målet er å få til eit hovudprosjekt f.o.m. 2014. I Arena-prosjektet er koplinga og samarbeidet mellom næringa, FoU og det offentlige, sentralt. Overordna mål med eit hovudprosjekt vil vere «auka matproduksjon på ein berekraftig måte» - og heile essensen i eit Arena-prosjekt vil då vere kva hovudutfordringar det må arbeidast med for å auke matproduksjonen på ein berekraftig måte. Per no er desse hovudutfordringane trekte opp; Sikre råvaregrunnlaget, kompetanse, språk og kulturforståing, bransjesamarbeid, omdømme, produktutvikling/innovasjon, miljø og sikre råstoff til kraftførproduksjon.

Storfeprosjektet er vel etablert i nært samarbeid med næringa og slakteria. Prosjektet har ein klar distriktsprofil (størst potensial for auka utnytting av grasressursane) og det har vore svært godt oppmøte på mobiliserings- og økonomikursa. Søknader til IN om investeringsmidlar til storfeprosjekt har høg prioritet. Effekten av prosjektet vil ikkje kome til syne før neste år.

Sauenæringa har hatt særleg oppfølging og prioritet dei siste fire åra. Etter at det treårige sauaprojektet blei avslutta i 2012, har utfordringar med beitebruk og smitte blitt vidareført som tema i to hovudprosjekt.

Rogaland har mange dyktige bønder, men sjølv dei flinkaste har behov for ny kompetanse for å tilpasse seg utviklinga og å utnytte potensialet i ny teknologi, nye produksjonsformer osv. Derfor har vi stimulert forskings- og utviklingsmiljøa til å intensivere arbeidet med tiltak som skal styrke kompetansen i heile verdikjeda. Resultatet for 2013 er at 20% av UTM blir brukt til kompetanse- og forskingstiltak.

Rogaland er ikkje eit stort skogfylke, men vi har ein omfattande treindustri i form av vindu- og dørproduksjon (Gilje, NORDAN, Sauda).

Skogselskapet i Rogaland har i samarbeid med blant andre Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland sett i gang prosjekt klimaskog. Målet med prosjektet er å lage system og verktøy for å erstatte gjengroingsmark med underoptimal tretettleik og mindreverdig virke (kratt) med nyetablert høgproduktiv kvalitetsskog. Prosjektet tar sikte på å etablere 6000 dekar klimaskog per år fram til 2020.

Prosjektet Bioenergi i Rogaland blei starta opp i 2013. Hovudføremålet med prosjektet er å få aktørar innan landbruket, offentlege instansar og utbyggjarar til å vurdere bioenergi som varmekjelde. Her er eit stort potensial i Rogaland.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) har nyleg godkjend eit nytt fagskoletilbod innan bioenergi i Rogaland. Dette er starten på ein prosess der målet er å forme og bygge eit nasjonalt kompetansesenter for bioenergi ved Strand videregående skole. Det blei i 2010 starta opp eit prosjekt med tittelen Kompetanse Energi Ryfylke (KER), finansiert av Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland. Hovudmålet med prosjektet var å utvikle eit utdanningsløp på fagskolenivå innan fagfeltet bioenergi. Dette for å tilby kompetanse på eit framtidsretta og viktig fagfelt, i tråd med ambisiøse mål om bruk av fornybar energi m.a. i Regionalplan for energi og klima.

Prosjektet tredrivar for Rogaland blir oppretthalde. Føremålet med satsinga er å få meir fokus på bruk av tre i byggi, auka samarbeid på tvers av bransjar og auka verdiskaping i trebasert industri. Tredrivaren skal vere ein viktig aktør i realiseringa av nasjonal politikk og vedtekne reginonale planar når det gjeld å auke foredling og bruk av lokalt råstoff, m.a. i ny klimamelding. Her er eit stort potensial i vekstfylket Rogaland.

Auka bruk av tre har stått sentralt i vårt oppdrag i mange år. Dette har resultert i mellom anna Rogaland Massivtre AS, som er ei ny verksemد om tilbyr komplette fjøsløysingar oppført i massivtre-element.

Landbruksfylket Rogaland er eit volumfylke av tradisjonell mat til folk flest. Det arbeidast godt og målretta innan lokalmatområdet – og det er etablert gode faglege nettverk for dette arbeidet. Når det gjeld omfang av økologisk landbruk er vi diverre på botn. Vi arbeider aktivt for å få vekst – og argumenterer m.a. også med at eit fylke som hevder å vere Matfylket – ikkje kan få diplom for det før vi også kan vise til eit monaleg større omfang av økologisk eigenproduksjon.

Når det gjeld gardsturisme ser vi at dei nasjonale turistvegane etter kvart utgjer ein viktig stimulans, men bøndene er fortsatt forsiktige med å investere tungt i reiselivsanlegg, grunna svak intening og usikre marknadars.

Fylkesmannen har arbeidsgivaransvar for fire distriktskonsulentar. Desse er våre lokale næringsutviklarar som er tett på landbruket i både Ryfylke, på Haugalandet og i Dalane. Ordninga er ei regional satsing som blir finansiert gjennom eit spleislag mellom kommunane, Innovasjon Noreg Rogaland og Fylkesmannen. Dei fire konsulentane

arbeider i hovudsak med etablerarrettleiing og mobilisering. I 2013 har vel 220 enkelttablerarar fått hjelp av desse fire næringsutviklarane, først og fremst innan landbruksbaserte næringar. Konsulentane arrangerer møte og er aktive pådrivarar innan gards- og bygdeturisme, matproduksjon, matforedling, Inn på tunet og grønt reiseliv, utmarksnæringar og småkraft. Dei er og aktive innan ulike satsingar som julereproduksjon og lokale mjølkeprosjekt. Generelt står mobiliseringsarbeid høgt på arbeidsplanen. Konsulentane er og viktige innan lokal næringsutvikling gjennom kontakt og samarbeid med kommunane, kommunale og interkommunale vekstselskap, reiselivsselskap og regionale aktørar som Skape.no og fylkeskommunen. Konsulentane våre er viktige støttespelarar for individuelle bønder og dei er tydeleg til stades i både lokalmiljø og media.

Fylkesmannen er direkte kopla til arbeidet med Regionale midlar til forsking, innovasjon og utvikling (VRI) gjennom ei 20 % stilling som kompetansemeglar innan landbruk. Nye prosjekt i 2013 har vore konsentrert kring tradisjonell landbruksproduksjon, så som Brannvarslingsanlegg, Veshovda Gjerdesystem, Parasittbehandling sau, Dialogmøte for grøtnæringa, Foredling av gulrot, Nye tomatsortar og Smaks- og innhalstsstoffer i agurk.

## Tverrsektorielt samarbeid og resultat i arbeidet med Inn på tunet

Det er framleis stor variasjon i kommunane sin bruk av Inn på tunet tilbod, og interessa har ikkje vore den vi kunne ønske. I fleire kommunar har talet på IPT-gardar gått ned. Kommunar som klarer å involvere fleire fagetatar og jobbar tverrfagleg lukkast best.

Når det gjeld Inn på tunet løftet, har vi berre hatt med 2 kommunar i Rogaland, Karmøy og Hjelmeland. Prosjektet i Karmøy kommune har fokusert på garden som pedagogisk ressurs. Bøtoppen gard har i denne samanhengen vore kommunen sin viktigaste samarbeidspartner i prosjektet, som i "løft"-perioden har blitt vidareutvikla som undervisningsarena. Resultatet av IPT-løftet i Karmøy kan oppsummerast med at kommunen har medverka til å profesjonalisere ein av IPT-gardane, men avvikla sine avtalar med fleire av dei andre tilbydarane.

Hjelmeland sitt IPT-løft-prosjekt har satsa på generell utvikling av Inn på tunet tilbodet i kommunen, men utan at prosjektet har lukkas med det. Tilskotet til prosjektet i Hjelmeland er no trekt tilbake frå Innovasjon Noreg.

Internt hjå Fylkesmannen er det i all hovudsak landbruksavdelinga som arbeider med IPT, men folk frå utdanningsavdelinga og helse og sosialavdelinga har også vore involvert i arbeidet. Det blei i 2012 skipa til ein tverrfagleg ressursgruppe der dei tre avdelingane hjå fylkesmannen er representerte, i tillegg til bransjeorganisasjonen "Inn på tunet – Rogaland", NAV, Bufetat og KS Rogaland. Dette har vore nyttig.

Vi har sett det som viktig i 2013 å fortsetje arbeidet med kvalitetssikring i samarbeid med næringa, og medverke til at godkjenningssystemet blir tatt i bruk av flest mogleg. Dette har vore utfordrande. Det har no vist seg vanskeleg å få fleire tilbydarar til å delta på kurset til Landbrukets HMS-teneste; "Inn på tunet – kvalitet og tryggleik". Vi har alternativt, i samarbeid med IPT- Rogaland, gjeve tilbod om heimebesøk frå HMS-konsulent. HMS-konsulenten kan hjelpe dei med å gå i gjennom godkjenningssystemet (standard 11), som ein førebuing til besøk frå KSL-revisor. Berre nokre få tilbydarar har takka ja til dette tilboden, og det kan sjå ut som det har vorte ein trøttleik i næringa mot meir byråkrati og "systemkrav".

Vi har i 2013 og fortsett informasjonsarbeidet mot kommunane. Alle har fått tilbod om besøk frå fylkesmannen og IPT-Rogaland, for å få informasjon om IPT generelt og det nye kvalitetssystemet/godkjenningsordninga. Interessa for å få slikt besøk har diverre vore liten. Det kommunane ofte etterspør er økonomisk tilskot som kan nyttast til drift av tiltaka. Her har vi lite å vise til, utanom dei midlane som kommunane kan søkje på frå Helsedirektoratet til drift av dagtilbod til heimebuande demente.

Det er vidare ein utfordring i vårt fylke at flinke bønder lett får seg godt betalte jobbar utanom garden. Dette konkurrerer både med IPT-satsinga så vel som dei andre bygdenæringane.

## 23.2 Skogbruk

### Utviklingen i skogbruket og utfordringane på skogområdet

#### Hogst

Rekordhogst med 130 000 m<sup>3</sup>. Hogsten har halde seg stabil og høg med eit snitt på over 100 000 m<sup>3</sup> årleg dei siste 5 åra. Førstehandsverdien er på 37 mill. kroner.

Gran utgjer 80 % av all innrapportert hogst, og hovudtyngda skjer i ung hogstklasse fire. Granskogen i fylket blir framleis kraftig overavverka, jf. ny fylkestakst.

Hogst av ung granskog er ei stor utfordring av fleire grunnar: 1) lønnsemda for skogeigar blir unormalt låg fordi både kvalitet og kvantum blir langt under det optimale. 2) verdiskapinga for samfunnet blir unormalt låg, 3) framtidig hogstkvantum vil måtta reduserast dramatisk og 4) lagringskapasiteten av CO<sub>2</sub> blir svært låg i forhold til det optimale.

Fylkesmannen har hatt fokus på å få ut informasjon og rettleiing rundt økonomiske konsekvensar av tidleg hogst

til både skogeigarar, næringsorganisasjonar og kommunal forvalting gjennom ulike kanalar, slik som media, tidskrift, samlingar, møtepunkt m.m.

Juletrefylket Rogaland har hatt ein aktivitet med i alt 57 000 juletre innrapportert til VSOP. Dette er ein nedgong på 17 000 juletre samanlikna med fjor. Aktiviteten har gått bratt nedover sida toppåret i 2010 med heile 155 000 juletre innrapportert. Ein del av denne nedgongen skuldast store klimaskadar hos dei største produsentar etter ein hard vinter. Førstehandsverdien utgjer 12 mill. kroner i 2013.

### **Skogkultur**

I 2013 gjekk skogkulturinvesteringane i Rogaland opp til 4,5 mill. kroner, mot 2,6 mill. kroner i 2012. Av denne auken på 1,9 mill. kroner står ein gjødslingsaksjon for 1,6 mill. kroner. Trass i ei liten auke i skogkulturinvesteringane er avstanden framleis stor, spesielt i forhold til å forynge hogstareala.

Planteaktiviteten gjekk ned i 2013 til 1050 dekar mot 1170 dekar året før. Dette er den lågaste noteringa på fem år. Med eit estimert årleg hogstareal (gran- og furuhogst) på mellom 2500 – 3000 daa dei siste 5 åra, er dette ei urovekkande utvikling og ei gradvis nedbygging av skogressursane og dei beste skogareala. Vi har no hatt mange år med underinvesteringar i planting etter barskoghogst.

Dette skjer trass i at Fylkesmannen på fleire vis har prøvd å snu utviklinga, med bl.a. stort fokus på kontroll og eige skriftleg opplegg for oppfølging. Sjølv om det er laga eit eige ferdigsydd opplegg for handheving av foryngingsplikta, er det ingen kommunar som så langt har teke dette aktivt i bruk. I tillegg har Fylkesmannen hatt fokus på å få opp investeringane i skogkultur gjennom prosjektretta arbeid (Aksjon skogkultur).

Ei nøktern vurdering av plantebbehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep, tilsvarer ei årleg total planteinvestering på minimum 3500 – 4000 daa dei første tre til fem åra. Nye tal frå landskogtakseringa viser eit foryngingsbehov på over 40 000 daa. 12 000 av desse 40 000 daa er areal med bonitet G17 eller betre, med andre ord høgproduktive skogareal som står utan foryngingstiltak .

Ungskogpleie har teke seg opp att etter nokre år med laber aktivitet. Her har vi ei auke på 800 dekar til 2200 dekar. Dette held nesten følgje med årleg trøng for ungskogpleie i forhold til dagens planteomfang, men er ikkje nok til å ta igjen tidlegare oppbygd etterslep. Aktiviteten burde vore på minimum 4000 daa for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO<sub>2</sub>-binding.

Ein stor del av arbeidet blir utført av utanlandsk arbeidskraft, organisert gjennom næringa og kommunane. Det finst utanlandsk arbeidskraft som kunne vore utnyttta enda betre, men dette fordrar at kommunane skaffar rasjonelle oppdrag.

### **Planting siste 5 år:**

- 2009→ 1120 daa
- 2010→ 1480 daa
- 2011→ 1210 daa
- 2012→ 1170 daa
- 2013→ 1050 daa

### **Ungskogpleie siste 5 år:**

- 2009→ 2200 daa
- 2010→ 1800 daa
- 2011→ 700 daa
- 2012→ 1400 daa
- 2013→ 2200 daa

I tillegg har vi hatt ein stor aksjon på helikoptergjødsling på tidlegare tilplanta gjengroingsareal/snauareal med behov for næringstilførsel for å få i gong veksten skikkeleg/ for å få full omsetning i jordsmonnet. Nokre få kommunar har lagt ned mykje arbeid for å finne eigna areal og gjere avtalar med grunneigarar. Dette har vore avgjerande for å få til kostnadseffektive og rasjonelle opplegg. Totalt er det gjødsla 5300 dekar. Kostnaden per dekar var på 300 kr. Med ideell tilførsel av nedbør etter gjødsling, har effekten av gjødslinga vore optimal. Gjødsling av desse areala fungerer som ungskogpleie på andre tilsvarende areal. Erfaringane frå tidlegare, er at ein med 1-2 rundar med gjødsling er sikra ein optimal produksjon og utvikling på planteinvesteringane.

## Skogsvegbygging

Vegbyggingsaktiviteten er dobla frå i fjor til totalt 19 km skogsveg ferdigstilt i 2013 (både bil- og traktorveg). Relativt sett er dette ein stor auke, men sett over litt tid er investeringsnivået svært lågt. I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett.

Manglande rettleiingsapparat/mobiliseringskapasitet og kompetanse innan vegplanlegging er hemmende på investeringslysta, og for framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Fylkesmannen har fokus på framdrift og mobilisering av vegprosjekt overfor kommunane jamleg. Dette har ført til at vi har fått ferdigstilt vesentleg fleire veganlegg.

### Vegbygging siste 5 år

- 2009 → 13 km
- 2010 → 16 km
- 2011 → 11 km
- 2012 → 9 km
- 2013 → 19 km

Med mange små skogeigedommar er det ei stor oppgåve å mobilisere og få fram gode fellesvegprosjekt. Vi registererer at det er liten kapasitet til å ta tak i større vegprosjekt, og mange kommunar dels kvir seg for å tak i større arbeidskrevjande fellesvegprosjekt. Dette betyr at vi ikkje alltid får fram dei beste vegløysningane.

Vi har fått på plass eit nytt samarbeid om vegplanleggjar med Hordaland og Sogn og fjordane gjennom Skogselskapet i Hordaland , som kan ta på seg prosjektering på ein del større veganlegg. Men til no har bistand til hovudplan for skogsvegar hatt førsteprioritet. Det er likevel slik at den største jobben ligg i mobilisering av skogeigarane før ein kan gå i gong med prosjektering.

Hovudplan for skogsvegar har også hatt høg prioritet i 2013, der vi m.a. har brukta mykje ressursar på oppfølging og påminningar overfor kommunane for å sikre framdrift. Kapasitet, kompetanse og prioritering av arbeidet ute i kommunane er hovudårsaka til at vi no ligg på etterskot. Sjølv om Fylkesmannen har kjøpt inn ekstra ressursar og kapasitet for å hjelpe kommunane, har ikkje dette vore tilstrekkelig for å sikre framdrift. Vi ligg langt etter tidsplanen (2011), og ser at vi også treng 2014 for å få på plass hovudplan skogsveg i dei fleste og største skogkommunane.

## Taubane og hest

Aktiviteten har hatt ein fin auke og det er teke ut  $5700 \text{ m}^3$  med taubane i 2013. Totalt er det utbetalt 450 000 kroner i tilskot.

### Taubane siste 5 år

- 2009 → 530 000 kr →  $4000 \text{ m}^3$
- 2010 → 390 000 kr →  $2500 \text{ m}^3$
- 2011 → 240 000 kr →  $2200 \text{ m}^3$
- 2012 → 350 000 kr →  $3500 \text{ m}^3$
- 2013 → 453 000 kr →  $5700 \text{ m}^3$

## Miljøtiltak i Skog

Dette ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2013.

## Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing -TSKOG. Skogbruksplanlegginga følger hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har heller ikkje blitt prioritert i 2013.

## Andre tiltak i skogbruket

For å bøte på manglande oppfølging frå kommunane har vi hatt fokus på skogkultur og direkte kontakt ut mot skogeigarane. I år har vi prøvd ein ny vri ved å ta i bruk lokale ressurspersonar med skogkompetanse og som kjenner lokale forhold svært godt. Utfordringa med desse har vore å få dei til å prioritere arbeidet mellom mange andre arbeidsoppgåver. Det vi likevel ser er at desse ressurspersonane er kostnadseffektive/genererer mykje aktivitet målt mot ressursbruk. Vi skulle gjerne hatt fleire slike ressurspersonar med god skogkompetanse å spele på, men dessverre er dette i stor grad mangelvare i store delar av fylket.

### Kystsogbruket og spesielle midlar til kystsogbruket

Rogaland er ein del av nettverket Kystsogbruket. Dette nettverkssamarbeidet har tilført fylket verdifull kompetanse og kjærkomne midlar til kompetanse og utvikling. Samarbeidet over fylkesgrensene gjer også at arbeidet blir meir kostnadseffektivt og kompetansehevande.

Kystsogbruket har etter Fylkesmannen si vurdering valt ei klok fordeling av kystsogmidlane ved at om lag halvparten av dei nye midlane går til fellesprosjekt, medan den andre halvparten går til å følgja opp fellesprosjekta og Kystsogmeldinga fylkesvis. I sum meiner vi denne fordelinga har ført til nær optimal bruk av desse midlane. Svært mykje av optimismen og det positive som har skjedd langs kysten siste åra, skuldast nettopp høve til å bruka denne type midlar spissa og kostnadseffektivt der skoen trykkjer mest.

Innbakt i kystsogmidlane ligg også dei ”gamle” midlane til kompetanseheving og virkesomsetning. Dette er midlar skogreisingsfylka årleg har fått tildelt sidan tidleg på 1970-talet. I eit fylke med sterkt avgrensa rentemiddelbudsjett har desse midlane vore heilt avgjerande for å halda oppe eit visst minimum av skogdagar, kurs og anna informasjonsverksemde.

Tildelinga til Rogaland for 2013 er på kr 900 000,-. Bruken av midlane er tiltak i tråd med ”Melding om Kystsogbruket” og vedtak i styringsgruppa for kystsogbruksprosjekta. For 2013 går midlane til følgjande tiltak:

#### Fellestiltak:

- 31 000 : Forprosjekt infrastrukturprogram
- 80 000 : Taubaneprosjektet
- 95 000 : Skogsveg- og virketerminalprosjekt
- 72 000 : Prosjekt/sekretariat for FM
- 80 000 : Infrastrukturprogram

Sum fellestiltak: 358 000 kroner

#### Regionale tiltak:

- 100 000 : Korte distriktskurs, skogdagar, informasjonsarbeid mv.
- 175 000 : Vel Skog Vest – samarbeidsprosjekt med Hordaland
- 135 000 : Prosjekt verdiskaping og CO<sub>2</sub> – binding
- 130 000 : Rogaland Skognæringsforum
- 2 000 : Leige av digitaliseringshjelp – hovudplan skogsvegar

Sum regionale tiltak: 542 000 kroner

Dei ulike fellesprosjekta er det rapportert særskilt og meir utfyllande om til SLF og fylkeskommunane.

#### Hovudutfordringa framover

Med 65 % reduksjon i løvinga for 2014 blir utfordringa å prioritere resterande midlar slik at vi får avslutta pågående prosjekt samstundes som dei gir god kost/nytteeffekt. Men nytteverdien av fellesprosjekta vil i vårt fylke måtta gå ned. Det same vil kurs og anna opplæring og informasjonsarbeid. Samla sett vil tiltaksarbeidet på denne sektoren bli redusert med meir enn 65 % fordi kystsogmidlane ofte var utslagsgivande for å få andre prosjektmidlar.

#### Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer m.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for

skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har heller ikkje i 2013 hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar eller kontroll med oppfylling av hogstvilkår i samband med tilskot til vegbygging.

### *Resultatkontroll av forynging og miljø*

Vi ser at stadig fleire kommunar let vere å gjennomføre dei lovpålagde kontrolloppgåvene knytt til den ordinære og faste resultatkontrollen av forynging og miljø. Dette er også likt for den ekstraordinære kontrollen.

For den faste og ordinære resultatkontrollen for skogbruk og miljø er berre 70 % (28 av 40 hogstfelt) av alle kontrollflater kontrollert. For den ekstraordinære kontrollen er berre 51 % (14 av 27 hogstfelt) kontrollert. I tillegg har vi et stort etterslep, der mange kommunar etter fleire purringar, ikkje har levert kontrollane for 2012 og 2011.

Resultata frå kontrollen har avdekkta alarmerande lite forynging av hogstflatene, og stadfestar i stor grad at vi driv med avskoging på dei beste skogareala med den beste skogen. Resultata frå den samla kontrollen, både ordinær og ekstraordinær, viser også at hovudtyngda av granskogen blir hogd lenge før den er hogstmoden.

Det er gjennomgåande lite skriftleg dokumentasjon som blir sendt ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der ein må bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukta skogbrukslova aktivt etter at foryngingsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det det og vanskeleg å følgje opp dette i tråd med regelverket jf. tilrådingane til SLF.

### *Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot*

Resultatkontrollen på skogsvegar har vore ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor, men vi har i 2013 avdekt fleire store avvik på skogsveganlegg. Fylkesmannen har vore ut på 4 veganlegg der resultatet er blitt nedklassing av vegstandard på 2 av desse veganlegga. Årsaka er først og fremst manglande planlegging av veganlegga og oppfølging. Krav om at kommunen skal godkjenne byggjeplan før ein går i gong med vegbygging manglar i 3 av 4 av desse sakene. I tillegg fører manglande kompetanse i kommunane til redusert kvalitet på arbeidet og ei stor utfordring når tiltaka skal ferdiggodkjennast.

### **Hovudutfordringar**

- Lite kompetanse og ressursar i kommunane:** Den største flaskehalsen for gjennomføring av nasjonal og regional skogpolitikk er manglande kompetanse og ressursar i kommunane. Ansvaret for skogoppgåvene i kommunane forvirrar og splittast opp i mange små stillingsbrøkar. Vi no oppe i 16 personar fordelt på om lag 5 årsverk til oppgåveløysing på skogområdet.
- Nedbygging av skogressursane:** Store hogstareal blir ikkje lagt til rette med ny skog. Ny fylkestakst (Landskogtakseringen Skog og Landskap) viser eit foryngingsbehov på over 40 000 daa. Dei siste 10 åra er det planta i gjennomsnitt 900 dekar årleg. Utviklinga vi ser er ikkje berekraftig med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO<sub>2</sub>- binding, og er i motstrid til miljø- og skogpolitikken .
- Manglande infrastruktur – private og offentlege vegar og utskipingsterminalar:** Investeringar i skogsvegar er svært låg. Med ei vegdekning på under halvparten av skogstroka har vi langt att til eit rasjonelt utbygd vegnett. Vi er avhengige av gode vegløysingar for moderne og økonomisk drift av skogareala frå stubbe til industri. Vi er prisgitt eit offentleg vegnett som taklar ein effektiv tømmertransport og tilgang til strategiske utskipingsterminalar for tømmer.

Desse utfordringane er godt forankra gjennom ei rekke regionale planar, men det manglar i stor grad eit apparat som i praksis kan følgje opp.

## **Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk**

### **24.1 Jordvern og kulturlandskap**

#### **Status i omdisponering av dyrka og dyrkbar jord**

Snittet dei siste 8 åra i Rogaland har vore omdisponering av 1220 dekar dyrka jord – det doble av ”jordvernmalet” for Rogaland. I tillegg til dette kjem vesentlege areal med dyrkbar jord som blir omdisponert. Om lag 2/3 av den totale årlige nedbygging av matjord i Rogaland skjer på Jæren. Skal Rogaland følgje opp det nasjonale jordvernmalet (mindre enn 6000 dekar årleg omdisponering av dyrka jord), bør ikkje den årlege omdisponeringa i vårt fylket vere meir enn maksimalt 500-600 dekar dyrka jord.

Rogaland omdisponerte 545 dekar dyrka jord i 2012. Det er vesentleg lågare enn tidlegare år. Vi legg til grunn at den reduserte omdisponeringa er eit resultat av lengre tids godt arbeid regionalt. Gode regionale og lokale planprosessar er viktige for å redusere omfanget av omdisponeringa. Bruk av tilgjengelege verkty i plan- og bygningslova, medrekna motseigner til kommunale arealplanar, i eit visst omfang er nødvendig. Skal den gledelege utviklinga med redusert omdisponering halde fram, er nasjonal oppfølging av Fylkesmannen sin praksis avgjerande.

## Aktivitet og utfordringar i dialogen med kommunane for å nå dei nasjonale måla om å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane

Fylkesmannen si dialog skjer ved:

- Rettleiing gjennom enkeltpamar, temarettleiring og fagsamlingar
- Formidling av nasjonale og regionale forventningar til kommunalt nivå
- Deltaking på oppstartsmøte ved kommuneplanrevisjonar
- Deltaking i Regionalt planforum
- Deltaking i regionalt planarbeid i saman med kommunar og fylkeskommune, Statens Vegvesen, Jernbaneverket m.m.
- Deltaking i samarbeidsgrupper i større samferdsleprosjekt, tidleg i planprosessar
- Motsegn og faglege råd i plansaker på høyring
- Mekling og drøftingsmøte for plansaker

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Dette blir i varierande grad blir følgt opp lokalt. I Rogaland er det framleis ein vesentleg veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald av jordvern- og landbruksvurderingar i konsekvensutgreiingar og andre viktige plandokument.

## Sentrale utviklingstrekk for jordvernet i fylket og hovudutfordringar i verkemiddelbruk og tiltak (medrekna omdisponering av dyrka og dyrkbar jord).

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er eit stadig press på omdisponering av LNF areal, både gjennom overordna planar og ved einskildsaker etter plan og bygningslova.

I Rogaland har vi lang erfaring med bruk av regionalplan (fylkesdelplanar) for byutvikling og areal og transport. Effekten av vedtekne regionalplanar er avhengig av at Fylkesmannen tar ei aktiv rolle i å sikre gjennomføring av planane. Vedtekne planar gir få resultat, det er den faktiske bruken av planen som avgjer.

*Kompetanse og gjennomføringskapasitet i forvaltninga*

*Kommune*

Faglig kompetanse og kapasitet, og vilje i kommunane til faktisk å prioritera jordvern og landbruksomsyn er avgjerande for gjennomføring av den nasjonale jordvernpolitikken. Den lokale landbruksforvaltinga også i Rogaland er under press når det gjeld kapasitet og kompetanse. Fokus på den kommunale forvaltninga er difor framleis viktig. Gjennomføringskapasitet i kommunane er ein avgjerande suksessfaktor for å kunne nå dei regionale og nasjonale mål for areal og ressursforvaltninga i landbruksområda. Redusert kvalitet og kapasitet på planarbeid og landbruksinteresser, gir eit auka press på kapasiteten hjå f.eks, Fylkesmannen. Varierande kvalitet på kommunalt nivå er ein risiko i høve rettstryggleik, og næringsinteressene for landbruket risikerer å ikkje bli ivaretatt lokalt.

## Fylkesmannen

Gjennomføring av nasjonal jordvernpolitikk krev gjennomføringskraft hjå Fylkesmannen, då vi ofte står åleine i arbeidet for å ivareta omsynet til jordvern. Fylkesmannen i Rogaland har generelt ei stor utfordring med å rekruttera og behalde medarbeidarar med høg planfagleg kompetanse.

### Konkrete planer – samferdsleprosjekt – samordning regional stat

Utanom byveksten som truar mange gode jordbruksområde, er store samferdselsprosjekt ei av dei største utfordringane for jordvernet og landbruket sitt ressursgrunnlag i Rogaland. Det er planlagt fleire større prosjekt i ”Kjerneområde landbruk”, som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser og viktige kulturlandskapsverdiar:

- Utviding og omlegging av ny 4 felts veg for E 39 sørover frå Sandnes til Ålgård
- Ny veg mellom Jæren og Ålgård/E 39
- Ny fv 505 nord -sør, Foss-Eikeland til Kverneland, aust for Bybåndet sør
- Transportkorridor vest gjennom Sola, Stavanger og Randaberg kommune
- Utviding av E39 frå 2 til 4 felt gjennom Randaberg og Stavanger nord
- Omkjøringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune
- Omlegging av E 39 ved Vikeså i Bjerkreim
- Sykkelstamveg Stavanger – Forus Sandnes

Fylkesmannen deltek i ulike prosjektgrupper og underveis i planlegginga av nye samferdselstiltak, så langt kapasiteten vår tillet. Det er også stor grad av deltaking i dialogmøte og liknande underveis i reguleringsplansaker, av større eller mindre art knytt til samferdselstiltak. Trass i store faglege utfordringar, opplever vi ein konstruktiv dialog og betre samordning mellom Fylkesmannen og Statens Vegvesen i seinare år, både på saksbehandlar og leiarnivå.

Rogaland si deltaking i den nasjonale prøveordninga med regional statleg samordning av motsegner, har som mål å gi endå betre dialog og effektive planprosessar.

### Spreidde tiltak i LNFområde – dispensasjon frå plan

I tillegg til omdisponering og press på landbruksareala gjennom overordna planar, er det eit vesentleg omfang av dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk i Rogaland.

2013 syner ein vesentleg reduksjon i dispensasjonar etter plan og bygningslova innanfor LNF-områda, samanlikna med 2012 (tal for dispensasjonar i strandsona og verne område kjem i tillegg). Fylkesmannen fekk 155 saker til uttale i 2013, mot 210 saker i 2012.

Nokre av desse klagane blei teke til følgje av kommunane, men hovuddelen enda hjå settefylkesmannen til endeleg avgjerd. Det er framleis mange saker der settefylkesmannen i klagebehandlinga opphevar kommunen sitt vedtak på grunn av mangelfull eller feil saksbehandling i kommunen.

Dispensasjonar i LNF-område etter § 19-2 i plan og bygningslova (utanom strandsona og verneområde) og tal saker der kommunen sitt vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 19 i PBL:

- **2013:** 155 saker – 32 påklaga
- **2012:** 210 saker – 29 påklaga
- **2011:** 193 saker – 37 påklaga
- **2010:** 169 saker – 15 påklaga
- **2010:** 169 saker – 15 påklaga
- **2009:** 173 saker – 21 påklaga
- **2008:** 178 saker – 42 påklaga
- **2007:** 237 saker – 39 påklaga

Vår klage blir tatt til følgje i så godt som alle dei sakene der klagen blir behandla av settefylkesmannen. I snitt er det ei til to saker i året der klagen ikkje blir tatt til følgje. Dette resultatet seier oss at vi har lagt oss på et riktig nivå for våre klager.

Over tid og i sum representerer dispensasjonar frå plan eit inngrep i jordbrukslandskapet, der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Dispensasjonar utgjer også ein trussel og ei utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk. Fylkesmannen legg stor vekt på at det skal kunne drivast effektiv landbruksproduksjon i desse områda, og ser det som viktig å unngå at næringsverksemda blir hemma av i aukande grad å måtte ta omsyn til interesser som ikkje er knytt til landbruket.

### **Erfaringar og resultat med iverksetting av tiltak for dei områda som inngår blant utvalde kulturlandskap i jordbruket**

Ramme for Rogaland for 2013:	670 000,-
<u>Overført frå 2012</u>	<u>172 935,-</u>
<i>Sum for 2013</i>	<i>842 935,-</i>

Midlane er disponert på følgjande måte:

Årlege avtalar om skjøtsel	449 840,-
<u>Feltregistreringar, skjøtselstiltak, turstiar, brosjyre, film, skilt, mv...</u>	<u>456 788,-</u>
<i>Sum disponert</i>	<i>906 628,-</i>

Overskytande behov på 63 698,- vil bli dekt av ramma for 2014.

### *Nye feltregistreringar av biologisk mangfold*

Føringane for dei utvalde områda som omsynssone i kommuneplanen for Rennesøy kommune er at areala skal drivast i tråd med skjøtselsplanar og grunneigaravtaler. Dagens skjøtselsplanar byggjer på feltregistreringar frå 1995. Ecofact ble difor hyra inn i 2013 for å oppdatera status for biologisk mangfold. Rapporten frå feltregistreringane viser at skjøtselsplanane for kvar einskild eigedom bør revideras snarast råd, slik at arealgrunnlag og utmåling av tilskot blir rett. Resultatet av feltarbeidet på biologisk mangfold vil bli kartfesta og lagt inn i Naturbasen. Dette gir forvaltinga høve til ein tettare oppfølging på at verkemidel bruk og tiltak står i forhold til ønska utvikling av områda.

### *Grunneigarane ønsker å vite meir om verdiane på sin eigedom*

Dei ville ha meir kunnskap om kva biologiske verdiar dei har på sine eigedomar, korleis identifisera dei verdifulle planteartene, kor dei var lokalisiert og kva som er rett skjøtsel. Ecofact ble difor engasjert for å ha jamleg kontakt med grunneigarane for å motivere til konkrete og riktige skjøtselstiltak. Fylkesmannen i Rogaland trur at ei auka forståing av dei verdiane som grunneigarane til saman forvaltar kan motivera dei til meir innsats både på eigen eigedom og i samarbeid på tvers av eigedomar.

### *Beitetrykk, ein utfordring!*

Rettbeitetrykk er blant dei største utfordringane i skjøtselen av områda. I nokre områder har beitetrykket vore for høgt medan andre stader, for lågt. Eit tiltak som nå blir vurdert er å slå saman kystlynghei- og utmarksområder til

ein felles beiteområde der beitedyra fritt kan bevege seg på tvers av eigedomsgrensar. Dette kan til dømes opne for eit tettare samarbeid mellom grunneigarane på skjøtsel og til praktisk tilpassing av beitetrykk.

Pr. i dag er det delte meningar om kva som kan anbefalast som beitetrykk på ulike markslag i utmark. Fylkesmannen i Rogaland meiner at her har forskinga ei stor og utfordrande oppgåve dei bør gripe fatt i. Dette er ei relevant problemstilling over heile landet.

### ***Vedlikehald av turstiane, ein utfordring med høg prioritet***

Kommunen regner grovt med at det årleg er inntil 15 000 turgårarar som nytter den mest populære ruta frå Sel til Hodnetoppen. Auken i tal turgårarar på turstiane viser auka samfunnsnytte samstundes som det er stor slitasje på og langs turstiane. Kommunen har starta opp med vedlikehald av den mest belasta turstien etter ein plan utarbeidd i samarbeid med Fylkesmannen og andre fagpersonar. Prosjekt for å synliggjere og informere om utvalde automatisk freda kulturminne langs turstiane blir vidareført i 2014.

### *Informasjon og formidling*

#### *Internett og Facebook*

Utvalde kulturlandskap sin side på Facebook blir administrert av Fylkesmannen i Rogaland. Sjølv om bidrag frå dei forskjellige områda elles i landet kunne vore betre, har vi registrert auka interesse for å legge ut tekst, bilete og arrangement på desse sidene. Røsslyngen beitetag (består av tre grunneigarar med skjøtselsavtale) er aktive med å marknadsføre sine produkt på eigne internetsider og på Facebook.

### *Informasjonsbrosjyren er snart oppdatert*

Rennesøy kommune har jobba med å oppdatere informasjonsbrosjyren til dei utvalde områda etter den nye grafiske profilen til utvalde kulturlandskap. Informasjonsbrosjyren som er venta å bli trykt opp i løpet av våren 2014 har òg fått tekst på engelsk og tysk.

### *Turistboka «Nordsjøvegen, en reise i vakkert kystlandskap»*

Turistboka «Nordsjøvegen, en reise i vakkert kystlandskap», utgitt av Vest Foto & Forlag i oktober 2013, er eit samarbeidsprosjekt mellom Vest Foto & Forlag og 25 kystkommunar frå Kristiansand til Haugesund. Kvar av dei 25 kommunane er omtalte med seks til ti sider i boka. Boka med bilete hadde eit fyrsteopplag på 4000 og er teksta på norsk, engelsk og tysk. Med vilkår om at dei utvalde områda i Rennesøy blei tatt med i boka bidrog kommunen med midlar gjennom UKL-potten. Vest Foto & Forlag har i tillegg oppretta ei eiga nettside med bileta frå dette bokprosjektet. Fylkesmannen i Rogaland meiner at UKL-bidraget til denne boka kan gjøre dei utvalde områda i Rogaland meir kjente for mange innan- og utanfor eige fylke.

### *Filmprosjektet*

Hausten 2013 ble dei siste filmoptakta i dei utvalde områda gjort av Adalia Film. Ei lokal teatergruppe med ungdom frå Rennesøy kommune er aktivt med i filmen. Adalia Film har ikkje levert filmen i samsvar med avtale og bestilling. Fylkesmannen i Rogaland vil følgja denne saka vidare i 2014. Tross utfordringar, meiner vi at denne filmsatsinga er eit viktig ledd av ein strategi for å gjere verdiene i dei utvalde områda Rogaland kjende både lokalt og regionalt. Filmen vil òg vere ein god dokumentasjon på kva verdiar som ligg til grunn for at dei verdifulle områda i Rennesøy kommune er med i dei nasjonale utvalde kulturlandskap.

### *Skilting*

Store kart over Rennesøy kommune med innteikna omsynssone for UKL er sett opp ved knutepunkt for trafikk langs E39. Ved innfallsportane til alle turstiar inn i områda er det satt opp kart og forklaringar. Nye skilt etter ny grafisk profil for utvald kulturlandskap er bestilt. Det er ønskeleg å setja opp skilte mot dei utvalde områda ved

hovudvegar. Fylkesmannen i Rogaland meiner likevel at framfor å forhandle dette med Statens vegvesen regionalt bør dette tas opp til vurdering nasjonalt.

#### *Utfordringar som er diskutert*

- Forvaltningsplan og/eller berre skjøtselsplanar?
- Plan for restaurering av viktige kulturhistoriske bygg innanfor utvalde områdar.
- Fjerne piggtrådgjerder og restaurere steingarder som er i dårlig forfatning.
- Dokumentasjon gjennom biletar.
- Kva er den beste organiseringa og ansvarsfordeling for å sikre gode prosesser for god framdrift og gjennomføring av skjøtselstiltak?
- Korleis involvera kulturminnemyndigheitar meir i satsinga?

#### *Sluttvurdering*

Rennesøy kommune har i fleire år vore blant kommunane med høgast befolkningsvekst i landet. Dette har lagt mykje press på areala i kommunen. Fylkesmannen i Rogaland meiner at statusen områda har som utvald kulturlandskap, bruken av områda til aktivt landbruk og den nytten områda har for friluftsinteresserte i kommunen har vore eit godt vern mot utbygging.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at den vidare satsinga for utvald kulturlandskap i Rogaland stiller krav til at den økonomiske kompensasjonen for grunneigarar med skjøtselsavtalar blir oppretthalden. Grunneigarane er opptatte av økonomisk stabilitet på lengre sikt i arbeidet dei har avtale om å utføre. Dei økonomiske verkemidla gjennom UKL er ein av årsakane til at areal i utvalde områdar ikkje er omdisponert til ein meir effektiv og intensiv landbruksproduksjon.

## **24.2 Samfunnsplanlegging**

### **Hovudtrekk i arealbruksutviklinga og aktivitetane for å sikre landbruket sine arealinteresser i samfunnsplanlegginga**

Delar av det som er rapportert under kap. 24.1 vil vere delvis overlappande.

Arbeidet med Regionalplan Jæren (Fylkesdelplan for langsiglig byutvikling på Jæren) blei sluttført i 2013. Fylkesmannen har bruk mykje tid i oppfølging av dette svært krevjande planarbeidet i 2013.

Det pågår også arbeid med revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet, der Fylkesmannen er representert i både i prosjekt og arbeidsgrupper.

Arbeidet med interkommunal kommunedelplan ”Bybåndet sør” – Sandnes – Time – Klepp kommune vart sluttført i 2013. Fylkesmannen har bruk mykje tid i oppfølging av dette svært krevjande planarbeidet i 2013. Arbeidet har hatt eit tydeleg konfliktnivå, ikkje minst i høve nasjonale jordverninteresser. Planen blei vedteken med unnatak av eit utbyggingsområde på 350 dekar matjord på Frøyland. Det blei gjennomført mekling i saka hausten 2013. Saka går etter alt å dømme til endeleg avgjer i Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD)

Fylkesmannen har i 2013 delteke i tett dialog med Sandnes kommune i arbeidet med eigen kommunedelplan for langsiglig byutviklingsretning i Sandnes aust, og revisjon av kommuneplanen for Sandnes. Krevjande arealbruksspørsmål og utgreiingssarbeid står att

Her følgjer ein oversikt over pågående overordna og regionalt planarbeid der representantar frå Fylkesmannen si landbruksavdeling deltok i 2013:

- Revisjon av Fylkesdelplan for langsiglig byutvikling på Jæren
- Revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet
- Interkommunal kommunedelplan ”Bybåndet sør” – Sandnes – Time – Klepp kommune
- Kommuneplan Sandnes inkl arbeidet med langsiglig utviklingsretning Sandnes Øst,
- Kommunedelplan – Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes – Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Kommunedelplan ny E 39 i Gjesdal og Sandnes, Ålgård – Hove

## Status og erfaringer i arbeidet med verneplanar, energisaker og konsekvensutgreiingar

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2012.

### **Bruk av motsegn knytt til landbruk i saker etter plan- og bygningslova (m.a. om grunngjeving resultat og tal saker totalt, til mekling og til Miljøverndepartementet).**

I 2013 har Fylkesmannen hatt åtte kommuneplanar og seks kommunedelplanar på høyring. Fylkesmannen fremma motsegner knytt til jordvern og landbruksinteresser i fem av desse.

### **Status i samordnings- og koordineringsarbeidet innanfor samfunnssikkerheit på landbruks- og matområdet**

Landbruksdirektøren møter i Fylkesberedskapsrådet. Elles er tre medarbeidarar frå landbruksavdelinga med som ressurspersonar i Fylkesmannens kriseorganisasjon. Dersom det oppstår utbrot av plante- eller dyresjukdomar i eit område, blir fagpersonar hos Fylkesmannen raskt inviterte til møte i regi av Mattilsynet for oppdatering. Karttema relevant for landbruk og beredskap er tilgjengelig i temakartportalen, og det er utarbeidd eit eige hendingeskort for «Dyrehelse» i Plan for Ekstraordinære situasjoner, kriseledelse og samordningsansvar.

I Regionalplan for landbruk i Rogaland er det og eit eige kapittel om beredskap. Her er det mellom anna fokus på at vurdering av risiko og handtering av dyre- og plantesjukdomar må inn i kommuneplanar.

## **24.3 Klimautfordringene**

### **Aktiviteten knytt til aukt bruk av trevirke og satsing på bioenergi, status og utfordringer på området**

#### **Aktivitetar**

Aktivitetar på dette feltet må sjåast i samanheng med anna arbeid på skogområdet. Arbeidet med å sikre tilplanting med kvalitetsskog etter hogst er såleis også eit godt klimatiltak. Gjennom møte, kurs og fråsegner til kommunale energi- og klimaplanar prøver også Fylkesmannen å legge til rette for at kommunane i større grad skal vere med å sikre eit meir stabilt klima.

Fylkesmannen medverkar til ei viss koordinering av arbeidet for auka bruk av tre og bioenergi, men både kompetanse og ressurstilgang set klare grenser. Det alt vesentlege av motiveringsarbeid, rettleiing og oppfølging av operative aktørar skjer difor gjennom prosjektretta utviklings- og tilretteleggingsarbeid.

Spesielt innan bioenergi er det behov for ei betre samordning og tilrettelegging mellom ulike aktørar. Prosjekt Tredrivar for Rogaland er eit prov på at der det brukast litt offentlege ressursar, der blir det også utløyst ressursar i næringa; jf. Rogaland treforum.

#### Tresatsing

I Rogaland blir berre ein svært liten del av skogsvirket forelda innan fylket. Ein stadig større del av rundtømmeret blir eksportert. Det gjer at vi mister størstedelen av verdiskapinga som dette skogsvirket kunne gi. Og vi mister også delar av klimagevinsten ved bruk av kortreist trelast.

Grunna manglande ressursar og kompetanse arbeider Fylkesmannen for auka tresatsing først og fremst gjennom prosjektretta arbeid. Viktigast for tresatsinga er prosjekt Tredrivar i Rogaland, med engasjert tredrivar i cirka 30 % stilling. Prosjektet starta opp i september 2012. Ein god del av denne ressursen går til oppbygging av nettverket Rogaland treforum. Gjennom tre minglemøte i året med god oppslutning frå heile verdikjeda, er dette blitt ein suksess. Arkitektar, ansvarlege for bygdesager og byggmeistrar m.fl. møter til fagforedrag og felles utfordringar.

Elles jobbast det konkret med å få innpass hos urbane utbyggjarar med tanke på bruk av tre. Prosjektet var aktive i søknad om midlar til den nasjonale skogindustripakken på 65 mill. kroner. Resultatet blei 10 søknader og ei innvilga ramme på 6,7 mill. kroner.

Ei utfordring er å auka foredlinga av lokalt råstoff. Norsk bygdesagforening avd. Rogaland har i 2012 etablert firmaet Rogaland Massivtre AS for produksjon av massivtreelement, i første omgang til fjøsbygging. Dei første fjøsa er reiste og har vekt stor interesse.

## Bioenergi

Bioenergi i form av flis har framleis stor konkurranse i Rogaland. Dette gjeld kanskje spesielt energikjelder som olje, fossil gass og elektrisitet. Lite kompetanse og små ressursar til motivering og anna informasjonsarbeid er også ei medverkande årsak.

Prosjektet Fornybar energi frå skogen i Rogaland v/Vestskog SA blei avslutta desember 2012. Prosjektet medførte fleire interessante utbyggingar. Gjennom dette og tidlegare prosjektarbeid innanfor bioenergi har det lukkast å få inn tanken om bruk av bioenergi som ei viktig energikjelde både i enkeltkommunar og i fylkeskommunen.

Partnarskapen løvvde i 2013 midlar til eit nytt treårig prosjekt med Vestskog SA som prosjekteigar for å følgja opp påstarta utbyggingar og motivera for nye. Vestskog SA måtte i ettertid seia frå seg å vera prosjekteigar, men etter drøftingar i partnarskapen, tok Rogaland landbrukselskap på seg å vera prosjekteigar. Prosjekt Bioenergi Rogaland starta i september 2013. På kort tid har prosjektet makta å mobilisera både i landbruket (her også veksthus), i det offentlege og hos private utbyggjarar. I alt 29 anlegg er under utgreiing og eller planlegging. I tillegg er det jobba med å skapa merksemrd rundt bioenergi, i første omgang i landbruket. Artiklar i Bondevennen og massemedia pluss tre fagdagar har medført stor interesse.

Førerels resultat viser at det med proaktiv innsats kan skapast både interesse og vedtak om bruk av bioenergi. Erfaringane viser også at utan slik prosjektretta innsats, skjer det svært lite på bioenergifronten i Rogaland. Grunna usikre rammer for vidare prosjektfinansiering, står prosjektet per dato litt i stampe.

## **Hovudutfordringar**

- Storparten av tømmeret frå Rogaland går ut av fylket for vidareforedling. Det er ei utfordring for tresatsinga. Det reduserer interessa både for skogbruk og lokalt trevirke til byggjeri. Samstundes er det stor import til fylket av trelast. Dessutan står betongnæringa svært sterkt i Rogaland, og storparten av byggjeaktiviteten er urban.
- Bioenergi har stor konkurranse i energifylket Rogaland, med lett tilgang til olje, fossil gass og billeg konsesjonskraft. Ei svak skognæring slit framleis med å få praktisk gjennomslag for bruk av bioenergi trass i ambisiøse mål i regionale planar. Men enkeltkommunar og fylkeskommunen har som resultat av prosjektarbeid sett i gong tiltak.
- Felles for desse satsingane er manglande kompetanse og ressursar både i næringa, tiltaks- og forvaltningsapparatet og blant brukarane. Reduserte rammer til prosjektretta arbeid vil difor kunna få store konsekvensar for tre- og bioenergisatsinga i Rogaland.

## **Arbeidet med klimatiltak innanfor landbrukssektoren**

### *Faghefte om praktisk drenering 2012/2013*

Ein god vasstilstand i jord gjennom riktige gjennomførte dreneringstiltak er ein føresetnad for god jordkultur, god næringsutnytting og god plantevokst. God jordkultur bidreg til å redusere prosessar på landbruksjord som fører til utslepp av mellom anna lystgass. Mykje av den gode kunnskapen om drenering var i ferd med å gå tapt medan behovet for å drenere tidlegare drenert jord var og er ein aukande utfordring i heile landet.

Fylkesmannen i Rogaland inngjekk i 2012 samarbeid med Bioforsk Fureneset om å samle og samanfatte forsking og praktisk kunnskap om drenering til eit faghefte om praktisk drenering. Målgruppa for fagheftet var bønder, entreprenørar, rådgivingstenesta og kommunal landbruksforvaltning. Landbruksavdelingane hjå fylkesmannen i 6 kystfylker, - frå Aust-Agder til Møre og Romsdal, bidrog økonomisk til at fagheftet vert distribuert til bønder i

desse fylka.

Det vert i 2013 arrangert fagmøtar om drenering i dei 6 fylka. Fylkesmannen i Rogaland deltok på to av fagmøta i Rogaland. Vi hadde foredrag om «*drenering, eit viktig bidrag til dei nasjonale målsettingar for klimagassutslepp*» under kursuka til Norsk Landbruksrådgiving. Drenering har også vært eit tema under dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning i Rogaland i 2013.

### **Oppfølging av kommunale klima- og energiplanar**

Alle kommunar i Rogaland har, med unntak av to kommunar, ein politisk vedteke klima og energiplan. Her har kommunane sjølv sett mål og tiltak for deira innsats i arbeidet med å nå regionale og nasjonale mål på mellom anna reduserte klimagassutslepp der landbruket må ta sin del. Fylkesmannen i Rogaland har ikkje følgt opp kommunane sin innsats for oppfølging av deira klima og energiplanar i 2013.

### **Oppfølging av arbeidet med biogassanlegg i fylket**

Fylkesmannen i Rogaland har i fleire år jobba aktivt saman med landbruksnæringen, faglag i landbruket, - og aktørar i privat og offentleg sektor for felles innsats for å motivere til etablering av biogassanlegg i fylket.

Fylkesmannen i Rogaland var med prosjektet «*Biogass Rogaland*» på ein fagturn til Høgskulen i Telemark den 01. oktober 2013. Her fekk vi mellom anna vite meir om samarbeidet mellom Høgskolen i Telemark og FoU instituttet Tel-Tek på energieffektive produksjonsprosessar og lågutslepp. Viktige tema som blei diskutert på fagturen var erfaringsutveksling og nettverks-bygging mot eit formelt/uformelt samarbeid om teknologi knytt til produksjon av biogass.

### **Tiltak i RMP med effekt på klimagassutslepp og ammoniakkutslepp**

2013 var første år med tilskot til miljøvenleg gjødselspreiing i RMP, og vi fikk med dette 8 mill i friske midlar. Vi innskjerpa krava til at gjødslingsutstyret må brukast ved alle gjødslingane med husdyrgjødsel på omsøkt areal. Effekten per dekar med dei nye reglane er klart større enn i pilotordninga der det var nok å bruke utstyret berre ein gong (vanlegvis på våren) for å få tilskot. Tidspunkt for bruk av husdyrgjødsel i Rogaland er normalt vår, etter 1. slått og etter 2. slått.

Tilskotsområdet blei samtidig kraftig utvida, og vi gikk ut med melding om reduserte satsar (frå 80 kr/dekar til 50 kr/dekar). I val av tilskotsområde blei nedslagsfelt til sårbare vassdrag prioritert. Sjølv om spreieteknikk først og fremst påverkar nitrogentapet, vil også effekten på fosfortap vere positiv. Gjødsla kjem raskare i kontakt med jord, og faren for overflateavrenning minskar. I ordninga er siste spreiefrist 1. august. Det er klart positivt for vassdraga. Det blei tatt høgde for 40 % oppslutnad når vi sette førebelse tilskotssatsar, og tilskotsområde. Oppslutninga i 2013 var på om lag 14 %. Det vil ta tid i dei nye områda før folk har skaffa seg utstyr/ det er mogleg å få leie. I tillegg var 2013 eit vanskeleg år. Mange sleit med fulle gjødselkjellarar på grunn av den seirende våren, og vi trur mange la vekt på å få ut gjødsla så tidleg som mogleg framfor å leie spreieutstyr. Vi kjem til å auke tilskotssatsane i 2014 for å auke oppslutninga.

Eit svært grovt anslag av effekten på tap av nitrogen er 156 tonn redusert N-tap til luft samanlikna med breispreiing. I denne berekninga har vi gjort følgjande forenklingar: Det blir spreidd 6 tonn/dekar i veksande kulturar og 2,5 tonn/dekar i open åker/stubb. 80 % av dette er gjødsel frå ku og 20 % frå gris. Ammoniumminnhaldet er 2 kg/tonn i storfe gjødsel og 2,4 kg/tonn i gjødsel frå gris. Tapet av N ved breispreiing er 50 % av ammoniumnitrogenet i gjødsla. Bruk av miljøvenleg utstyr samanlikna med breispreiing gir 50 % mindre tap. Anslaga er basert på Bioforsk rapport nr. 22 2012 ”Kostnadseffektive tiltak for reduserte klimagassutslepp frå jordbruket”, og prøveresultat frå husdyrgjødsel i Skas Heigre, Rogaland.

### **24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger**

#### **Vurdering av måloppnåing av virkemidlane i Regionalt miljøprogram**

I samband med omlegging av regionalt miljøprogram til nasjonalt menysystem ønska vi i størst mogleg grad å føre vidare våre målretta ordningar. Rogaland har ein relativt detaljert RMP. Det gir høgare miljøeffekt, men er

samstundes meir krevjande for kommunane å forvalte. Største forandringa var at tilskot til vedlikehald av stølslandskap blei tatt ut. Kulturlandskapsordningane utgjer hovuddelen av RMP (34 % av midlane). Vi har tilskot i avgrensa område som er valt ut frå omsyn til turisme og friluftsliv. Generelle ordningar er tilskot til bratt areal og ekstensive beitedyr. Søknadsomfanget er relativt stabilt. Relativt høge tilskot i avgrensa område har klart effekt. Effekten av tilskot til bratt areal er vanskelegare å talfeste. Problema med attgroing og därleg vedlikehald er aukande, og då er det dei tungdrivne areala som først går ut. Vi meiner difor det er rett å kompensere driftsulempene i RMP.

Oppslutninga om ordningane under biologisk mangfald er aukande. Vi opplever t.d. god interesse for å ta i bruk kystlynghei, naturbeitemark og å skjøtte styvingstre. Her meiner vi menysystemet må bli meir fleksibelt slik at vi kan bli meir målretta. Det er i dag ikkje mogleg å differensiere tilskot i same ordning mellom ulike geografiske område og kvalitet på naturtypane, viss det ikkje er "tiltaksklasser" tilgjengeleg. Ordningane under biologisk mangfald og kulturminne gir eit positivt samspill med desse sektorane. Interessa for å få kartlagt miljøtilstanden og kulturminne aukar klart med desse tilskota. Ordningane bidreg også til å dempe konfliktnivået mellom omsyn til miljø og landbruk.

Vi ønskjer å bruke meir av midlane til tiltak mot avrenning. Rogaland har stadvis store utfordringar med vasskvaliteten. Eit av tiltaka er miljøavtaler. Vi har no 5 vassdrag der vi har desse frivillige avtalane.

Oppslutninga har vore god der grasproduksjonen er dominerande. Tidlegare gjødslingsregime i Rogaland var bruk av fosforhaldning mineralgjødsel i tillegg til husdyrgjødsel. Vi anslår at det her blei det tilført ca 4,7 kg fosfor/dekar. Avtalene sett tak på 3 kg P/dekar, og med eit totalareal i overkant av 27 000 dekar med i avtalane gir det ein reduksjon i tilført fosfor på 45,9 tonn. Avtalane fører også til at gjødsla blir brukt tidlegare i vekstsesongen. Det er klart positivt at gjødsel ikkje blir spreidd på hausten då det normalt er store nedbørsmengder. I tillegg har Fylkesmannen i oppdragsbrevet til Innovasjon Noreg opna for at det kan bli gitt tilskot til investering i auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel. Det var berre 3 personar som søkte i 2013. Vi såg gjerna at fleire auka lagerkapasiteten då dette vil føre til mindre spreiing av gjødsel seint i sesongen.

Der problematikken i hovudsak er knytt til grønsaks/potet- dyrking ser vi at miljøavtalane får liten oppslutning. Vi arbeider her i tillegg med mindre erosjonsførebyggande tiltak finansiert via SMIL. Eit av virkemidla våre er ugjødsla randsoner. Bioforsk jord og miljø er engasjert av Jæren vannområde til å vurdere effekten av ransonene. Oppslutnaden er ikkje så stor som ønska, og vil oppjustere satsane for 2014.

## Hovudprioriteringar for bruken av SMIL-midlar og korleis Fylkesmannen har arbeidd med koplinga mellom SMIL og RMP

Dei overordna prioriteringane for SMIL-ordninga i Rogaland følgjer opp og stimulerer til tiltak innan ureining, biologisk mangfald og kulturlandskap etter nasjonale målsettingar, målsettingar for "Regionalplan for Landbruk i Rogaland", dei ulike satsingsområda i RMP (prioriterte område etter naturmangfaldlov og vassforskrifta) og kommunale SMIL-strategiar.

### Oversikt

Rogaland fekk i 2013 tildelt ei årsramme for SMIL: 10,30 millionar

Unytta SMIL-midlar overført frå 2012: 5,85 millionar

Totalt disponible SMIL-midlar for Rogaland i 2013: 16,15 millionar

### Rogaland løvde i 2013 12,38 millionar til SMIL-tiltak fordelt på 209 sokjarar.

Tal sokjarar ligg med dette på gjennomsnittet for dei 4 siste åra og auken i årlege løyvingar i same periode viser ein god og aukande oppslutnad om SMIL-ordninga i Rogaland.

### Fordelinga på bruken av SMIL-midlar i 2013 er:

- Planlegging/tilrettelegging: 1,05 millionar (8,5 %). Her er det i hovudsak løvd SMIL-

midlar til skjøtselsplanar, planlegging av reinseparkar og tilrettelegging av ferdselstiltak i kulturlandskapet.

- **Miljøtiltak: 1,83 millionar (14,8 %).** Mest løyvingar til reinseparkar men også nokre søknadar på hydrotekniske tiltak og etablering av jordvoller langs vassdrag.

- **Kulturlandskapstiltak: 9,5 millionar (76,7 %).**

Her er det løyvd 5,1 millionar (41,4%) til restaurering av bygg, 2 millionar (16,1 %) til skjøtselstiltak for biologisk mangfald, 1,4 millionar (11,6 %) til ferdselstiltak og 0,9 millionar (7,4 %) til restaurering av kulturminner / kulturmiljø / steingarder.

- **Inndratt av kommunane i 2013** på ikkje realiserte tiltak eller utgått frist: 1,59 millionar

#### **Bruken av midlane innafor dei tre hovudområda var:**

*16,1 % av SMIL-midlane i 2013 bleit løyvd til tiltak på biologisk mangfald.* Skjøtselstiltak i kystlynghei utgjør 6,8 % av desse løyvingane. Midlane har vore løyvd til styrt brenning av lyngområdar, fjerne av tre/buskar og inngjerding mot innmark for å hindre stegvis oppgjødsling av lyngområda.

*9,3 % av SMIL-løyvingane har gått til tiltak på naturbeitemark, gammal kulturmark og anna biologisk mangfald* (åkerrikse, stivingstrær, ugjødsla biologisk verdifulle areal mv...).

*Som i tidlegare år har det vore mest aktivitet på restaurering av eldre bygg. Dette utgjorde 41,4 % av SMIL-løyvingane i 2013.* Det er eit godt samarbeid og gode etablerte rutinar med kulturminneforvaltninga. Dette sikrar til at SEFRAK-registrerte bygningar med høg kulturhistorisk verdi bli prioritert for restaurering. Nedgangen i løyvingar frå 2012 (52,2%) er likevel i tråd med målsettinga om styre innsatsen over til fleire tiltak innan ureining og biologisk mangfald.

*11,6 % av SMIL-løyvingane i 2013 er brukt til tilrettelegging for opplevelingar og ferdsel.* Fylkesmannen har prioritert å støtte tilrettelegging av turstiar over større samanhengande områdar der fleire grunneigarar er involvert både gjennom SMIL og RMP. Krav til skjøtsel i RMP sørger for at turstiar og viktige element i kulturlandskapet blir ivaretatt og vedlikehaldne.

*Naturbasen er ei viktig kjelde til opplysingar om biologisk mangfald.*

Opplysningane i naturbasen er i mange høve, ikkje heilt i tråd med dei faktiske forhold. Difor er det pr. i dag, vanskeleg å bruke naturbasen aleine som hovudreferansekjelde for å utarbeide planar og for å sjå utviklinga av biologisk mangfald. Ei gjennomgang og kvalitetssikring av registreringane i naturbasen bør difor prioriterast for å sikre:

- at løyvingar på SMIL-løyvingar til biologisk mangfald er i tråd med SMIL-forskrifta.
- eit referansepunkt i vurderingar om tiltak får den ønska effekten på viktige naturområde.

#### **SMIL til miljøtiltak utgjer 14,8% av dei totale løyvingane**

Det blei løyvd SMIL-midlar til anlegg av 19 nye reinseparkar i Rogaland i 2013. Av desse var tre i Vindafjord og resten i 7 kommunar på Jæren. Vi antar at auken i aktiviteten i stor grad skuldast at kommunane i 2013 ble oppmoda til auka satsing på miljøtiltak samstundes som det i RMP for 2013 vert opna for tilskot til miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel og gjødslingsfrie randsoner fleire stader i Rogaland.

Vår erfaring tilseier at det vil bli auke interessa for å sökja på SMIL-midlar til ureiningstiltak langs innsjøar og

vassdrag i målområda for RMP og i fylket elles.

Fylkesmannen opplever generelt at det er relativt god kopling mellom tilskotsordningane SMIL og RMP. Tilskotsordningane RMP og SMIL verkar å påverke kvarandre positivt på ein gjensidig måte. SMIL er utløysande for RMP samstundes som RMP er utløysande for SMIL-tiltak. Tross at mange grunneigarar og bønder er positive til å gjere og har gjort ein ekstra innsats på forureining og kulturlandskap i Rogaland, ligg det framleis uløyste utfordringar.

### **SMIL til planleggingstiltak utgjer 8,5% av dei totale løyvingane i 2013**

Løyvde midlar går i hovudsak til utarbeiding av skjøtselsplanar i større område med verdifullt biologisk mangfald og til planlegging av reinseparkar. Nokre av midlane går til planlegging og tilrettelegging for friluftsopplevingar i landbruksområde.

Tilrettelegging av prosjektet «Sjå kulturskattane på Haugalandet» som vert starta opp i 2013 er eit døme på planlegging som går på tvers av kommunegrenser. Målet med prosjektet er å synleggjere utvalde kulturminne ovafor samfunnet og gjere dei til ein del av ei turoppeking gjennom tilrettelegging av stiar, skilting og informasjon. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunar på Haugalandet og Sunnhordaland. Kvar av kommunane bidrar saman med SMIL-midlar, til finansiering av prosjektet. Vi ser god nytte av overordna samarbeidsprosjekt som går på tvers av grunneigarar og på tvers av kommunar.

4,8 % av SMIL-løyvingane har gått til utarbeiding av skjøtselsplanar i område med verdifullt biologisk mangfald og til planlegging av ulike ureiningstiltak. Løyvd tilskot til planlegging og tilrettelegging er lite samanlikna med andre heilskapen men desse planane ein viktig utløysande faktor for SMIL-søknadar til gjennomføring av tiltak.

Ein godt utarbeida skjøtselsplan gir ein god forankring for ein målretta ønskeleg utvikling. I dei fleste høva er skjøtselsplanar både eit krav og er utløysande for søknadar på gode SMIL-tiltak på biologisk mangfald. Arbeidet med skjøtselsplanar bidrar både til kunnskapsheving og til styrking av samarbeidet mellom og på tvers av forvaltningsorgan (landbruk og miljø) på kommunalt og regionalt plan, rådgivingstenesta og grunneigarar.

I Rogaland er det i fylste rekke utarbeiding av skjøtselsplanar i kystlynghei som dominar. Denne tilrettelegginga har til dømes ført til at 7 grunneigarar på Karmøy i 2013 fekk løyvd SMIL-midlar til skjøtsel av kystlynghei på eit stort område aust på Karmøy.

Det er løyvd SMIL-midlar til planlegging av ulike ureiningstiltak langs prioriterte vassdrag i nedslagsfeltet for RMP i Rogaland. Det er gjennom dei siste åra, blitt bygd opp mye kompetanse og det hausta mye erfaringar på tiltak mot ureining i prioriterte elver, bekker og vassdrag i Rogaland. Denne kunnskapen og erfaringane kjem godt med når oppfølging av vassforskrifta gjeld for heile fylket.

Døme på interessante tiltak mot nærings- og partikkelavrenning som no er under planlegging er restaurering av våtmark i Sola kommune og fangdam med permeabel demning i Randaberg kommune. Vi har i 2013 oppmoda kommunane til å sjå nærmare på tiltak mot nærings- og partikkelavrenning frå open åker til kummar.

### **Oppsummering**

Den stegvise auken på årlege løyvingar innan SMIL-ordninga viser ein god og aukande oppslutnad om SMIL-ordninga i Rogaland. Rogaland har store variasjon i naturgjevne føresetnader for landbruk, frå ekstensiv drift på mindre gardar i Ryfylke til intensiv drift i låglandet på Jæren. Med omsyn på nasjonale målsettingar etter naturmangfaldlova og spesielt etter vassforskrifta står Rogaland ovafor mange miljømessige utfordringar framover. SMIL-ordninga og gjerne i kombinasjon med RMP har, og er framleis, viktige økonomiske verkemidlar for å motivere til ekstra innsats. I Rogaland har det gjennom fleire år blitt bygd opp spisskompetanse til planlegging og gjennomføring av miljøtiltak. Denne kompetansen vil vere særstilt nyttig for nye tiltak som skal planleggjast og utførast.

### **Tilstanden og utviklinga av biologisk mangfold og kulturminner i jordbruket og bruken av virkemidler i forhold til målsetningene**

I delar av fylket som t.d. Jæren aukar behovet for spreieareal med auka husdyrtal. Nydyrkning og oppgjødsling av utmark til innmarksbeite er to av måtane bonden kan auke eige spreieareal på. Medan nydyrkning blir styrt av nydyrkingsforskrifta, krev ikkje oppgjødsling av utmark (med mineralgjødsel) godkjenning på førehand. Bruk av mineralgjødsel og kalk på utmark endrar samansetnaden av artar totalt, og vil i mange tilfelle vere like

problematisk for det biologiske mangfaldet som nydyrkning. Vi ønsker at oppgjødsling til innmarksbeite på same måte som nydyrkning skal krevje godkjenning av kommunen. Kommunane må då vurdere omsyn til jordbruksinteressene opp mot omsyn til biologisk mangfald jamfør naturmangfaldlova. I dag kjem berre bruk av husdyrgjødsel inn under forskrift om organisk gjødsel, og her er bruk av husdyrgjødsel i utmark ikkje tillate. Vi ønsker at bruk av husdyrgjødsel i ein godkjend oppgjødslingsplan av utmark skal vere tillate på lik linje med mineralgjødsel. Kommunen kan fatte vedtak om at bruk av mineralgjødsel og kalk på utmarkebeite er i strid med generelle miljøkrav i forskrift om produksjonstilskot. Vår erfaring er kommunane i liten eller ingen grad bruker denne reaksjonen ved oppgjødsling av utmark. Generelt sett er det registrert svært få brot på § 8 i forskrift om produksjonstilskot i vår oversikt over kommunane si bruk av reduksjon og avkorting. Om det betyr at det ikkje skjer uønska oppgjødsling, eller om kommunen ikkje reagerer på uønska hendingar veit vi ikkje. I framlegg om kystlynghei som utvald naturtype er det føreslått å innføre meldeplikt for tiltak med negativ verknad for naturtypen. Oppgjødsling vil då krevje melding til kommunen. Vi trur det er betre å innføre generell godkjenning av oppgjødsling av utmark framfor å berre legge det til utvalde naturtypar. Når det gjeld nydyrkning har vi generelt svært få klagesakar i Rogaland.

## Tilstand og utvikling for forurensning fra landbruket i vassområde som er valgt ut i første planperiode

Figgjovassdraget er valt ut som vassdrag i første planperiode etter vassdirektivet i vårt fylke. Vassdraget er i moderat tilstand. Situasjonen kring landbrukspåverknad er relativt uforandra frå 2012. I Regionalt miljøprogram kan landbruksføretak i nedslagsfeltet til Figgjovassdraget søkje tilskot til alle avrenningstiltak med unnatak av miljøavtalar som berre gjeld Skas Heigre (nedre del av Figgjovassdraget). Tiltaka er kartfesta i det nye sakshandsamarsystemet eStil. Vi legg til grunn av vi på sikt kan hente ut kartdata frå eStil slik at vi sjå kvar det er gjort tiltak. Per i dag er dette ikkje gjort.

Det blir no arbeida med tiltaksanalysar for kvart vassområde. Landbruksavdelinga deltek i arbeidsgruppene til alle vassområda. Fylket er delt inn i fire vassområde, Jæren, Ryfylke, Dalane og Haugalandet. Situasjonen i Jæren vassområde er godt kartlagt frå Aksjon Jærvassdrag si tid. Her er landbruk ein viktig faktor. Jærkommunane, Fylkeskommunen, fleire kommunar og Fylkesmannen samarbeider om prosjektet "Frivillige tiltak i landbruket" for å minske næringsavrenninga frå jordbruket. Vi viser til årsmelding frå prosjektet som ligg på våre heimesider. I dei andre vassområda ser vi at påverknad frå landbruket kjem høgt på lista over årsaker til at vassførekostane står i risiko for å ikkje nå miljømål i vassdirektivet. Mange stader manglar det undersøkingar som kan verifisere påstanden. Fylkesmannen vil i 2014 bruke overvakiningsmidlar til å kartlegge landbrukspåverka vassførekostar. Vi har bede landbruksforvaltninga i kommunane om å kvalitetssikre det som står omtalt i Vann-nett om dei ulike vassførekostane.

## Beskriv status og behov for oppfølgingstiltak fra forvaltningens side i miljøplanarbeidet.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2013 arbeidd mykje med oppfølging av miljøplanarbeidet i kommunane og i rådgivinga. Vi hadde føretakskontroll av 34 føretak i 4 ulike kommunar. 11 på stadleg kontroll og 23 ved dokumentkontroll. Resultata frå kontrollen var at 20 blei godkjend, 12 ikkje godkjend og 1 førebels uavklart resultat. I tre saker har føretaket påklaga vårt vedtak. Gjennom kontrollen har vi fått eit godt innblikk i korleis både rådgjevinga og kommunane har arbeidd med miljøplan. Vi ser at etter 10 år med miljøplan var det absolutt behov for å løfte fram temaet. I vår kontroll var føretaka valde ut på grunnlag av risiko for manglande spreieareal. Vi la i kontrollen vekt på gjødslingsplanen og sprøytejournalen, men kontrollerte også kart og sjekkliste. Vår erfaring er at det er ein del å hente på å lage betre kart. Nokon misforstår sjekklista og blandar den med KSL-sjekklista. Sprøytejournalen var som hovudregel i orden. Det var flest manglar ved gjødslingsplanen. Det har vore ein utbredd oppfatning både i kommunane og landbruksrådgjevinga at fleirårige planar i strid med forskrift om gjødslingsplanlegging var godt nok. Vi så også ein del tilfelle der planane viste for mykje bruk av husdyrgjødsel etter det vi meiner er fagleg forsvarleg j.f. forskrift om organisk gjødsel og forskrift om gjødslingsplanlegging. Vi har følgt opp kontrollen med tre ulike møte med landbruksrådgjevinga, møte med kommunane og artikkel i tidsskriftet Bondevennen om gjødslingsplanlegging. Kommunane har i varierande grad kompetanse til å vurdere det faglege innhaldet i ein gjødslingsplan, og god dialog med rådgivinga om kva forvaltninga vurderar som "fagleg forsvarleg" er difor viktig. Planleggingsverktøyet som rådgjevinga bruker, "Skifteplan", inneheld dei gamle normtala for næringsinnhald i husdyrgjødsla. Vi legg til grunn at desse vil bli oppdatert når dei nye nasjonale normtala er på plass.

Vi er kjend med at SLF held på å evaluere miljøplan i sin heilskap, og at dette skal leggjast fram i jordbruksoppgeret. Vi ser at det er mogleg å samkjøre KSL og miljøplan i større grad, då det i dag er til dels overlapp mellom systema. For bonden bør ”ein perm, ei sjekkliste” vere nok til å tilfredsstille dokumentasjonskrava. Vi vil behalde koplinga mellom miljøkrav og produksjonstilskot slik at reaksjon ved brot er tydelig og føreseileg, og at kommunen sitt kontrollansvar på miljøområdet er tydelig. Bonden må då kunne vise til KSL- permen ved kontroll av produksjonstilskot. I Rogaland er det lang erfaring med ”samordna tilsyn” i KSL. Vi er positive til å vere med og utvikle prøveordningar for dette.

#### Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2013 etter søknadsomgang 2012 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddele	Andre miljøtiltak
FMRO	5926200	5104500	1070700	3535800	3834600		5428200	4507395
<b>Sum</b>	<b>5926200</b>	<b>5104500</b>	<b>1070700</b>	<b>3535800</b>	<b>3834600</b>	<b>0</b>		

## 24.5 Økologisk landbruk

### Status

Tal økologisk godkjende gardsbruk har minka sidan 2010. Største utfordringa i Rogaland er å snu den negative trenden. Tal frå Debio viser at 54 verksemder hadde økologisk primærproduksjon i 2012 (57 i 2011) og 59 verksemder er godkjende for foredling/import og omsetnad (uendra frå 2011). I 2012 er 7 484 daa landbruksareal godkjent økologisk eller under karens (7 959 daa i 2011). Det er ein reduksjon av økologisk og karens areal på rund 6 % sidan 2011. Økologisk og karensareal samla ligg på 0,7 % av landbruksarealet i Rogaland, medan Noreg totalt nå har nådd 5,6 % av landbruksarealet. For meir detaljar viser vi til statistikkhefte frå Debio.

### Marknadssituasjonen

Utviklinga på både økologisk areal og tall produsentar med økologisk drift har vore negative i seinare tid i Rogaland og Noreg, medan situasjonen i marknaden har hatt ei positiv salsutvikling i både 2012 og første halvdelen av 2013 i Noreg (2.halvdelen er ukjent). Fleire kjedebutikkar har hatt kampanjar over lengre periodar på økologiske produkt. Reklamekampanjen med hovudbodskapen ”velg bort kunstige tilsetningsstoffer” i oppdrag av Matmerk med tv-filmar, digital annonsering og annonser i trykte media har gitt positiv merksemd og bevisstgjering blant kundar. Tal butikk-kundar som seier at dei aktivt ser etter Ø-merket har gått opp frå 12 til 18 prosent. (kjelde: Matmerk)

Ein ny trend er at forbrukarar ønskjer å kjøpe rett frå produsenten. Dei vil vite kven og korleis produkta blei dyrka eller sjå på oppvekstvilkåra til dyra. Det opnar for nye moglegeheit for produsentane for betre inntening ved å selje direkte til forbrukaren.

### Foredlingsleddet

Trass auke i forbruket, blir berre om lag 50 % av den økologiske mjølka sett som økologisk. Frå 1. januar 2014 blei tillegget for økologisk mjølk sett ned frå 75 til 65 øre pr liter levert mjølk.

Situasjonen i foredlingsleddet har vore uendra i Rogaland i fleire år: Tine inngår ikkje nye avtalar om levering. Nortura tek i mot berre ca 40 % av bondens kjøtproduksjon som økologisk. Nortura vil ikkje satse på økologisk eggproduksjon i Rogaland, det fints heller ingen lokal grossist som omset økologisk egg. Fatland AS tek i mot økologisk kjøt, men er ikkje aktiv i marknadsføringa av produkta i Rogaland.

### Handlingsplan for økologisk landbruk

Fylkesmannen har til og med 2013 forvalta handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland. Midlar frå Handlingsplanen (kr 425 000 i 2013) er løyvd etter søknad. I tråd med ”Vista Analysen” av 19.nov 2012, der det blant anna blei konkludert med at tiltak bør rettes inn mot forbrukar, blei ca 2/3 av handlingsplanmidlane løyvd til tiltak retta mot forbrukar og 1/3 mot produsentar. Det blei søkt om totalt kr 650.000 i støtte. Med inndregne midlar frå tidligare prosjekt som ikkje blei gjennomført, løyvde Fylkesmannen i Rogaland kr 490 799 i støtte til 12 prosjekt. For meir informasjon viser vi til eigen rapport om bruk av Handlingsplanmidlar.

## Nedlegging av handlingsplanen for økologisk landbruk frå 1.januar 2014

Handlingsplanen for økologisk landbruk ble opplevt som eit nyttig verktøy for å sette i gang utviklingsprosjekt i alle ledd. Referansegruppa møtte årleg og var ein bra arena for dialog og utveksling mellom aktørane; der det blant anna blei gitt innspel for framtidige prioriteringar. Møta i referansegruppa vil bli vidareført for å halde fast i den gode dialogen sjølv om handlingsplanen for økologisk landbruk er lagt ned.

## Tiltak

Aktivitetar i 2013 var prega av relativt få, men arbeidskrevjande arrangement og studieturar.

- Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk retta mot bønder, rådgiving og tilsette i landbruksforvaltning. 2 dagar, 46 deltagarar
- Open økologisk gard med mange aktivitetar og salsbod, rund 200 besøkande
- Studietur om foredling og verdiskaping av økologisk mat til Tyskland, 5 dagar, 13 deltagarar
- Markens Grøde, økologisk og lokalmat marknad i Stavanger, 15 salsbod
- Møte i ressursgruppa for økologisk landbruk, 12 deltagare

## Samarbeidspartnarar

Gode samarbeidspartnarar er uvurderlige for effektivt arbeid, utveksling og vidareformelding. Viktige samarbeidspartnarar for nokre av arrangementa var Øko-økning på Nord-Jæren (vidareføring av Økoløft), Norsk Landbruksrådgiving, Oikos Rogaland og fagbladet Økologisk Landbruk.

## Rekruttering

Rekruttering av bønder som ønskjer å leggje om til økologisk drift, er ei stor utfordring. Det er ikkje forsvarleg å råde til omlegging til økologisk mjølk- eller kjøtproduksjon så lenge foredlingsleddet ikkje inngår nye avtalar. Produksjon på økologisk areal krev ein ekstra stor arbeidsinnsats i form av mekanisk ugraskamp, men dette blir ikkje gjenspeglia i tilskotssatsane på innmarksbeite og anna areal (kr 25.- / dekar i 2013). Dette får store konsekvensar i eit fylke som Rogaland der rund 95 prosent av det økologiske arealet til planteproduksjon består av eng og beite, spesielt når også tillegget på økologisk mjølk blir sett ned med 10 øre.

Låge økologisk tillegg på areal med grovförproduksjon, låg meirpris frå foredlingsleddet og butikk-kjeda og få bønder med erfaring frå økologiske driftsmetodar har vore og er framleis dei største flaskehalsene for auka omlegging til økologisk i Rogaland.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Matsikkerhet	kr 638,23	kr 0,00
22 Landbruk over hele landet	kr 425,51	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 113,64	kr 0,00
24 Bærekraftig kultur	kr 2 926,18	kr 0,00

Andre oppgaver under LMD	kr 13 125 778,07 kr 5 312,26
Sum:	kr 13 129 881,00 kr 5 312,00

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på opplæringsområdet

Rapportering på dette resultatområdet går fram av delområda nedanfor.

#### 31.1 Tilsyn

Tilsyna er i all hovudsak gjennomførte i samsvar med aktivitetskravet for 2013, med følgjande unnatak: Felles nasjonalt tilsyn i Finnøy blei varsle i 2013, og blir gjennomført våren 2014. Det same gjeld det eigeninitierte tilsynet med Rogaland fylkeskommune. Kapasitetsårsaker gjorde det uråd å oppfylle aktivitetskravet fullt ut. Vi fekk vakansar knytte til to fødselspermisjonar og eit par langvarige sjukemeldingar, vi måtte sørge for forsvarleg gjennomføring av ferie for medarbeidarane i avdelinga, og i tillegg fekk vi i 2013 særskrevjande avslutning av to hendingsbaserte tilsyn som vart gjennomførte i 2012.

Val av tilsynsobjekt blir gjort med utgangspunkt i systematisk områdeovervaking og risikovurdering. Vi nemner her at FMRO si systematiske områdeovervaking og risikovurdering vart presentert for dei andre fylkesmannsembeta på Utdanningsdirektoratet sitt kurs i tilsynsmetode i november som eit døme på korleis embeta kan drive dette arbeidet. Vi går såleis ikkje nærmare inn på detaljane i risikovurderinga her. Elles blir det endelege valet av tilsynsobjekt gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å "få" dei kommunane vi meiner har størst risiko på våre felt. Vi er likevel trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg også dette året. Vår vurdering er at tilsynsverksemada i høg grad er basert på systematisk områdeovervaking og risikovurdering.

I 2013 har FMRO saman med tre andre fylkesmannsembete pilotert det nye felles nasjonale tilsynet som skal gjennomførast i perioden 2014 - 2017. Piloteringa har etter vår vurdering vore særskilt nyttig i utviklinga av det nye tilsynet, mellom anna i høve til bruken av eigenvurderingsskjema til bruk for skoleleiarar og lærarar. Etter inspirasjon frå FMOA har også vi prøvd ut bruk av spørjeskjema for elevar og foreldre som ei informasjonskjelde i tilsyn. I hovudsak har tre medarbeidarar hos FMRO vore med på piloteringa, og vi er på den måten godt rusta kompetansemessig til å gjennomføre det nye tilsynet. Samarbeidet med Utdanningsdirektoratet har vore godt i utarbeidninga av det nye tilsynet, og vi meiner at vi også i denne "runden" har gitt Utdanningsdirektoratet tenleg hjelp med utviklinga av tilsyn på opplæringsområdet.

Av årsrapporten for i fjor går det fram at FMRO valde å bruke den tilsynsmetodikken som er utvikla i samband med felles nasjonalt tilsyn dei siste åra også i andre tilsyn både på barnehage- og opplæringsområdet. FMRO har også hatt to medarbeidarar med på å utvikle den nye metodehandboka som gjeld for tilsyn etter barnehagelova og opplæringslova. Vår vurdering er at tilsyna som vi gjennomfører, i høg grad er gjennomført etter metodehandboka for å sikre likebehandling og einsarta tilsynspraksis overfor tilsynsobjekta.

Skjemaet for varsling til direktoratet om risikoområde på privatskolefeltet blei ikkje nytta av oss i fjor. Vi meldte inn skolar og tema i samband med direktoratet sine val av tema og objekt for tilsyn. Vi opplever at kunnskapen vår om privatskolane i fylket har vorte dårlagare etter at direktoratet tok over ansvaret for å føre tilsyn med dei.

FMRO har i 2013 gjennomført eigeninitierte tilsyn i fleire kommunar. I Sandnes var tilsynet knytt til opplysningsplan § 9-1: Sandnes kommune oppretta for nokre år sidan nokre resultateiningar som bestod av to og to skolar med felles rektor. FMRO ført tilsyn med dette, og konkluderte då utan pålegg, men med varsle om oppfølging. Denne oppfølginga er gjennomført med eit nytt tilsyn i 2013. FMRO gjennomførte også eit eigeninitiert tilsyn knytt til spesialundervisning (§§ 5-1 og 5-7) i Sandnes. Dette tilsynet var ei oppfølging av eit tilsyn i 2010.

FMRO har også gjennomført eit eigeninitiert tilsyn knytt til særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritarar (§ 2-8) i Hjelmeland. Hjelmeland er den kommunen i fylket som har høgast del av elevar med særskilt språkopplæring. Dette, saman med ei risikovurdering knytt til den kommunale forvaltninga, gjorde at FMRO valde å gjennomføre dette eigeninitierte tilsynet.

FMRO varsle også Rogaland fylkeskommune om eit eigeninitiert tilsyn med kap 5 i opplæringslova. Dette

tilsynet er sett i gang med bakgrunn i funna i eit hendingsbasert tilsyn med Rogaland fylkeskommune i 2012. Desse funna gjorde at vi ønskte eit breitt tilsyn med forvaltninga på det spesialpedagogiske området i fylkeskommunen.

FMRO har også gjennomført tre tilsyn knytte til det prioriterte området "vaksne sin rett til grunnopplæring". Det har i desse tilsyna vore svært utfordrande for kommunane å rette lovbroten knytte til realkompetansevurdering

Inntrykket vårt er at kommunane og skolane ønsker å rette dei pålegg dei får, dei ønsker å følgje lov og forskrift. Av tildelingsbrevet for 2013 går det fram at embeta skal sjå til at lovbroten avdekka gjennom tilsyn blir retta opp. Så lenge vi ikkje har "maktmiddel" overfor kommunane, er det vanskeleg "å sjå til" dette. Vi ser at nokre skoleeigarar har utfordringar knytte til å følgje opp pålegg på grunn av svak skolefagleg kompetanse og manglande kunnskap om kva krav lov og forskrift set til skoleigarane. Det er like mykje forhold knytte til forvaltningslova som til opplæringslova som utfordrar. Rettleatingsarbeid blir også krevjande i slike høve. Det er derfor vanskeleg å gi eit einitydig svar på om tilsynsobjekta rettar lovbrota, men inntrykket vårt er at alle ønsker å rette dei. Vi vil elles nemne at rettleiing som FMRO har gjennomført overfor kommunar, er synleggjort under 31.4.

Sjølv om vi ikkje fullt ut greidde å oppfylle aktivitetskrava, meiner vi at vi samla sett har god måloppnåing på resultatområdet sett i lys av ressursar, kompetanse, metodikk og andre relevante forhold i fylket.

## 31.2 Klagesaksbehandling

Det har vore ein nedgang i talet på klager i 2013 samanlikna med 2012, med mindre justeringar for dei enkelte områda.

Talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning, gjekk ned frå 34 til 21 frå 2012 til 2013. Vi er usikre på kva nedgangen kan skuldast, men vi tillet oss å tru at god informasjon og rettleiing til PP-tenesta og skoleleiarar både i møte og pr telefon kan ha betydning. Vi opplever at vi blir tidleg rådspurte og dermed kan vise til lovkrava og til rettleiaren og gi konkret rettleiing.

Fylkesmannen behandla i 2013 4 klager som galdt spesialpedagogisk hjelp, eit tal som er betydeleg lågare enn tidlegare år. 3 av desse galdt same kommune. Vi hadde møte med kommunen i etterkant for m.a. å avklare kva konsekvensar vedtaksutforminga får for frådrag i foreldrebetalinga i barnehagen.

Talet på klager på standpunktcharakterar i fag har halde seg jamt i perioden 2008-2012. Frå 2012 til 2013 har det vore ein liten nedgang frå 137 til 122 klager. Tala for alle typar klager på standpunktcharakterar er innafor det som må reknast som normalt for fylket. I 61 % av tilfella oppheva vi karakteren og sende saka tilbake til skolen for ny vurdering, medan 39 % av klagarane fekk avslag.

Fylkesmannen har tidlegare utarbeidd ein rettleiar for behandling av klage på standpunktcharakterar i samarbeid med fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka. Denne rettleiaren blir årleg oppdatert ut frå erfaringar frå siste års klagebehandling, endringar i lovverket, og klargjeringar gjorde av Utdanningsdirektoratet. Rettleiaren blir publisert på nettsidene til Fylkesmannen og er mykje nytta av skolar med ungdomstrinn. Vi arrangerer også årlege samlingar for skoleleiarar der m.a. aktuelt regelverk om standpunktcharakterar og erfaringar frå siste års klagebehandling er tema. For å gjere samlingane lettare tilgjengelege, har vi ei samling i nordre og ei i søre delen av fylket. Dei aller fleste skolane med ungdomstrinn sender representantar til desse samlingane.

Fylkesmannen mottok i 2010 berre ei klagesak etter opplæringslova kap 9a. I 2011 mottok vi 7 klager på dette området, og i 2012 fekk vi 8 klager. I 2013 auka talet på klager markant til 21. Auken er truleg resultat av søkjelyset på skolane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø gjennom FNT. I tillegg har Fylkesmannen brukt mykje ressursar på informasjon og rådgiving i fleire saker som, i alle fall førebels, ikkje har enda som klagesaker. Som oppfølging av kompetanseutviklingsprosjektet på dette området las direktoratet alle klagesakene våre frå 2012. Vi fekk svært nyttige tilbakemeldingar på klagebehandlinga vår - vi gir utan etterhald ros til medarbeidarane i juridisk avdeling her! Etter dette har vi laga malar for svara våre, og vi driv enno med kompetanseheving for medarbeidarane.

Utanom desse områda er det flest klagesaker som gjeld skoleplassering og skoleskyss. På begge desse områda har det vore ein markert nedgang i klager frå 2012 til 2013. Fylkesmannen gjennomførte i 2013 ei regelverksamling med emne knytte til skoleskyss, nærskolerett og delt bustad. Den markerte nedgangen i klagesaker som gjeld skoleplassering, meiner vi i hovudsak skuldast dei avklaringsmøta om regelverk knytt til krinsgrenser og nærskolerett som tidlegare er gjennomførte med fleire kommunar.

I tillegg har Fylkesmannen i 2013 motteke klager som gjeld mellom anna minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring, elevpermisjon, bortvising, inntak til eit 5. år i vidaregåande skole, vaksenopplæring m.m.

Generelt ser Fylkesmannen at enkelte kommunar har behov for meir forvaltningskompetanse.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne. Det blir oftast sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan ta meir enn 1 månad. Fylkesmannen har behandla alle klagesakene, bortsett frå 5, innan 3 månader. Dei sakene som har teke lengre tid, skuldast i hovudsak behov for å innhente utfyllande opplysningsar.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid varierer frå omlag 10 dagar for standpunktakarakterklager til omlag 50 dagar for saker knytte til psykososialt miljø. Dei fleste av desse sakene er behandla i løpet av 20-30 dagar, men 3 av dei har teke fleire månader grunna behov for meir informasjon. Vi har vore i kontakt med klagarane underveis. For dei andra områda ligg saksbehandlingstida på omlag 20 dagar.

Det som kanskje er like interessant, er tida den enkelte saksbehandlar bruker på kvar klage. Dette varierer frå 1-2 timer for standpunktaklager til eit snitt på om lag tre dagsverk i saker knytte til psykososialt miljø. I andre saker er snittet om lag 1 dagsverk pr sak. Så sjølv om talet på klagesaker er redusert, bruker vi samla sett like mykje tid til klagebehandling.

I eit par tilfelle har klagar vend seg til Fylkesmannen på ny etter at skoleeigar ikkje har følgt opp vedtaket frå Fylkesmannen. Desse sakene gjeld spesialundervisning. Fylkesmannen har ikkje blitt kjend med saker der vedtaket vårt ikke er følgt opp på annan måte, til dømes gjennom media.

Dei siste åra har nokre medarbeidarar slutta og nye medarbeidarar er tilsette. Det tar tid å utvikle kompetansen hos nye medarbeidarar. Vi meiner likevel at vi har klart å gjennomføre ei fagleg god saksbehandling av innkomne klagesaker i 2013. Saksbehandlingstida har også vore innafor det forsvarlege heile året. Vi vurderer såleis måloppninga vår på resultatområdet som god. Trass i stor utskifting av medarbeidarar dei siste åra har vi klart å oppretthalde rimelig god kompetanse i avdelinga.

#### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	3	0	3	0	0	
Sentralt gitt skftlig eksamen	0	0	0	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	125	0	43	79	3	
Lokalt gitt muntlig eksamen	0	0	0	0	0	
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	0	0	0	0	0	
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	0	0	0	0	0	
Tegnspråkopplæring, § 2-6	0	0	0	0	0	
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	3	0	3	0	0	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	7	0	2	4	1	
Bortvisning, § 2-10	1	1	0	0	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	2	0	2	0	0	
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	0	0	0	0	0	

Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	21	6	6	6	3
Skyss, § 7-1	10	2	8	0	0
Skoleplassering, § 8- 1	12	0	12	0	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	21	10	6	2	3
Sum	207	20	86	91	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Kommentar
Særskilt inntak, § 3- 1 sjette ledd	1	1	0	0	0	
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	9	3	6	0	0	
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	0	
Sum	11	4	7	0		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	4	2	2	0	0	
Sum	4	2	2	0		

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Vi har følgt opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden. Nytt av året var at også kulturskolane og vaksenopplæringseiningane brukte UBAS til innlogginga. Dette fungerte stort sett greitt, men mange kommunar forstod ikkje at dei måtte gi einingane brukarrettar.

Deretter har vi hatt ein omfattande revisjon av tala, der kvar skole er gjennomgått. Vi har undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege, men i tillegg hatt særleg fokus på konsistent rapportering i spesialundervisninga, opplæringa for språklege minoritetar, timetalsfordelinga, forholdet mellom årstimar og årsverk for assistenter, og kontaktlærarfunksjonen. Revisjonsrunden førte til rundt 300 tilbakemeldingar til skolane, og dette er ei betring i høve til i fjor. Grundig revisjon av tala dei siste åra har truleg ført til høgre bevisstheit knytt til tala, og med det betre tal. Reviderte tal er lagde inn i GSI. Utdanningsdirektoratet og SSB sine revisjonsrundar ga oss få punkt til oppfølging, noko vi tar som ei stadfesting på at vår revisjonsrunde var god.

Vi har medverka til vidareutvikling av GSI ved å samarbeide med Sørvestgruppa om utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbeteringar. I innsamlingsperioden har vi fortløpande meldt inn feil og forslag til nye kontrollar.

I 2013 hadde vi ei samling med skoleeigarar og rektorar der vi gjekk gjennom GSI-skjemaet. Dei fleste kommunar og private skoler var representerte. Trass dette har vi hatt stor pågang på telefon og e-post i innsamlingsperioden. Vi har planlagt å ha to samlingar i 2014, ei i nord og ei i sør. Vi ser at samlinga er særleg viktig for å informere om endingar i skjema. Vi fikk ikkje gått gjennom GSI-skjema for kulturskulrektorane i år, men vi sende over lysark som vart gjennomgått på ei rektorsamling.

Dei siste åra er det etablert mange nye privatskolar i Rogaland. For dei fleste går rapporteringa greitt, utfordringane er knytte meir til internasjonale § 2-12 skular. GSI-skjema samsvarar i liten grad med skolane si verksemrd, og dei får ei rekkje feilmeldingar og advarslar.

Utval av tala for Rogaland er presenterte på nettsidene våre, og media har publisert delar av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet og blir sett i samanheng med talmaterialet som er tilgjengelig i Skoleporten og i andre informasjonskjelder. Analysar av GSI-tala ligg til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn, val av skolar i tilsynet, samt i den kontinuerlege områdeovervakinga. Vi arbeider aktivt med å vurdere indikatorar og identifisere risikofaktorar, vi og har tatt initiativ til eit samarbeid med dei andre fylka i Sørvest-regionen om områdeovervaking.

På oppmading frå Forvaltningsavdelinga i embetet kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnstilskott for. Det har vore litt støy knytt til dette, då nokre kommunar søker om tilskott for fleire grupper enn dei som følgjer av Udir rundskriv 11-2005. Vi har etterspurt grunnlagsdokumentasjon frå skolar kontrollert mot GSI på dette området, og i 2011 utløyste dette eit skriftleg tilsyn med ein kommune. Pålegg om å sørge for at elevane sine rettar etter § 2-5 fjerde ledd vart gitt like etter nyttår. I år skal vi gjennomføre stadleg tilsyn på dette området.

Vi har følgd opp og hatt oversyn med dei private skolane si rapportering. Som i fjar brukte vi mye tid på purring på kommunane. Dei private skolane synest å ha betre rutine på denne rapporteringa enn kommunane. Dette er ein kontroll av fødselsnummer og bustadadresser, og vi finn det underleg at vi i skjema blir bedne om å godkjenne tala og bekrefte at data er korrekte. Dette er sjølv sagt ikkje noko Fylkesmannen har oversikt over.

Det er nytta om lag 50 dagsverk til arbeidet med GSI i 2013, noko som vi vurderer som tilstrekkeleg ressursinnsats.

Avdelinga har god statistikk-kompetanse, og det blir arbeidd mykje for å betre kvaliteten på GSI-tala og for å fremje bruken av tala internt i avdelinga og lokalt i kommunane. Kompetansen i kommunane er sårbar på dette feltet, og vi opplever at endringar i organisering og/eller bemanning gjer at rettleatingsoppgåva er krevjande for oss. Vi vurderer jamt nytten av å gjennomføre samling med kommunane opp mot behovet for rettleiing per tlf og e-post, men vi har valt å halde på årlege samlingar.

Vi meiner at ressursinnsasten vår både er forsvarleg og effektiv, og at samla måloppnåing for resultatområde 31.3. er god.

## 31.4 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleatingsoppdraget utgjer ein stor del av det daglege arbeidet for medarbeidarane i avdelinga.

### Samlingar og arrangement

Det planlagde informasjonsarbeidet er todelt. På bakgrunn av embetsoppdrag og funn frå områdeovervaking og tilsyn arrangerer vi regelverksamlingar på utvalde lovområde. Vi blir òg ofte bedne om å delta på samlingar i regi av kommunar og av kommunale og statlege etatar.

Kvar haust arrangerer avdelinga ein utdanningskonferanse, dei siste åra saman med KS for å auke deltakinga frå kommunalpolitisk nivå. Det har dessverre ikkje gitt noko resultat, og vi vurderer samarbeidet før neste konferanse. Hovudtema for konferansane blir drøfta med skoleeigarane, og temaet for konferansen i 2013 var vurdering for læring. Vi valde tittelen "Reiskap for læring – god vurdering styrker læringa". Konferansen hadde om lag 275 deltakrar. Programmet omfatta nasjonal og internasjonal forsking på vurderingsfeltet, effektar av elevvurdering og døme på konkret vurderingsarbeid i kommunar.

Avdelinga har som tidlegare år arrangert samlingar for skoleeigarar, rektorar og andre med ansvar for eksamen og elevvurdering både i nord og sør i fylket. Ein stor del av desse samlingane er vigde regelverket om vurdering og konkrete eksempel på korleis dette kan implementerast i skolekvardagen. Informasjon om eksamen i grunnskolen og bruk av PAS, PGS mv. har òg vore tema her, i tillegg til gjennomgang av det nye regelverket knytt til lokalt gitt munnleg eksamen. På vurderingsfeltet har avdelinga vore arrangør av ei samling om lokalt læreplanarbeid med særleg vekt på grunnleggjande ferdigheiter, og to samlingar om ny læreplan og endra forskrift i kroppsøvingsfaget der Udir bidrog med fagleg innhald. Desse samla totalt om lag 400 deltakrar. På samlinga om reviderte læreplanar hadde embetet ei økt der vi presenterte og informerte om det nye nasjonale tilsynet 2014-2017, og erfaringar frå pilotering av dette tilsynet vår og haust 2013.

Vi hadde store regelverksamlingar om rett til særskilt språkopplæring i 2010 og i desember 2012 med særleg vekt på nytt femte ledd i §§ 2-8 og 3-12. Her deltok nærmare 400 personar. Vi valde difor å ikkje ha ei tilsvarande samling i 2013.

Vi har vidare arrangert fleire andre samlingar, deriblant ei samling for privatskolar med informasjon om regelverket som gjeld desse. Våren 2013 heldt vi ei samling om vaksenopplæring med vekt på mellom anna spesialundervisning for denne gruppa deltagarar. Dette temaet blei valt på bakgrunn av erfaringar frå tilsyn og rapporterte behov i sektoren. Elles nemner vi at vi samarbeider med Vaksenopplæringsforbundet og fylkeskommunen om ein årleg vaksenopplæringskonferanse. Vi har også arrangert ei stor samling om rett til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning, og ei regelverksamling om bruken av makt og tvang. Vi har gjennomført ei samling for skoleeigarar om regelverket som gjeld rett til plass på nærskolen, rett til skyss og gjennomgang av kva for reglar som gjeld når elevar har delt bustad. Avdelinga har hatt fagdag om rett til eit godt psykososialt miljø for 15 utvalde kommunar som har hatt særleg høge mobbetal over tid. Vi har arrangert ei samling om GSI for administrasjonen i kommunar og for privatskolar, og eit seminar om Erasmus+ i samarbeid med UiS. Vi har også halde tre samlingar om "Ståstadsanalysen" for skoleeigarar og -leiarar. For alle samlingane i avdelinga sin regi gjeld det at vi òg tek føre oss dei gjeldande forvaltningsrettslege reglane.

Ein annan viktig arena når det gjeld å informere og rettleie om regelverk og lovforståing, er som nemnt samlingar vi blir inviterte til. Det har vore fleire slike samlingar i år på viktige, og for kommunane krevjande, lovområde: To samlingar om kapittel 9A som følgje av erfaringar vi og kommunane har gjort etter tilsyn, ei om elevvurdering for alle lærarane i kommunen og fleire på førespurnad frå kommunale PP-tenester om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. I tillegg hadde to medarbeidarar i avdelinga ansvaret for heile det faglege innhaldet i ei storsamling i januar om rett til spesialundervisning for elevar og vaksne deltagarar i regi av "Haugalandsløftet", eit samarbeid mellom kommunar nord i fylket.

Ein medarbeidar i avdelinga er med i eit samarbeid med landbruksavdelinga i embetet om satsinga "Inn på tunet" i samband med bruk av gardsbruk som alternative opplæringsarenaer. Avdelinga var invitert til å bidra på ei samling i sør-fylket i haust, der Statped og PPT sto som arrangør.

Avdelinga deltar jamleg i skoleeigarforum og andre regionale nettverk der vi informerer om ulike delar av opplæringslova med forskrifter og forvaltningslova, sjå nedanfor.

Grunnopplæring for vaksne, kap. 4A-1 og 4A-3: Grunna sjukdom blei vaksenopplæringskonferansen som var meint å gå føre seg i november 2013, utsett til januar 2014. Ein av medarbeidarane i avdelinga deltar elles i Fagleg råd for vaksenopplæring saman med representantar frå fylkeskommunen og ulike kurstilbydarar, i tillegg til å vere med i Fagnettverk for grunnskoleopplæring for vaksne.

## Deltaking i nettverk

Som omtalt i årsrapporten for 2012 (under 32.2) var det behov for endringar i samarbeidet om grunnopplæringa her i fylket. Frå og med 2013 vart det såleis etter ein førebuingss prosess oppretta eit nytt samarbeidsorgan, Skoleiegarforum. Her er skolefagleg ansvarlege i kommunane og fylkeskommunen, kontaktperson i KS og utdanningsdirektøren hos Fylkesmannen medlemmer. Samstundes vart fem kommunenettverk endra til tre, alle med valde leiarar og nestleiarar. Leiarane utgjer arbeidsutvalet saman med KS og Fylkesmannen. Det er vedtatt eigne statutar for samarbeidet.

Fylkesmannen var skeptisk til at representantar frå UH og lærarorganisasjonane ikkje lenger skulle vere med "rundt bordet", men vi valde likevel å gå inn i det nye samarbeidet med positive forventningar. Vi ser no at den nye organiseringa har gitt sterkare medvit om skoleeigarrolla og betre gjennomføringskraft i ulike samarbeidstiltak som det blir semje om. Vi vil tru at det særleg er ordninga med valde leiarar i nettverka og at desse utgjer arbeidsutvalet, som har gitt størst effekt her. Vi nemner t.d. samarbeid om felles praksis kommunane i mellom for såkalla gjesteelevar, samarbeid om prosess og fordeling av dei tre utviklingsrettleiarstillingane som Rogaland vart tildelte, vidareutvikling av samarbeidet om Ny Giv. Elles merkar vi såvidt nytten av tre kommunenettverk i staden for fem, vi reknar med at Fylkesmannen etter avtale ofte vil innrette ulike informasjons- og rettleiringstiltak mot desse kommunegruppene og såleis medverke til meir treffsikre tiltak.

Fylkesmannen prioriterer sjølvsgått deltaking i GNIST-partnarskapen, dette er nærmare omtalt under resultatområde 32.2. Også denne arenaen blir tidvis brukt til informasjon og rettleiring. Vi har dessutan valt å halde fram med halvårlege kontaktmøte med lærarorganisasjonane for gjensidig informasjon. Utdanningsdirektøren har også månadlege møte med KS sin ansvarlege på barnehage- og utdanningsområdet.

## Informasjon på nettet og via brev til kommunane

I det daglege informasjonsarbeidet nyttar vi nettsida vår aktivt og legg vinn på å informere om endringar i lovverket og regeltolkingar frå departement og direktorat. Nytt av året er at vi òg er på Facebook, og avdelinga nyttar denne informasjonskanalen for å kommunisere med publikum og informere om regelverk og aktuelle saker. Avdelinga utarbeider dessutan fagartiklar for nettsida, med drøftingar av eksempel på saker og lovforståing.

Dette får vi god respons på frå publikum. I tillegg legg vi jamleg ut informasjon om reviderte og nye læreplanar, inkludert samiske, om læringsressursar, nye valfag, arbeidslivsfag, høyringar og andre statlege prosjekt og tiltak.

Vi har mange faste abonnementar og mange treff på nettsidene våre. FMRO har eit høgt tal på lesarar.

Utdanningsavdelinga er den avdelinga med flest produserte nettsaker i embetet og er ofte på statistikken over dei mest lesne sakene på FMRO.

Vi har utarbeidd informasjonshefte med reviderte reglar knytte til eksamen og klagebehandling på standpunktcharakter, med eiga utgåve for minoritetsspråklege ("Til deg på 10. trinn"), og sakshandsaming for klager på standpunktcharakterar for skoleleiarar og lærarar.

Vi har for tida ingen elevar med samisk som førstespråk i Rogaland, men på førespurnad rettleier og informerer saksbehandlarane i avdelinga både skolar, føresette og elevar om rettane som gjeld opplæring i og på samisk i grunnopplæringa. Elevane som får opplæring i samisk, får denne via fjernundervisning. Vi kontaktar skoleeigarar som rapporterer om samiske elevar i GSI. Desse får tilsendt søknadsskjema om opplæring i og på samisk, og blir informerte om elevane sine rettar og regelverket elles. Vi formidlar kontakt med embetet i Finnmark som har særleg kompetanse på dette området.

Kommunar og skolar som har delteke i forsøksordninga med *Arbeidslivsfag*, har ikkje meldt behov for oppfølging i 2013, men har blitt rettleia i spørsmål om innhald i opplæringa og vurdering i faget.

*Manifest mot mobbing hadde ein kampanje i september 2013, "Voksne skaper vennskap – sammen", som det blei informert om via nettsida vår. Nettressursane som følger *Betre læringsmiljø* informerer vi òg jamleg om. Informasjon og ressursar som gjeld satsinga på *Vurdering for læring* blir publiserte og omtalte.*

Avdelinga fekk i vår eit tilleggsoppdrag frå Udir om å lyse ut midlar til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. Brev blei sende ut til alle kommunane, og vi fekk til ein god dialog om kommunane si generelle plikt til å tilby symjeopplæring.

I tillegg informerer vi jamleg om retningsliner for NKVS og dei verktøya som er tilgjengelege, og korleis dei kan nyttast til forbetring av kvalitet.

Til rettleiarkorpset er det formidla søknader frå to kommunar i Rogaland.

## Spørsmål på telefon

Talet på førespurnader på e-post og telefon om regelverk og lovforståing frå enkeltpersonar, skoleeigarar og -leiarar er høgt. Det er stort spenn i behova til dei som vender seg til oss, frå ønskje om rettleiing og opplysningar i enkeltsaker, til informasjon om regelverk og råd i kompliserte saker som krev arbeid over tid. Vi opplever at representantar frå kommunar og skoleleiarar er svært opne, og at dei har tillit til at vi ønskjer å bidra med hjelp til å løyse saker som av og til er særleg vanskelege og alvorlege.

Etter vår vurdering har måloppnåinga vår i år vore god. Vi har greidd å gjennomføre alle planlagde tiltak, i tillegg til å delta etter førespurnad. Kommunikasjonen med målgruppene våre er god. Dei gir tilbakemelding om at dei får relevant hjelp og rettleiing. Det blir aktivt satsa på å ha, og å utvikle, god kompetanse på alle relevante område for avdelinga, slik at vi kan nytte eigne ressursar både i regelverkssamlingar og i anna rettleatingsarbeid. Vi meiner at vi har greidd dette godt også i 2013.

## 31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

I 2013 har Fylkesmannen hatt ansvaret for å organisere sensurering av til saman 45968 påmeldte eksamenssvar i PAS og har engasjert 488 sensorar til sensureringa.

### Eksamens

Tre medarbeidarar har deltatt i Utdanningsdirektoratet sine eksamens- og prøvemøte. Vi har gjennomført møte om sentralt gitt eksamen både sør og nord i fylket med til saman 125 deltagarar frå 21 av 26 kommunar, inklusiv deltagarar frå private grunnskolar.

Våren 2013 hadde Fylkesmannen ansvaret for sensureringa av grunnskoleeksamen i engelsk for begge Agderfylka og Rogaland. 3293 kandidatar var påmeldte til eksamen, og 50 sensorar blei engasjerte. 7. juni blei det i samarbeid

med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet gjennomført sensorskolering i engelsk for alle sensorane. 45 sensorar hadde høve til å stille på sensorskoleringa. For nokre sensorar kolliderte skoleringa med lokalt gitt eksamen.

IKT-basert eksamensgjennomføring var normalordninga frå og med våren 2012. I nokre tilfelle leverte eksamenskandidaten feil dokument i prøvegjennomføringssystemet PGSA.

Fellessensurmøtet for grunnskolen blei gjennomført 18. juni. PAS fungerte tilfredsstillande denne dagen. Hovudutfordringa på fellessensurdagen var at ein sensor ikkje hadde retta eksamensvara sine. Ordninga med oppmenn som har gjort unna sitt vurderingsarbeid dagen før, gjorde at desse kunne bruke delar av fellessensurdagen til å gjere vurderingsarbeidet til denne sensoren. Dei to medsensorane hadde i løpet av sensurperioden ikkje tatt kontakt med denne sensoren.

Fylkesmannen har gjennomført eksamensarbeidet i samsvar med embetsoppdraget og har fått god tilbakemelding på koordineringa både frå skoleeigarar, skoleleiarar og sensorar.

Ved tilsyn i kommunar og i fylkeskommunen er valet av tilsynsobjekt gjort m.a. på bakgrunn av eksamensresultat. Eksamensresultat blir også kommentert i tilsyn når det er relevant.

Vi har løyst problemstillingar som har oppstått fortløpende. Vi har utarbeidd årshjul for eksamensarbeidet. Vi vurderer måloppnåinga vår på dette resultatområdet som god.

### *Nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar*

Det blei informert om gjennomføring av nasjonale prøver etter retningslinene på skoleleiarmøte nord og sør i fylket i 2013. Vi har gitt brukarstøtte og har følgt opp skolane i bruken av PAÅ og PGSC. Vi har mottatt feilmeldingar og har formidla desse vidare for å finne løysingar. Resultat frå nasjonale prøvar er brukte ved førebuing av tilsyn. Risikovurdering i samband med resultata av nasjonale prøvar og eventuelle val av tilsynsobjekt i samband med dette, er ført på resultatområde 31.1 Tilsyn. Dette gjeld også tidsbruken.

Vi har sett til at kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar er gjennomførte etter gjeldande retningslinjer.

Vi fekk ein søknad om å utsetje nasjonal prøve. Denne vart innvilga.

Vi får jamleg spørsmål frå skolar om å lage fiktive fødselsnummer til bruk i PAS.

Det har ikkje vore mykje å følgje opp når det gjeld nasjonale prøvar, og det har ikkje vore nødvendig å følgje opp fritakspraksis. Men det vi har følgt opp, er at skolane ikkje gløymer å sluttføre i PAS.

Vi vurderer det slik at gjennomføringa av dei nasjonale prøvane er god, og dermed er vår vurdering også at måloppnåinga vår er god.

### *Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring*

Fylkesmannen har deltatt i eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen for å informere og rettleie om gjennomføringa av sentralt gitt eksamen. Med eitt unntak deltok også dei private vidaregåande skolane på møtet. At vi er til stades på dette møtet, gjer at vi er i betre stand til å følgje opp skolane. Dei eksamensansvarlege på skolane melder tilbake at det gjer terskelen lågare for å ta kontakt med oss. I kjølvatnet av samlinga får vi ein del spørsmål og problemstillingar. Vi blir også betre i stand til å vurdere dei private skolane sin aktivitet på dette området. Den eine private skolen sitt fråver frå møtet var ein faktor som blei med i vurderinga som vi vidaresende til Utdanningsdirektoratet si tilsynsavdeling før deira vurdering av tilsynsaktivitet i 2014. Vi tok også opp eksamens- og prøverelaterte saker på ei samling for private grunnskolar og vidaregåande skolar i april 2013. Dette seier dei private skolane at dei sett pris på.

Fellessensurmøtet for hausteksamen 2012 i seks fagkodar i matematikk, praktisk og teoretisk, blei gjennomført 3. januar 2013. Dei 100 sensorane i 1P, 2P og 2P-Y var samla til eitt formøte, og hadde ein formøteleiar. Tilsvarande ordning hadde dei 23 sensorane i 1T, 2T og 2T-Y. Før oppnemninga av sensorar hausten 2013 tok vår faste formøteleiar i P-kodane kontakt med oss for å foreslå ei oppdeling, slik at 1P ville bli skild frå 2P og 2P-Y. Dette grunna det store talet på sensorar. Sensorhonorarfunksjonen fungerte ikkje i PAS denne dagen. Dette førte til frustrasjon fordi vi ikkje kunne kontrollere desse i lag med sensorane på fellessensuren.

Trass ei viss betring, har vi framleis ei utfordring med at nokre sensorar ikkje les informasjonen som blir sendt ut per e-post grundig. Vi får difor mange telefonar og brukar ein del tid på å svare på spørsmål om forhold som vi

allereie har informert om skriftleg. For å forsøke å endre dette, bad vi dei fagansvarlege i Utdanningsdirektoratet som gjennomfører sensorskolerings, om å be sensorane lese informasjonen frå Fylkesmannen grundig.

Fylkesmannen gjennomførte i samarbeid med fagansvarleg i Utdanningsdirektoratet sensorskolerings i hovudmål 31. mai i Stavanger. Sensorskolerings i sidemål blei dette året slått saman med Fylkesmannen i Hordaland, som tok på seg å arrangere ei samla sensorskolerings. Grunnen til dette var at påmeldinga til sensorskolerings i sidemål året før var for låg. Om lag 20 sensorar stilte til sensorskolerings våren 2012, og det same talet sidemålsensorar reiste til Bergen våren 2013.

Våren 2013 hadde vi ansvaret for sensureringa av til saman 30 469 eksamensvar i 16 fagkodar i norsk, matematikk, biologi, fysikk, kjemi og sosialkunnskap. 312 sensorar var engasjerte til sensureringa. Vi fordele fagkodane over to dagar, 19. og 20. juni. Dei to norskkodane blei lagde til 20. juni for å få ei fordeling. Både talet på sensorar og papirbaserte svar i realfag gjer at arbeidsbelastninga er stor den første av desse dagane. Dette gjer at vi vil vurdere å jamne ut meir på fellessensuren våren 2014, til dømes ved å flytte fellessensuren i sosialkunnskap saman med norskkodane. PAS fungerte greitt begge dagane.

På skolar i nokre fylke hadde skoleadministrator ikkje haka av for anbefalt fagperson i PAS. Alternativt hadde skoleadministrator haka av for foreslått fagperson for tidleg, slik at dette blei sletta tidleg på hausten. Fagpersonar frå slike skolar ringte til Fylkesmannen for å forhøyre seg om kvifor dei ikkje var blitt oppnemnde som sensorar. For ein del av desse let det seg likevel ordne ved at sensorar som var oppnemnde, takka nei til førespurandene om å vere sensor.

Vi opplever ved kvar fellessensur at papirbaserte eksamensvar blir borte. I dei fleste tilfella dukkar postsekken eller konvolutten opp igjen, men ikkje utan ein god del arbeid. Etter vårsensuren 2013 brukte ein medarbeidar meir enn ein heil arbeidsdag på å spore opp ein konvolutt, som det viste seg var sendt til feil skole. Vi ber sensorane om å sjekke grundig at eksamensvara er lagde i rett konvolutt før dei bli innleverte til eksamenssekretariatet på fellessensuren. Fylkesmannen set i sving mange til å sortere og pakke på fellessensuren. Vår erfaring er at nokre skolar har därlege rutinar når det gjeld eksamensvara dei tek imot etter fellessensuren. Etter vårsensuren opplevde vi at ein skole hadde forlagt fleire konvolutter som var feilsende til dei. Dei hadde ikkje teke kontakt verken med Fylkesmannen, avsendar eller rett mottakar. I samband med haustsensuren 2013 opplevde vi at nærmare 30 eksamensvar «forsvann» i postgangen mellom 1. sensor og 2. sensor. Konvolutten dukka først opp i midten av januar, like før vi vurderte å avblåse leitinga. Vi rådførte oss med Utdanningsdirektoratet, som ga oss mynde til å vurdere kor lenge vi skulle vente. Vår erfaring er at det var lurt å vente, sidan vi då slapp å sette i gang ein prosess med annullering av eksamen for desse kandidatane. For ein del av desse kandidatane var det viktig å få den nye eksamenskarakteren. Ein annullering var ikkje ei ønskjeleg løysing for dei. Vi har i etterkant fått ei skriftleg forklaring frå Bring, der dei viser til menneskeleg svikt i utleveringa av post til butikken og butikken si handsaming av posten. Desse sakene viser kor sårbart det er å sende post fysisk, sjølv om vi betalar for ekspressending som gjer det mogleg å spore pakken.

I samband med gjennomføringa av eksamen blei vi i juni 2013 informert om at ein vidaregåande skole hadde bortvist to elevar som kom for seint til eksamen i hovudmål. Vi diskuterte saka med Utdanningsdirektoratet og kom til at skolen ikkje hadde heimel for å bortvise elevane. Det blei søkt om annullering av eksamen og dispensasjon frå eksamenskravet. Søknadane blei innvilga av Utdanningsdirektoratet.

Til hausteksamen 2013 har vi igjen hatt ansvaret for sensureringa av seks fagkodar i matematikk, praktisk og teoretisk. Frå hausteksamen 2011 til hausteksamen 2012 opplevde vi ei markant auke i talet på eksamensvar (30%). Til hausteksamen 2013 opplevde vi ein liten nedgang i talet på eksamensvar, noko som gjorde at vi klarte oss med 8 færre sensorar i P-mattekode hausten 2013 enn hausten 2012. Vi hadde 11303 eksamensvar og 113 sensorar. Når talet på sensorar nærmar seg 120, er det ei utfordring å finne eit konferansehotell som kan stille med grupperom til sensorane og rom til sekretariat og pakking av store mengder papirsvar.

Tilbakemeldinga vi har fått frå fylkeskommunen, eksamensansvarlege på dei vidaregåande skolane og sensorane, er at gjennomføringa av eksamen og sensurering er godt ivaretatt.

Som eit prøveprosjekt blei det starta opp sommarundervisning med sentralt gitt eksamen i fagkodane MAT1015 og MAT1005, 2P og 2P-Y, i Troms fylkeskommune. Fylkesmannen i Rogaland hadde ansvaret for sensureringa. Fellessensur blei arrangert i Stavanger 5. september. 17 eksamensvar var registrerte i PAS, og 3 sensorar blei engasjerte til sensurarbeidet. Talet eksamensvar var ein del mindre enn vi hadde venta. Arrangementet var uproblematisk å gjennomføre. Vi er positive til å gjennomføre fellessensuren som er knytt til det andre året i prøveprosjektet hausten 2014.

Ansvaret for klagesensuren i vidaregåande opplæring veksler kvart fjerde år mellom Fylkesmannen i Hordaland og Rogaland. Hordaland overtok i 2011, og ein medarbeidar frå Rogaland deltok ved gjennomføringa av

hurtigklagesensuren i Bergen også i 2013. For framtida ønskjer vi at FMRO og FMHO har ansvaret annakvart år. Argumentet for ei slik ordning er at det då blir enklare å halde seg oppdatert, samstundes som arbeidsbyrda blir betre fordelt. Det er viktig at dette er synleggjort i embetsoppdraget.

Frå hausten 2013 har ein medarbeidar deltatt i to ulike arbeidsgrupper som har sitt utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sitt arbeid med eksamen og PAS. Den eine gruppa ser på eksamensoppdraget, medan den andre gruppa bidrar i utviklinga av den komande versjonen av PAS. Representanten frå Fylkesmannen i Rogaland har vore med på fleire møte i løpet av hausten 2013.

Samla sett vurderer vi at ressursbruken vår er effektiv og måloppnåinga vår god.

## Fylkesmannen i Rogaland

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	Rogaland har mindre fritak enn landsgjennomsnittet på alle prøver.	Det er ingen større variasjon mellom skoleeigarane.		

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskottsordningar på grunnskoleområdet: kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrolloppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskott til landsliner, kap 225 post 63 Tilskott til samisk i vidaregående opplæring, kap 225 post 67 Tilskott til opplæring i finsk i vidaregående opplæring og kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskular.

Fylkesmannen har i 2013 utbetalt tilskott til grunnskoleopplæring for 219 barn og unge i asylmottak mot 185 i 2012. Desse elevane hadde 791 månader i opplæring mot 696 månader i 2012; ein auke på 95 månader eller 13,6 %. Det er i alt utbetalt omlag 6 mill kr i tilskott mot 5,1 mill kr i 2012. Gjennomsnittleg tal på månader i opplæring per elev er redusert frå om lag 3,8 i 2012 til 3,6.

Fylkesmannen har gjort formalia- og rimelegkontroll av søkerne fra kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn skolelister frå UDI over tal på barn i asylmottak som kjem inn under kategorien grunnskoleopplæring. Søkerne er forsøkt samanhaldne med listene. Samanlikninga er vanskeleg då listene frå UDI ikkje er lagde til rette for slik kontroll. Krypterte elektroniske lister ville effektivisert kontrollarbeidet vårt.

Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men grundig kontroll utført i samband med behandling av søkerne førte til fleire korreksjonar. Både satsar og tal på månader i opplæring var feil i fleire søkerne. Ingen kommunar har fått avslag. Vi har også undersøkt nokre tilfelle direkte med UDI, då barn oppførte i søkerne ikkje var å finne på skolelistene frå UDI.

Det var i alt 4651 elevar på leirskule i 2013 mot 4388 året før. Talet på elevar som reiser på leirskule auka såleis med 263 elevar eller 6 %. Elevane var i 2013 organiserte i 267 grupper mot 264 året før. Det blei utbetalt 3,4 mill kr i tilskott i 2013. 7,8 % av elevane i Rogaland var på leirskule i 2013 mot 7,4 % året før. Det er såleis ein reell auke av elevar på leirskule med 5 %.

Kommunane sine søkerne med elevlister er gjennomgått, og feil er retta før vedtak om utbetaling av tilskott. Det er henta inn faktura/dokumentasjon frå fleire kommunar på gjennomført leirskuleopphold, fleire søkerne er korrigerte når det gjeld tal på grupper og undervisningstimar. Ingen kommunar har fått avslag. Fylkesmannen har ikkje funne grunnlag for stikkprøvekontroll.

Rogaland har seks landsliner ved tre vidaregåande skolar. Fylkesmannen har kontrollert at tala i "Oppsummering

av elevlistene" frå kvar skole har vore i samsvar med elevlistene. Dokumenta er så blitt sende til Utdanningsdirektoratet for vidare behandling.

Når det gjeld samisk og finsk i vidaregåande opplæring, har vi hatt noko rettleiing når det gjeld samisk, men ikkje hatt noko arbeid med finsk. Fylkesmannen har kontrollert ein søknad frå Rogaland fylkeskommune om tilskott til samisk, og sendt den vidare til Utdanningsdirektoratet for behandling.

Fylkesmannen har kontrollert årsoppgjeret for 2012 for dei fire folkehøgskolane i Rogaland. Alle unntatt ein skole hadde levert rekneskapen innan fristen. Dei samla inntektene frå folkehøgskolane auka med om lag 5 % frå 2011 til 2012, medan årsresultatet vart redusert med kr 364.000. Det var samla underskot i 2010. Redusert resultat frå året før skuldast eit lågare resultat frå drifta kombinert med høgare rentekostnader. Likviditeten har trass i dette betra seg, medan gjeld i forhold til eigenkapitalen er noko høgare. Samla sett er det ingen store endringar i økonomien i folkehøgskulane i Rogaland i 2012.

To av skolane har betra økonomi, medan to har eit dårligare resultat. Konklusjonen for folkehøgskolane sin økonomi i 2012 er ein svak reduksjon i den økonomiske handlefridomen, men utviklinga ikkje er truande.

## **Måloppnåing**

Det var sett av i alt 26 dagsverk til arbeidet på dette resultatområdet i 2013, og oppdraget er fullført på ein god måte innafor desse ressursane. Arbeidet er utført av 2 personar med naudsynt kompetanse innafor forvaltning og økonomi. Ein person med økonomikompetanse har hatt ansvaret for tertialrapporteringa, som no er gjort i den elektroniske portalen. Rapporteringa er gjort etter dei fristar som vart sette. Vi har prøvd å sjå til at reglar og retningsliner for dei ulike tilskotsordningane er følgde, utan at vi kan seie at vi har brukta nokon særskild metodikk. Etter dette konkluderer vi med at måloppnåinga vår er god på dette området.

# **Resultatområde 32 Opgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen**

Rapportering for dette området går fram av delområda nedanfor.

## **32.2 Kompetanseutvikling**

### **Kompetanse for kvalitet**

Fylkesmannen har informert om og motivert til deltaking i Kompetanse for kvalitet både i møte i GNIST-partnarskapen, i Skoleeigarforum og i møte med enkeltkommunar. Deltakinga har auka i Rogaland, men kommunane Finnøy, Forsand og Utsira har ikkje deltakarar i Kompetanse for kvalitet.

7 private skolar deltar i strategien. Fylkeskommunen deltar i mindre grad enn det vi hadde rekna med, i alt er 23 lærarar med.

Vi har utbetalt og kontrollert bruk av midlar, og vi har rapportert i samsvar med det som er Fylkesmannen si oppgåve og rolle i strategien.

Rapportering i REV har gått greitt, men Fylkesmannen må purre på ein del kommunar for å få rapporteringa gjennomført.

Vi vurderer måloppnåinga som god og resultatkrava som innfridd.

### **Strategi for ungdomstrinnet**

Vi har informert om og deltatt saman med partnarskapet i GNIST om utvelging av skolar til pulje ein og to. Midlar til ressurslærarar og utviklingsrettleiarar er utdelte. Fylkesmannen har hatt svært god dialog med prosjektleiarene i GNIST, og vi har gjennomført kurs i Ståstadanalysen før utvelging til pulje to.

Prosjektleiarene for GNIST i Rogaland slutta ved årsskiftet 13/14 for å byrje som utviklingsrettleiar. For å kunne vidareføre partnarskapen var Sandnes kommune villige til å fristille ein medarbeidar i staben der i halv stilling ut

prosjektperioden. Vi er svært nøgde med denne løysinga og trur at det vil vere GNIST i prosjektet også i 2014. På spørsmål om vidareføring av partnarskapen har vi har meldt inn til departementet at vi trur det er avgjerande for ei god vidareføring at det blir stilt økonomiske midlar til prosjektleiarstilling til disposisjon.

Vi vurderer måloppnåinga som god og resultatkrava som innfridde.

## **Regionalt samarbeid**

Fylkesmannen deltar i Skoleeigarforum Rogaland, og vi er også med i arbeidsutvalet (AU) for forumet. I tillegg til oss er det KS, fylkesdirektør for utdanning i fylkeskommunen og ein kommunalsjef for kvar av dei tre kommunenettverka/regionane i fylket. På førre AU var også Universitetet i Stavanger og Høgskolen Stord-Haugesund representerte etter invitasjon. Vi viser elles til det som er skrive om Skoleeigarforum under rapporteringa på 31.4.

Fylkesmannen har deltatt i det regionale samarbeidet som omtalt i tidlegare årsrapportar. Vi vurderer vår rolle her som viktig når det gjeld å medverke til at skoleeigarane ivertar ansvaret sitt for kompetanseutvikling. Vi er svært nøgde med det regionale GNIST-samarbeidet.

Den medarbeidaren som hadde hovudansvaret for oppgåvene knytte til kompetansestrategien, gjekk ut i morspermisjon i august 2013, og arbeidsoppgåvene blei flytta til ein annan medarbeidar. Vi har likevel greidd å sikre god kompetanse i arbeidet, og vi vurderer måloppnåinga som god og resultatkrava som innfridde.

## **32.3 Skoleporten**

Vi har gitt brukarstøtte og rettleiing per telefon og e-post. Ved publisering av resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga er det stor aktivitet i Skoleporten, og vi har i den perioden større pågang for rettleiing og informasjon.

Data frå Skoleporten, og frå datakjelder direkte, blir brukte systematisk i samband med tilsyn. Vi informerer også om slike data ved førespurnad frå media og andre som vil vite noko om skolemiljø og resultat.

Når nytt talmateriale ligg føre i Skoleporten, blir dette analysert og tatt inn i systemet for områdeovertakning. Analysane blir presenterte og gjort tilgjengelege for alle tilsette i avdelinga og aktuelle tema blir publiserte på nettsidene våre.

Vi har delteke på UDIR si samling om Skoleporten. Det kjem ikkje mange spørsmål om rettleiing til Skoleporten om utarbeiding av tilstandsrapporten. Det kan på den eine sida tolkast som at verktøyet er godt og lett å bruke, eller at kommunane ikkje tar i bruk tilbodet som ligg i Skoleporten, men finn andre måtar å oppfylle lovkrava til årleg vurdering på. Vi har ikkje noko fullgodt oversyn her, men inntrykket vårt er kommunane jamt over brukar både informasjon frå Skoleporten og direkte frå GSI og andre statistikkbasar i arbeidet med tilstandsvurderinga. Vi vurderer om vi rutinemessig skal be om kopi av tilstandsrapporten etter § 13-10, til no har vi berre bede om slik kopi i samband med tilsyn.

Samla ressursbruk for Skoleporten er 20 dagsverk. Kompetansen i arbeidet med Skoleporten er vurdert som god. Vi har nådd måla for resultatområdet, men ser at vi ikkje har full oversikt over kommunane sin bruk av Skoleporten sine ulike komponentar. Vi vurderer likevel måloppnåinga vår på området som god.

## **32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting**

Fylkesmannen har bistått Utdanningsdirektoratet med informasjon og kunnskap om skolenes gjennomføring av nasjonale prøver og bruk av resultatene. Det er stort sett tekniske vanskar som er løyst av UDIR gjennom PAS-hjelp.

Vi hadde diverre ingen nominert kandidater til Dronning Sonjas skolepris for inkludering og likeverd dette året.

Vi har bidratt til at skoleiere søker veiledning, og til rekruttering av veiledere til Veilederkorps. Fylkesmannen har hatt infomøte om veilederkorpset med Hjelmeland kommune.

Fylkesmannen har arrangert samling for UDIR med tema: Arbeid med lokale læreplanar.

## 32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Vi nemner følgjande knytt til resultatkravet om å ha gitt informasjon og rettleiing:

\* Førespurnader pr. telefon og e-post er omfattande. Vi prioriterer både å setje av tilstrekkeleg med ressursar og å gi raskt svar her.

\* Med bakgrunn i erfaringar frå tilsyn knytt til spesialundervisning for vaksne, har det vore gjennomført to samlingar der forvaltningsarbeidet på dette feltet har vore tema. Vi har prioritert samlingar både i sørfylket og nordfylket slik at tid og kostnader ikkje skulle bli for store for deltakarane.

\* Opplæringa i sosiale og medisinske institusjonar har i 2013 vore tema på samling med 60 barnevernleiarar i kommunane i desember. Denne samlinga var eit samarbeid med helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen. Vidare har utdanningsavdelinga deltatt på interne møte med helse- og sosialavdelinga knytt til deira tilsyn på barnevernområdet. Opplæring/skole var eit viktig tema i tilsynet i 2013. I samband med oppfølging av tilsyn på området har det vore møteverksemd på leiarnivå knytt til elevar i institusjon. Tilsynssaka er også tatt opp i møte mellom embetsleieinga og fylkeskommunen v/fylkesordførar og fylkesrådmann. Etter avtale vil det bli gjennomført eit møte med involverte personar i fylkeskommunen i løpet av våren 2014. På grunn av kapasitetsvanskår vart planlagde regionale samlingar med tema § 13-2 og 13-3a elevar ikkje gjennomførte i 2013.

\* I februar/mars 2013 blei det gjennomført eit oppfølgingstilsyn i Sandnes kommune med kap 5 som tema. I det skriftlege tilsynet knytt til 4 skolar (24 elevsaker) og 10 saker på barnehageområdet blei det utarbeidd ein tilsynsrapport til kommunen, og i tillegg fekk kvar av dei 4 skolane og barnehageområdet eigen rapport som vedlegg til hovudrapporten. Erfaringa frå tilsynet viser at det har vore svært positiv utvikling på tilsynsområdet, og Fylkesmannen har no avslutta tilsynet. PPT i Sandnes inviterte Fylkesmannen til ei samling for alle tilsette i PP-tenesta i november 2013. Både § 5-7 og § 5-1 var tema på denne dagssamlinga.

\* Konkret råd og rettleiing er også gitt i samband med eit hendingsbasert tilsyn som starta i 2012, og som omfatta både § 2-1 fjerde ledd, kap 5 og § 15-3. Endeleg tilsynsrapport blei skriven våren 2013. Ny leiar på kommunenivå har hatt stort behov for tett oppfølging for å kunne rette lovbrota. Erfaringar og informasjon knytt til dette temaet har også i 2013 vore brukt av Fylkesmannen i regelverksamlingar. Dette har igjen ført til at mange har tatt kontakt på telefon for rettleiing i liknande saker i eigen skole/kommune.

\* Det hendingsbaserte tilsynet i 2012/2013 der makt og tvang var tema, har ført også ført til nært samarbeid med helse- og sosialavdelinga. Deira lovverk knytt til bruk av makt og tvang for brukarar med psykisk utviklingshemming, har gitt verdifull informasjon for oss i våre vurderingar i saker der nødrett/nødverge har vore tema. Erfaringar frå dette tilsynet er brukt i rettleiingssamtalar på kommune- og skolenivå i konkrete elevsaker. I desember 2013 hadde vi innlegg på ei nettverksamling med 70 deltakar frå psykiatri, BUP og skole. Etter Fylkesmannen si vurdering er tverrfaglege samlingar knytt til dette tema av stor verdi for dei som arbeider med barn og unge med utfordrande adferd.

I 2011 vart samarbeid knytt til tiltak frå fleire etatar/instansar overfor barn og unge med særleg store vanskår, etablert som eit prosjekt der både barne- og ungdomspsykiatrien, Bufetat, fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen deltok i tillegg til kommunane. Målet var å finne fram til tenleg samarbeid om tilgang på spisskompetanse når det gjeld samordna tilbod til desse barna, og våren 2012 vart eit såkalla "Avklarande team" etablert i regi av Bufetat. Opplegget omfattar no alle kommunane som ligg under Helse Stavanger. Det var planen å evaluere ordninga våren 2013, men fordi det til no ikkje har vore så mange saker til behandling i teamet, er arbeidet vidareført med evaluering våren 2014.

\* I desember inviterte Fylkesmannen alle skoleeigarar og PP-tenesta til samling om følgjande tema:

- Barn og unge i krise
- Fritak frå opplæringsplikta
- Utfordringar knytte til bruk av alternative opplæringsarenaer

Fylkesmannen er kvar vår invitert til å halde innlegg på det årlege Fagleg forum for PPT. Dette er ei todagars samling med over 150 deltakarar. Alle PPT-tilsette i Rogaland er inviterte til samlinga.

I desember 2013 deltok vi på ei samling i regi av næringslivet i Dalane -regionen. Inn på tunet var tema, og representant frå Landbruksavdelinga og representantar frå skole/PPT, ulike organisasjonar og bønder utgjorde

dei 20 deltagarane på samlinga.

\* Fylkesmannen er med i kommunane sitt nettverk Styrka barnehagetilbod, som gjeld tilrettelegging for barn med særskilde behov. Nettverket har møte 2 gonger pr semester, og saker knytte til § 5-7 er alltid tema på desse møta. Fylkesmannen gir rettleiing om lov og regelverk i desse møta. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir utan unntak fatta over barmehagenivået i Rogaland, og i tillegg blir hjelpe i fleire kommunar gitt av "omreisande" spesialpedagogar. Dette inneber store utfordringar når det gjeld å styrke kompetansen om dette i barnehagen. Vi trur likevel at deltaking i dette nettverket er den mest tenlege strategien for å medverke til betre forankring av den spesialpedagogiske hjelpe i kvar barnehage. Emnet blir også tatt opp i møte med PPT, der vi "slepp til". Fylkesmannen får ikkje delta i PP-leiarane sine nettverk (dette har vore situasjonen gjennom fleire år no), men vi har tru på at dette kan betre seg i samband med evu-strategien for PPT.

Resultatkravet knytt til å ha medverka til tverrfagleg og tverretatleg nettverk, er ivaretatt slik:

\* Inn på tunet - saman med landbruksavdelinga, helse- og sosialavdelinga, NAV, BUF-etat og KS

\* Utsette barn og unge saman med ulike aktørar i helse- og sosialavdelinga

\* Nettverk Styrka barnehage (jf. ovanfor)

\* Våren 2013 vedtok Fylkesmannen i Rogaland å starte opp eit prosjekt med særskilt fokus på barn og unge etter inspirasjon frå "Sjumilssteget" i Troms. Først hadde vi eit inspirerande møte med Fylkesmannen i Troms der "Sjumilssteget" vart presentert, deretter vedtok leiargruppa å gå i gang med ei liknande satsing her i fylket. Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå alle fagavdelingane vart etablert, det vart utarbeidd mandat for gruppa og ein milepælsplan for 2014. Prosjektet har fokus både på internt samarbeid i embetet og samarbeid i kommunane. I november deltok arbeidsgruppa på konferanse" i regi av Sjumilssteget i Troms, og i etterkant av konferansen hadde vi eit arbeidsmøte med fylkesmannen i Troms og Østfold, der vi drøfta planar og fekk rettleiing og tips og idear. I desember vart så prosjektet presentert av fylkesmannen sjølv i det årlege møtet med ordførarar og rådmenn.

Med sistnemnde prosjekt meiner vi at resultatkravet om å medverke til at dei ulike sektorane sitt arbeid med barn og unge med samansette vanskar blir betre koordinert, er ivaretatt. Prosjektet er i ein startfase. Det er godt forankra internt, og det er sett av mykje ressursar til arbeidet. Eit godt arbeid her vil, etter vår vurdering, også medverke til å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Deltaking i tverrfagleg og tverretatleg nettverk mellom skoleeigarar, PPT, Statped og UH-sektoren har ikkje vore omfattande i 2013. Vi er med i referansegruppa i Haugalandsløftet, og blir orienterte om arbeidet der. Strategien for etter- og vidareutdanning for PP-tenesta er påbegynt og vil komande år bidra til tettare tverrfagleg/tverretatleg samarbeid.

Etter Fylkesmannen si vurdering har det samla sett vore stor aktivitet på dette resultatområdet også i 2013. Behovet for informasjon om forvaltninga på området er framleis stort. Innhaldet på samlingar har i tillegg til gjennomgang av forvaltningslova og opplæringslova knytt til kap. 5, også hatt med ein gjennomgang av erfaringar og funn gjorde i tilsyn på området.

Der vi har møtt den enkelte kommune/region, har vi spesielt tatt utgangspunkt i dei utfordringane vi har sett lokalt. Vi har vore bevisste på også å formidle positive funn. PP-tenesta er ei viktig målgruppe for arbeidet vårt innanfor dette området, og vi pplever at det er særslig låg terskel for å ta kontakt med Fylkesmannen. Mange ber om rettleiing i prinsipielle saker, og vi blir bedne om å halde innlegg på ulike samlingar i større omfang enn det vi greier å innfri.

Etter vårt skjøn er dette eit område som føreset at vi har brei kompetanse, og solid kjennskap til sektoren og skolekvardagen må vere på plass for å kunne løyse oppdraget på ein god måte. Vi har slik kompetanse no, og vi har nemnt at vi prioriterer å setje av ressursar til dette feltet, noko vi meiner aktiviteten synleggjer.

Med bakgrunn i langvarig sjukemelding hos personalet med ansvar knytt til 32.5, har vi inneverande år ikkje fullt ut nådd målet om å ha "*sammemstilt og formidlet dokumentasjon om opplæringen til barn, unge og voksne med behov for særskilt hjelp og støtte i kommunene og fylkeskommunen*". Som det går fram ovanfor, er mykje dokumentasjon om tilstanden formidla til kommunane og fylkeskommunen. Vi har imidlertid ikkje prioritert å samanstille statistisk informasjon spesifikt på dette feltet, både fordi vi veit at kommunane nyttar seg av GSI og Skoleporten direkte, og fordi det framleis ikkje finst påliteleg statistikk om spesialundervisning i vidaregåande opplæring som vi har tilgang til. Dette siste er tatt opp med Utdanningsdirektoratet gjennom mange år, utan at noko etter det vi veit, blir gjort. Vi meiner det er svært uheldig at vi som tilsynsmynde ikkje har direkte tilgang til

slik statistikk.

Vi meiner likevel at vi samla sett har god måloppnåinga på dette resultatområdet.

## Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

Rapportering på dette resultatområdet går fram av delområda nedanfor.

### 33.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen skal forvalte dei statlege tilskotta etter retningslinene frå Kunnskapsdepartementet for kvar einskild tilskottsordning. I 2013 galdt dette postane 61 Investeringstilskott og 64 Tilskott til midlertidige lokale.

I 2013 har Fylkesmannen ikkje mottatt søknader om investeringstilskott eller tilskott til midlertidige lokale. Det har heller ikkje vore klagesaker til/under behandling. Det er derfor ikkje utbetalt midlar.

#### Investeringstilskott

Det er ikkje oppretta saker med krav om tilbakebetaling av investeringstilskott i 2013. I BASIL er det no laga ein rapport over bl.a. nedlagde barnehagar. Denne rapporten sikrar at vi får kjennskap til alle nedlagde barnehagar frå 2013 og ev. tidlegare. Gjennomgang av rapporten frå BASIL over nedlagde barnehagar vil skje i 2014.

Etter stenging av ein privat barnehage i 2011, oppretta Fylkesmannen sak om tilbakebetaling av investeringstilskot. Udir stadfesta Fylkesmannen sitt vedtak i oktober 2012, og sak om inndriving av tilbakebetalingskrav har pågått sidan. Tilbakebetalingskravet blei innfridd i desember 2013, og kr 285 000 er innbetalt til statskassa.

#### Tilskott til faste plassar i midlertidige barnehagelokale

Fylkesmannen har kontrollert 6 vedtak om tilskott frå 2010 og sjekka om vilkåret om flytting frå midlertidige lokale til permanente lokale innan 3 år er oppfylt. Kontrollen er gjennomført ved å undersøke om det er mottatt søknad om investeringstilskott for permanente lokale som opna i 2011, ev. annan dokumentasjon. Fylkesmannen finn at vilkåret om flytting frå mellombelse lokale til permanente lokale innan 3 år er oppfylt for alle barnehagane.

#### Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga bland minoritetsspråklege barn

I Rogaland var det 3213 minoritetsspråklege barn i barnehage per 15.12.12, mot 2710 året før. Utdanningsdirektoratet har utbetalt kr 11 397 665, mot kr 10 485 077 året før. Dette utgjer ein auke på 503 barn og om lag kr 900 000 frå 2012 til 2013.

I to kommunar fann vi avvik mellom oversikt frå Udir over minoritetsspråklege barn per 15.12.12 og tal innhenta frå kommunane. Dei korrekte tala blei rapporterte til Udir medio februar 2013 og godkjende i BASIL.

Vi har gjennomført stikkprøvekontroll i 3 kommunar. Det er sendt brev med spørsmål om rutinar for tildeling av tilskott, oversikt over vedtak fatta for 2013, m.m. Resultata frå stikkprøvekontrollen går fram av tillegg til rapporteringa for 3. tertial 2013. Tillegget blei ettersendt i 2014.

Fylkesmannen har sendt alle rapportane som går fram av embetsoppdraget innan fristane. Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på tilskottsområdet i 2013 er god.

### 33.2 Klagesaksbehandling

Vi har i 2013 ikkje hatt klagesaker på andre område etter barnehagelova enn etter forskrift om økonomisk likeverdig behandling. Talet på klager på dette område har ikkje gått ned i forhold til tidlegare år.

## Klager økonomisk likeverdig behandling

Saksbehandlingstida i saker om likeverdig behandling har vore frå 1-7 mnd. Lang saksbehandlingstid skuldast både kompleksiteten i sakene og behov for innhenting av fleire opplysningar. Kommunane si saksbehandling er ved fleire høve svak i forhold til krava i forvaltningslova, m.a. kravet om at ei sak skal være så godt opplyst som mogleg. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lang.

Fylkesmannen har gjort vedtak i 16 saker om økonomisk likeverdig behandling i 2013, 7 av desse kom inn i 2012. For resultat av sakene viser vi til tabellen. 10 av sakene som vi mottok i 2013, ligg over til behandling i 2014.

Klagesakene er spreidde på 7 kommunar og ei rekke ulike tema. Ei omfattande sak skilde seg ut. Den galdt særleg prosent tilskott som var rekna ut feil av kommunen etter reglane frå før rammefinansieringa. Det var krevjande å finne korrekt dokumentasjon, og å avklare korleis og når ein kunne rette opp openberre feil gjort av kommunen. Same kommunen har to små kommunale barnehagar og ein stor privat, og har difor svært høge tilskotsatsar. Kommunen har av denne grunn vore svært opptatt m.a. av 25 %-regelen. Av andre klagetema kan nemnast justering av tilskot ved endring av talet på barn, manglende dokumentasjon, feil i utrekninga av tilskotsatsar, lågt og lite truverdig budsjett, bruk av premiefond til dekking av pensjonspremie og avkorting av tilskot.

Fylkesmannen har brukt mykje tid på rettleiing av kommunane om reglane frå 1.1.2011. Vi viser til resultatområde 33.3.

### Andre klager på barnehagefeltet

Fylkesmannen har i 2013 ikkje mottatt andre klager relatert til barnehagelova med forskrifter.

(Saker om skyss og om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder går fram av resultatområde 31.2.)

### Måloppnåing

Det er som i 2012, hovudsakleg to tilsette som har behandla klagesakene om økonomisk likeverdig behandling, ein økonom/pedagog og ein jurist. Sakene er framleis krevjande både i forhold til tidsbruk og innhald og inneber mykje intern drøfting og i nokre høve avklaring med Utdanningsdirektoratet. Sakene har sterkt økonomisk og i mindre grad juridisk innhald, noko som gjer det ekstra utfordrande fordi utdanningsavdelinga hos fylkesmannen tradisjonelt ikkje er rusta med slik økonomisk kompetanse.

Fylkesmanen i Rogaland har ein representant i faggruppa saman med andre fylkesmenn og Utdanningsdirektoratet. Gruppa starta sommaren 2012 og har hatt eitt møte i 2013. I 2013 har faggruppa vore særleg engasjert i arbeidet med ny forskrift på området, og Fylkesmannen sine representantar har blitt aktivt brukte av direktoratet. I tillegg til møtet i faggruppa er det etter avtale utveksla mange synspunkt via e-post, og fylkesmennene sine representantar har trekt andre Fylkesmenn i sine regionar med i dette arbeidet.

Forskrift om likeverdig behandling er framleis unødig komplisert, og nytt rundskriv frå juli 2013 ser ikkje ut til å ha ført til særleg forenkling og har heller ikkje påverka talet på klagesaker positivt. Fylkesmannen har derfor sett fokus på forenkling under arbeidet med den nye forskriftena i faggruppa. Vidare meiner vi det er viktig å avgrense eller forankre forskriftena sine reglar i høve til ei rekke kringliggjande regelverk for å sikre ei betre forvalting av reglane i barnehagesektoren.

Saksbehandligstida er framleis relativt lang, men er grunngitt med kompleksiteten i sakene og det at vi i nokre tilfelle har valt å utgreie sakene utover dei spørsmåla som er reiste av klagar. Dette har vi gjort for å sikre forsvarleg opplysing av saka. Vi meiner ut frå dette at saksbehandlingstida er forsvarleg og at målet om forsvarleg saksbehandlingstid er nådd. Fylkesmannen er ikkje kjend med at kommunar ikkje har følgd opp dei vedtaka vi har gjort overfor barnehagen som har klaga, verken gjennom media eller på annan måte.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0

## Arsrapport 2013 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	4	9	4	1	18
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

### Merknad

Talet på klager som er registrerte ovanfor, er dei klagene vi har behandla. Tabellen viser ikkje dei klagene som er mottatt, men ikkje behandla. Vi mottok 19 klager etter forskrift om likeverdig behandling i 2013. 9 vart behandla, 10 klager låg over til behandling i 2014. 7 av sakene som vi fekk i 2012, vart behandla i 2013. I alt har vi derfor behandla 16 saker i 2013. Vi var ajour med klagebehandlinga til sommerferien i 2013; alle dei ubehandla klagene vart mottekte i oktober - november. Ein stor del av desse klagene var frå ein stor barnehageeigar eller klaga inn av PBL.

## 33.3 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleatingsoppdraget er delt mellom planlagde tiltak og førespurnader utanfrå. Fylkesmannen har i 2013 hatt jamlege møte med kommunane som barnehagemynde og arrangert regelverksamlingar for kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar. Fylkesmannen brukar nettsidene aktivt til å spreie informasjon og gi rettleiing. Førespurnader per telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjend og følgd. Det kjem spørsmål frå så vel foreldregruppa som frå kommunane, og det har også i 2013 vore mykje kontakt direkte frå foreldra.

Fylkesmannen har hatt særleg fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde og økonomisk likeverdig behandling. God informasjon og dialog mellom kommunane som barnehagemynde og dei ikkje-kommunale barnehageeigarane er etter Fylkesmannen si meining vesentleg for å sikre ei god implementering av regelverket.

### Nettverk

I Rogaland samarbeider kommunane i tre nettverk på barnehageområdet. Fylkesmannen deltar i 4-6 halvdagsmøte i kvart nettverk årleg, og desse møta i nettverka er, i tillegg til informasjon via nettside, på e-post og telefon; vår viktigaste kontaktarena. Her informerer vi om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Møta har "låg terskel" for å ta opp saker og emne begge vegar, kommunane får rettleiing på eit tidleg stadium i forhold til utfordringar dei jobbar med og i høve til regelverket. Samstundes blir Fylkesmannen jamt oppdatert om utfordringar og status på barnehageområdet.

Det er Fylkesmannen si oppfatning at nettverka er ein sentral arena for kontakt og samhandling både med kommunane og mellom kommunane. Mange av kommunane i Rogaland er små, og det har vore svært stor utskifting av barnehagefagleg ansvarlege, spesielt i nord og sørfylket. Nokre av dei barnehagefagleg ansvarlege har dessutan svært mangefull systemkompetanse, og nokre kommunar har ikkje barnehagefagleg kompetanse i kommunaleddet i det heile. Den hyppige møtefrekvensen gjer at Fylkesmannen kan komme tidleg inn med informasjon og rettleiing.

Når det gjeld informasjon og rettleiing knytte til barn med særskilte behov, har Fylkesmannen deltatt i kommunane sitt nettverk for styrka barnehagetilbod. Nettverket har møte 3-4 gonger i året. Her drøftar ein dei formelle sidene ved tildeling av spesialpedagogisk hjelp. Kommunane har ansvar for agendaen og Fylkesmannen bidrar med innlegg, generell informasjon og tolking/ svar på juridiske spørsmål. Tema har blant anna vore delt omsorg/foreldre busett i ulike kommunar, budsjettering og praktiske utfordringar med å oppfylle retten gjennom året og barn med store medisinske utfordringar.

Elles nemner vi at embeta i Sør-Vest har eit eige nettverk på barnehageområdet, oppretta for to-tre år sidan. Nettverket møtest fysisk ein gong årleg, men medarbeidarane i embeta brukar kvarandre også til uformell kontakt og samarbeid undervegs i året.

### Økonomisk likeverdig behandling

Fylkesmannen konstaterer at mange av kommunane framleis slit i høve til økonomisk likeverdig behandling. Reglane blir opplevde som vanskeleg tilgjengelege, og vi ser at det ikkje er mogleg å praktisere reglane rett utan å ha god oversikt over departementet sine merknader og lovforarbeidet. Kommunane har også utfordringar når det gjeld eigen kompetanse til å handtere regelverket. Vi veit at fleire nyttar rettleiaren frå KS og PBL i si

tilskotsforvalting, og at dette har vore positivt. Utfordringa er likevel framleis at reglane er basert på kommunen sitt budsjett som det er få lovkrav til, og praksis i kommunane vert derfor ulik. Det er forventning til endringa som skal ta til å gjelde frå 1.1.2015 om å nytte rekneskap i staden for budsjett i utrekning av tilskotet. Vi hadde likevel venta større dagleg pågang om rettleiing på eit så komplekst område. Vi er bevisste på at det er mykje god rettleiing i ei god klagesak, og legg derfor stor vekt på god og grundig klagesaksbehandling.

Det vart oppretta eit samarbeid mellom fylkesmannsembata i Sør-Vest på området likeverdig behandling hausten 2013 ut frå eit sterkt behov for samordning av klagesaksbehandling og informasjon og rettleiing. Gruppa består av saksbehandlarar på området, og vil vere nyttig i kontakten med faggruppa i Utdanningsdirektoratet. Første møtet vart utsett til 2014.

## Samlingar

I juni hadde Fylkesmannen ei samling for barnehagefagleg ansvarlege med ein halv dag om Stortingsmelding nr 24 (2012-2013) Fremtidens barnehage med prosjektleiarene fra Kunnskapsdepartementet. Den andre halvdelen av dagen vart nytta til ein gjennomgang av dei nye reglane om bruk av offentlege tilskott og foreldrebetaling og erfaringar frå klagesaksbehandlinga om likeverdig behandling av offentlege tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Dei nye reglane om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling med tilhøyrande økonomiforskrift er framleis underkommunisert, og det er vanskeleg å finne informasjon om dette på nettsida til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen har, med utgangspunkt i rettleiaren "Til barns beste", arrangert ei heildagssamling om omsorgssvikt. Målgruppa var alle tilsette i barnehagane, og målsetjinga å auke kunnskapen om korleis ein oppdagar omsorgssvikt og kva ein gjer med bekymringssaker. Samlinga har fått god tilbakemelding, og Fylkesmannen vil følge opp med tilsvarande tilbod i 2014 dersom det blir tildelt midlar. Vi vonar med det å auke meldingsfrekvensen frå barnehagane. Det var 80-90 deltagarar på samlinga. Slike samlingar har vore arrangerte sidan 2010, og tal frå SSB viser at saker melde frå barnehage har auka frå 5,6% i 2009 til 6,7% i 2012 i vårt fylke.

Den årlege barnehagekonferansen, som Fylkesmannen arrangerer i samarbeid med Universitetet i Stavanger og Utdanningsforbundet, hadde i 2013 fokus på "Den viktige vaksne". Konferansen var særskilt godt besøkt, og vi har fått tilbakemelding frå deltakarane om at dei ønskjer fleire samlingar med liknande tema. Det var nærmere 350 deltagarar på konferansen.

Fylkesmannen har også deltatt på ei studiereise med barnehagefaglege ansvarlege/rådgjevarar i kommunane til Ghent i Belgia, der Universitetet i Stavanger presenterte rapport frå Toddler-prosjektet. Tema var tidleg innsats, og målet var betre samhald mellom kommunane og auka kompetanse på feltet.

Fylkesmannen har arrangert høyringssamling for dei som er barnehagefagleg ansvarlege i kommunane når det gjeld første utkast av Rammeplan for barnehagar. Sigurd Aukland, medlem i arbeidsgruppa for rammeplan, la fram første utkast, og gruppa drøfta og kom med innspel, munnleg og skriftleg.

Vi viser elles til rapporteringa på resultatområde 34.2 "Kompetanseutvikling og rekruttering".

## Måloppnåing

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på dette resultatområdet har vore god. Embetet har brukt mykje ressursar på økonomisk likeverdig behandling, både knytt til å sikre at embetet har kompetente medarbeidare på dette feltet og knytt til direkte rettleiing til kommunane og til ikkje-kommunale barnehageeigarar. Dei kommunale nettverka fungerer godt, og vi ser aktiv deltaking i nettverka som ein tenleg arbeidsmåte for å formidle informasjon og rettleiing. Kontakten med direktoratet gjennom faggruppa for likeverdig behandling og tilsvarande kontakt mellom embeta i Sør Vest, gir godt grunnlag for korrekt rettleiing til kommunane. Bruk av nettsidene har også i år vore prioritert, og utdanningsavdelinga er mellom dei mest aktive i å publisere artiklar på nettsida.

## 33.4 Tilsyn

FMRO har ført stadlege tilsyn i 5 kommunar med hovudtema kommunen som barnehagemynde, delt i desse emna:

- Kommunen som tilsynsmynde, barnehagelova § 16

- Kommunen si oppfølging av krav til styrar, barnehagelova § 17
- Kommunen si oppfølging av krav til pedagogisk bemanning, barnehagelova § 18.

Tilsyna er også i 2013 gjennomførte på bakgrunn av risiko- og vesentlegvurdering og i samsvar med metodehandboka frå Udir. Avdelinga vår stilte elles med to deltagarar i Udir sin revisjon av handboka. Vi nemner også at opplegget vårt for systematisk områdeovervaking og risikovurdering vart presentert for dei andre fylkesmannsembeta på Utdanningsdirektoratet sitt kurs i tilsynsmetode i november som eit døme på korleis embeta kan drive dette arbeidet. Vi går såleis ikkje nærrare inn på detaljane i risikovurderinga her. Elles blir det endelege valet av tilsynsobjekt gjort etter samordning med dei andre avdelingane i embetet, og det er også tatt eit visst omsyn til andre statlege tilsynsmynde. Samla sett inneber dette at det ikkje alltid er råd å "få" dei kommunane vi meiner har størst risiko på våre felt. Vi er likevel trygge på at utval av tilsynsobjekt er forsvarleg også dette året.

I tre av kommunane er det ikkje gitt pålegg. Kommunane har gode rutinar for å føre tilsyn med barnehagane og med oppfølging av krava til styrar og pedagogisk bemanning.

I ein av kommunane er det gitt pålegg knytte til kommunen sitt tilsyn med barnehagen og med praktisering av norma for pedagogisk bemanning og behandlinga av søknad om dispensasjonar frå utdanningskravet.

Den femte kommunen har også fått pålegg knytte til tilsyn av barnehagane og behandlinga av dispensasjonar frå utdanningskravet. Denne kommunen har gode rutinar etter barnehagelova, men heimel for utøving av mynde er ikkje fastsett. Vidare er kommunen sine tilsynsrapportar og vedtak om dispensasjonar ikkje i samsvar med forvaltninga sine krav.

Det er totalt gitt 4 pålegg i to av dei fem tilsyna. Den eine kommunen har vanskar med å rette pålegga, og det blir gitt rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen har mangla barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå, og det er gitt utvida frist for retting.

Etter vår vurdering er det ei positiv utvikling i kommunane si etterleving av regelverket på desse områda. Vi ser at kommunane i større grad oppfyller krava til å føre kontroll og tilsyn med barnehagane, og at dei også i større grad følgjer norma for pedagogisk bemanning og behandler søknader om dispensasjonar i tråd med reglane. Vi har i nettverk og samlingar med kommunane særleg hatt fokus på pedagognorma, og vi har oppfordra kommunane til å ha dette som tema på sine tilsyn med barnehagane. Dette har kommunane følgt opp.

Kontroll med årsmeldingane/BASIL-rapporteringane frå barnehagene viste at om lag halvparten av barnehagane ikkje oppfylte norma om pedagogisk bemanning per 15.12.2012. Vi sendte derfor brev til kommunane med oversyn per barnehage over "differansen i årsverk" av kva som mangla for at krava i forskrifta om pedagogisk bemanning skal vere oppfylte. Kommunane har i løpet av 2013 følgt opp og retta opp. Vi vil ha ny kontroll etter rapporteringa i 2014, men vil ikkje ha dette som tema for stadlege tilsyn.

Vi har hatt skriftleg kartlegging av 13 varige dispensasjonar frå utdanningskravet i 9 kommunar, fordi Rogaland hadde ein liten auke i talet på pedagogiske leiarar med varig dispensasjon frå 2011 til 2012. Kartlegginga viser at kommunane i all hovudsak behandler varige dispensasjonar i tråd med reglane i forskrifta om midlertidige og varige dispensasjonar. Vår vurdering er at kommunane har ei streng praktisering og er restriktive med å innvilge varige dispensasjonar. Vi har gitt direkte rettleiing til ein kommune som ba om hjelp til å rette feil praktisering. I tilbakemeldinga elles frå kommunane er det vist til at talet på varige dispensasjonar gitt fram til 2012, vil bli redusert fordi personar har sagt opp stillingar frå hausten 2013.

Rogaland har kommunar som har stor befolkningsvekst. Alle kommunane oppfyller retten til barnehageplass, men det er framleis stor barnehageutbygging i nokre kommunar. Vi vil derfor i 2014 mellom anna føre stadlege tilsyn med tema kommunen som godkjenningsmynde, bhglova § 10.

Samla sett meiner vi at måloppnåinga vår er god på dette området.

### **33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehage**

#### **Årsmelding**

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.12 frå alle barnehagane innan fristen 15.02.13. Fylkesmannen purra kommunar som ikkje hadde godkjend årsmeldingar innan kommunane sin frist for godkjenning 18.01.13. Tre sakbehandlarar har kontrollert årsmeldingane. Innrapporterte data er sett i forhold til årsmeldingane frå året før og i nokre tilfelle i forhold til vedtak om godkjenning etter barnehagelova. I dei

fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 8, Opplysningar om stillingar og personale, og punkt 3, Barnehagens organisering. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå, særleg i forhold til utfylling av punkt 8 og 3. Det er brukt 30 dagsverk til dette arbeidet i 2013.

Vi har hatt ein representant i faggruppa BASIL og har på denne måten medverka til vidareutvikling av BASIL. Vi har også deltatt på Udir si samling om BASIL. Representanten har også deltatt i nettverk i fylket og presentert rapportportalen. Vi har hatt eit møte med dei BASIL-ansvarlege i kommunane, der vi gjekk gjennom årsmeldingsskjemaet per 15.12.13 og presenterte rapportportalen. Før neste rapportering planlegg vi ei tilsvarende samling då vi trur dette vil føre til høgare kvalitet på rapporteringa og redusere feil.

## Årsrekneskap

Innan fristen 23. april hadde dei ikkje-kommunale barnehagane i 11 kommunar levert årsrekneskap. Fylkesmannen purra 8 kommunar der ikkje alle barnehagane hadde levert årsrekneskap. Kommunane purra barnehagane om det same. Siste purring frå Fylkesmannen blei send 28. mai. I Stavanger kommune var det då 2 årsrekneskap med status "Fullført barnehage" og 1 årsrekneskap med status "Ikke påbegynt barnehage". Desse blei ikkje godkjende av kommunen innan BASIL blei stengt 7. juni.

7 kommunar hadde berre kommunale barnehagar.

I tillegg til purring har vi gitt rettleiing og svart på spørsmål frå barnehagar og/eller kommunar. Nokre spørsmål blei avklara i kontakt med SSB.

Nokre kommunar har peika på at fristen for innlevering av årsrekneskapsskjemaet er alt for tidleg i forhold til fristen for innlevering av barnehagen sin ordinære årsrekneskap. For fleire barnehagar er ikkje tala frå årsrekneskapen klare på det tidspunktet dei skal rapportere i BASIL. Dette problemet er løyst frå og med 2014 då innrapporteringa er flytta frå våren til hausten.

Det er også ei utfordring at etterbetaling av tilskot skal vere med i rekneskapen det året utbetalinga gjeld; dvs at etterbetaling for 2012 skal vere med i rekneskapen for 2012 både for kommunen og dei ikkje-kommunale barnehagane. Etterbetalinga kjem ofte etter at den ikkje-kommunale barnehagen skal levere sin rekneskap til Brønnøysund. Det har derfor hittil ikkje vore mogleg å få med etterbetalinga i årsrekneskapen. Heller ikkje kommunane klarer å få dette med i sin rekneskap. Dette vert løyst frå 1.1.2015 når tilskotet skal reknast ut frå to år gamle rekneskap i kommunen, og ikkje kommunen sitt budsjett. Utsett frist for årsrekneskapsskjemaet vil også løyse dette problemet, men det er ei føresetnad at både kommunen og dei ikkje-kommunale barnehagane får det med i sine rekneskap det året tilskotet gjeld.

Det er brukt 3 dagsverk til dette arbeidet i 2013.

Vi meiner at ressursinnsatsen vår er forsvarleg, og at samla måloppnåing for resultatområdet er god.

## Resultatområde 34 Opgaver for økt kvalitet i barnehagen

Rapportering på dette resultatområdet går fram av delområda nedanfor.

### 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

#### *Kompetanseutvikling og rekruttering*

Fylkesmannen arbeider med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren gjennom tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Målsettingane og forventningane til kommunane er vektlagde på saksbehandlarsamling med kommunane, sjå resultatområde 33.3.

Rogaland mottok kr 3 807 000 i kompetansemidlar i 2013, og kr 170 000 var øyremerkte midlar over kap 231 post 21 for å arbeide med oppfølging av Likestilling 2014 - regjeringa sin handlingsplan for likestilling mellom kjønna. 24 barnehagar frå 11 kommunar deltar i prosjektet "Leikeressurs i barnehagen". Midlar er tildelte direkte til barnehagane, og Fylkesmannen har arrangert 2 samlingar i perioden.

Alle dei 26 kommunane i Rogaland søkte om kompetansemidlar, og tildelinga vart gjort etter søknad med framlagt kompetanseplan for 2013. Midla vart tildelte etter fordelingsnøkkelen etter talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Frå tiltaksplanane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD - "Venskap og deltaking" er godt ivaretatt. Rapportar og tilbakemeldingar frå nettverka viser at alle barnehagane i kommunane har deltatt i kompetansehevingstiltak, og alle yrkesgruppene i barnehagen har deltatt på eitt eller fleire tiltak. Også ikkje-kommunale barnehagar var inviterte til å delta på nokre av kompetansehevingstiltaka som kommunane arrangerer.

For rekneskap og rapportering for bruk av kompetansemidla over kap 231 post 21 og 63 viser vi til eiga rapportering.

### Kvalitetsutvikling i barnehagen

Rogaland mottok kr 540 000 over kap. 231 Barnehagar post 21 Spesielle driftsutgifter. Midla er i stor grad nytta til nettverk og samlingar med kommunane, eigne prosjekt, konferansar og interkommunale prosjekt i kommunane. Midla blei også i år nytta til å arrangere kurs med søkerjels på styrkt medvit om omsorgssvikt og melding til barnevernet. Etter vår vurdering er kvalitetsmidla svært viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i sektoren, særleg med tanke på at det er svært stor mangel på barnehagelærarar i fylket. Det er ein svak overvekt av deltararar frå dei private barnehagane når det gjeld kurs arrangerte av Fylkesmannen.

Barnehagekonferansen 2013 vart arrangert 23. mai og hadde hovudtittelen "*Den viktige vaksne!*" Vi valde dette emnet fordi barnehagesektoren er i stadig utvikling og omstilling, blant anna gjennom auka utbygging og store krav til pedagogisk leiing i barnhagane. Kompetente vaksne er ein føresetnad for å gi barna eit godt pedagogisk tilbod av høg kvalitet, og rammeplanen legg vekt på barnehagen som ein lærande organisasjon.

Konferansen er årleg og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet i Rogaland. Det var ca 340 deltararar på konferansen, og tilbakemeldingane var svært gode. Målgruppa er alle tilsette i barnehagen, men dei fleste deltararane er barnehagelærarar.

### Kompetanseheving for assistenter - KOMPASS

I samarbeid med UiS-pluss har vi utarbeidd ein emneplan for kompetanseheving av assistenter, KOMPASS, og studiet starta opp fyste gong i desember 2011 med 30 studentar. Totalt hadde vi 60 studentar i perioden 2011-2012. Studiet er framleis svært populært, og kommunane har store foventningar til at studiet skal bestå i tida framover slik at fleire kan delta på denne kompetansehevinga. Hausten 2012 blei det gjort ein avtale med Høgskolen Stord-Haugesund, og 30 studentar starta opp haust 2012/vår 2013, eit nytt kull på 30 studenter hausten 2013. Totalt har vi 60 assistenter som har fullført KOMPASS i løpet av 2013. Det er også planlagt eit kurs for fleirkulturelle assistenter med oppstart feb/mars 2014.

### Mellombels kompetanseheving for assistenter

I samarbeid med Åkrehamn vidaregåande skole, Dalane videregående skole, Annlaug Madland frå UiS og Stavanger kommune avd for kompetanseutvikling, har vi bidratt til å arrangere Basiskurs for barnehageassisterar. Ca 150 assisterar har fått tilbod om Basiskurs, og Fylkesmannen har tildelt midlar til undervisning, materiell og enkel servering.

### Tiltak for bedre språkforståing

Fylkesmannen har arrangert 2 dagskurs der tema har vore "Språkmiljø i barnehagen". Anne Løe Matic frå Johannes læringsenter og Torild Marie Olsen frå Høgskolen i Hedmark har vore ansvarlege for det faglege innhaldet, med fokus på språkleg og kulturelt mangfold. Tilbodet vart gitt til 80 tilsette i barnehage og ressurssenter.

Fylkesmannen har også tildelt midlar til Johannes læringsenter og Sandnes ressurssenter slik at dei skal leggje til rette for kompetanseuke og opplæring i eiga verksemd og andre kommunar i Rogaland. Midla har blitt nytta til kompetanseheving av eigne tilsette og fleire kurstilbod for barnehagetilsette.

Fylkesmannen har sett fokus på rettleiaren "Språk i barnehagen" og drøfta med nettverka korleis denne kan nyttast i barnehagekvarden. Rettleiaren er også blitt informert om i ulike fora og delt ut på kurs og andre arrangement.

### Rekruttering

I Rogaland vart det i 2012 oppretta ei lokal prosjektgruppe for GLØD med representantar frå kommunane.

Prosjektgruppa har utarbeidd strategi- og handlingsplan for arbeidet. Ei viktig målsetting var å etablere eit partnarskap for å styrke rekrutteringsarbeidet. Partnarskapet blei etablert i ei oppstartsamling i februar 2013, og er sett saman av alle kommunane i Rogaland, Universitetet i Stavanger, Høgskolen Stord/Haugesund og Utdanningsforbundet Rogaland. Partnarskapet har eit ”spleiselag” for å finansiere lokal prosjektleiar for GLØD-arbeidet i Rogaland. Prosjektleiar blei tilsett 1. september, med arbeidsstad hos Fylkesmannen. Prosjektgruppa fungerer vidare som arbeidsgruppe for prosjektleiaren.

I løpet av hausten er det etablert faste GLØD-kontaktar i kvar kommune. GLØD-kontaktane skal koordinere lokale tiltak og arbeide tett med prosjektleiaren for GLØD. Vi arrangerte i november ein to-dagars konferanse for GLØD-kontaktane for å informere og motivere om prosjektet nasjonalt og lokalt. Representant frå GLØD-prosjektet i KD deltok i samlinga. Kommunane er bedne om å utarbeide lokale tiltaksplanar med utgangspunkt i dei tre sentrale målsettingane: rekruttering, omdømmebygging, kompetanseheving. Utfordringane i kommunane er ulike. Nord i fylket er det ikkje stor mangel på barnehagelærarar. I sør, med kommunar med befolkningsvekst og vidare barnehageutbygging, er det stor mangel på barnehagelærarar.

Det er gjennomført ulike tiltak i samband med rekruttering og omdømmebygging:

- Lokale markeringar i sambande med/i etterkant av nasjonal lansering av *Verdens fineste stilling ledig*
- Støtte til Universitetet i Stavanger til produksjon av film (”Me trenge deg”), plakat og bokmerke. Filmen blir også brukt av kommunane og Fylkesmannen, og har hatt svært mange ”treff” på YouTube.
- Støtte til kinoreklame, kortversjon av filmen *Me trenge deg*.
- Mediastafett: *Verdens fineste stilling ledig – gode fortellinger*. Mange oppslag våren 2013 i Stavanger Aftenblad og i ulike lokalaviser etter initiativ frå Fylkesmannen og frå kommunane. Det er etablert kontakt med journalist i Stavanger Aftenblad som har skrive fleire saker om innhald og arbeid i barnehagane, rekruttering og kompetansebehov.
- Deltaking på messer og arrangement: Utdanningsmesse Rogaland (jan 2013), Yrkesmesse Haugalandet (10. kl. og vgs) (jan 2013), Yrkesmesse Ryfylke (nov 2012), Åpen dag UiS for elevar ved vidaregåande skolar (mars 2013).

Søknaden til barnehagelærarutdanningane i regionen har dessverre ikkje auka, og vi vil ha særleg fokus på dette i vidare arbeid.

Fylkesmannen drøftar rekruttering jamt i møte med kommunane, og dei rapporterer at det er stort fokus på å skaffe nok barnehagelærarar. Fylkesmannen har også i 2013 hatt kontakt med barnehagelærarutdanninga ved UiS og HSH for å samarbeide om ulike kompetanse- og rekrutteringstiltak.

## Måloppnåing

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga vår er god på dette resultatområdet, sjølv om det framleis er mange og store utfordringar på feltet. Rogaland vil mangle barnehagelærarar i mange år framover, og dette vil prege sektoren i lang tid. Mange kommunar slit med mangelen, og det er viktig at Fylkesmannen kan hjelpe til både med tilbod om skolering av tilsette i barnehagane og tildele midlar til kompetanseheving på spesielle område.

Etter vårt syn burde det vere stilt større ressursar til disposisjon for å styrke arbeidet med GLØD-prosjektet. Vi har løyst dette lokalt ved partnarskapet og prosjektstillinga som leiar arbeidet i Rogaland. Vår ordning gjeld fram til sommaren 2015. Ei nasjonal ordning bør etter vårt syn etablerast for å føre satsinga vidare, også i andre regionar med store rekrutteringsvanskjer.

Ei stor utfordring vidare er å rekruttere tilsette i barnehagane til kompetansetilboda og til barnehagelærarutdanninga. Vi meiner det er behov for ei brei nasjonal satsing med stipend og støtteordningar til tilsette slik at dei får høve til å ta utdanning. Vår erfaring er at kommunane ikkje har økonomiske midlar til å gi nødvendig støtte til barnehagar og tilsette.

Kompetansetiltak	Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Videreutdanning i barnehagepedagogikk		0	0	0
PUB-studier		0	0	0
Kompetansehevingsstudie for assistenter	UiS og HSH	42	22	20

Kompetansetiltak jf 20 mill.	Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.	Antall deltagere totalt	Antall deltagere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager	Midler pr tiltak (kr)
Fagbrev (praksiskandidatordningen)		0	0	0	0
Basiskompetanse for assistenter	Åkrahavn Vgs, Dalane Vgs, Annlaug Madland UiS og Stavanger kommune	120	85	35	500400

### 34.3 Andre satsingsområder

Fylkesmannen stimulerer til tiltak innan nasjonale strategiar og satsingar ved å gi informasjon på heimesidene, i nettverk med dei barnehagefaglege ansvarlege i kommunane og i samlingar med barnehageeigarar. Vi viser til resultatområde 33.3 for nærmere omtale av dette.

Fylkesmannen har fast samarbeid med Universitetet i Stavanger (UiS) og Høgskolen Stord/Haugesund gjennom blant anna dialogmøte og deltaking i GLØD-samarbeidet. Kvart år arrangerer vi ein barnehagekonferanse i samarbeid med UiS og Utdanningsforbundet Rogaland. I tillegg har Fylkesmannen samarbeid med UiS og Høgskolen Stord Haugesund om å utvikle eit kompetansehevingstilbod til assistentgruppa, sjå også resultatområde 34.2.

### Handlingsplan for likestilling

Fylkesmannen har på barnhageområdet brukt nettverksmøta med kommunane også på dette området. Likestillingsarbeid er ei lovpålagt oppgåve i fagområda i Rammeplan for barnehagar, og vi har informert og prøvd å skape auka bevisstgjering i kommunane om dette. Vi har etablert likestillingsteam med fire representantar frå kommunane og ein representant frå Universitetet i Stavanger. Likestillingsteamet har utarbeidd ein plan for vidare arbeid. Teamet har arrangert frukostmøte og invitert alle barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. På desse møta har det vore framlagt teori på likestillingsområdet, og det har vore særskilt gode drøftingar etterpå. Fokus i drøftingane har vore likeverdig pedagogikk i praksis. Kommunane har også kome med konstruktive innspel til vidare arbeid i likestillingsteamet.

I barnehagane er det sett soknjelys på å leggje til rette for at gutter og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Med inspirasjon frå Lundgaardsløkka barnehage har Fylkesmannen tildelt midlar til eit leikeprosjekt der gutter frå ungdomsskolen kan få kjennskap til barnehagekvarden ved å arbeide nokre timer etter skoletid. Dette starta for fullt i 2013 og går over fleire år. Til finansiering av prosjektet har vi brukt midla til likestillingsarbeid frå KD, kr 170 000. Fylkesmannen har i tillegg bidratt med kr. 60 000 av eigne midlar for å få i gang eit fagleg godt prosjekt, og det vart såleis lyst ut kr 230 000 til dette prosjektet. 11 kommunar søkte om midlar, og 8 kommunar fekk tildeling. Desse kommunane skal altså arbeide med prosjektet "Leikeressurs i barnehagen" saman med Fylkesmannen og Universitetet i Stavanger. I prosjektperioden skal det vere samlingar med fokus på teori og utprøving mellom samlingane. Samlingane vert også nytta til erfaringsdeling. Rapport frå prosjektet vil bli utarbeidd.

### Manifest mot mobbing

Fylkesmannen har via nettverka drøfta ulike problemstillingar i forhold til temaet, og kommunane har lagt fram sine planer mot mobbing. Vi har ved tilsyn etterspurt plan for mobbing i barnehagearbeidet. Fylkesmannen opplever at kommunane har fokus på emnet, og at dei fleste har utarbeidd planar for arbeidet.

### Samarbeid barnehage-barnevern

Fylkesmannen har med utgangspunkt i rettleiarene "Til barns beste", arrangert ei dagssamling med mål om å auke kunnskapen om korleis ein oppdagar omsorgssvikt og kva ein gjer med bekymringa. Omlag 80-90 tilsette frå kommunale og ikkje-kommunale barnehagar deltok, og tilbakemeldinga har vore særskilt god. Vi vonar med det å auke meldingsfrekvensen frå barnehagane. Slike samlingar har vore arrangerte sidan 2010, og tal frå SSB viser at saker melde frå barnehage har auka frå 5,6% i 2009 til 6,7% i 2012 i vårt fylke.

Samla sett meiner vi måloppnåinga er god også når det gjeld rettleiing og informasjon om sentralt initierte tiltak i nasjonale handlingsplanar og på særskilte satsingsområde.

## Ressursrapportering

### KD

Departementet hadde følgjande kommentarar på økonomirapporteringa for 2012:

*I 2012 ble det rammeoverført kr 871.000 til kap. 1510 på barnehageområdet. Regnskapstallene viser at det har vært en stor nedgang i ressursbruken på kap 1510 på barnehage- og opplæringsområdet til tross for store rammeoverføringer i 2011 og 2012. Dette er svært uheldig.*

Ressursbruken på departementet sine område har no auka til over 8,9 mill kr, dvs om lag 0,9 mill kr over dei reviderte tala for 2012. Auken skuldast auka aktivitet, men også at merksemda om meir korrekt rapportering er styrkt.

35 % av ressursane på kap 1510 vert nytta til tilsyn på grunnskulefeltet; litt under 9 % til tilsyn på barnehageområdet. Litt over 20 % av ressursane vert nytta til informasjon og rettleiing på grunnskulefeltet, medan noko under 20 % vert nytta til resultatområdet "Andre tilsyn og forvaltningsoppgåver" på barnehageområdet.

Rapporteringa på eksamen og nasjonale prøver er som tidlegare prega av at eit stort beløp til sensurering av eksamen er med i tala. Dersom ressursrapporteringa skal vise korleis avdelinga innrettar arbeidet sitt for å utføre oppdraget, er det viktig at berre arbeidet til dei ordinært tilsette kjem fram i rapporteringa. Lønn m.v. til sensurering ved eksamen burde derfor ikkje vere med i tala.

### BLD

Oppdraget frå departementet blir utført av tre ulike avdelingar i embetet; forvaltningsavdelinga, helse- og sosialavdelinga og utdanningsavdelinga.

Etter det vi kan sjå, har det vore auke i oppgåvene frå departementet med unnatak av tilsyn og klagebehandling etter barnevernlova. Fylkesmannen har i 2013 fått ei ny oppgåve med tilsyn med kommunane sine plikter etter introduksjonslova. Dette har medverka til ein auke også i arbeidet med rettleiing og klagebehandling. Departementet har ikkje sikra naudsynt finansiering av dette arbeidet.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
31.1 Tilsyn	kr 3 163 180,76	kr 0,00
31.4 Informasjon og veiledning	kr 1 802 377,19	kr 1 972,79
31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 50 673,58	kr 13 920 293,75
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 1 028 690,50	kr 0,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr 55 802,06	kr 373 884,52
32.3 Skoleporten	kr 0,00	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 459 079,11	kr 60 352,76
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 152 588,11	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 304 845,72	kr 0,00
33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 795 913,28	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 7 283,15	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 1 064 349,53	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 49 577,90	kr 277 192,61
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 8 934 360,00	kr 14 633 696,00

## **Statens Helsetilsyn**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven**

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Det vises til årsrapport for tilsyn med barnevernet i Rogaland 2013

#### **41.2 Planlagt tilsyn**

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med tema fra barnevernloven i 2 kommunar og har gjennomført "spreingsprosjekt" i 5 kommunar. Det vart funne brot på krav stilte i eller i medhald av lov og forskrift ved begge tilsyn. Desse handla om at kommunen ikkje sikrar systematisk gjennomføring av undersøkingar , og ikkje sikrar systematisk oppfølging av barn i kommunale fosterheimar.

Viser elles til tilsynsplan 2013.

#### **41.3 Klagesaker**

Fylkesmannen er bekymra over nokre av institusjonane si omfattande bruk av tvang som er heimla i §14 i rettighetsforskrifta og at Fylkesmannen ved fleire høve vurderer tvangen som ulovleg. Nokre årsakar kan vere omstilling i dei statelege institusjonane og utfirdringar med å rekruttere kvalifisert personell. Dei ideelle institusjonane får meir utfordrande bebruarar med åtferdsvanskår.

Det er i 2013 kontrollert til saman 819 protokollar og vedtak. Dette er ein nedgong på 200 frå 2012.

#### **41.9 Andre oppdrag**

Det vises i hovudsak til årsrapport for tilsyn med barnevernet i Rogaland 2013.

Fylkesmannen har med grunnlag i gjennomgang av fristskjema frå barneveerntenestar, fått kunnskap om fristoverskridingar i 2013. Fylkesmannen har vore i kontakt med 6 kommunar for klårgjering av årsak til fristoverskriding.

### **Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i NAV**

#### **Følgende er rapportert:**

Fylkesmannen mottok 186 klagesaker etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen i 2013. Fylkesmannen behandla 220 saker der 201 blei stadfesta, 14 endra og 5 oppheva. 71 % av sakene blei behandla innan 3 md.

Alle tilsette i NAV-kontora har fått tilbod om opplæring i dei nye forskriftene og rundskrivet. Fylkesmannen har gjennomført 15 kursdagar med tema: økonomisk stønad, opplysning, råd og rettleiing, nødhjelp, midlertidig bustad, utlendingar sin rett til tenester og kvalifiseringsprogrammet. I tillegg har nyttilsette fått tilbod om dagskurs i lova som ein del av NAV sitt introduksjonsprogram for nyttilsette.

## Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

### 74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Det har ikkje vore nokre hendelsesbaserte tilsynssaker i NAV i Rogaland i 2013.

### 74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte i 2013 5 planlagde tilsyn med dei sosiale tenestene i Nav. I to kommunar, Hå og Eigersund, var temaet om kommunen sikrar at søknader om økonomisk sosialhjelp frå personer med forsørgjaransvar for barn blir behandla i samsvar med krav i lov og forskrift, herunder om kommunen sikrar forsvarleg kartlegging og vurdering av søknadene. Dette var også tema for landsomfattande tilsyn som blei utført i 2012. Det blei funne avvik i begge kommunane. Egersund kommune fekk avvik fordi kommunen ikkje sikra ei forsvarleg kartlegging, og Hå kommune kommune fekk avvik på mangefull kartlegging og individuell vurdering.

I dei tre andre kommunane, Strand, Sokndal og Haugesund, var temaet for tilsynet om kommunen sikrar forvarleg tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram (KVP). Alle kommunane fekk avvik. Endeleg tilsynsrapport er utarbeidd for to av kommunane, og det er sendt førebels rapport til Haugesund kommune. Sokndal kommune fekk avvik på at kommunen ikkje sikrar forsvarleg gjennomføring av KVP, medan dei to andre kommunane fekk avvik både på tildelinga og gjennomføringa.

Det er Fylkesmannen sitt inntrykk at tilsyna som gjeld økonomisk stønad til personer med forsørgjaransvar for barn har bidratt til at tilsette ved Nav-kontora er blitt meir merksame på barn og behova deira. Fylkesmannen er kjend med at fleire kommunar har utarbeidd retningsliner/rutinar for å kartleggje barn sine behov og utgifter knytta til barn.

Tilsynet på området KVP har avdekkat kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad informerer og identifiserer aktuelle deltakarar til KVP. Vidare har tilsynet avdekkat kommunane ikkje har dokumentert at alle får program på full tid, at progamma blir evaluert og at det er gitt forsvarleg oppfølging av deltakarane.

Utfordingane for kommunane er å prioritera arbeidet med KVP og setje av tilstrekkelege ressursar på området.

### 74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har i 2013 ikkje utført noko kartlegging inn mot sosiale tenester i NAV.

Vi held løpende oversikt over nav-tenestene i fylket gjennom systematisk områdeovervaking, der hendingar og erfaringar vert samla til intern drøfting og risikovurdering før tilsyn.

Rogaland er eit av tre fylke som er med i AD-prosjektet med styrka rettleiarrolle inn mot Nav, og i denne samanhengen har vi i 2013 arbeidd med å systamatisera alle kontaktar frå brukarar og tilsette i Nav. Dette arbeidet vil gibetru grunnlag for systematisk oversikt over dei sosiale tenestene i NAV

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

Fylkesmannen i Rogaland hadde grunna ressurssituasjonen i 2013 store utfordringar med å overhalde fristar for sakshandsaming, samt å møte volumkrava for planlagde tilsyn innan helse- og omsorgstenesta. Vi ser fram til den ressursstyrkinga som kjem i 2014, og har realistisk von om å få kontroll på restansane i løpet av det kommande året.

Sjå elles rapportering på punkta under og særskilt rapportering til Statens Helsetilsyn.

## 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen handsama i 2013 163 tilsynssaker fra helse- og omsorgstenesta. Median for saksbehandlingstid var 7,2 månader.

Det kom inn 192 tilsynssaker i 2012 som er en nedgang på 17 saker fra 2012. Restanse pr 31.12.2013 var 162 saker.

## 82.2 Planlagt tilsyn

Tilsynsplan er levert 20.1.2013

## 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Fylkesmannen i Rogaland behandla 155 klagesaker etter pasient- og brukerrettighetslova. Talet på saker fordelte seg slik:

Kategori	antal	median	gj.snitt	innen 3 md
Sjuketransport	22	1,2	1,3	100 %
Nødvendig helsehjelp	29	2,7	3,1	55 %
Øvrige klager helse/omsorg	104	2,0	2,4	77 %

Fylkesmannen i Rogaland mottok i tillegg i 2013 totalt 212 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A.

## 82.9 Andre oppdrag

### Håndtering av varsle fra helseinstitusjon om innleggelse med hjemmel i helse-og omsorgstjenesteloven § 10-2 og § 10-3.

Fylkesmannen mottok i 2013 9 meldingar på dette saksområdet. 3 av desse var med heimel i § 10-2 og 6 var med heimel i § 10-3.

### Oppgaver etter lov om alternativ behandling av sykdom mv.

Fylkesmannen har ikkje hatt saker på dette saksområdet i 2013..

### Kartleggingaer i 2013.

Fylkesmannen gjennomførte i 2013 eitkartleggings-/sjølvmeldingstilsyn knytt til helsestasjonstenester til barn 0-6 år i alle kommunar i Rogaland. Sjå eigen rapport

Sjå elles eigen rapport ering til Statens Helsetilsyn.

## Resultatområde 83 Folkehelse

Sjå under

### 83.2 Planlagt tilsyn

Det har ikkje vore gjennomført planlagde tilsyn med kommunar eller fylkeskommune på folkehelseområdet i 2013. Fylkesmannen har delteke på samlingar som Statens helsetilsyn har arrangerert for å planlegge og førebu tilsynet som skal gjennomføras i 2014.

## Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

### Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Sjå eigen rapportering til Statens helsetilsyn sendt 20.01.2014

## Resultatområde 42 Familierett

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

### 42.1 Ekteskapsloven

Talet på skilsmissegjeve gjeve av Fylkesmannen i Rogaland i 2013 var 929, ei auke på 6 prosent frå året før. Talet på separasjonsløyve var 1051, ei auke på 2 prosent frå året før.

Fylkesmannen behandla 4 saker om prøving av ekteskapsvilkår.

Saksbehandlingstida har vore under tre veker.

Alle områda krev mykje rettleiing over telefon.

### 42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen tok i mot 140 saker etter anerkjenningslova. Av desse gjaldt 9 saker skiftefritak aleine.

112 søknader om godkjenning av utanlandsk skilsmisse vart godkjend og 7 ble avvist.

4 søknader om skiftefritak vart godkjend. 17 saker er framleis under handsaming då det mangler dokumentasjon.

Dette er eit fagfelt kor talet på saker aukar for kvart år. Fylkesmannen handsamar desse sakene så fort det lar seg gjere, då det ofte er tidspress grunna at den eine parten har avgrensa opphaldsløyve i Noreg. Desse sakene krev mykje tid. Vi har mykje kommunikasjon med partane under handsaminga, både telefonar, epost og frammøte på kontoret. Det kan ofte ta tid å skaffe naudsynt dokumentasjon.

### 42.3 Barneloven

Fylkesmannen mottok 11 saker etter barnelova i 2013, med spørsmål om foreldreansvar, fast bustad og samværsrett, stadfesting av avtalar etter barnelova § 55 og spørsmål om reisekostnader ved samvær.

Av av desse vart det fatta vedtak i 2 saker om stadfesting av samværsavtale, samt fatte vedtak i 1 sak om fordeling av reisekostnader. Fylkesmannen behandla i tillegg 1 sak som innkom i 2012.

## 42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen gir dagleg råd og rettleiing til privatpersonar, advokatar med fleire, som ynskjer informasjon og rettleiing om barnelova. Dette gjeld særskilt informasjon om samvær og reisekostnadene ved samvær.

Vi ser at vi dekkjer eit viktig behov ved denne verksemda. Mange som tek kontakt har snakka med andre offentlege etatar først, men desse har ikkje hatt den nødvendige oversikta over feltet til å gi hensiktmessig rettleiing.

Rettleiinga utgjer ein stor del av arbeidet med barnelova.

## Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

Det har ikkje vært ført tilsyn eller gjort anna aktivitet på området i 2013.

## Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Det er ikkje gjennomført tilsyn i 2013. Vi gjennomførte tilsyn på de to familievernkontorene i fylket i november og desember 2012.

## Resultatområde 45 Barn og unge

I 2013 har FMRO gjennomført eit spreilingstilsyn der fleire kommunar har fått høve til å gjennomføre eigne systemtilsyn.

FMRO har Sjumilssteget som samhandlingsprosjekt frå 2013.

Samling for barnevernleiarane i 2013 omhandla endringar i barnevernlova, internkontroll i praksis samt utfordringar i barnevernleiing.

### Satsing på kommunalt barnevern 2013:

Det blei fordelt 23,9 stilling til kommunane i 2013 i tillegg til dei 38 stillingane som blei tildelt i 2011 og 2012. Vi har også invitert kommunane til to samlingar med tema medverknad, internkontroll, saksbehandlingsregler knytt til barnevernlova og forvaltningslova, utviklingsstøttande omsorg og vald i nære relasjoner.

## 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

1. Gjev dagleg råd og rettleiing i telefonsamtalar med tilsette i barneverntenester, barneverninstitusjonar og privatpersonar
2. Arrangerte to dagars samlingar for tilsette i kommunal barnevernteneste vår og haust,i sør og nordfylke med tema medverknad, internkontroll, sakshandsamingreglar i forvaltningslov og barnevernlov, utviklingstøttande omsorg og vald i nære relasjonar
3. Arrangerte samling for barnevernleiarar i fylket med tema: barnevernleing, samarbeid om tiltak mellom kommunar, internkontroll i praksis, barn i fosterheim og institusjon sine rettar etter opplæringslova.

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

Fylkesmannen gjev ein fellesrapport for alle sakane om fritak for teiepliktplikt. Det sorterast ikkje mellom kva departementet sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 61 saker om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt i 2013. Majoriteten av søknadane gjeld teieplikt etter barnevernlova, ev i kombinasjon med andre heimler. Gjennomsnittlig sakshandsamingstid var 1 dag.

Mange av sakene har kome inn same veke som saka skal opp for retten, ofte same dag som fritaket er nødvendig. Dette skuldast som oftast at søker ikkje er merksam på at det er behov for fritak for teieplikt i saka, eller at det er gløymt å sökje om fritak. Vidare er det stadig mange søkerarar som er svært usikre på kva som skal stå i ein søknad om fritak for teieplikt. Hovuddelen av Fylkesmannens assistanse på dette saksfeltet består av saksbehandling og rettleiing til advokatar eller vanlege personar over telefon om lovane og søknadsprosessen.

## 45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen i Rogaland mottok 31 søknader frå adopterte som ønskte opplysningar om dei biologiske foreldra sine i 2013.

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Halvårsrapportering pr 30.07.2014 og pr 31.12.2013 er gått gjennom og vidaresendt til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Vi har fordelt midlar til nye stillingar i kommunane, 23,9 stilling totalt. Det er tildelt midlar til kompetanse- og samhandling med kr. 3 110 979.

## Resultatområde 46 Universell utforming

I fylket er det eit stort press på bustadmarknaden. Det er behov fleire og rimelegare bueiningar i pressområda. I den lokale debatten vert det i ulike høve forkusert på at kravet om universell utforming er urimeleg, kostbart og ei hindring for å kunne byggja. Det vert debbatert om at det skal vera mogleg å dispensera frå byggjekrava for å gjera det lettare for unge og einslege å koma inn på bustadsmarknaden.

I fylket er universell utforming etablert og integrert som ein del av arbeidet med å vurdera kommunale planar. I alle fråsegner og tilbakemeldingar til kommunane blir universell utforming vurdert og omtala så sant det er relevant for saka. Det same gjeld i drøftingsmøter som me har med kommunane i deira førebuing av nye eller revurdering av plansaker.

Me erfarar at kommunane i stor grad ivaretok kravet om universell utforming og at tilrettelegginga vert nytta som

ein strategisk virkemiddel for betre tilgjenge for personar med redusert funksjonsevne.

Fylkesmannen har samarbeida nært med fylkeskommunen om å arrangera eit fagseminar om universell utforming. Det var ei to-dagars samling kor med anna fylkesmannen deltok. Samlinga markera avslutninga av prosjektperioden for fylkесdaleplanen og som "pilotfylke".

Det er førebels korleis fylkeskommunen vil arbeida med universell utforming i tida som kjem. Fylkesmannen har stilt seg positiv til ev. å delta i eit vidare tverrsektorielt samarbeid dersom det er aktuelt.

Nettsidene våre vert aktivt nytta for å spreia informasjon og nyhende om resultatområdet.

## **Resultatområde 47 Integrering av innvandrere**

Sjå under

### **47.1 Statsborgerseremonier**

Fylkesmannen arrangerte 2 statsborgarseremoniar i 2013.

Våren 2013 vart 557 inviterte. 126 meldte seg på mens 103 møtte.

Hausten 2013 vart 400 inviterte. 106 meldte seg på mens 93 møtte.

Av 957 inviterte til dei to seremoniane så var det til saman 196 som deltok, det vil seie 20%. Det har ikkje vore auke i tal som har delteke på seremoniane dei siste åra.

Hovudtalarar på seremonien som var i juni var Magnhild Meltveit Kleppa, medan Olaug Bollestad var hovudtaler på seremonien som var i november. Represantar frå innvandraråda i Sandnes og Stavanger har hatt helsingstaler. Nytt av året var at ein har valt å involvera ordførararane i større grad i gjennomføringa av seremonien, bl.a. ved delta i sjølve utdellinga av gåveboka og at ein ordførar frå ein av kommunane i Rogaland gjev ein helsingstale under sjølve seremonien.

Det er forvaltningsavdelinga v/familielaget som har ansvaret, men nokon ansatte i administrasjonsavdelinga er også med i førebuinga av arrangementa. Dette arbeidet kjem på toppen av alt arbeidet som familielaget arbeider med til dagleg. Familielaget har ikkje fått tilført fleire ressursar som følgje av dette arbeidet. Arrangementa vert større for kvart år, og kostnadane aukar. Vi har derfor byrja å tenkje på om vi bare skal ha eit arrangement i året, men då i eit lokale utanfor Statens hus.

#### **Statsborgarseremonier**

<b>Embeter</b>	<b>Antall seremonier</b>	<b>Prosent nye statsborgere som har deltatt</b>
FMRO	2	20
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

### **47.2 Bosetting av flyktninger**

Fylkesmannen har i den overordna kontakten med kommunane tatt opp og etterspurt korleis busettinng og integrering av flyktningar er ivaretatt.

Dette var eit tema i fylkesmannens årlege møte med ordførarar og rådmenn i fylket der oppfordre kommunane vart oppmoda å fatte vedtak om busetting av flyktingar i tråd med anmodning frå IMDi.

I vårt bustadsosialer arbeid i samarbeid med Husbanken har vi framhalde for kommunane kor viktig det er å skaffe nok bustader til å busetje flyktingar

### 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Embetsoppdraget frå BLD er noko uklart når det gjeld resultatkrav og rapportering på dei tre resultatområda 47.3, 47.4 og 47.5. Fylkesmannen har valt å rapportere dei slik:

- 47.3 Introduksjonslova - informasjon, rettleiing og klagebehandling
- 47.4 Arbeid knytt til organisering av etterutdanning for lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap
- 47.5 Tilsyn med gjennomføring av introduksjonslova

Fylkesmannen har i 2013 behandla 12 klager frå 7 kommunar, mot tre saker frå tre kommunar i 2012. Vi har aldri tidlegare mottatt så mange klagesaker etter introduksjonslova som i 2013. Det er gitt medhald i tre saker, ikkje medhald i 6 saker. I to saker er kommunen sitt vedtak oppheva, og ei sak vart avvist. Dette inneber at kommunen sitt vedtak vart stadfesta i halvdelen av sakene. Fylkesmannen tok opp att ei sak etter eige tiltak fordi vedtaket var ugyldig. Alle klagesakene hadde ei saksbehandlingstid på mindre enn to månadar. Fylkesmannen har vore i kontakt med IMDi og departementet når det har vore naudsynt for å få rett lovforståing i klagesaker.

Kontakt med ønske om rettleiing har auka betydeleg, særleg etter at Fylkesmannen hadde samling for kommunane i slutten av august med informasjon om introduksjonslova som innleiing til tilsynet for 2013, sjå omtale under resultatområde 47.5. Før denne samlinga kom det få spørsmål frå kommunar eller publikum. Det ser ut til at kommunane i aukande grad har "oppdaga" Fylkesmannen som rettleiar.

Auka tal klagesaker, nytt statleg tilsyn og fleire spørsmål om rettleiing har både gitt Fylkesmannen betre oversikt over stoda i sektoren og auka Fylkesmannen sin kompetanse på introduksjonslova sine reglar. Etter vår vurdering er det markant behov i sektoren for rettleiing og tilsyn framover, og vi reknar med at det vil kome fleire klager.

Vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

### 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Vi har gjennomført to opplæringstiltak i 2013: Ein fagdag i Stavanger 1. mars i samarbeid med Johannes læringssenter med 87 deltararar, og det vanlege todagarskurset 1. og 2. oktober i Haugesund med 211 deltararar. Samlingane vart planlagde saman med leiarane ved vaksenopplæringa i kommunane, og det vart lagt stor vekt på deira ønske. Dette førte mellom anna til at vi hadde parallelle seminar på todagarskurset med tema som kommunane hadde foreslått. Det kom som vanleg god tilbakemelding på etterutdanningstiltaka, men fleire etterlyser no nye tema som i større grad byggjer på/følgjer opp tema som har vore tatt opp tidlegare.

Gjennomføringa skulle i utgangspunktet dekkjast av ei tildeling frå VOX på kr 266.000. Vi såg snart at dette ikkje var nok og søkte om ei tilleggsløyving på kr 170.000. Vi fekk ei tilleggsløyving på kr 100.000. Den samla løyvinga dekte likevel ikkje kostnadene, og vi måtte til sist ta ein eigenandel på kr 585 per person for å dekkje underskotet på kr 123.435. Det er uheldig at kurs som VOX omtalar som gratis for deltararane, likevel må dekkjast inn med eigenandel. Det bør derfor vurderast nærmare korleis etterutdanninga skal finansierast.

Vi opplever at stadig fleire oppgåver blir tatt inn i dette arbeidet utan at det kjem fram av embetsoppdraget. Arbeidet inneber planlegging av etterutdanninga saman med VOX, deltaking på leiarsamlingar for vaksenopplæringa i kommunane, innsamling av oversyn over deltararar og lærarårsverk i vaksenopplæringa, deltaking på ulike nettverk for vaksenopplæring i fylket og utarbeiding av budsjett og rekneskap for etterutdanninga. Noko av det mest tidkrevjande er planlegging og gjennomføring av det store todagarskurset, inkludert kontakten med deltararar, hotell og leiarane for vaksenopplæringa i kommunane. Arbeidet er no meir eit nettverkssamarbeid mellom VOX, Fylkesmannen og vaksenopplæringa i kommunane, enn berre et arbeid med

å organisere etterutdanninga slik det kjem fram av embetsoppdraget. Vi rår til at embetsoppdraget blir presisert/konkretisert på dette resultatområdet.

Forvalting av tilskotsordninga vart overført til IMDi i 2012, og det var berre mindre etterarbeid som sto att i 2013. På den andre sida har samarbeidet med VOX om etterutdanning for lærarar vakse svært mykje. Vi har brukt 35 dagsverk på dette arbeidet i 2013 mot i 12 dagar i 2012; nærmare ein tredobling. Fylkesmannen har ikkje fått tilført ressursar til dette arbeidet.

Trass i manglande ressursar har vi prioritert desse oppgåvene, og vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

## 47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Fylkesmannen i Rogaland deltok i pilotering av tilsyn etter introduksjonslova i 2012. Tilsynet vart gjennomført i november 2012 med sluttmøte ved utgangen av januar 2013. I februar var embeta samla for oppsummering av tilsynet og planlegging av kommande tilsyn saman med IMDi og departementet. Der vart også lovgrunnlaget for tilsynet med kommunane for perioden 2013-2015 gjennomgått.

Under pilotering av tilsynet var det behov for å få avklart om individuell plan var eit enkeltvedtak, men det var ikkje mogleg å få avklaring frå departementet i tide til sluttmøtet. Fylkesmannen konkluderte sjølv med at individuell plan var å sjå på som enkeltvedtak, sjølv om det motsette då sto i rundskrivet. Avklaringa frå departementet kom ikkje før på samlinga i februar 2013. Manglande avklaring førte til at kommunen klaga på vårt pålegg, og klagen vart sendt inn til departementet etter at Fylkesmannen heldt fast på sitt vedtak.

Fylkesmannen har framleis ikkje mottatt svar frå departementet i klagesaka. Vi meiner dette er svært uheldig for forholdet vårt til kommunane. Ved tilsyn på eit nytt område burde såpass sentrale delar av regelverket vore heilt klare.

Oppdraget for 2013 inneber at Fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane tilbyr heilårleg og fulltids introduksjonsprogram. Førebels versjon av tilsynsinstruks, metodehandbok og malar låg føre frå IMDi i mai 2013. Dokumenta skulle kvalitetssikrast av departementet, og Fylkesmannen var i kontakt med IMDi fleire gonger for å få stadfestat dokumenta var endelege. Ei slik stadfesting fekk Fylkesmannen på e-post 3.7.2013. Fylkesmannen varsla då tilsyn med to kommunar same dag, og frist for innsending av dokumenta frå dei to kommunane var sett til midten og slutten av september.

Vi valde tidleg å innleie tilsynsoppdraget med ei samling for kommunane der vi gjennomgjekk lovgrunnlaget for tilsynet og tema frå klagesaker. Frammøte på samlinga den 28.8.2013 var mykje større enn venta, og heile 77 deltakar kom. Fleire kommenterte at samlinga hadde vore særstilt nyttig, og at det var lenge sidan det hadde vore opplæring knytt til introduksjonslova.

Med bakgrunn i det nye tilsynsoppdraget vart introduksjonslova tatt med i nettverkssamarbeidet mellom embeta i Sør-Vest. Første møte var i lokala til IMDi Vest i Bergen og hadde som tema det kommande tilsynet, opplæring i bruk av NIR (særleg i tilsyn) og opplegg for samlingar for kommunane. Det andre møtet var i Kristiansand i november, der vi drøfta erfaringar med samlingar for kommunane og gjennomføring av tilsynet. Begge møta vart opplevd som nyttige.

Tilsynsinstruks, metodehandbok og malar for tilsynet var som nemnt ovanfor, endelege tidleg i juli etter det vi fekk opplyst frå IMDi. Under møtet vårt med dei andre embeta i november vart vi likevel merksame på at dei endelege dokumenta var kunngjorde av IMDi så seint som den 12.11.2013. Det var då gjort endringar både i lovgrunnlaget og mal for tilsynsrapport. Vi har tatt opp med IMDi at dette er svært uheldig for kontakten med kommunane. Vi sette i gang tilsynet etter den første utgåva av dokumenta og vil gjennomføre tilsynet etter den opphavlege tilsynsmodellen, men har oppdatert lovgrunnlaget slik at det er i tråd med den endelege versjonen. Vi vil på det sterke oppmøde BLD om å sjå til at slike ikkje skjer igjen.

Tilsynet var gjennomført utover hausten, men det vart ikkje råd å avslutte tilsynet i 2013. I den eine kommunen vart det såleis sendt førebels tilsynsrapport i november, i den andre kommunen vart ikkje denne sendt før i februar 2014. Bakrunnen var fleire spørsmål til lovgrunnlaget som IMDi ikkje kunne svare på, og som derfor vart sende til departementet til avklaring. Kommunane er varsle, og vi har enno ikkje fått noko avklaring frå departementet på desse spørsmåla. Vi viser til det som er sagt ovanfor om behovet for rask avklaring ved slike høve.

Det er opplyst frå BLD at bortfall av oppgåver knytte til tilskotsordningane frå og med 2013 skulle nyttast til tilsyn. Utover dette er Fylkesmannen ikkje tilført ressursar for å gjennomføre det nye tilsynet etter introduksjonslova. Vi kan dokumentere at vi brukte om lag 12 dagsverk til forvalting av tilskotsordningane i

2012. I 2013 har vi brukt 44 dagsverk til tilsyn. Det er såleis ikkje samsvar mellom reduksjonen av oppgåver til tilskotsforvalting og dei nye oppgåvene til tilsyn. I tillegg er oppgåvene med etterutdanning for lærarar nesten tredobla; jf. omtale på resultatområde 47.4. Fylkesmannen i Rogaland vil enno ein gong markere at BLD må sikre forsvarleg ressurstilgang til tilsynsoppdraget. Dette er ei ny og viktig oppgåve, noko som er stadfestat gjennom oppslag i NRK denne månaden om Vadsø kommune.

Trass manglande ressursar har vi prioritert denne oppgåva, og vi meiner måloppnåinga vår på dette resultatområdet er god.

## **Resultatområde 48 Fremme likestilling og motivirke diskriminering**

### Kommunane sine lovpålagnede pliktar

For å bidra til at kommunane i Rogaland arbeidat aktivt for å fremje likestilling og for å rette fokus på dei lovpålagnede pliktene til kommunane, fekk vi for første gong besøk frå likestillingsombod Sunniva Ørstavik på den årlege konferansen for ordførarane og rådmenn som Fylkesmannen arrangere i saman med KS.

Likestillingsombodet sitt innlegg hadde tittelen ”Likestilling kommer ikke av seg selv - diskriminering gjør det” Likestillingsombudet tok også opp kommunane si plikt til aktivitet og rapportering.

### Barnehage og utdanning

På barnhageområdet har Fylkesmannen brukta nettverksmøta med kommunane til å setje fokus på arbeidet med likestiling. Likestillingsarbeid er lovpålagt i Rammeplan for barnehagar, som er forskrift. Det er etablert likestillingsteam med fire representantar frå kommunane og ein representant frå Universitetet i Stavanger. Likestillingsteamet har utarbeidd ein plan for vidare arbeid. Teamet har arrangert frukostmøte og invitert alle barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. På desse møta har det vore framlagt teori frå likestillingsområdet, og det har vore gode drøftingar etterpå. Fokus i drøftingane har vore likeverdig pedagogikk i praksis. Kommunane har også kome med konstruktive innspel til vidare arbeid i likestillingsteamet.

I barnehagane er det sett soknjels på å leggje til rette for at gutter og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Det er også i 2013 tildelt midlar til eit leikeprosjekt der gutter frå ungdomsskolen kan få kjennskap til barnehagekvarden ved å arbeide nokre timer i ein barnehage etter skoletid. Dette starta for fullt i 2013 og vil vare i fleire år. For å finansiere prosjektet har vi brukta midla til likestillingsarbeid frå KD, kr 170 000. Fylkesmannen har i tillegg bidratt med kr. 60 000 av eigne midlar for å få i gang eit fagleg godt prosjekt. Det vart såleis lyst ut kr 230 000 til dette prosjektet. 11 kommunar søkte om midlar, og 8 kommunar fekk tildeling. Prosjektet heiter ”Leikeressurs i barnehagen” og kommunane arbeider saman med Fylkesmannen og Universitetet i Stavanger. I prosjektpoden skal det vere samlingar med fokus på teori og utprøving mellom samlingane. Samlingane vert også nytta til erfaringsdeling. Rapport frå prosjektet vil bli utarbeidd.

I 2013 blei det laga ein avtale mellom partane i GLØD Rogaland (prosjekt starta av Kunnskapsdepartementet i 2011) om å finansiere ei prosjektstilling. Prosjektmedarbeidaren har kontor hjå Fylkesmannen i Rogaland. Målet med GLØD er å sikre god kompetanse i barnehagen. Fleire menn i barnehagen er eit av delmåla i strategi-og handlingsplanen. Sjå elles resultatområde 34.2.

Det felles nasjonale tilsynet i grunnopplæringa har dei fire siste åra vore retta mot skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø etter §§9a-1 og 9a-3 i opplæringslova. BLD sin definisjon i handlingsplanen *Likestilling 2014, Mål 2 Likestilling for framtida*, er såleis indirekte tema i tilsynsarbeidet vårt. Gjennom dette felles nasjonale tilsynet har vi kontrollert om skoleeigar syter for at elevane har eit godt psykososialt miljø fritt for krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald, seksuell trakassering eller rasisme. Lovparagrafen som vi fører tilsyn etter, gjeld også krenkjande handlingar som til dømes diskriminering på grunn av tru eller kjønn, eller ytringar om utsjånad, misdanninger eller funksjonshemminger. Elles er kommunane og fylkeskommunen sitt ansvar for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder og spesialundervisning sentrale tema for tilsyn kvart år.

Også gjennom klagebehandling på desse områda medverkar vi til at rettstryggleiken til grupper som treng ekstra oppfølging for å vere deltagarar i samfunnet, blir ivaretatt.

Vi har god tilgang til statistikk om faglege resultat til gutter og jenter i grunnopplæringa. Denne statistikken nyttar vi m.a. som ein del av grunnlaget for å velgje ut skoleeigarar som skal få tilsyn.

## Ressursrapportering

Oppdraget frå departementet vert utført av to ulike avdelingar i embetet; helse- og sosialavdelinga og utdanningsavdelinga.

Det har vore ei auke i oppgåvene frå departementet med unnatak av tilsyn og klagebehandling etter barnevernlova. Fylkesmannen har i 2013 fått ei ny oppgåve med tilsyn med kommunane sine plikter etter introduksjonslova. Dette har medverka til ei auke også i arbeidet med rettleiing og klagebehandling. Departementet har ikkje komme med naudsynt finansiering av dette arbeidet.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 2 157 571,08	kr 707 598,78
42 Familierett	kr 1 001 593,36	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 485 098,60	kr 592 303,01
47 Integrering	kr 746 185,90	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 107 648,62	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 47 981,67	kr 0,00
Sum:	kr 4 546 079,00	kr 1 299 901,00

## Justis- og beredskapsdepartementet

### **Resultatområde 51 Siviladministrasjon**

Nærare utgreiing følgjer nedanfor.

#### **51.2 Vergemålsloven**

Vi rapporterer først på dei oppgåvene som Fylkesmannen skulle løyse spesielt i samband med verjemålsreforma:

Vi deltok aktivt på alle møta i nasjonal prosjektgruppe for gjennomføringsprosjektet i framkant av 1. juli 2013. Vår fagdirektør leia Delprosjekt Bank frå oktober 2012 til mars 2013.

For å sikre ei god rekruttering både av nye medarbeidarar og verjer, laga vi ein særskild annonsekampanje ved namn «Verjeverdig». Kampanjen fekk mykje positiv tilbakemelding og det kom inn ei stor mengd søknader til stillingane. Det medførde at vi fekk rekruttert til eit fast verjekorps med godt eigna personar frå heile fylket i framkant av 1. juli 2013. Det å ha eit fast verjekorps på plass til oppstarten var særleg viktig, spesielt når oppstartsfasen blei krevjande på andre område.

For alle verjene i fylket gjennomførte vi fleire informasjonssamlingar våren 2013. Dei fleste av desse samlingane var i Stavanger, men vi hadde også samlingar i Egersund, Sand i Suldal og i Haugesund.

Vi hadde også eit kurs for faste verjer og eit kurs for representantar for mindreårige asylsøkjarare hausten 2013. Til det siste kurset engasjerte vi foredragshaldar frå Norsk Folkehjelp som sjølv var ein særslig erfaren representant. Verjer og representantar gav gode tilbakemeldingar på kursa og uttrykk for at slike kurs og samlingar var svært viktige for å sikre god kvalitet på det arbeidet som dei utfører.

Dialogen og samarbeidet med kommunane om gjennomføringa av verjemålsreforma begynte i 2012. Då gjesta vi alle kommunane. Den 16. oktober 2012 hadde vi ei samling for alle kommunane i fylket der vi demonstrerte nett-applikasjonen som kommunane skulle bruke til datafangsten og gav ytterlegare informasjon om korleis overføringa av verjemålssakene skulle skje. Ein saksbehandlar var kontaktperson for kommunane i arbeidet med datafangsten og gav råd og rettleiing til kommunane, monitorerte datakvaliteten som kom inn i applikasjonen og følgde opp kommunane tett telefonisk gjennom heile vinteren og våren 2013.

Den 30. mai 2013 sende vi ut brev til alle kommunane i Rogaland ved rådmann og formyndar. Med brevet følgde ei sjekkliste for overgangen til ny verjemålsordning.

Vi følgde opp den sentrale framdriftsplanen når det gjaldt overføring av verjemålsmidlane til aktuelle banker og sende ut lister med nye kontonummer til kommunane i fleire omganger. Men også etter 1. juli 2013 fekk vi tilbakemelding frå kommunane om ei rekkje personar som hadde behov for nytt kontonummer for overføring av midlar.

Vi hadde laga ei rekkje gode planar for å førebu verjemålsreforma, både prosjektplanar, organisasjons- og bemanningsplan, medieplan og informasjonsplan. I tillegg hadde vi laga ein verksemdsplan som vi risikovurderte spesielt med omsyn til sjølve overgangen til ny verjemålsordning. Vi var svært urolege for om dataløysinga ville vere god nok, og hadde førebudd ei mogeleg reserveløysing for saksbehandling som vi periodevis måtte ta i bruk i oppstarten.

Då overgangen blei meir krevjande enn planlagt, på grunn av problema med dataløysinga, fekk vi ut over hausten ei stor auke i restansar knytte til saksbehandlinga. Det gjorde at vi i liten grad kunne prioritere det utoverretta informasjonsarbeidet hausten 2013. Vi deltok på nokre større samlingar i kommunane.

Ut over hausten jobba vi oss fram til ei intern organisering og oppgåvefordeling som fungerte tilfredsstillande og vi arbeida fram prosedyrar på fleire område.

Svar på ekstra spørsmål til rapporteringen for 2013 i e-post frå JD 4. februar 2014:

1) Kor sannsynleg er det at embetet ikkje har ei beredskapsordning for hasteoppnemning av verjer og representantar?

Svar: vi har beredskapsordnig.

Kommentar:

Vi har 4 personar som er i det faste verjekorpset til Fylkesmannen som tek oppdrag på kort varsel. I tillegg har vi to personar som jobbar hos Fylkesmannen, på andre avdelingar, som kan ta på seg setjeverjeoppdrag i samband med politi- og dommaravhøyр når dette blir gjennomført på Barnehuset i Stavanger. Vi har så langt ikkje hatt problem med å skaffe verjer eller representantar på kort varsel.

2) Kor sannsynleg er det at embetet ikkje har ei trygg kapitalforvaltning?

Svar: lite sannsynleg

Kommentar:

Vår kapitalforvaltning vurderer vi som trygg når det gjeld dei midlane som er overførde til Fylkesmannens forvaltning. Det vi ikkje har kome i gong med er ei systematisk rettleiing av verjer for personar med store formuar. Er formuen over 2 millionar bør den fordelast på fleire banker.

Det er framleis ein del midlar som ikkje er overført til den nye verjemålsforvaltninga. Desse midlane skal likevel stå trygt i dei bankane der dei står, då dei framleis er knytte til eit overformynderi. Utfordringane her består i å få ein god dialog med dei aktuelle bankane, oppretta nye kontonummer og overføre midlane. Vi er i gong med dette arbeidet.

Den største risikoene ligg truleg i ei trygg forvaltning av andre verdiar og verdipapir. Her kan det vi har fått overført til Fylkesmannen vere ufullstendig dersom kommunane ikkje har hatt god nok oversikt. Vi er no i gong med å systematisere dei verdipapira vi har fått inn frå kommunane. Dersom det i den gjennomgangen viser seg at det er kommunar vi ikkje har fått inn nokre verdipapir frå, vil vi etterspørje dette.

3) Kor sannsynleg er det at embetet ikkje har ei tilfredsstillande handtering av godtgjering og utgiftsdekning til verjer og representantar?

Svar: lite sannsynleg

Kommentar:

Arbeidet med godkjenning av søknader om verjegodtgjering har vist seg å vere både omfattande, tidkrevjande og meir komplisert enn vi trudde. vi saknar nasjonale rutinar for effektive og raske utbetaling av godtgjering via DFØ. I dag fyller vi ut eit ekstra statleg papirskjema for «Bonuslønn» for kvar einaste utbetaling av verjegodtgjering. I dette skjemaet påfører vi ei rekkje informasjon inkl. kontering og underskrifter for godkjenning og budsjettdisponering. Dette skjemaet følgjer så med det opphavlege vedtaksbrevet om

verjegodtgjeringa til DFØ. DFØ utbetaler etter det vi har erfart ikkje enn ein gong i månaden noko som bidreg til forsingking i utbetalinga.

#### Kommentar til tal:

Tala som vi har gitt er tal for klagesaker og tilsyn for 1. halvår 2013. Vi har ikkje statistikk i dataløysinga enno og det gjer at vi kan ta ut informasjon om kor mange saker vi har 2. halvår 2013.

**Oppgaver etter vergemålsloven**

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMRO	2	0
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>0</b>

### **51.3 Forliksrådene**

Det kom inn 7 klager/tilsynssaker i 2013.

Videre har Fylkesmannen behandla 2 klager som innkom i 2012.

Klagene har mellom anna gått på spørsmål om verneting, gyldig forfall, forliksrådet sin kompetanse, innstilling av sak, og bruk av politiet sin brevlogo på forliksrådets korrespondanse.

Det er og klagt over manglande dokumentinnsyn/kopi av saksdokument, samt avvisning av elektronisk innsendt forliksklage.

Dei sistnemnde sakene har medført ein del lovtolkningar av tvistelova sine føresegner. Fylkesmannen har vore i kontakt med lovavdelinga knyta til desse problemstillingane, og kjem til å sende ei formell henvending om lovtolkning i etterkant av desse sakene.

Det er innkomme 5 saker om oppnevning av stedfortredar i 2013.

Vidare har det komme inn 1 sak om oppnevning av nytt medlem.

I tillegg har det gått med betydelege ressursar til å fullføra arbeidet med oppnemning av nye forliksråd i kommunane for perioden 2013-2016. Eit stort tal kommunar var seine med å senda innberetning om valet til Fylkesmannen, i tillegg mangla nødvendige opplysningar i mange saker, slik at Fylkesmannen ikkje kunne fullføra oppnemningane. I etterkant av oppnemningane har det i tillegg vore nødvendig å etterlysa innsending av dommarforsikringar frå fleire kommunar.

På bakgrunn av dette vil Fylkesmannen vurdera å utarbeida rutiner til hjelp for kommunane ved neste val, samt leggja ut informasjon på nettsidene om dette.

Fylkesmannen får og ein god del telefonahenvendigar/e-postar frå forliksråda knyta til verksemda. Dette gjeld ofte oppnemning av stedfortredar. Vidare har vi fått fleire henvendingar om kva ein gjer når medlemmene ikkje møter.

### **51.5 Tomtefesteloven**

Fylkesmannen har ikkje behandla saker etter tomtefestelova i 2013.

## **Resultatområde 52 Borgerrettigheter**

Nærare utgreiing følgjer nedanfor.

### **52.1 Fri rettshjelp**

Fylkesmannen behandla i 2013 1302 sakar vedrørande fritt rettsråd. I tillegg blei det behandla 234 tolkesaker og 209 saker frå kontrollkommisjonen og andre sakar om fri saksførsel.

Fylkesmannen betalte i 2013 ut kr 13 874 815,- i fri rettshjelp.

Vi har gjennomført kurs for advokatar i å nytte elektronisk skjemaløysing.

Vi gjennomførte den 11. juni 2013 regionsamling i fri rettshjelp med deltagarar frå Fylkesmennene i Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder og Buskerud. Det var også god deltagelse frå Statens sivilrettsforvaltning.

## **52.3 Navneloven**

I 2013 behandla Fylkesmannen 2 saker som var motteke i 2012.

I 2013 kom det inn 6 saker, av desse vart 5 behandla i 2013, i ei av sakene oppheva Fylkesmannen vedtaket, denne saka er difor ikke endeleg avgjort.

## **Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet**

Nærare utgreiing følgjer nedanfor.

### **53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer (fylkes-ROS)**

Fylkesmannen i Rogaland reviderte FylkesROS Rogaland i 2013. Den blei ferdig revidert i desember og det vil bli utarbeidd ein oppfølgingsplan i 2014.

### **53.2 Regional samordning – forebyggende samfunnssikkerhet**

Det er sendt eigen rapport til DSB om Fylkesmannens oppfølging av 22. juli-kommisjonens rapport. Dette har vert tema i ulike forum som ledermøter (internt), fylkesberedskapsråd og møte med kommunene om samfunnstryggleik og beredskap.

Rettleiing og kontroll av klimatilpasningsarbeid blei gjort gjennom Fylkesmannens ordinære planbehandling av ulike typer kommunale planar. Rettleiing ifm. oppstartsmøtar og på førespurnad. Kontroll på grunnlag av føreliggjande kommuneplanar og eit utval reguleringsplanar. Motsegn pga. manglande klimatilpasning er fremma.

### **53.3 Samfunnsplanlegging**

Fylkesmannen har i 2013 gått gjennom planstrategiar, planprogram, kommuneplanar og eit utval reguleringsplanar for blant anna å kontrollere om omsynet til samfunnstryggleik og beredskap er ivaretake. I tillegg deltek vi i regionale planprosessar og gir uttale til ulike konsekvensutredningar. Vi deltek i regionalt planforum. I vår planbehandling vil vi etter beste evne ivareta ulike samfunnstryggleiksomsyn som storulykkesverksemder, tryggleik for kraftforsyning, fareområde for flaum, skred og klimatilpassing. Vi har fremja motsegner pga. manglande omsyn til samfunnstryggleik også i 2013.

Fylkesmannen har gjennomført eit årleg møte om samfunnstryggleik og beredskap med alle kommunane. Her var også eit utval regionale etatar med (politi, Sivilforsvar, Heimevern, helseføretak mv.). Tema var oppfølging av kommunal beredskapsplikt, skuleskyting og informasjon om eit førestående skredkartleggingsprogram i Rogaland, og om Kriseinfo.no.

Geografiske informasjonssystem (GIS) brukast for å presentere og visualisere ulike samfunnstryggleikstema. Kommunane har tilgang til dette via vår kartportal.

Karta over miljøsårbarle områder på sjø og land (MOB) er ikkje oppdaterte.

### **53.4 Tilsyn**

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i omrent ein tredel av kommunane (7 av 26) i 2013. Sidan 2010 har no alle kommunane i fylket hatt tilsyn etter sivilbeskyttelseslova.

Vi har hatt fokus på heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan i denne første runden med tilsyn etter lova (§§2,4,6 og 9). Dette for å få på plass grunnlagsdokumenta. I neste fireårsperiode skal vi gå nærmare inn på systematisk samfunnstryggleiks og beredskapsarbeid, øvingar og evaluering (§§, 7 og 8). Tilsyna er gjennomført etter tilsynsrettleiaren til DSB, men med nokre regionale justeringar og avgrensingar. I opningsmøtet på tilsyna er skoleskyting nemnd som eit tema som kommunane bør vurdere i sin heilskaplege ROS-analyse. Vi har også hatt et særleg fokus på risiko knytta til verksemder i kommunane. Forventinger og erfaringar frå tilsyn var også tema på nettverksmøte med alle kommunane.

## Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

Nærare utgreiing følgjer nedanfor.

### 54.1 Regional samordning - beredskapsforberedelser

Fylkesmannen har hatt eit system for mottak, kvittering og vidarevarsling av viktig informasjon på "beredskapskanal" frå NVE, Met.no, Helsedir, Statens Strålevern og DSB. Der det har vore naudsynt har vi innhenta situasjonsrapportar for kommunar og etatar, samordna disse og rapportert til DSB i CIM. På same måte har vi rapportert til DSB når det oppsto ekstraordinære situasjonar lokalt i Rogaland. Vi har ikkje vaktordning. Systemet vårt er bygget på ansvar og fri vilje utanfor normalarbeidstid og overtida blir kompensert. Ordninga byggjer på at nokre frivillige nøkkelpersoner er tilgjengelige for å motta telefonar eller e-postvarsle.

Nødnett. Vi har i samarbeid med DNK gjennomført ulike informasjonsmøtar mot kommunar og medlemmar av fylkesberedskapsrådet. Vi har også delteke på dei møter om nødnett innan helsesektoren som Helsedirektoratet har invitert til.

Det har vore to møtar i fylkesberedskapsrådet i 2013. Informasjon om kraftforsyningsituasjon, oppfølging av 22/7-rapporten og Nødnett er nokre av temane som har stått på agendaen.

Vi har gjennomført eit seminar saman med Rogaland politidistrikt om lokale strålingskilder og handtering av desse. Her deltok i hovudsak representantar frå nødetatane. Vi har ikkje hatt møte eller øving for regionalt atomberedskapsutval. Fylkesmannens atomberedskapsplan er ikkje oppdatert i 2013. Vi har delteke i samarbeidsutvalet med Statens Strålevern, saman med FMMR og FMOP som representant for fylkesberedskapssjefane.

### 54.2 Organisering for krisehåndtering

Vi bruker CIM når vi rapporterer til DSB, ved praktiske hendingar og regelmessige med små innloggingsøvingar for krisestaben. Vi har vert på tilbodsida for å halde kurs i kommunane for innføring og vidareutvikling av CIM. Langt dei fleste av kommunena i Rogaland har delteke på CIM kurs i 2013.

Vi har starta arbeidet med innføring av nytt gradert samband og vi held nødvendige instrukser for sambandsteneste og krypto a jour.

Vi ivaretok vår rolle som klareringsmyndighet etter sikkerhetslova.

### 54.3 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannens kriseplan blei ikkje oppdatert i 2013. Ei heller er den sikra for gjennomføring av tiltak i SBS.

Det har ikkje vore nokon aktivitet i fylket vedr. revisjon av nøkkelpunkt og distriktsobjekt i 2013. Det har heller ikkje kome oppmoding frå Forsvaret om samarbeid for utvikling av BFF.

Det er javnleg kontakt med kraftforsyninga sin distriktsjef om ulike kraftforsyningstema og det har også vært

tema på et av møta i fylkesberedskapsrådet i 2013.

Fylkesmannen bistår med rettleiing til kommunane om overordna beredskapsplan og korleis kommunane bør organisere sin krieseleiing. Både ifm. med tilsyn og lukking av evt. avvik og ifm. øvingar.

Vi har i mindre grad vært pådrivar for at kommunale atomberedskapsplaner blir utarbeidet, oppdatert og integrert med beredskapsplanar.

## **54.4 Øvelser**

Fylkesmannen deltar i øvingsutvalet til nødetatane både i Sør-Rogaland og i Nord-Rogaland. Det var 2 store samhandlingsøvingar i 2013 (Øving Risavika i sør og øving Landrør i nord). Der var både Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp og Karmøy kommune med. I tillegg har Fylkesmannen gjennomført skrivebordøvingar i Suldal og Forsand. 7 av 26 kommunane i fylket ble øvd av FM i 2013.

Vi har ein øvingsplan men det er viktig å kunne tilpasse denne til øvingsutvalet slik av vi får nødvendige samhandlingsøvingar i tillegg til reine kommuneøvingar. Vi har ikkje registrert øvingar i nasjonal øvingskalender. Vi ser liten verdi av denne på regionalt og lokalt nivå.

Vi øva ikkje egen kriseorganisasjon i 2013, bortsett frå den praktiske handteringen av mindre hendelser.

Vi deltok på nasjonal varslingsøving og CMX-13.

Vi har deltatt på diverse kompetansebyggjande seminar og fagsamlingar om atomberedskap i 2013 men ikkje revidert Fylkesmannens atomberedskapsplan, ei heller hatt møte i regionalt atomberedskapsutval.

Alle øvingar blir evaluert og det er fokus på læringspunktet og oppfølging.

## **Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering**

Nærare utgreiing følgjer nedanfor.

### **55.1 Håndtering av uønskede hendelser og kriser**

Fylkesmannen har ein funksjonsdyktig kriseorganisasjon til tross for manglande øvingar det siste året. Vi handterer fleire mindre og noen mellomstore hendingar per år der vi får testa ut mottak av meldingar, vidaresending, innhenting av situasjonsrapporter, rapportering i CIM, samvirke med både kommunar og regionale etatar.

Ved ekstraordinære kommuneovergripande situasjonar tar Fylkesmannen initiativ til at hendinga blir evaluert. Mindre hendingar i kommunane må kommunane evaluere sjølv. Fylkesmannen følgjer opp dette gjennom tilsyn.

## **Ressursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
51.2 Vergemålsloven	kr -157 336,04	kr 5 234 755,28
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 28 675,72	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 207 009,93	kr 85 771,14
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 2 126 863,91	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 226 983,54	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 374 759,54	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 2 348,00	kr 0,00
Sum:	kr 4 809 304,00	kr 5 320 526,00

## **Kommunal- og regionaldepartementet**

### **Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene**

Nærare utgreiing følgjer nedanfor.

#### **61.1 Kommunerettet samordning**

##### Samordning av statlige, regional og lokale interesser gjennom regionalplanarbeid

Fylkesmannen i Rogaland har også i 2013 vore aktivt med i Rogaland fylkeskommune sitt arbeid med å samordne regionale interesser med statlige og lokale gjennom regionalplanarbeid. Rogaland som fylke har ein stolt tradisjon med mange og gode fylkesdelplanar/regionalplanar som har vore og er førande både for kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen og andre stlege instansar sitt arbeid. I 2013 kan me særleg nemne ferdig revisjon av Regionalplan for samordan areal og transport på Jæren. Vidare på gåande revisjon av tilsvarte plan for Haugalandet.

Både vi og fylkeskommunen er bekymra for at statleg sentral praksis med avvik fra godkjent og samordna regionalplan for Vindkraft. Dette har svekka denne regionalplanen mykje og kan og gje mindre tiltru at samla stat og statlege sektororgan føler seg forplikta av regionale planar som dei sjølve har deltatt i utforminga av. Jamfør og Dokument 3:5 (2013-2014) frå Riksrevisjonen.

##### Arbeid med uttalar til kommunale planar

Det nasjonale arbeidet med motsegner og oppdaterte føringar for dette har vore viktig for å vidareutvikle motsegnssinstituttet. Vi legg stor vekt på intern samordning i uttalane, å gje planfaglege råd og å grunngje og forankre eventuelle motsegner i nasjonale og viktige regionale interesser. Lovkrav, statlege planretningslinjer og bestemmelser samt gjendande regionalplanar er våre viktigaste verktøy i så måte. Vi har og eit innarbeidd og velfungerande system med fagleg drøfting på lågare nivå før kommuneleiing møter til formell mekling hos fylkesmannen i motsegnssaker. Dei fleste motsegner vert løyst gjennom drøfting før mekling. Dette krev god kontakt og kommunikasjon mellom fagfolka våre og kommunane sine, er effektivt og også lærerikt både for oss og kommunane.

##### Pilotprosjekt om samordna statleg uttale i plansaker

Rogaland er ein av 6 fylke som deltek i pilotprosjekt på dette. Vi er kome godt i gong og ser allereie både venta og uventa positive effektar av prosjektet både intern i embetet og i den regionale "statsetatsfamilien". Arbeid med planarbeid hos fylkesmannen er tverrfagleg og dekkar mange sektorar. Det er svært viktig at KMD som no er både ansvarleg for oss som embete og for planarbeid etter Pbl, går gjennom ressursfordelinga til fylka på dette området og justerer det etter saksmengde og konfliktgrad. Med denne nye utvida rolla innan statleg samordning av motsegner, er det særleg viktig at Fylkesmannen sin arbeidskapasitet på området ikkje vert flaskehalsen som ødelegg for eit lovande prosjekt. AU i KS sitt rådmannsforum er refereansegruppe for pilotprosjektet.

Sjå meir om samordning og utvikling av embetet sitt arbeid gjennom uttalar til kommunale og regionale planar etter pbl i kapittel 2.1, resultatområde 07 og resultatområde 12.1.

##### Samordnande samarbeid med KS

Fylkesmannen og KS samarbeider om programmet og arrangerar ein årleg konferanse for ordførarane og rådmannen i fylket. i år var Samordning av statlege motsegner, Likestilling og kvalitet i barnehage hovudtema for konferansen.

Fylkesmannen har generelt et godt samarbeid med KS i rogaland og vi arrangerar fagmøte om KOSTRA og Kommuneøkonometdag i samarbeid med KS og NKK årleg sjå under pkt 62.2.

Fylkesmannen har og fått kome til møte i rådmannsutvalet for å få ytterlegare innspel i vårt arbeid for å betre dialogen med kommunane.

Fylkesmannen ynskjer og å invitere KS inn i prosessen når vi vurderar dei kommunale søknadane om innovasjonstilskot slik at KS sin kommunekjennskap nyttas.

### Samordning av kommuneretta tilsyn

Ansvaret for overordna koordinering og utvikling innan tilsynsområdet har embetet lagt til forvaltningsavdelinga og vi har ein tilsynskoordinator som koordinerer arbeidet internt og eksternt. Vi har også eit tværfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte. Dette legg til rette for at informasjon blir delt internt. Tilsyn er dessutan tema på leiarmøtet kvart år. Når det gjeld ekstern samordning av tilsyn har Fylkesmannen etablert samarbeid med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Kartverket. På tampen av året fekk vi også kjenskap til at Statsarkivet ynskjer å gjera tilsyn i kommunane og dei er invitert inn i samordningsarbeide. Vi har også etablert eit årleg kontaktmøte med Kontorllutvalgssekreteriata og vi har årlege møte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i Rogaland. For meir detaljert informasjon om samordning av tilsyn, sjå kapittel 61.3.

### Prosjektet ansvarleg alkoholhandtering

I 2013 fekk Fylkesmannen i Rogaland, som eit av tre embete, i oppdrag frå Helsedirektoratet om å vere pilotfylkje for eit prosjektet som skal etablere regionale nettverk for kommunar, politi og næring for å styrke arbeide i kommunane med alkohollova og ansvarleg alkoholhandtering.

I samband med dette etablerte vi ei arbeidsgruppe med tilsette frå Helse- og sosialavdelinga (folkehelsearbeid) og Forvaltningsavdelinga (klagesaksbehandling m.v.). Prosjektarbeidet er såleis breitt forankra i embetet og i embetsleiinga.

I arbeidsgruppa har vi invitert inn representantar frå politiet, Korus og KS.

Arbeidsgruppa hadde fleire møte høsten 2013 og vi arrangerte nettverkskonferansen for kommunane, politiet og næringa 3. desember 2013. Sentrale tema på konferansen var alkohollova som folkehelsefremjande verkemiddel, samhandling mellom politiet og kommunane, kommunal skjenkepolitikk som ledd i det rusførebyggjande arbeidet samt Fylkesmannens rolle som klageinstans etter alkohollova. Vidare hadde Korus eit innlegg om rettleiarene i sal- og skjenkjekontroll, mv. Sjå nærmere omtale under pkt 83.1.

## **61.2 Omstiling og fornying i kommunene**

Fylkesmannen ser på arbeidet med omstilling og fornying i kommunane som ei viktig oppgåve. Vi har m.a. [eigne nettsider](#) for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring). Vi arrangerer også KOSTRA-samling for kommunane om våren, med vel 60 deltagarar i fjar.

Viktigaste aktiviteten på dette området har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. 9 kommunar fekk i alt kr 2 524 000 til 10 prosjekt. Fire av desse prosjekta var samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Fordelinga ligg på nettsidene våre. Det er også lagt ut rapportar m.v for gjennomførte prosjekt.

Når det gjeld prosjektmidla, er vi nøyne med at desse har klart fokus på tenesteutvikling, særleg av ”tunge” tenester, i tråd med retningslinjene frå departementet. Tildeling for 2013:

Kommune	Prosjekt	Tilskot kr	Saman med
---------	----------	------------	-----------

Eigersund

Sammen for alle —heltidskultur i Egersund kommune

275 000

Stavanger

Leve HELE LIVET, en ny aktiv eldresatsing innen helse og omsorgstjenesten

400 000

Haugesund

Omsorgsteknologi

275 000

Utsira

Sokndal

Omsorgsteknologi

300 000

Randaberg

NÆRVÆR-prosjekt, å forebygge og redusere sykefravær.

300 000

Hjelmeland

Omstillings- og utviklingsprosjekt

250 000

Finnøy

Introdusere, implementere og sørge for etterleving av eit metode-verktøy for ”samarbeidsdriven innovasjonsprosess”

224 000

Rennesøy

Tysvær

Haugalandsløftet - kompetanseheving og samhandling i oppvekstsektoren

300 000

Utsira,Bokn,Karmøy,Hgsd,Vindafj.,Suldal,Egne,Sveio

Karmøy

Brannvernsamarbeid for Nord-Rogaland og Sunnhordland

100 000

Kommunane i regionen

Karmøy

Utvikling av gode og helhetlige styringssystemer

Vi har i ein del tilfelle hatt presentasjonar av prosjekt på seminar o.l vi arrangerer.

Av prosjekt som vi veit har hatt stor positiv effekt kan nemnast:

1.Heimerehabilitering i Sola. (2012). Kommunen oppsummerer:

"Sola kommune ser et stort potensial i denne måten å arbeide på. Erfaringsdeling med andre kommuner er allerede i gang i et nystartet nettverk for alle omkringliggende kommuner som er i gang / vil i gang med tilsvarende satsing". [Nettside](#)

2.Kvalitetsutvikling og styringsinformasjon i Ryfylke-kommunane. Strand og Suldal. Tema for seminar for involverte kommunar hos oss i mai 2013 og vil bli hovudtema på KOSTRA-seminaret i år, slik at også dei andre kommunane kan dra nytte av dette.

3."Leve HELE LIVET" i Stavanger (2011 og 2013). Også formulert som "Lengst mulig i eget liv", inspirert av Fredericia. Arbeidet er godt i gang, jf [nettside](#).

### 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Ansvoret for overordna koordinering og utvikling innan tilsynsområdet har forvaltningsavdelinga. Fylkesmannen har ein tilsynskoordinator som koordinerer arbeidet internt og eksternt og vi har eit tverrfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte.

I 2013 gjorde tilsynslaget/tilsynskoordinator mellom anna:

- Hatt faste møte i tilsynslaget, omrent ein gong i månaden. Her blir det utveksla erfaringar.
- Samordna intern den kommuneretta tilsynsaktivitetten.
- Samordna eksternt den planlagde kommuneretta tilsynsaktivitetten med Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Kartverket. Oversikta over kommuneretta tilsyn blei sendt til kommunane/fylkeskommunen med kopi til andre tilsynsetatar, kommunerevisjon og kontrollutval. Ho blei også lagt ut på nettstaden vår.
- Gjennomført to kontaktmøte med Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Kartverket (eit tidleg i januar og eit på hausten). På desse møta har vi utveksla erfaringar og samordna tilsynsaktivitetten.
- Hatt møte med Arbeidstilsynet om ei sak som kunne utvikla seg til ei samordningssak om reaksjonsbruk. Blei varsle tidleg om dette og informert godt.
- Etablert kontakt med dei tre kontrollutvalssekretariata i fylket. Hatt eige samarbeidsmøte med desse sekretariata våren 2013. Målet var betre samordning mellom eigenkontroll og tilsyn. Rolleavklaring og utveksling av planar for tilsyn og kontroll stod på programmet.
- Deltatt og hatt innlegg på Forum for kontrollutvala i fylket.
- Hatt årleg kontaktmøte med Rogaland revisjon som er den største kommunerevisjonen i fylket vårt. Tema var samordning av tilsyn.
- Vi planla eit møte for alle som driv med tilsyn i embetet, og hadde invitert leiaren for kontrollutvalsforumet i Rogaland til å informere om kommunane sin eigenkontroll. Vi måtte dessverre utsette dette til 2014.
- Vi presenterte også samordninga av tilsyn hos Fylkesmannen i Rogaland på KRD sin fagdag i Balastrand i 2013.

### Utfordringar

- Det er ei utfordring at dei ulike fagområda ikkje er samordna når det gjeld tilsyn på sentralt hald. Det blir gjort endringar på dei ulike tilsynsområde både når det gjeld forventingar, omfang, utval og metode utan at dette blir samordna med dei andre tilsynsområda. Dette gjer samordning vanskeleg internt hos Fylkesmannen sidan dei ulike signala frå fagstyresmaktene er særstørke. Dette står i motsetning til generelle statlege signal om sterkare samordning.
- Når det gjeld samordning med andre eksterne tilsynsetatar er dette heller ikkje gjort på sentralt hald. Det er

mellan anna ei utfordring når det gjeld samordning i tid og rom på regionalt nivå at nokre etatar har ein annan planleggingssyklus og/eller ønskjer ikkje å gi ut særleg informasjon på førehand om tilsynsobjekt. Med andre ord er det vanskeleg å få til ei optimal samordning på fylkesnivå når dette ikkje er gjort på nasjonalt nivå.

- Det er ikkje nokon samla kommunerevisjon i Nord-Rogaland. Den blei avvikla i 2012. Kommunane har ulike aktørar som gjer revisjonane for dei. Det gjer at det ikkje er like lett å ha kontakt med desse som med Rogaland revisjon.
- Vi ønskjer framleis at departementet legg til rette for erfatingsutveksling mellom Fylkesmennene og formidling av gode eksempel på samordningsrutinar og ikkje minst læring av tilsyn. Slik vi ser det er dette nødvendig for at vi skal kunne gjere ein betre jobb.
- Omlegginga til nye nettsider for Fylkesmannen har lagt hindringar i vegen for få informasjon ut på ein tydeleg og god måte. Strukturen legg opp til at informasjonen er uoversiktleg og fragmentert. Vi har gitt tilbakemeldingar på dette og vi har no utvikla vår eigen tilsynskalender.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Det er gjort nærmere greie for dette nedanfor.

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Vi går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK (Register over kommunar underlagt betinga kontroll). Mellom 2007 og 2010 var ingen kommunar i registeret. Haugesund blei meld inn i 2010 pga manglende inndekking av underskot. Rekneskapane for 2011 og 2012 har ikkje gitt grunnlag for utmelding, men det er heller blei ikkje meld inn nye kommunar. Vi har i 2013 i tråd med dette gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Haugesund og vidare godkjent vedtak om låneopptak.

Fylkesmannen har også hatt ei lovlegklage på eit budsjettvedtak, om bruk av salsinntekter for anleggsmidlar til eit interkommunalt vassverk.

Kommunale garantivedtak skal sendast til Fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 17 vedtak om å stilla communal garanti. I eitt tilfelle blei saka avvist då det dreia seg om kyrkjebygg, der kommunen har eit direkte ansvar ( dvs. ikkje ”andres økonomiske forpliktelser”, jf kommunelovens § 51 ) . Dei andre vedtaka blei godkjent. Vi godkjende også 6 lånevedtak frå interkommunale selskap.

### 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi legg hovudvekta av arbeidet på økonomifeltet på informasjon og rettleiing. Vi har hatt få kommunar i ROBEK og har som mål å førebyggja at dei kjem dit.

I samarbeid med KS og NKK lokalt arrangerer vi årleg to samlingar på dette feltet, eit KOSTRA-seminar, i mars/april, og ein kommuneøkonomidag i slutten av mai der hovudtema er kommuneproposisjonen, men der også andre relevante tema blir tatt opp. Vi legg ned mykje arbeid i desse samlingane, men det har vore bra oppmøte, særleg på den første, vi får positive tilbakemeldingar og legg også vekt på møteplassfunksjonen desse samlingane har.

Vi prøver å ha ei viss oppfølging av einskildkommunar også om dei ikkje er i ROBEK, hovudsakleg kommunar som kan vera i ”faresona”.

Den økonomiske situasjonen i kommunane i fylket samla sett er noko betre enn landet. Men inntektsveksten stagnerer og lånegjelda har auka meir enn landet dei seinare åra. Økonomistyringa i kommunane synest gjennomgåande å vera god. Stor folketilvekst gir økonomiske utfordringar, m.a. behov for investeringar, noko som kan forklara gjeldsveksten når inntektene ikkje aukar like mykje.

Kvart år utarbeider vi ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA frå dei føregåande åra, med presentasjon av statistikk og gjennomgang av status og utviklingstrekk, og formidlar denne til kommunane.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg via nettsidene i så stor grad som råd, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneoppblegget (kommuneproposisjonen og statsbudsjettet), lysark frå føredrag, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstildeling m.v. 20 artiklar blei lagt ut på sidene for [Kommuneøkonomi](#), [KOSTRA](#) og [kommunal fornying](#) i 2013.

Vi har også i 2013 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi har som ein viktig strategi for å sikra datakvaliteten å ta data i bruk på flest mogleg område. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelige, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting. Det årlege KOSTRA-seminaret held vi av denne grunn i perioden mellom første publisering 15. mars og fristen for retting. Det blir også lagt ut oppslagstabellar for samanlikning av kommunar. Vi har på KOSTRA-seminaret og via e-post prøvt å setja fokus på ein del område (funksjonar) der det er store variasjonar i tala som det er vanskeleg å finna forklaringar på. Gjennom eit internt statistikknettverk arbeider vi for å auka bruken internt. Dette er også nyttig for kvalitetssikring.

Vi har i 2013 fordelt resten av skjønsramma for 2013, 9,4 mill kr til 5 kommunar for ekstrautgifter i samband med språkdeling, 0,8 mill til ekstraordinaere utgifter i ein kommune og kr 2 524 000 til omstillingsprosjekt, jf punkt 6.1.2. Av ramma for fylket for 2014 på 76,9 mill kr er kr 60 748 000 fordelt i samband med statsbudsjettet i haust, medan resten blir fordelt i år.

Hovudomsyna ved fordelinga av skjønstilskot er kompensasjon for omlegging av arbeidsgjevaravgift, kommunar med særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester, kommunar med særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, ekstrautgifter pga. språkdeling og skyss helsepersonell. Vi er her også nøyne med å ikkje gi signal om bruken av midla i større grad enn det som har dekning i departementets retningslinjer (jf prosjektskjøn), sidan dette i utgangspunktet er frie midlar og dei nemnde omsyna dermed er meint å utfylla kriteria i inntektssystemet og ikkje innebera former for øyremarking, jf prinsippa elles.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Sjå kommentarar nedanfor.

### 63.1 Kommunalrett

Saksbehandlingtida innanfor feltet har i det vesentlege vore innanfor 3 månader.

Vi har ikkje behandla ferdig saker om habilitet, men ei sak er sendt kommunen til nærmare vurdering. Fylkesmannen har også gitt skriftleg fråsegn i ein habilitetssak etter oppmoding frå kommunen. Spørsmålet gjaldt habilitet til styremedlem i eit aksjeselskap som driv næringsutviling innanfor regionen. Fylkesmannen svarer også ukentleg på telefonar frå kommuneadministrasjonar om habilitet.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	4	3	1	3	3	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>0</b>		

### 63.2 Valg

Vi har hatt ein deltakar på departementet sin valkonferanse. Vi har besvart nokre få spørsmål frå kommunane i samband med valet.

## **Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren**

Fylkesmannen har i 2013 behandlet 11 klagesaker etter offentleglova. I 4 av disse sakene har vi stadfesta vedtaket om ikkje å gi innsyn. Vi har ikkje ferdigbehandla klagesaker på manglande partsinnsyn etter forvaltningslova, men vi har moteke ein slik klage som er satt på vent i nærværende avklaring.

I tillegg til å handsama klagesaker har Fylkesmannen hatt arbeid med å veilede kommunar og publikum på dette rettsområdet.

Fylkesmannen har i 2012 ikkje fått henvendelsar frå Sivilombudsmannen når det gjeld klagevedtak på dette rettsområdet.

## **Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid**

Sjå kommentarar nedanfor.

### **65.1 Kommuneinndeling**

Fylkesmannen har motteke ein sak om igangsetting av utredning av grensejustering mellom Sandnes og Sola. Saka blei returnert då Fylkesmannen sitt samtykke ikkje var nødvendig.

Fylkesmannen har også motteke eit initiativ til grensejustering mellom Stavanger og Rennesøy kommunar. Saka er til vurdering i kommunane.

### **65.2 Interkommunalt samarbeid**

Vi har støtta ein del samarbeidstiltak for tenesteutvikling med skjønsmidlar, jf eige punkt om utviklingsarbeid. Vi viser elles til det som er nemnt under 63.1.

Vi hadde interkommunalt samarbeid som eit hovudtema på den årlege kommuneøkonomidagen med bl.a innleiar for KRD og eksempel frå to kommunesamarbeid om barnevern.

## **Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett**

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

### **66.1 Byggjesaker**

Det kom inn totalt 329 byggjesaker etter plan- og bygningslova. Ved utgangen av året var restansen 61 byggjesaker. Det blei behandla 541 saker. 134 av dei påklagde vedtaka blei opphevd eller omgjort.

Fylkesmannen har aukt bemanninga og gjort fleire tiltak innanfor byggjesaksfeltet for å redusere restansane. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid blei redusert frå 8 månader i første tertial til 3 månader i november - desember. Saker som var gitt oppsetjande verknad blei behandla innanfor fristen på 6 veker. 124 saker blei behandla innanfor fristen på 12 veker. Pga. av lang saksbehandlingstid og for å prioritere ressursar til saksbehandling, blei det ved mottaking av saker berre varsle om forventa saksbehandlingstid. Det blei ikkje sendt ut ny melding etter 12 veker med mindre den totale varsle fristen vart overskriden.

I tala ovanfor inngår 19 innkomne og 35 behandla settefylkesmannssaker (byggjesaker).

Vi har deltatt i førebuing av ankebehandling i ei rettssak.

Vi har halde kurs med god deltaking frå kommunanene i plan- og bygningsrett. Emner var uavhengig kontroll, tekniske krav til leilegheitar, dispensasjonar, overtredingsgebyr og grunngjeving av vedtak.

Det er foretatt opplering av 5 nye saksbehandlare i pbl i embete.

Vi har hatt 4 deltagara på landskonferansen i plan- og bygningsrett.

Avdelinga har deltatt på to møte med einskildkommunar om plan- og bygningsrett.

Det er også behandla fleire klagar på reguleringsplanar og klager etter matrikkellova, jf nærmere omtale under resultatområde 12.1.

## **66.2 Saker om ekspropriasjon**

Det blei behandla følgjande saker:

2 samtykke til førehandstiltreding

1 klageavgjerd i ekspropriasjonssak

1 samtykke til ekspropriasjon etter oreigningslova

Restanse: Ein søknad om samtykkje til ekspropriasjon etter oreigningslova.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 3 månader

## **66.3 Klage etter eierseksjonsloven**

**Klage etter eierseksjonsloven - antall**

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	1	1	0	§ 6 andre ledd
<b>Sum</b>	<b>1</b>	<b>1</b>		

## **66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård**

**Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall**

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## **Ressursrapportering**

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 572 853,02 kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 4 740 665,22 kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 610 084,59 kr 0,00
Sum:	kr 5 923 602,00 kr 0,00

## **Arbeidsdepartementet**

### **Resultatområde 73 Sosiale tjenester**

Fylkesmannen fekk i 2013 i oppdrag å særleg prioritere tre område:

arbeidet med å implementere det nye rundskrivet til STL, kvalifiseringsprogrammet og å styrke samarbeidet med NAV Fylke. Opplæringa i rundskrivet har vore omfattande og fått størst prioritet. Her har også kvalifiseringsprogrammet fått stor plass. Rogaland fekk i 2013 tilskott til eit 4-årig FOU-prosjekt: Praksis - og kunnskapsutvikling i NAV-kontora. Forsøket omfattar to NAV-kontor og Universitetet i Stavanger. Fylkesmannen og NAV Rogaland er prosjekteigarar, og dette er med på å styrke samarbeidet om å betre kvaliteten på tenestene i NAV-kontora.

### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Fylkesmannen har tidlegare hatt utfordringar med å handsame klagesakar etter STL innan fristen på 3 månader. Det har difor blitt sett inn fleire ressursar på området i løpet av 2013. Medan 20% av sakene blei handsama innan 3 månader i 2012, er 71% av sakene handsama innan fristen i 2013.

Alle tilsette i NAV-kontora har fått tilbod om opplæring i dei nye forskriftene og rundskrivet. Fylkesmannen har gjennomført 15 kursdagar med tema: økonomisk stønad, opplysning, råd og rettleiing, naudhjelp, midlertidig bustad, utlendingar sin rett til tenester og kvalifiseringsprogrammet. I tillegg har nyttilsette fått tilbod om dagskurs i lova, som ein del av NAV sitt introduksjonsprogram for nyttilsette.

### **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Det er ei utfordring å få til god samordning av dei ulike satsingane på sosialtenesteområdet og tilgrensande område. Dette gjeld både internt hos Fylkesmannen og i samarbeid med NAV fylke. Utfordringane internt er forsøkt løyst med tettare samarbeid og betre intern informasjon, særleg på området barn og unge.

Samordninga med NAV fylke har omfatta utveksling av informasjon om satsingar og kompetansetiltak og felles planlegging og gjennomføring av halvårlege leiarsamlingar. Folkehelse var tema på ei av samlingane, og folkehelseprofilane for dei ulike kommunane og fylket under eitt var eit godt utgangspunkt for refleksjon rundt temaet.

I 2013 søkte Fylkesmannen og NAV Rogaland saman om, og fekk, tilskot til FOU-prosjektet Praksis- og kunnskapsutvikling i NAV-kontora. Dette har ført til fleire felles møtepunkt og auka samarbeid om tenesteutvikling i NAV-kontora. Prosjektet omfattar og Universitetet i Stavanger, noko som gjer at samarbeidet med denne institusjonen blir vidareutvikla.

Fylkesmannen i Rogaland er også med på eit toårig forsøk med utvida informasjon og rettleiing til søkerarar og mottakarar av sosiale tjenester i NAV-kontora. Ein sentral del av forsøket, er å registrere alle henvendelsane Fylkesmannen får fra brukarar, slik at ein betre kan få oversikt over behov og omfang av tenesta. Skjema for registrering var ikkje ferdig utarbeidd før mot enden av året. Forsøket vil difor ikkje få full effekt før i 2014. Fylkesmannen har i tillegg utarbeidd eit lokalt skjema for registrering over henvendelsar fra NAV-kontor for å få ei betre oversikt over omfang og kva område henvendelsane gjeld.

Talet på henvendigar fra brukarar av dei sosiale tenestene i NAV-kontora i Rogaland har vore lågt samanlikna med det to andre ambeta som er med i forsøket. Årsaka er uviss, men ei forklaring kan vere underrapportering. Ei anna forklaring kan vere at det er gitt tilbod om grundig opplæring i lovverk til alle tilsette i NAV-kontora og kontakten mellom kontora og fylkesmannen er tett i nettverk og samlingar for leiarar av kontora. Funn frå tilsyn blir og presentert her.

Fylkesmannen har registrert relativt mange henvendingar fra retleiarar i NAV og terskelen er låg for at medarbeidarar ved kontora tek kontakt når dei er usikre for å sikre at brukarane fårdei tenestene ein etter loven har krav på.

Det er ei utfordring i vidareføringa av prosjektet og finne ut meir om årsakane til skiljet mellom forsøka.

### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig tiltak i kampen mot fattigdom. Det har likevel vært vanskeleg for mange av NAV-kontora å prioritere dette arbeidet i tilstrekkeleg grad. Det er fleire årsaker til dette, noko Fylkesmannen og har rapportert om i eigne tertialrapportar til direktoratet i 2013:

- KVP har ikkje høg nok prioritet i NAV-kontora

- Manglande kommuanlt engasjement og forankring
- Lite oppfølgingsressursar generelt i NAV-kontora
- Vanskeleg å skaffe bustad
- For få tilpassa tiltak og utilstrekkeleg oppfølging av brukarar med rus og/eller psykiske lidinger

Fylkesmannen samlar i samarbeid med NAV fylke dei som arbeidar med KVP til nettverk kvart halvår. Gode tiltak og historiar blir her delt og informasjon utveksla.

Kvalifiseringsprogrammet har vore eit fast tema i Fylkesmannens sin dialog med fylkesdirektør. Det er og alltid eit tema på dei halvårlege NAV-leiarsamlingane. I år har leiarane og blitt informert om tema for tilsynet på kvalifiseringsprogrammet og har drøfta i grupper korleis "stoda" er i eige kontor.

Alle som arbeider med KVP har og fått tilbud om opplæring i lov, forskrift og rundskriv.

## 73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

Det nye rundskrivet til sosialtenesta har sett fokus på råd og rettleiing i NAV-kontora, herunder økonomisk rådgjeving. Dette er ei krevjande oppgåve, og det er viktig at Fylkesmannen underbyggjer dette, mellom anna ved å gje tilbod om kompetanseheving.

Halvårleg nettverk på området er ei innarbeida ordning med god deltaking. I 2013 har vi gjennomført ei nettverkssamling på våren. Trinn II-kurset blei arrangert hausten 2013.

Kommunane fekk tilskott til å sende gjeldsrådgjevarar på den årlege konferansen "Penger til besvær" i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Interkommunale prosjektet frå 2012 i samarbeid mellom Rennesøy og Finnøy har hatt utfordringar grunna sjukefråver og nytilsetjing, men det er utarbeidd ny samarbeidsavtale mellom kommunane, og Fylkesmannen vil følgje denne opp.

## 73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til bustadsosialt arbeid. I 2013 blei kr. 6 115 973 fordelt på 11 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettsider og i eige seminar der kommunane blei invitert.

Fylkesmannen har i samarbeid med Husbanken, region vest fulgt opp og rettleia kommunar som tek i mot tilskot. Dette for å sikre forankring, framdrift og kvalitet samt vidareføring. Ordninga er sett i samanheng med tilskot til kommunalt rusarbeid, tilskot til barnefattigdom, KVP og satsingar på psykisk helsefeltet.

I 2013 har Fylkesmannen og Husbanken sitt regionskontor gjennomført bustadsosial konferanse og nettverksamling for kommunar. Det var kring 100 deltararar på konferansen og 70 på nettverkssamlinga.

Målet har vore å auke den faglege kompetansen for tilsette i kommunane som arbeider med bustadsosialt arbeid. Tema var: Planarbeid og bustadsosiale handlingsplanar, bustadsosiale utfordringar og heilskapleg bustadsosialt arbeid. Kommunale utleige bustad og brannvern var og tema.

Utfordringar i det bustadsosiale arbeidet er framskaffing av rimelege bustadar til ein differensiert gruppe vanskelegstilte på bustadmarknaden. I tillegg har mange kommunar mykje å gå på i planarbeidet på det bustadsosiale området. Kommunane etterlyser fleire og meir tilpassa tilskot fra Husbanken. Samstundes er det fleire kommunar som ikkje nyttar dei moglegheiter Husbanken har. Både fylkesmannen og Husbanken har fokus på dette i kontakt med kommunane.

Det er ei kjelde til bekymring at bruken av hospits framleis aukar og at fleire og ventar på kommunal bustad.

Ein har i tillegg sett at i dei større byane er det utfordringer knyttta til eit høgt prisa privat bustadmarknad, noe som

innverkar på moglegheita til vanskelegstilte for å etablere seg i eigen bustad. Dette kan blant anna også knyttast til auke i bruk av midlertidig bustad.

Husbanken, region vest har i 2012 starta arbeid med å utvikle eit bustadsosialt velferdsprogram i samarbeid med nokre utvalde kommunar og involverte statelege aktørar i region vest. Programmet er eit av fleire nye strategiske tiltak for å sette kommunar best mogleg i stand til å gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Husbanken, region vest starta i 2012 starta arbeid med å utvikle eit bustadsosialt velferdsprogram i samarbeid med nokre utvalde kommunar og involverte statelege aktørar i region vest. Programmet er eit av fleire nye strategiske tiltak for å sette kommunar best mogleg i stand til å gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Programmet vart ført vidare i 2013 og Stavanger, Sandnes, Karmøy, Egersund og Haugesund kom med i 2013.

Fylkesmannen er ein viktig bidragsutøvar i dette arbeidet både i samarbeidsmøter med dei andre aktuelle statlege aktørane (2-4 gonger årleg) og i programrådet som har ansvar for framdrift av programmet og utveljing av kommunar til programmet. (2-3 gonger årleg).

Ein viktig del av det bustadsosiale velferdsprogrammet er å sjå planlegging og framskaffing av bustadar saman med behov for tenester og kompetanse i tenestene.

Fylkesmannen i Rogaland, Arbeids - og velferdsdirektoratet og Diakonhjemmet Høgskule starta hausten 2012 opp ein pilot i vidareutdanning i metodisk bustadsosialt arbeid. Utgreiingar gjort i fleire kommunar synte at oppfølgina av ulike brukarar ikkje var god nok, og gjennom utdanninga ynskjer ein no å gje tilsette i kommunane eit felles sett med metodar for oppfølging. Mange av dei som har behov for tenester inn i bustad har utfordringar knytta til rus og psykiske vanskar. 27 studentar frå 8 kommunar starta utdanninga. Majoriteten av studentane arbeider direkte med oppfølging av brukarar med utfordringer knytta til rus og psykiatri. Utdanninga er 2 årig - 30 studiepoeng. Studiet er ferdig sommaren 2014. Utdanninga er eit ledd i ein helhetlig auke av kompetansenivået i kommunane. Tilbakemeldingane har vore positive og ein har sett nytten av å ha en felles metodikk å arbeide etter.

Studiet vert evaluert av FAFO/NOVA med tanke på etablering av eit slikt studie som eit permanent tilbod. Sluttrapporten føreligg jan/feb 2015.

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2013 kr. 250 000,- i ekstra tilskot frå Arbeids - og Velferdsdirektoratet for å ta hand om dei administrative oppgåvene knytta til studiet.

Helse Stavanger, Husbanken region vest i nært samarbeid med Fylkesmannen har starta eit arbeid for å prøve ut modellen "Housing first". Modellen har som mål at personar med rus og/eller psykiske lidingar skal få bustad, utgreiing og nok tenester inn i bustad samstundes. Sandnes kommuner er den første kommunen i Rogaland som er i gang. I 2013 har kommunen busett to brukarar ut frå modellen. Utfordringa er å finne bustadar som er nok lagt til rette for føremålet.

## 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til bekjempelse av barnefattigdom. I 2013 blei kr. 1 752 776,- fordelt på 7 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettsidene til Fylkesmannen og i direkte kontakt med kommunane.

Fylkesmannen i Rogaland har etablert ei gruppe på tvers av avdelingane for å samordne dei ulike oppdragene og satsingane knytt til utsette barn og unge. Gruppa deltok på oppvekstkonferansen i Tromsø den 26-27 nov-13 som ein inspirasjon til oppstarten av denne satsinga ut mot kommunane. I tillegg har gruppa hatt ein arbeidsdag med FM i Troms for informasjon om sjumilssteget og arbeidsmetodikken i denne satsinga. Ein stor oppvekstkonferanse som skal gjennomførast våren 2014, er under planlegging, samt intern personalsamling med fokus på barnekonvensjonen.

7 kommunar har fått tilskot til arbeidet mot barnefattigdom. Kommunane er blitt fulgt opp gjennom rapportering, tilskotsforvalting og råd og rettleing. Fylkesmannen har også samla kommunar til nettverk for handlingsplan - barnefattigdom.

Fylkesmannen har i all opplæring og samlingar med NAV tilsette streka under ansvaret for utsette barn og unge og familiene deira, og korleis dette er gjort tydeleg i rundskriv til Lov om sosiale tjenester i NAV.

Stavanger kommune er ein av pilotkommunane for delprosjektet i NyGiv "Forsøk med NAV-rettleiar i

videregående skule" Fylkesmannen deltar saman med representantar frå Stavanger kommune, dei fire NAV kontora i Stavanger, og Fylkeskommunen i styringsgruppa. Fylkesmannen er også representert i den nasjonale referansegruppa for dette delprosjektet innan NyGiv.

NAV rettleiarane i tilknytning til NyGiv prosjektet starta opp hausten 2013. I løpet av fyrste semester vart det gjennomført ca 70 samtaler med elevane. Tilbakemeldingane er at ein stor del av desse elevane har helseutfordringar. Ein må sjå på korleis ein kan få til gode overganger til helsestyrke og eventuelt kommunepsykolog ved behov. Det tverretatlige samarbeidet er noko Fylkesmannen vil ha fokus på vidare. Utfordringar i tilknytning til rus er avtagende, mens "gaming" er aukande i denne gruppa. NY GIV og satsing på at fleire gjennomfører vidaregåande skule vil og stå sentralt i fylkesmannen si satsing på Sjumilssteget - "god oppvekst i Rogaland".

Det er ein utfordring å følgje utviklinga til barn og unge som fell ut av vidaregåande skule og har andre utfordringar og sette inn gode tiltak. Tal frå Brukarplan kartlegginga syner at ein finn att nokre av desse i 20 år med utvikla tung rus og psykisk helseproblematikk.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr -40 092,20	kr 627 771,49
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 127 539,41	kr 1 843 996,78
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 813 779,84	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 137,60	kr 0,00
Sum:	kr 901 364,00	kr 2 471 768,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap

Sjå punkta under

#### 76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

Dette er hos Fylkesmannen i Rogaland organisert som eit regionalt prosjekt, der dei tre fylkesmennene ved fylkeslegane har vore styringsgruppe.

Prosjektet starta ved tilsetting av koordinator for samhandlingsreforma frå 1.januar 2012. Viser til prosjektmandat og prosjektbeskriving for detaljert omtale av prosjektet sin innretting og målsetningar.

I prosjektplanen sitt avsnitt 4.3 er det laga ein oversikt over hovedmilepæler og leveransar for prosjektet. Milepål M4 fastset det første av fire årlege rapportpunkt i prosjektet, med rapportering av status for prosjektet til styringsgruppa og eventuell justering av prosjektplan.

#### 1. 1. Aktivitet

##### 1.1 Arbeidsmetodikk

Prosjektet dekker 3 fylker med til saman 85 kommunar, 4 helseføretak, 2 universitet, 3 høgskular og ei rad private ideelle aktørar. I tillegg kjem ulike samarbeidsprosjekt, brukarorganisasjonar og tilsette sine organisasjonar. Koordinator har kontorstad i Bergen, men har ved ein rekke anledningar vore til stades ved ulike møter og arrangement i alle tre fylka. I 2013 har koordinator og hatt til ca 2 kontordagar i Stavanger kvar månad. I samråd med styringsgruppa har oppgåvane vorte innretta noko ulikt i dei tre fylka. Hovudvekt i har vore på deltaking på felles arrangement for kommunane og helseføretaka, samtalar med prosjektleiarar for interkommunale samarbeid knytt til samhandlingsreforma, samtalar med einskildkommunar og undervisning.

I tillegg til det regionale fokuset deltek koordinator/prosjektleiar og i nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma på jamlege møter (8 gonger år). Som ein del av engasjementet i det nasjonale nettverket bidreg koordinator i rapporteringa til departementet frå nettverket. Det utarbeidast rapport kvar veke med samanstilling av dei viktigaste nyhende frå massemedia og frå aktørane i reforma i dei tre Vestlandsfylka.

Jamlege møter i dei fylkesvise arbeidsgruppene, styringsgruppa, og jamvel eit fellesmøte med alle gruppene har vore viktige arenaer for diskusjon av framdrift i reforma, men og for organisering av arbeid i regionen, konkrete oppgåver og som kopling til det nasjonale nivået.

Det er oppretta ei felles filmappe med tilgang for alle medlemmar i dei fylkesvise arbeidsgruppene og styringsgruppa. Filmappa nyttast til deling av innkallingar, referat, medierapporter og ulike presentasjoner. Det er berre koordinator som har nytt mappa til lagring av dokument så langt.

Det har vore ei utfordring å finne ein god balanse mellom koordinator sine oppgåver og driftsoppgåvane i embeta som går fram av embetsoppdrag.

## 1.2 Styringsgruppa

Styringsgruppa for prosjektet har hatt 3 møter i 2013 Temaet som øyeblikkeleg hjelp døgnplasser – organisering, fagleg forsvarlege løysingar og interkommunalt samarbeid har vore diskutert ved fleire anledningar.

### 3.4.1 Intensjonsavtale KS-Regionhelseføretak-Fylkesmann

Dei tre Vestlandsfylka samsvarar med utbreiinga til det regionale helseføretaket. KS Vest og RHFet har inngått intensjonsavtale knytt til samhandlingsreforma. Fylkesmannen er invitert inn i dette samarbeidet. FL Hordaland (kontaktfylkeslege for RHF) og koordinator deltek på desse møta. Direktør for KS-Vest, og direktør for RHF representerer dei to aktørane i møtet. Det har vore arrangert tre møter i dette samarbeidet i 2012. Jamfør avtalen mellom KS og RHF er eit av møta utvida til å omfatte sjukehusdirektørar, samhandlingssjefar, fylkes-/fylkesstyreleiarar frå KS og dei tre fylkeslegane. Alle føretaksområda har organisert konferansar knytt til samhandling i 2012. For Helse Stavanger og Helse Fonna har desse møta vore lagt opp som del av regelmessige toppleiersamlingar.

Det er gjennomført eit føretaksvise fellesarrangement i 2013, knytt til implementering av avtaler, inkludert fokus på kultur/haldninger/likeverd/kommunikasjon, og øyeblikkeleg hjelp døgnplass.

### 76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

- Fylkesmannen har i 2013 gjennomført fleire tilsyn etter "spreiingsmetoden, og dermed involvert fleire kommuner i læringsirklar rundt kvalitetsarbeid og opplæring i internkontroll. Vi har utanom dette halde foredrag i fleire kommunar om internkontrollverksett eit forbetningsarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane i Rogaland knytt til følgande tenester:
- Utskriving av nyfødde og oppfylging i helsestasjonane og forsvarlege tenester.
- Samarbeid mellom fengselhelsetenesta og spesialisert rusbehandling..

IPLOS -konferanse vart halden i samarbeid med Helsedirektoratet.

Avvik: Me har ikkje i 2013 fylgt opp kommunane si normering av legetjenester i sykehjem.

## 76.5 Felles digitalt nødnett

Fylkesmannen hadde i 2013 møte med leiinga i alle kommunane, Helsedirektoratet, Dsb og Direktoratet for naudkommunikasjon, for å førebu innfasinga av felles digitalt naudnett.

## 76.6 Helseberedskap og smittevern

Fylkesmannen har i 2013 i samarbeid med RVTS-vest hatt regelmessige møter med leiarar av kommunale kriseteam for kompetanseutvikling innan helse- og sosial beredskap.

Smittevern har vore jamleg tema på møter med kommuneleger ( Samfunnsmedisinsk forum)

Fylkesmannen har tatt del i beredskapsøvingar i samarbeid med DSB, Mattilsynet, helseforetaka og fleire kommunar. Smittevern /næringsmiddelboren sjukdom var tema for øvinga som vart avvikla i samarbeid med Mattilsynet. Gasseksplosjon /-ulykke var tema for fullscale øving i samarbeid med kommunane på nord-Jæren hausten 2013

Fylkesmannen sit i den kollektive redningsleiinga ved HRS-sør, og deltek der både i aksjonar, øvingar og evalueringar.

I fylkesberedskapsrådet var tema i heildagsmøte hausten 2013 evaluering og læring av øvingar, med erfaringsutveksling i samarbeid med Stavanger Universitetssjukehus.

Fylkesmannen har i 2013 tatt imot varsel om smittsom sjukdom frå helsetenesta, og gitt generell rettleiing til helsetenesta/kommunane ved varslingspliktige utbrot

## 76.7 Personell og kompetanse

Fylkesmannen har gitt tilskot frå Kompetanseløftet i samsvar med dei føringar som er gitt.

Det er ikkje gitt tilskot til " lederutdanning helse og omsorg-Kompetanseløftet 2015". Det er informert om ordninga i relevante møter. Kommunar som tar del i anna leiaropplæring ved høgskule / universitet har fått tilskot

Det er gitt tilskot til ABC opplæring. Alle som har søkt, har fått det dei har søkt om. Det er ein utfordring å rekruttere til nye grupper.

Rogland fylkeskommune har fått tilskot til dekking av utgifter til kompetanseheving for deltakarar utan rett til vidaregåande opplæring som tek del i utprøving av ny modell for opplæring " Realkompetansemødellen". Rogaland fylkeskommune arbeidar saman med tre kommunar; Hå, Stavanger og Karmøy i dette forsøket.

Det er informert om opplæringspakken innan Aktiv Omsorg på nettsidene.

Fylkesmannen har ved fleire høve informert leiinga i kommunane og tilsette i tenestene om at det er mogeleg å søkje om opplæring til personer som bidrar til å oppfylle kompetansekravene jf helse- og omsorgstjenetelovens § 9-9. Kommunane prioriterar i liten grad dette. Det kan ha samanheng med organisatoriske høve i kommunen. Dei som har ansvar for kompetanseløftet er tilsett i pleie og omsorg og har fokus på denne tenesta. Behovet for å auke kompetansen i denne delen av tenesta er særleg høgt.

## 76.8 Rettsikkerhetsarbeid

### Lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2013 inn totalt 212 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Vedtaka blir registrert i Nestor fortløpende. Vi ser at vi har hatt lite ressursar i forhold til ein stadig aukande saksmengde. Dette har ført til i ei saksbehandlingstid på 5-6 månadar for 2. gjennomgang av vedtak. Saksbehandlingstida på 1. gjennomgang er på under ein månad.

Etter ein gjennomgang av vedtaka i samsvar med retningslinjene frå Statens helsetilsyn ser vi at vi ikkje har fått

inn vedtak frå alle kommunar i Rogaland, få vedtak frå enkelte kommunar og få vedtak frå spesialisthelsetenesta. Dette kan tyde på at det framleis blir brukt meir tvang enn det som det blir rapportert om. I følgje *helsetilsynloven* har vi ei plikt til å ha oversikt over helsetenestane i fylket. Vi har ikkje hatt resursar til kartlegging for vidare overvaking og tilsynsaktivitet. Vi sit på mykje kunnskap om kommunar og verksemder, men kunnskapen er fragmentert. Kunnskapen må bli meir systematisk og nyttå for at vi i større grad skal kunne sikre oss at regelverket er kjend og etterlevd.

I 2013 kom det inn ei klagesak relatert til eit vedtak etter lov om pasient- og brukarrettar. Klaga gjaldt avslag på permisjon i samband med etterhald i helseinstitusjon. Fylkesmannen i Rogaland stadfesta Sandnes kommune si avgjerd. Fylkesmannen si avgjerd er klaga inn til Sivilombudsmannen.

Vi har i 2013 deltatt på følgjande arrangement:

- 16. januar      Regionalt nettverk for 4A i Leikanger
- 3. oktober      Regionalt nettverk for 4A
- 23. oktober      Tematime om 4A arrangert av Stokka undervisningssykehjem

Vi har ikkje hatt eigeninitierte kurs/opplæringsaktivitet, men mye av rådgjeving går over telefon.

#### **Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt ovafor einskilde personar med psykisk utviklingshemming, helse- og omsorgstenestelova kap 9**

I 2013 har det vore betydeleg aktivitet på dette feltet. Det er registrert inn over 170 vedtak med heimel i § 9-5 tredje ledd bokstav b og /eller c, og Fylkesmannen har overprøvd 157 av desse. I tillegg har Fylkesmannen registrert 7757 einskildmeldingar om nyttå tvang etter § 9-5 tredje ledd bokstav a. I dette høge talet er innbefatta protokollar og bruk av tvang i omsorgssituasjonar der det ikkje er noko vedtak.

Fylkesmannen har i 2013 ikkje prioritert å gjennomføra så mange dagskurs i kap 9 for kommuner i fylket som i 2012, og det har difor berre vore 4 slike kurs. I dei seinaste åra har svært mange fått ei grundig gjennomgang av lovverket. Dette er ei hovudårsak til større grad av bevisstgjering på kor grensene går, og kva som er fagleg og etisk forsvarleg tenesteyting. Ei slik bevisstgjering har ført til meir fokus på tvang- og maktbruk, og er ei årsak til ei relativ stor og jamn auke i vedtak og meldingar.

Kommunane tek i liten grad sjølv tak i behov for opplæring på dette området. Det er fortsatt ei stor utfordring å sikra fagkompetanse i tiltaka. Behovet for dispensasjoner frå utdanningskravet er fortsatt regelen og ikkje unnataket. Det er særleg utfordrande for kommunane å rekruttera vernepleiarar til bufellesskap for utviklingshemma, særleg i mindre utkantkommunar.

Fylkesmannen har gjennomført 10 stadlege tilsyn i 2013. Vi har hatt to nettverkssamlingar for kommunar i nordfylket, og to for kommunane i Jærgregionen. Fylkesmannen har regelmessige samarbeidsmøter med spesialisthelsetenesta.

I fleire tiltak ser vi stadig ei positiv utvikling ved at bruken av tvang og makt er mindre. Systematisk arbeid med andre løysingar ser ut til å ha verka bra. Dei mest inngripande tvangsformane, som t.d. nedleggingsprosedyrer, finn ein framleis, men dei er no i stor grad ersatta av andre, mindre inngripande og verksame løysingar. Det vert utført mykje godt fagleg arbeid i kommunane.

Vi erfarar ein tilvekst av nye og ofte særleg vanskelege saker knytt til personar med lett utviklingshemming i kombinasjon med rus- og psykiatri. Desse sakene set kommunane ovafor store utfordringar, også fordi mange i denne gruppa ikkje ynskjer hjelp eller avviser hjelp som vert tilbode. Også for spesialisthelsetenesta gjev desse brukarane utfordringar. Tiltak, som ofte syner seg naudsynte, kjem gjerne i eit skjeringspunkt for kor langt ein kan "strekkja" helse- og omsorgstenestelova kap 9.

## **Resultatområde 77 Andre oppdrag**

Sjå punkta under.

Prioritering har i 2013 vore i samsvar med oppdraget.

## 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fylkesmannen gjev ein fellesrapport for alle sakane om fritak for teiepliktplikt. Det sorterast ikkje mellom kva departement sakane sorterer under.

Fylkesmannen behandla totalt 61 saker om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt i 2013. Majoriteten av søknadane gjeld teieplikt etter barnevernlova, ev i kombinasjon med andre heimler. Gjennomsnittlig sakshandsamingstid var 1 dag.

Mange av sakene har kome inn same veke som saka skal opp for retten, ofte same dag som fritaket er nødvendig. Dette skuldast som oftast at søker ikkje er merksam på at det er behov for fritak for teieplikt i saka, eller at det er gløymt å sökje om fritak. Vidare er det stadig mange søkerarar som er svært usikre på kva som skal stå i ein søknad om fritak for teieplikt. Hovuddelen av Fylkesmannens assistanse på dette saksfeltet består av saksbehandling og rettleiing til advokatar eller vanlege personar over telefon om lovene og søknadsprosessen.

### Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	61	1
<b>Sum</b>	<b>61</b>	

## 77.3 Særfradrag

Vi har hatt ei markant nedgang i talet på saker i 2013. Grunnen til dette er avgjerda om utfasing av ordninga som skjer i perioden 2013-2015.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 77.4 Førerkortsaker

Rapport for 2013 til FAD resultatområde 77.4 Førarkortsaker:

Det er ikkje spesifisert i oppdragsbrevet frå Helsedirektoratet kva tal som vi skal rapportere.

Her fyljer dei tala vi har henta ut frå våre system:

### 77.4 Førarkortsaker- Rogaland

#### Oppdrag

- Handsame søknadar om dispensasjon frå førarkortforskrifta sine helsekrav.
- Ta imot meldingar om helsevikt i forhold til førarkortforskrifta sine helsekrav og vurdera om

vi skal tilrå politiet å inndra førarkortet.

- Gi råd og rettleiing til politiet, vegmyndigkeitene, helsepersonell og publikum i spørsmål

om helse i forhold til trafikktryggleik.

#### Finansiering

- Finansiert over fylkesmannen sitt driftskapittel (kap.1510)

Rapport for 2013:

Fylkesmannen i Rogaland har motteke 4675 brev om førarkortsaker (I 2012: 4728).

Vedtak om oppfylte helsekrav	231 ( 2012: 158)
Vedtak om vanleg dispensasjon	841 (2012:1056)
Vedtak om avslag på søknad om dispensasjon	291 (2012: 304)
Oppmoding om inndragning av førarkort	607 (2012: 782)

Andre aktivitetar:

Rettleiing av helseforetak, helsepersonell og søkerar på telefon.

Møteverksemd:

06.02.13 Undervisning av allmennlegar.

12.04.13 Undervisning av turnuslegar.

16.04.13 Undervisning av allmennlegar og legar frå psykiatrisk klinikk.

18.04.13 Undervisning for legar på grunnkurs i allmennmedisin.

22.05.13 Undervisning for allmennlegar i Dalane og helsepersonell på Dalane DPS.

28.-30.05.13 Deltakere på Helsedirektoratet sitt førarkortmøte i Alta.

24.10.13. Møte med Politi og Trafikkstasjonane om samarbeid på førarkortfeltet.

25.10.13 Undervisning av turnuslegar.

05.12.13 Deltakere på Helsedirektoratet sitt førarkortmøte i Oslo.

#### Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

#### 77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen har i 2013 gitt rettleiing til verksemder som har hatt spørsmål om avhending av journalarkiv etter opphør, men me har ikkje teke imot juournalarkiv til arkivering  
**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall

FMRO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 77.9 Petroleum - Rogaland

Vi viser til særskilt rapport sendt til Helsedirektoratet før 15. feb. 2014.

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Ei hovudutfordring **for kommunane og fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid**, er å syte for at eit systematisk oversiktsarbeid over folkehelseutfordringar vert fulgt opp i praktisk politikk og handling. Planmedarbeidarane må få meir kunnskap om målet for folkehelsearbeidet (folkehelselova) slik at folkehelseperspektivet blir integrert og forankra i overordna planverk.

### 83.1 Folkehelsearbeid

Folkehelse har det siste året fått aukt merksemld. I dei offentlege debattane vert det stadig meir vanleg å syne kor naudsynt der er å taka i vare - eller ta omsut til folkehelsa. Folkehelsa er i ferd med å festne seg som eit naudsynt overordna perspektiv for å ivareta dei store linene i samfunnsutviklinga, men og i dei praktiske og kvardagslige utfordringane som kommunane og fylkeskommunen må handtera.

I tida som kjem trur me at den største **utfordringa for folkehelsearbeidet** vil vera å få arbeidet tilstrekkeleg forankra og integrert i kommunane - og fylkeskommunen sitt planarbeid. I planane som me har hatt til uttale er det ennå tildels store manglar når det gjeld omtale av folkehelsa og kva oversikt kommunane har på sine folkehelseutfordringar. Kommunane manglar og ofte ein plan/strategi for korleis dei skal sikra ein overordna samordna innsats i folkehelsearbeidet på tvers av sektorar.

Fylkesmannen har inngått ein formell **samarbeidsavtale med fylkeskommunen** om folkehelsearbeid i fylket. Avtalen skal sikre at folkehelsearbeidet blir fremja i regionen, at kommunane får råd, rettleiing og auka kompetanse på området. Det er gjort ei førebels vurdering av avtalen (etter 1 år) og ein er einig om at samarbeidet fungerar svært godt og er tenleg for både partar. Det er halvårlege møter mellom direktørane og eit utstrekkt løypande samarbeid mellom sakshandsamarane.

Fylkesmannen har delteke aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med å arrangera halvårlege nettverksamlingar for partnarskapet. Me har delteke med innlegg om aktuell politikk og sentrale satsingar på området. Fylkesmannen har også delteke i mindre nettverkssamlingar i særlege samarbeidsområder for partnarane. Her har me mellom anna hatt innlegg om folkehelselova, oversiktsarbeid og tverrsektorielt arbeid.

I fylkesmannen sine møter med kommunane si politiske og administrative leiing vert folkehelse, der det er relevant, løfta fram som eit prioritert satsingsområde. Fylkesmannen har også halde innlegg om kunnskapsbasert folkehelsearbeid på ein større regionale konferanse på Haugalandet. Tema er var særleg retta mot unge uføretrygda.

Skulane si elevdeltaking i **Fri-programmet** har hatt ei lita auke i 2013 frå 52% til 54% for neste skuleår. Fylkesmannen tatt kontakt med dei kommunane som har skular som ikkje deltek i FRI-programmet for å motivera dei til å bli med.

I nettverkssamlingar for kommunane sine folkehelsemedarbeidarar og på avdelinga sin nettstad vert det jevnleg informert om FRI og samstundes oppmoda dei til å få programmet inn som eit tiltak i kommunane sine overordna planar for å styrke folkehelsa. Det vert også jevnleg informert om programmet i fylkeskommunen sine kvartalsvise nyhetsbrev for folkehelsearbeid. Etter Det er viktig at kommunane som skuleeigarar verta meir medveten på korleis dei kan nytta skulen som ein aktiv medspelar for å fremja folkehelsa i befolkninga.

I 2013 behandla Fylkesmannen i Rogaland 5 klagesaker etter **alkohollova**. Det har også vore gitt generell

rettleiing om alkohollova til kommunar og næringa per telefon og e-post. Vi har også arrangert nettverkskonferanse for kommunane, politiet og næringa, jf. nedanfor.

Vi har fastsette omsetningsgebyr for statlege skjenkjeløyve til ferjer for 2013. Når den gjelda statlege skjenkjeløyve til befalsmesse har vi fastsette omsetningsgebyr for 1 av 3 befalsmesser for 2012. Vi har p.t. ikkje motteke omsetningsoppgåver frå dei 2 andre befalsmessene.

Fylkesmannen har i 2013 ikkje utført kontroll av statlege skjenkjeløyve.

### **Prosjektet ansvarleg alkoholhandtering**

I 2013 fekk Fylkesmannen i Rogaland i oppdrag frå helsedirektoratet om å vere pilotfylkje for eit prosjektet som skal etablere regionale nettverk for kommunar, politi og næring for å styrke arbeide i kommunane med alkohollova og ansvarleg alkoholhandtering.

I samband med dette etablerte vi ei arbeidsgruppe med tilsette frå Helse- og sosialavdelinga (folkehelsearbeid) og forvaltningsavdelinga (klagesaksbehandling m.v.). Prosjektarbeidet er såleis breitt forankra i embetet og i embetsleiinga.

I arbeidsgruppa har vi invitert inn representantar frå politiet, Korus og KS.

Arbeidsgruppa hadde eit møte 13. september 2013 for å avklare forventningar og tema til nettverkskonferansen i desember. KS møtte ikke på dette møtet. Vidare ble det avholdt eit møte i den utvida nettverksgruppa 2. oktober 2013 der også næringa var representert. Brannvesenet IKS vil også bli invitert inn i denne utvida nettverksgruppa.

Fylkesmannen arrangerte nettverkskonferansen for kommunane, politiet og næringa 3. desember 2013. Sentrale tema på konferansen var alkohollova som folkehelsefremjande verkemiddel, samhandling mellom politiet og kommunane, kommunal skjenkepolitikk som ledd i det rusforebyggjande arbeidet samt Fylkesmannens rolle som klageinstans etter alkohollova. Vidare hadde Korus eit innlegg om rettleiaren i sal- og skjenkjekontroll, mv.

I 2013 kom Fylkesmannen og arbeidsgruppa også langt i planlegginga av ny nettverkskonferanse 28. januar 2014. Denne konferansen var tenkt for det strategiske nivået i kommunane, politiet og næringa. På denne konferansen skal politiet i Haugesund fortelje om prosjektet sitt "Trygt uteliv i Haugesund" som er inspirert av STAD-prosjektet i Stockholm. I samband med dette vil ein analytiker i Haugaland og Sunnhordaland politidistrikt presentere ein strategisk analyse av vald og skjenking i Haugesund kommune. Vidare skal Politiet i Stavanger fortelje om sitt "VRIS-prosjekt. Deretter vil næringa i Haugesund og Stavanger fortelje om erfaringane sine med prosjekta. Det vil også bli ein presentasjon frå fylkeslegen i Rogaland om korleis den kommunale skjenkepolitikken kan nyttast som ledd i ein overordna strategi for lokal folkehelse.

Fylkesmannen opplever at alle nettverksdeltakerane er positive til prosjektet ansvarleg alkoholhandtering og at nettverket gir til betre samarbeid mellom aktørane.

## **Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstenester**

Sjå punkta under

### **84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen**

Allmennlegetjenesta har vore tema i møte med fleire kommunar. Aktuelle lover og forskrifter har vore tema i møte med kommunane.

Vi har gjennomført besøk i alle kommunar som har etablert KAD-senger, og der tatt opp utfordringar knytt til fastlegeordningen.

Fleire av kommunane rapporterer store rekrutteringsvanskår kva gjeld fastleggar.

Ein kommune (Eigersund) har fått særskilt oppfølging frå Fylkesmannen grunna svært låg samla listekapasitet for innbyggjarane i kommunen.

Ingen kommunar har hatt behov for å søke mellombels dispensasjon frå fastlegeordninga.

#### **84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel**

I Samarbeidsavtalen mellom Kriminalomsorgen, region sørvest og Helse Vest RHF er Fylkesmannen invitert med som bidragsyter. Samarbeidet skal i særleg grad være knytt til utdanning, opplæring og lokal tilrettelegging.

Det har i 2013 vore 4 møter der tema har vært behov for opplæring internt i fengselshelsetenesten og i samarbeid mellom øvrig kommunale helseteneste, spesialisthelseteneste og Kriminalomsorgen.

Kriminalomsorgen, region sørvest, Helse Vest RHF og Fylkesmannen i Rogaland inviterte den 30.1.2013 til seminar om ny rettleiar for helse - og omsorgstenestene til innsette og nytt rundskriv og rettleiar for rusmeistringseiningane.

Fengselshelsetenesten ved dei 4 fengsla i Rogaland og helseføretaka (Helse Stavanger og Helse Fonna) vart invitert til å komme med viktige innspel på utfordringar i samarbeid internt og eksternt.

Spesialisthelsetenesta, fengselshelsetenesta og helse - og omsorgstenestene i kommunane var invitert.

På området er der utfordringar med ulike lovverk, uklårt ansvar og uklår oppgåvefordeling mellom kriminalomsorg og helsetenestene. Det er særlege utfordringar omkring LAR, medikamentbruk i fengsel, individuell plan, innsette med ROP lidingar og utanlandske innsette (språk, helse, behandling) samt avrusning.

I særleg grad er der behov for å finne gode løysningar når det gjeld innsette som er i LAR. Fengselshelsetenesten signaliserar for liten kapasitet til å fylge opp kontroll og utdeling av LAR og lekkasje til tredjepart gjev rom for uro og misnøye med LAR-som behandling i fengsel. Likeeins er ansvaret for LAR behandlinga ikkje klårt for dei tilsette i fengselshelsetenesta, og ein ser fleire døme på at innsette mister utdeling av LAR ved positive prøvar utan at dette er handsama i samarbeid med LAR i spesialisthelsetenesten.

I etterkant av seminaret 30.1.2013 tok Fylkesmannen initiativ til å etablira eit nettverk for fengselshelsetenesten. Første samling var i byrjinga av september 2013. Tema var LAR, føreskriving av B-preparat og nedtrapping i fengsel, etablering av rutinar for samarbeid mellom fengselshelseteneste og spesialisthelseteneste om LAR-behandling og avrusning.

Det vil vere nettverkssamlingar to gonger i året frå 2014. Neste gong er det samarbeid omkring lauslating frå fengsel som er hovudtema.

Det er ei særleg utfordring at samarbeidet mellom fengselshelseteneste og øvrig kommunal helse - og omsorgsteneste ikkje fungerer godt ved to av fengsla. Fylkesmannen vil fylgje dette opp i møte med aktuelle kommunar.

#### **Avvik:**

Det har ikke vært avvik

#### **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Fylkesmannen har delteke ved dialogseminar om nasjonal strategi om innvandrarane si helse i regi av Helsedirektoratet. FM-ro har informert deltakarar i regionalt nettverk for utviklingsentera for sjukeheim og heimetenester om strategien. Meir enn dette har me ikkje hatt kapasitet til å gjere. FM-ro er i forholdsvis liten grad involvert i problemstillingar kring innvandrarane si helse, men vi reknar med at dette er eit område innsatsen må aukast.

#### **84.8 Forebyggende helsetjenester**

Fylkesmannen har i 2013 gjennomført kartlegging /sjølvmeldingstilsyn av helsestasjonserksemda i alle kommunane i fylket, har etablert eit fagnettverk for tilsette ved helsestasjonar for barn 0-6 år. Planleggjer i 2014 tilsvarande også for skulehelsetenesta.

Nettverket har hatt fokus på gjeldande retningsliner, rettleiarar forsvarleg styring og samhandling med spesialisthelsetenesta om oppfølgjing av barselkvinner og nyfødde.

Kommunar som rapporterer svikt i bamanning/kompetanse vert fylgt opp særskilt.

#### Frisklivssentralar:

Det er aukt aktivitet i kommunane for å etablera frisklivssentralar. Samstundes slit mange med å setta av midlar til etablering og drift. Det er eit visst etterhald i kommunane mot å etablera ei teneste som ikkje er lovpålagt sjøl om det vil vera økonomisk svarande i lengda. Kommunane opplevar at dei økonomiske rammene i samhaldingsreforma ikkje gjev nok rom for å satsa på førebyggjande helsearbeid.

I fylket har no åtte av våre 26 kommunar ein frisklivssentral i drift. Fire kommunar til har teke i mot tilskot til å etablera frislivssentralar i løpet av 2014.

I fylket er det eit nettverk for frisklivssentralar. Det vert arrangert regelmessige samlingar med ulike faglege tema og deling av erfaringar frå arbeidet. Samlingane er åpne for alle kommunane og så nær som alle deltek. Fylkesmannen er med på samlingane, både for å gi råd, rettleing og for å stimulera kommunane til å utvikla - og til å etablera nye sentralar.

### 84.11 Tannhelse

Fylkesmannen har etablert eit fast samarbeidsmøte med Rogaland fylkeskommune ved fylkestannlegen, samt Rogaland og haugaland tannlegeforening.

Fokus har i 2013 vore tannhelsetenester for utsette grupper, herunder rusavhengige, og pasientar som tek imot kommunale omsorgstenester.

Den offentlege tannhelsetenesta i Rogaland har gjennomført eit eige prosjekt knytt til avdekking av overgrep mot barn , og samarbeidsmøte har drøfta terskel for melding av bekymring til barnevernstenesta.

### 84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Fylkesmannen har i 2013 hatt regelmessig kontakt med ansvarleg for koordinerande eining ved Helse Vest HF, og har delteke i 4 samlingar og i komite som planlegg desse samlingane. Fylkesmannen vert og orientert ved referat frå møte og informasjon om ulike forhold på området.

Det er gjennomført tilsyn med lækjarmiddelassistert rehabilitering i spesialisthelsetenesta og i ein kommune. Retten til individuell plan var ein del av dette tilsynet. Ved dette tilsynet, og ved fleire tilsyn som er gjennomført tidlegare, har Fylkesmannen funne at pasientane sin rett til individuell plan ikkje teke i vare .Det ser ut til at dette er vanskeleg å gjennomføre i praksis.Manglar ved dataverktøyet i kommunane, ulike malar for planar, uklåre ansvarsforhold, avstand mellom utøvande helsepersonell og koordinerande eining, og manglande tid til samhandling kan vere årsaker.

### 84.13 Omsorgsplan 2015

Midlar til Omsorgsplanen 2015 er nytta strategisk.Dei er nytta til å styrke tilbodet til pasientar med alvorlege nevrologiske sjukdomar, pårørande og personar med demens.

Fylkesmannen sine nettsider blir nytta for å informere om strategiar og tiltak i Omsorgsplanen 2015.

I 2012 kartla Fylkesmannen status for planarbeidet i kommunana. Dei aller fleste ( med unntak av 2) inneheldt planar om framtidas omsorgsutfordingar.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med utviklingsentera, regionalt kompetansesenter for eldremedisin og

samhandling (SESAM) ved SUS og KS i arbeidet med å nå måla i Omsorgsplanen 2015.

Fylkesmannen har delteke i samarbeidsmøte om ABC opplæringa og på kompetansesenteret si ABC samling på Gardermoen

Fylkesmannen har delteke på nasjonal konferanse om velferdsteknologi og delteke i samling med KS om innovasjon i helsetenesta

Dagaktivitetstilbod til personar med demens manglar i fleire kommunar. Fm-ro har arrangert konferanse om dagtilbod for personar med demens for tilsette i kommunane. Det er oppretta 35 nye plassar i 5 kommunar

Sjølv om alle kommunane i Rogaland deltek i ABC satsinga, er talet på deltakarar forholdsvis lågt samanlikna med snittet i landet. Det er ei utfordring å få starta opp nye grupper.

Fylkesmannen har hatt møte med ulike offentlege og private aktørar som yter tilbod til pårørande med demens for å kartleggje tilboden og vurdere utbetringstiltak. Det er ei utfordring å samordne informasjonsmaterialet

Fylkesmannen har har delteke i tråd med oppdraget på konferansar.

Fylkesmannen har delteke i regionalt møte med husbanken og har gitt kommentarar til planar for bygging av sjukeheim

Har hatt fokus på førebygging som omtalt i strategiane "Aktiv omsorg" og "Partnerskap med familie og lokalsamfunn.

Fordeling av tilskot til Kompetanseløftet og rapporteringar til Helsedirektoratet er utført i samsvar med oppdraget. 4 kommunar i Rogaland har ikkje søkt eller er ikkje tildelt midlar i 2013

## **84.14 Psykisk helse og rus**

Overføring av tilskot til kommunalt rusarbeid til ramme ga kommunane store utfordrinar med å få vedteke vidareføring av dei ulike rustiltak politisk.

IS-8 Rapportering for 2013 vil gje meir informasjon om korleis årsverkinnsatsen på rusfeltet ser ut etter overgangen. Fleire kommunar rapporterer no at overgangen til ramme bidro til at kommunen måtte kutte i gode tiltak. Særleg gjeld dette kommunar som var offensive og hadde fått meir i tilskot enn dei fekk i ramme, samt små kommunar med dårlig økonomi. Tiltak som i særleg grad vart råka av nedlegging, var ikkje lovpålagte tiltak til barn og unge og tiltak retta mot arbeid og aktivitet.

Ordninga med tilskot til vidare - og etterutdanning innan rusproblematikk(kap. 763 post 21) for helse og sosialpersonell og tilsette i kriminalomsorgen vart nytta av ei rekke kommunar saman med tilskot til psykososialt arbeid med born og unge og psykisk helsearbeid (ka.764 post 60). Ca 3,6 millionar var til fordeling.

Ei av utfordringane i Rogaland er begrensa kapasitet ved universitet og høgskular for vidareutdanning i rusarbeid og psykisk helsearbeid. Tilsette som har søkt andre vidareutdanninger som kan vere til nytte i det lokale rusarbeidet har fått støtte.(SEPREP,kognitiv terapi,familieterapi oa). Ei særleg utfordring i 2013 var at kapasiteten var so liten at fleire tilsette i kommunane ikkje fekk nytta tildelt tilskot. Sjølv om fleire søker seg inn til Master i helsefag, er det framleis dei tradisjonelle etter - og vidareutdanningane kommunane spør etter.

Fylkesmannen har saman med det regionale kompetansesenteret for rus(KoRus) laga ein Regional kompetanseplan for rusområdet. Ei eiga gruppe med representantar frå kommunar,spesialisthelseteneste,universitet og høgskule,kompetansesentera ,Fylkesmannen og pårørande -og brukarorganisasjonar bidrar inn i arbeidet. Gruppa har 4 møter årleg og skal ivareta behov for auka kompetanse i kommunane på rusområdet

Etter kvart som psykisk helse og rus har vorte nærmare knytt saman både fagleg og organisatorisk har Rogaland og Hordaland samarbeida med NAPHA om ei årlege samling med rus og psykisk helse som tema. Det har vore tilsaman 150 på denne samlinga.

Kvartalsvise møter i fora for psykisk helse og rus er viktige samhandlingsarenaer med tanke på å møte målet om meir tilgjengelege og heilskaplege tenester.

Fleire DPS treng forsatt meir kompetanse for å gje personar med rusproblem eit betre tilbod. Dette prøver ein å ha fokus på i ulike samarbeidsfora og gjennom implementering av ROP-retningslinjene.

KoRus vest og Fylkesmannen arrangerte to samlingar ,begge to dager, for implementering av ROP-retningslinja. Ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå kommunar og ulike fagmiljø var ansvarleg for programmet. Arbeidsgruppa er tilgjengelig og vil ta hand om nye innsatsar/samlingar knytt til ROP:

Fylkesmannen har samarbeida med KORFOR (Kompetansesenteret for rus i Helse Vest) og KoRuS (kompetansesenteret for rus, region vest) om bruk av kartleggingsverktøyet "Brukerplan" og presentasjon av resultat for kommunar i Helse Stavanger og Helse Fonna området. (400 deltakarar)

Utfordringa framover når det gjeld "Brukerplan" er kor og korleis ein ynskjer å forankre arbeidet med dette verktøyet og kva rolle fylkesmannsembeta skal ha opp mot kompetansesentera.

Saman med KoRus,KS, Bufetat og kommunar er det utarbeida ein modell for tidleg intervension - basert på rettleiaran "Fra bekymring til handling". Fylkesmannen i Hordaland og kompetansesenteret for rus i Bergen er og med. Modellen er forankra til Samhandlingsutvalet og har som mål å sette tidleg intervension på dagsorden. Målet er å auka kompetansen og innsatsen retta mot barn og unge som er i ein risiko for å utvikle vanskar.

Fylkesmannen har gjeve kompetansetilskot til tidleg intervensionskonferanse" Mot til å se- evne til å handle" - ca 300 deltakarar. Fylkesmannen i Rogaland vedtok i 2013 å satse på "God oppvekst" i Rogaland -etter model frå Sjumilssteget.

Det har vore samarbeid og møter mellom KoRuS, KORFOR, helseforetaka,Kriminalomsorgen,Husbanken, Bufetat, Fylkesmannen, brukarorganisasjonar og kommunar samt universitet og høgskule der tidleg intervension og betre og meir tilgjengelege tenester samt auka kompetanse står sentralt. Likeins har auka brukermedverknad og pårørendearbeid vore i fokus

Fylkesmannen ,KoRuS og brukarorganisasjonar arrangerte ein brukarkonferanse våren 2013. Tema var koleis det er mogeleg å halda seg rusfri. Konferansen var open både for brukarar og tilsette i kommunar og spesialisthelseteneste.250 deltakarar, meir enn 100 brukarar;rusfri,i behandling og i aktiv rus,kom. Ei av fylgjene av konferansen er ei brukarmobilisering i fylket. Brukarorganisasjonane har auka tall på tilsette,fleire kommuner har tilsette med brukarerfaring og tilstrømming til sjølvhjelpsgrupper aukar.

Samarbeid med Husbanken,region vest kring kompetanseheving for kommunane på det bustadsosiale området har og kome det lokale rusarbeidet til gode fordi mange av dei mest vanskelegstilte på bustadmarkaden slit med rus.

Fylkesmannen i Rogaland, Arbeids - og velferdsdirektoratet og Diakonhjemmet Høgskule starta hausten 2012 opp ein pilot i vidareutdanning i metodisk bustadsosialt arbeid. Utgreingar gjort i fleire kommunar synte at oppfølginga av ulike brukarar ikkje var god nok , og gjennom utdanninga ynskjer ein no å gje tilsette i kommunane eit felles sett med metodar for oppfølging. Mange av dei som har behov for tenester inn i bustad slit med rus og psykiske vanskar. 27 studentar frå 8 kommunar er under utdanning. Piloten er ferdig sommar 2014.FAFO/NOVA står for evaluering av studiet.

Fylkesmannen i Rogaland har vore trekt inn i arbeidet med å laga ein rettleiar for lokalt rusarbeid og psykisk helsearbeid, i Rambøl si evaluering av øyremerka tilskot til tiltak for barn og unge og i arbeid kring nye regler for gjennomføring av opphold i rusinstitusjon.

Fylkesmannen har hausten 2013 hatt tilsyn med LAR Helse Stavanger og med LAR i Stavanger kommunene. Kommunen og føretaket var eigne pliksubjekt, men noko av det ein ville sjå på var samhandlinga mellom kommune og spesialisthelseteneste ved innsøking i LAR, samarbeid underveis og ved utskriving.

Det vart konkludert med alvorlege manglar i tilboden til pasientar i LAR i Helse Stavanger. Fleire pasientar fekk ikkje forsvarleg behandling. særleg mangla utgreining,kontroll med føreskriving,individuell plan og systematisk oppfølging. Stavanger kommune fekk avvik på individuell plan og journalforskrift.

Når det gjeld psykisk helse ser ein at satsinga i kommunane ikkje endrar seg stort. Det er ein tendens til å vri prioritering fra vaksne til barn og unge i nokre kommunar.

Bustad til mennesker med rus og eller psykiske lidingar er ei stor utfordring, særleg i dei store byane i fylket. Bruk av mellombels bustad stig kraftig. Verst er det for personar med rus og psykiske lidingar. Høge bustad og utleigeprisar , mangel på areal,naboprotestar og etterslep i bygging av bustadar til vanskelegstilte er nokre årsakar.

Oppstart og stabilisering av behandling i LAR når ein bur i mellombels bustad (hospits) er svært vanskeleg. Det same er det for dei som kjem frå fengsel og institusjonsbehandling til mellombels bustad.

Menneske med rus -og/eller psykiske lidinger er ei gruppe som ein i Nasjonalt nettverk for samhandling får melding om ikkje får god nok rehabilitering. Mangel på individuell plan for dei som treng det er ei stor utfordring.

Rogaland, Hordaland og Nord- Trøndelag er pilotfylker innen ansvarleg alkoholhandtering. Forvaltningavdelinga og Helse - og sosialavdelinga har saman med KoRus vest, KS, politi, kommune og næring etablert eit nettverk som har som føremål å styrke kommunen sin kompetanse på forvaltning av alkoholloven.

Det er etablert ei arbeidsgruppe og den første samlinga var hausten 2013. Alkoholloven i eit folkehelseperspektiv er eit sentralt fokus.

**Avvik:**

## Resultatområde 85 Spesialhelsetjeneste

Sjå punkta under.

### 85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Fylkesmannen har i 2013:

- Oppnevne medlemmer og varamedlemmer til abortnemndene og steriliseringsnemnda i fylket.
- oversendt ajourførte lister over medlemmer og varamedlemmer i nemndene til Helsedirektoratet.
- Utbetale honorar og reiseutgifter til nemndmedlemmene.

Vi har ikkje hatt søknader om godkjenning av private sykehus, kirurgiske poliklinikkar eller anna spesialistpraksis utanfor sykehus til å utføre sterilisering.

Vi har behanda søknader om sterilisering i tråd med krava ( berre 1 sak i 2013)

### 85.3 Lov om transplantasjon

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt saker på dette resultatområdet i 2013.

**Antall saker**

Embeter	Antall
FMRO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende midler

I 2010 og 2011 var det en del ekstraarbeid grunna regelverket som løp ut mai 2011. Godkjenning blei forlenga til 30.april 2012, og i samband med dette har det også vore ein del ekstraarbeid i 2012. Det har vore naudsynt med ekstra rettleiing på grunn av ny forlenging av løyvene i påvente av ny narkotikaforskrift. På grunn av dette kom det inn fleire saker i 2012. Det har vore ein liten nedgang av sakene i 2013.

Det er også naudsynt med rettleiing både av pasientar og legar når det gjeld forskriving av sentralstimulerande medikamenter hos pasientar med rusmiddelmisbruk.

Alle saker er handsama innan 4 veker.

**Tillateler til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	910	2
<b>Sum</b>	<b>910</b>	

## 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen i Rogaland har ikke hatt saker på dette resultatområdet i 2013.  
Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.8 Behandling av klager etter psykisk helsevernloven

Fylkesmannen har i 2013 utan forsinkning vurdert dei formelle og materielle vilkåra og fatta vedtak om stadfesting eller oppheving i alle mottekne klager på vedtak om undersøking og behandling utan eige samtykke.

Desse sakene vert rapportert særskilt i NESTOR.

## 85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

Det har ikke vært aktivitet når det gjeld privat forpleining. Fylkesmannen kjenner ikke til at det er pasientar i Rogaland som har dette tilbudet.

Fylkesmannen har i 2013 ein gong gitt innstilling til Helsedirektoratet om godkjenning av institusjonar som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern. Det gjaldt institusjonar i Helse Stavanger.

Vi handsama fleire søknader om dispensasjon frå forskrift om fagleg ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet. Her er det ein markant auke. Årsaka til dette er truleg at det tek lang tid å få spesialistgodkjenning i Helsedirektoratet, då søknadene stort sett gjeld legar som er ferdig med sin spesialisering, men ikke har fått den godkjend av Helsedirektoratet.

Fylkesmannen har rapportert kvart halvår til HELFO om stillingar ved psykiatriske poliklinkkar og samstundes vurdert om poliklinikkane oppfyller krava til bemanning etter forskrifta. Nokre av poliklinikkane gjorde ikke det.

## 85.10 Kontrollkommisjonsoppgaver

Fylkesmannen har i 2013

\* forvalta tilskottsmidlar til dekning av driftsutgifter til kontrollkommisjonane i psykisk helsevern.

- Oppnemt medlemmer til kontrollkommisjonane i det psykiske helsevern og sendt kopi av oppnevningene til helsedirektoratet.
- Innstilt til Helsedirektoratet korleis fordelinga av institusjoner mellom kommisjonene bør være
- Hatt faste samarbeidsmøter med leiarane av kontrollkommisjkonane og gjennomført felles opplæringsdag for legar med kompetanse til å fatte tvangsvedtak i det psykiske helsevernet.
- Mottatt meldingar der kontrollkommisjonane avdekkjer systematisk svikt i gjennomføring av tvang. Fylgt dette opp tilsynsmessig.

## 85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Ansvaret for transportering av psykisk sjuke til og frå utlandet er etter regional samarbeidsavtale samla hos Fylkesmannen i Hordaland.

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 8 269 051,83	kr 0,00
83 Folkehelsearbeid	kr 34 105,36	kr 61 784,57
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 15 726,34	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 0,00	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 840 851,45	kr 3 538 208,53
85 Spesialhelsetjenesten	kr 3 141,60	kr 118 606,95
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 3 125 502,92	kr 0,00
Andre oppgaver under HOD	kr 44 608,90	kr 182 883,84
Petroleumsvirksomhet	kr -26 930,86	kr 0,00
Forvaltningssaker petroleum	kr 1 022 339,56	kr -329,94
Sum:	kr 13 328 397,00	kr 3 901 153,00

## Samferdselsdepartementet

### **Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen i Rogaland har ikke behandla klagesakar etter veglova i 2013

#### **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

## Utenriksdepartementet

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

**Vi har handsama 4417 apostiller i 2013.**

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Fylkesmannen har behandla 1 sak som er motteken i 2013.

## Kulturdepartementet

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

I 2013 var det 64 trussamfunn som søkte om statsstøtte i Rogaland. Av desse fikk 62 samfunn innvilga søknaden. Fylkesmannen utbetalte i 2013 til saman kr 6 704 294,- i statsstøtte.

Det er eit aukande tal personar av utanlandske opphav som søker om å få registrert trussamfunn i Rogaland. Vanskår med å lese norsk er ei utfordring når nokre av desse skal søker om tilskot og ikkje minst når det gjeld å halde kontroll på medlemslistene. Utfordringane Fylkesmannen står overfor er ofte at prest/forstandar for nokre trussamfunn ikkje har gode nok norskunskaper og slit med å forstå pliktar ein prest/forstandar har for å kunne søker om statstilskot, samt ha kontroll på medlemslistene.

Det er mykje å gjera for Fylkesmennene i søknadsfasen når rekneskap, årsrapportar og medlemslister skal sendast inn. Tidsfristane som er sat opp av Kulturdepartementet er ofte vanskelege å halde og nokre trussamfunn greier ikkje å sende inn rekneskap innanfor fristane. Dei søker heller ikkje om utsetjing av fristen, slik at når fristen for Fylkesmannens utbetaling nærmar seg er det fleire trussamfunn som enda ikkje har sendt inn rekneskap. Dette kan medføre at Fylkesmannen også oversit utbetalingsfristen som er gitt av Kulturdepartementet.

Fylkesmannen merke ei aukande interesse for desse sakene av bl.a. media. Vi får spørsmål frå journalistar som ønskjer innsyn i enkeltsaker som gjeld søknad om statstilskot frå ulike trussamfunn.

## Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

### **Resultatområde 93 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og Sametinget**

## **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Vi har motteke 56 søknader om oskespreiing i 2013. Det er ei auke på 80% frå året før.

Av desse fekk 2 avslag.

Eit avslag vart påkla og Fylkesmannen omgjorde sitt eige vedtak.

44 vart godkjend.

10 er framleis under handsaming då det manglar opplysningar.

Fylkesmannen har laga eit kart over Rogaland kor alle bygningar, hus, hytter, og turstier er avmerka. Desse punkta kjem fram på kartet med raud sirkel dersom dei ligg mindre enn 500 meter frå staden det er søkt om oskespreiing. Det gjer det lettare å sjå på kartet kor langt det er til nærmeste bygning eller tursti.

FAD sitt Rundskriv F-7-99 blei erstatta av Rundskriv P-8-2012 "Veiledning vedrørende saker om spreidning av aske" den 18.12.2012. Her vert det opna for spreiing i elvar, vassdrag og ferskvatn i områder med tilstrekkeleg aude preg. Når det gjeld spreiing over land, så er det området sin karakter heller enn antall meter over havet som bør vera avgjera for om oskespreiing kan tillatas. Det er mogleg at det nye rundskrivet er noko av årsaka til den stor auken av søknader.

Media har hatt stor merksemd på saksfelte og det kan vere noko av årsaka til den store auken i talet på saker.

## Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Fylkesmannen mottok tre søknader om søndagsopent. Det blei innvilga to saker om søndagsopning - landsspeidarleir og Jærdagen. Ein søknad om Skartveitvågen som særskilt turiststad blei avslått.

## Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Viser til teksten i underpunkta

### 98.0 Helhetlig og strategisk ledelse

Ei av Fylkesmannen sine utfordringar, samstundes som å vere ein styrke og ein viktig

Fylkesmannen i Rogaland arbeider heile tida med å styrke både intern og ekstern samordning, styrke og vedlikehalde overordna heilskapleg haldningar og leiing. Leiagrupsa var i 2013 samla kvar 14. dag, og kvar veke frå årsskifter 2013/2014. Ein gong i månaden var også nestleiarane med på leiarmøtet. Dette før nettopp å styrke heilskapstenkinga på alle leiarnivå. Leiarmøtet er i hovudsak eit organ for samordning, fellesenkning, informasjon og strategisk leiing. Fylkesmannen har dei siste åra utarbeidd eit overordna styringsdokument med virketid på 4 år, som blir revidert kvart år med tanke på nye styringssignal og endra oppgåver. Dette dokumentet skal vere styrande for avdelingane sine verksemdsplanar. Alle avdelingane utformar mål som blir lagde fram for embetsleiinga kvart år før VP-arbeidet startar opp. Overordna styringsdokument og avdelinga sine målsetjingar er grunnlag for oppfølgingsmøte med avdelingane, som embetsleiinga gjennomfør ein gong per kvartal.

Fylkesmannen har utarbeidd visjonar og verdiar som overbygning for all verksemd i embetet, og strategi for kommunikasjon, dialog og omdømmebygging.

Størst behov for samordning og heilskapstenking er det innafor tilsyn og kommunal planlegging. Her har embetet opprette avdelingsovergripande lag/grupper som jamleg møtast for å drøfte og planlegge arbeidet. I 2013 har embetet starta prosjekt "Sjumilssteget - god oppvekst i Rogaland", med utgangspunkt i tilsvarende prosjekt i Troms. Dette blir eit viktig satsingsområde i 2014.

Fylkesmannen i Rogaland blei hausten 2013 eitt av seks embete som fekk tildelt prøveprosjekt med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar. Eit viktig og spanande prosjekt i eit fylke med så stor aktivitet, også mange kommunale planar. Styrken med prosjektet, samanlikna med Fylkesmannen sitt ordinære samordningsansvar, er at også dei andre statlege motsegnsatane har forplikta seg til å gå inn i dette samordningsprosjektet.

Fylkesmannen er Miljøfyrtårn. Dette vart fornøya i 2013.

### 98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere

Vi er pr 31.12.13 **185** tilsette (om lag 178 årsverk).

I 2013 kunngjorde Fylkesmannen i Rogaland 23 ledige stillingar.

I samband med verjemålsreforma kom ingen inn som følgje av vere overtalige frå kommunane. I 2012 tilsette vi 3 personar til å arbeide med verjemålsoppgåver og i 2013 var talet på ny tilsettning til verjemål 8 personer. Pga. av store utfordringar med verjemålsoppgåvene og eit datasystem som ikkje fungerer, har vi måtte prøve å bøte på situasjonen med å tilsette fleire på administrativ (midlertidig) tilsettning. I 2013 har vi hatt fleire midlertidig tilsette enn vi pleier. I tillegg til verjemålsutfordringane, skuldast det i hovudsak i ein stadig auke i førarkortsakene og ein stor innsats for å redusere den lange saksbehandlingstida på byggjesaker. Desse sakene er ved årsskiftet under kontroll.

Fylkesmannen i Rogaland hadde ein turnover på 9,19%.

4 tilsette gjekk av med pensjon i 2013. 2 på AFP (64 og 62 år) og 2 på alderspensjon. Ein av desse var 71 år medan den andre var 67 år.

I 2013 har vi tilsett to nye medarbeidar med innvandrarbakgrunn og ein blei tilsett som nr 2.

Alle stillingsannonser har med opplysningar om at Fylkesmannen i Rogaland har som personalpolitisk mål å rekruttere kvalifiserte kandidatar uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Dette er også vårt mål når det gjeld innkalling av kvalifiserte kandidatar til intervju.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2013 brukt til saman kr 429 675 til 2.3.4 forhandlingar og lønsendringar etter HTA 2.3.8. Vi hadde ikkje lokale forhandlingar i 2013. Det er ei stor utfordring at vi ikkje har lokale lønsforhandlingar kvart år.

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte i 2013 eit heildags kurs i forvaltningslova og offentleglova med professor Jan Fridtjof Bernt, UiB, med stor oppslutning (over 80 deltagarar). Vi har og hatt kurs i å handtere vanskelege personar for nokre tilsette. I 2013 blei Klarspråk prosjektet avslutta.

Vi har hatt 2 halvårige samlingar for ny tilsette som eit ledd i introduksjonsprogrammet med tema:

- Fylkesmannens visjon, verdiar og rolle i samfunnet
- Embetet sine oppgåver og organisering – styringsdokument
- Samarbeid internt og eksternt
- Lojalitet og etikk
- Teieplikt
- Kommunikasjon internt og eksternt
- Personalpolitikk
- Medbestemmelse, tillitsvalde og verneteneste
- Administrasjonsavdelinga si rolle

Tilpasningsavtalen til Hovudavtalen i Staten vart grundig gjennomgått og forhandla i 2013. Vi har og på begynt arbeidet med å revidere/justere personalplanen i 2013.

Sjukefråværet hos oss har hatt gledeleg utvikling siste året – frå eit godt utgangspunkt på 4,2 prosent i 2012 til endå betre i 2013, 3,4 prosent. Dette gjeld både eigenmeldt og legemeldt fråvær.

Med dette ligg fråværstala for 2013 samla under målsetjinga i vår eigen handlingsplan for inkluderande arbeidsliv på 3,5 %. Nedgangen gjeld både kvinner og menn, men avstanden mellom kjønna har auka noko. Mennene hos oss var imponerande friske i 2013 – 1,5% fråvær, medan kvinnene hadde fråvær på 4,7%. Det er også variasjonar mellom avdelingane. Sjølv om vi ikkje skal konkurrerer i helse, så kan det likevel vere verdt å nemne at den ”friskaste” avdelinga i 2013 igjen var miljøvernnavdelinga med berre ca. 1 % fråvær.

Samanlikna med resten av samfunnet, så var fråværet for landet 3. kvartal i 2013 på 6,33% - lågast i Rogaland med 5,1 %. Endeleg statistikk for 2013 ligg ikkje føre enno.

Tala våre viser først og fremst at vi har medarbeidrarar med god helse. Dessutan indikerer tala at arbeidsmiljøet er godt, og at IA-avtalen med handlingsplan blir følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

#### **Tilsatte med innvandrarbakgrunn**

#### **Tilsatte med innvandrarbakgrunn**

<b>Embete</b>	<b>Antall 2012</b>	<b>% 2012</b>	<b>2013</b>	<b>% 2013</b>
FMRO	9	5,45	6	3,24
<b>Sum</b>	<b>9</b>	<b>0</b>	<b>6</b>	<b>0</b>

## **98.2 Risikostyring**

Fylkesmannen i Rogaland etablerte i 2012 eit eige system for mål, resultat- og risikostyring. Systemet blei fullt ut

implementert i 2013. Det gjeld også risikovurdering av embetet si samla måloppnåing.

Embetet har 5 overordna mål, men tilhøyrande strategiar. For desse er det i 2013 gjort risikovurderingar og peikt på dei viktigaste tiltaka for å redusere risiki. Dette skal vidareutviklast i 2014, mellom anna med meir konkrete oppfølgingspunkt.

Systemet skal evaluerast i 2014

## 98.3 Medvirkning

Det viktigaste tiltaket i 2013 var revisjon av tilpassinagsavtalen, der alle organisasjonane medverka og som til slutt vart godkjend gjennom forhandlingar. Avtalen er no langt tydlegare på medverknadsprosessar både på embets- og avdelingsnivå. Det er innført 4 faste samarbeidsmøte på embetsnivå kvart år (SAMU-møte). Dette utanom forhandlings- og drøftingsmøte. Avdelingane skal også ha faste medverknadsmøte med sine tillitsvalde.

Fylkesmannen i Rogaland har også eigen personalplan heimla både i hovudavtale, hovudtariffavtale, arbeidsmiljølov, IA-avtale, etiske retningsliner m.m. Denne hadde virketid ut 2013. Planan vart evaluert og gjennomgått i løpet av året, utan at nokon av partane fann grunn til å seie denne opp, og planan vart dermed forlenga med eitt år. Større revisjonsarbeid vil bli initiert i 2014.

Årleg fellessamling mellom leiarane og dei tillitsvalde vat utsett til 2014, og blir avvikla i byrjinga av mars. Embetet arrangerer kvart år ei samling for heile parsonalet.

Det vart ikkje avvikla lokale lønsforhandlingar i 2013 p.g.a liten/ingen pott.

## 98.4 Likestilling og likeverd

I embetet er likestilling og arbeid mot diskriminering ivaretatt av Personalpolitiske retningsliner (personalplanen) og tilpasningsavtalen.

Personalplanen inneholder bl.a. grunnholdning og strategiar om mestring, trivsel og utvikling, lønspolitikk, kompetanse, politikk for alle livsfasar, etiske retningslinjer og IA-handlingplan.

Stillingsannonserne våre inneholder alltid denne teksten: "Fylkesmannen har som personalpolitisk mål å rekruttere kvalifiserte kandidatar uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonal eller etnisk bakgrunn".

Vi har kvalitetsrutinar og prosedyrar for saksgang og tenesteveg i arbeidsmiljøsaker, samt rutine for varsling.

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ei overvekt av kvinner og denne er aukande.

I 2013 ble det tilsett 2 kvinner og 1 mann i leiarstillingar (assisterande direktør).

Det er nokre forskjellar i lønn mellom kvinner og menn, mykje av forskjellane kan forklarast med at det er mange som har lågare lønn uavhengig av kjønn. Vi har ikkje sett det naudsint med særskilte tiltak for å utjamne lønnsforskjellane, men dei siste åra har vi tatt omsyn til likelønn i lokale lønsforhandlingar. I 2013 hadde vi ikkje lokale lønsforhandlingar.

Kommentar til berekning av Løn under Tabelldata - Løn. Her har vi gjort ei berekning ut i frå Totalt i verksemda.

### Lønn

	Kjønnsbalanse				Lønn	
	m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)	
Embetsledelse/direktør	2013	56,0	44,0	100	100	98,0
	2012	50,0	50,0	100	100	90,0
Seksjonssjef/ass. direktør	2013	50,0	50,0	100	100	95,0
	2012	69,0	31,0	100	100	111,0
Saksbehandler I	2013	50,0	50,0	100	100	92,0
	2012	49,0	51,0	100	100	98,0

Saksbehandler II	2013	34,0	66,0	100	100	94,0
	2012	41,0	59,0	100	100	99,0
Kontorstillingar	2013	15,0	85,0	100	100	114,0
	2012	12,0	88,0	100	100	94,0
Fagarbeiderstillingar	2013	0,0	0,0	0	100	0,0
	2012	0,0	0,0	0	100	0,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2013	0,0	100,0	100	100	0,0
	2012	0,0	100,0	100	100	0,0
Totalt i embetet	2013	34,2	65,8	600	100	74,8
	2012	36,8	63,2	600	100	71,4

**Deltid**

	2013	Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2013	27,3	72,7	42,9	57,1	41,0	59,0	25,0	75,0
	2012	25,0	75,0	14,3	85,7	10,0	90,0	33,3	66,7

**Ansatte**

2013	Ledere med personalansvar			Totalt	Medarbeidere			Lønn	
	M%	K%	Totalt		M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMRO	50,0	50,0	100		37,0	63,0	100	100	86,0

**98.5 Føringer på IKT-området****Informasjonstryggleiken:**

Informasjonssikkerhetspolicyen ble godkjent av embetsleiga og signert av fylkesmann Tora Aasland den 31.10.2013, og er nå implementert i embetet. I etterkant hadde vi eit allmannamøte rundt policy' en ,dei tilsette i embetet blei informert og dokumentet gjort tilgjengelig. Dokumentet er også publisert på embetets intranett.

**Lisensteljing:**

Lisensteljinga i 2013 var noe meir omfattande enn normalt. Vi hadde i 2013 en lisensrevisjon utført av KPMG. Resultata frå denne revisjonen blei gjeldande som lisensteljing for 2013. Vi har ikkje fått tilbakemelding på manglande lisensar. Vi bruker framleis lisensportalen til Atea, og innkjøpte lisensar blir lagt inn i systemet.

**IKT strategi:**

Fylkesmannen i Rogaland har i 2013 følgt opp deler av IKT strategien. I April 2013 migrerte vi telefonien over til Lync, og knytte oss på Fylkesmannens felles teljarskritt avtale frå TDC.

Vi har vidareutvikla SCCM i organisasjonen og nyttar nå dette systemet til utrulling av operativsystem og diverse programmer som brukarane i embetet kan ha nytte av.

**Resultatområde 99 Partistøtteordningen**

Vi har hatt få saker i 2013.

Samarbeidet med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fungert godt.

## Andre

### Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 433 799,64	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 0,00	kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 30 649 222,27	kr 0,00
Sum:	kr 31 083 021,00	kr 0,00